



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Meld. St. 10

(2011–2012)

Melding til Stortinget

Kultur, inkludering og deltaking



Innhald

1	Innleiing	7	3.4.4	Barn frå familiar med låg inntekt	
1.1	Bakgrunn	7		deltek mindre i fritidsaktivitetar ...	27
1.2	Visjon og mål for meldinga	8	3.5	Barrierar for kulturbruk	27
1.2.1	Oppsummering av strategiar og tiltak	9	3.5.1	Døme: Hindringar for å delta meir i frivillige organisasjonar	28
1.3	Avgrensingar	11	3.5.2	Ulike innfallsvinklar til forståing av bruk og ikkje-bruk	29
1.4	Sentrale omgrep	11	3.6	Oppsummering	29
1.4.1	Inkludering	11	4	Allmenne utjamningselement i kulturpolitikken	30
1.4.2	Kunst og kultur	11	4.1	Innleiing	35
1.4.3	Kulturelt mangfald	11	4.2	Ansvars- og oppgåvefordeling	30
1.4.4	Innvandrar/-bakgrunn	12	4.3	Løyvingar til kultur	31
1.5	Samandrag	12	4.3.1	Kommunale og fylkeskommunale løyvingar til kultur	32
2	Demokratisering av kultur i historisk og internasjonalt perspektiv	14	4.3.2	Statlege løyvingar til kultur	33
2.1	Innleiing	14	4.3.3	Geografisk fordeling av kulturmidlar	33
2.2	Franske strategiar for demokratisering av kulturen	14	4.4	Føringar og krav for tildeling av tilskot over kulturbudsjettet	35
2.3	Demokratisering av kultur i Storbritannia	15	4.4.1	Fagdepartementet sine eigne krav	35
2.3.1	Britiske tenkjarar	15	4.4.2	Pålegg som er nedfelt i lov, forskrift, rundskriv eller anna	36
2.3.2	Kultur og sosial inkludering i Storbritannia	15	4.4.3	Handlingsplanar og liknande	37
2.4	Demokratisering av kultur i Noreg	16	4.4.4	Fellesføringar	37
2.4.1	Den nye kulturpolitikken	17	4.5	Indikatorar og rapporteringskrav på kulturområdet	37
2.4.2	Norsk kulturpolitikk og forholdet til nyare innvandring	18	4.6	Særlege ordningar og målgruppetta tiltak	38
2.5	Den europeiske union (EU)	19	4.6.1	Det samiske urfolket	39
3	Mønster i kulturbruk og deltaking	21	4.6.2	Nasjonale minoritetar	40
3.1	Innleiing	21	4.7	Systematisk satsing på inkludering og mangfald	41
3.2	Utviklingstrekk i kulturbruk	21	4.8	Tiltak: kunnskapsbehov og forskning – Kulturdepartementets FoU-utval	41
3.2.1	Dei mest og minst etterspurte kulturtilboda	21	5	Inkludering og nye stemmer i kultursektoren	43
3.2.2	Faktorar som påverkar kulturbruk	21	5.1	Innleiing	43
3.2.3	Kulturbruk i innvandrarbefolkninga	22	5.2	Verkemiddel og arbeidsformer	43
3.2.4	Nedsett funksjonsevne kan vere eit hinder for kulturbruk	24	5.2.1	Medverknad	43
3.2.5	Perspektiv på sosiale skilje i kulturbruken i Noreg i dag	24	5.2.2	Publikumsutvikling	44
3.3	Mediebruk	25	5.2.3	Samarbeid og partnerskap	45
3.4	Deltaking i frivillig kulturliv	26	5.3	Særskilt om Norsk kulturråds oppgåver	45
3.4.1	Deltaking i frivillig sektor har samanheng med utdanningsnivå	26	5.4	Inkludering og mangfald i musea	46
3.4.2	Samansett bilete av innvandrargruppers deltaking i frivillig sektor	26	5.5	Inkludering og mangfald i arkiva	48
3.4.3	Fleire medlemmer med nedsett funksjonsevne	27			

5.6	Inkludering og mangfald i biblioteka	49	6.3	Satsingar og tiltak	70
5.7	Inkludering og mangfald på litteraturområdet	52	6.3.1	Tiltak: universell utforming og tilgjenge som tema i styringsdialog	71
5.8	Inkludering og mangfald i scenekunsten	53	6.3.2	Tiltak: betre kunnskap om kulturbruk og funksjonsevne	71
5.9	Inkludering og mangfald på musikkområdet	55	6.3.3	Tiltak: fleire aviser i lydformat	71
5.10	Inkludering og mangfald på det visuelle feltet	57	6.3.4	Tiltak: synstolking av norsk film ..	71
5.11	Inkludering og mangfald i film og media	58	6.3.5	Tiltak: styrkje teiknspråktolking av teater	71
5.12	Satsingar og tiltak	59	6.4	Redusere økonomiske barrierar for særskilde grupper	71
5.12.1	Tiltak: tettare styringsdialog om inkludering og mangfald	59	6.4.1	Billettprisar på musikk- og scenekunstmrådet	72
5.12.2	Tiltak: mangfald i styringsorgana	60	6.4.2	Billettprisar på museum	73
5.12.3	Tiltak: opprette eit nettverk for personar med minoritetsbakgrunn i styrande posisjonar	61	6.4.3	Kulturkort for ungdom	73
5.12.4	Tiltak: aspirantordning i kunstinstitusjonar	61	6.4.4	Tiltak: bidra til ei prøveordning for opplevingskort for barn og unge ..	74
5.12.5	Tiltak: samarbeid og partnarskap	61	6.4.5	Tiltak: etablere eit program for kultur under tilskotsordninga for barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn	74
5.12.6	Tiltak: publikumsutvikling	62	7	Oppsøkjande kulturformidling og formidlingsordningar	76
5.12.7	Tiltak: elevbesøk i institusjonane	62	7.1	Innleiing	76
5.12.8	Tiltak: større mangfald innan dans i Noreg	63	7.2	Arenaer og møtestader for kultur	76
5.12.9	Tiltak: auke talet på skodespelarar med innvandrarbakgrunn	64	7.3	Turnear og oppsøkjande verksemd	77
5.12.10	Tiltak: styrkje teiknspråkteater	64	7.3.1	Musikk	78
5.12.11	Tiltak: auke medverknad og tilgang til visuell kunst gjennom tilskotsordningar for kunst i offentlege rom	65	7.3.2	Scenekunst	78
5.12.12	Tiltak: etablere ei innkjøpsordning for film i biblioteka	65	7.3.3	Norsk kulturfond	79
5.12.13	Tiltak: nettverk for medverknad ..	65	7.3.4	Forfattarformidling	79
5.12.14	Tiltak: regionalisering av forvaltning av Statens utstillingsstipend	65	7.3.5	Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design – avdeling landsdekkjande program	79
6	Sikre tilgang ved å byggje ned fysiske og økonomiske barrierar	66	7.4	Riksinstitusjonane	79
6.1	Innleiing	66	7.4.1	Riksteatret	79
6.2	Universell utforming og tilrettelegging	66	7.4.2	Rikskonsertane	80
6.2.1	Tilrettelegging på arkiv-, bibliotek- og museumsområdet	66	7.4.3	Tiltak: omlegging av offentlege konsertar og styrking av tilskotsordningar for arrangørar og musikarar	81
6.2.2	Tilrettelagt litteratur	67	7.5	Kultur i eit inkluderande arbeidsliv	82
6.2.3	Tilrettelegging på musikk- og scenekunstfeltet	68	7.5.1	Tiltak: Den kulturelle nistepakka	83
6.2.4	Tilrettelegging av film og kino	68	7.6	Formidling og aktivitet i skulen	83
6.2.5	Tilrettelegging av fjernsyns-tilbodet	69	7.6.1	Den kulturelle skulesekken	83
6.2.6	Andre velferdsordningar	70	7.6.2	Tiltak: styrkje Den kulturelle skulesekken for elevar med nedsett funksjonsevne	85
			7.6.3	Kulturskular	85

7.6.4	Tiltak: setje i gang ei prøveordning med kulturskuletilbod på barnetrinnet	87	8.7	Auka deltaking og representasjon frå underrepresenterte grupper i frivillig kultursektor	104
7.7	Den kulturelle spaserstokken	87	8.7.1	Tiltak: pilotprosjekt for mangfald i styre og leiande posisjonar	105
7.8	Digital tilgjengeleggjering, formidling og brukarmedverknad	88	8.7.2	Tiltak: auka merksemd om inkluderande praksisar i kunst- og kulturorganisasjonane	105
7.8.1	Tilgang og formidling	88	8.8	Kontakt og samarbeid mellom ulike typar organisasjonar	105
7.8.2	Brukarmedverknad	93	8.8.1	Tiltak: støtte opp under initiativ som bidreg til kontakt, samarbeid og erfaringsutveksling	106
7.8.3	Tiltak: krav om at verksemdar og institusjonar på kulturfeltet nyttar nye digitale verktøy i arbeidet for å nå fleire	93	8.8.2	Tiltak: vidareutvikle frivillig-sentralane som møteplass og samhandlingsarena	106
8	Samarbeid med og deltaking i den frivillige kultur-sektoren	94	9	Kultur i samspel med andre politikkområde	107
8.1	Innleiing	94	9.1	Innleiing	107
8.2	Inkludering og mangfald i frivillig sektor	94	9.2	Kultur og helse	107
8.2.1	Frivillighet Norges inkluderingsprosjekt	94	9.2.1	Kultur og folkehelse	108
8.2.2	Frivillig verksemd for barn og unge	94	9.2.2	Kultur og omsorg	109
8.2.3	Tilskot til frivilligsentralane	98	9.2.3	Arkitektur og utforming av det fysiske miljøet	111
8.2.4	Ei aktiv fritid for personar med utviklingshemming	99	9.3	Kultur i utdanning og opplæring ..	111
8.3	Lokalt inkluderingsarbeid	100	9.3.1	Kultur i barnehagen	111
8.4	Samarbeid mellom det offentlege og frivillig sektor	101	9.3.2	Kultur i skulen	113
8.5	Betre rammevilkår for frivillig sektor og auka ressursar til lokal aktivitet	101	9.3.3	Kulturskulane	114
8.6	Partnerskap og brubygging mellom profesjonelle og frivillige innan kultursektoren	103	9.4	Kultur og oppvekstvilkår for barn og unge	115
8.6.1	Tiltak: støtte samarbeid mellom bibliotek og frivillig sektor	103	9.5	Kultur og integrering av innvandrarar	116
8.6.2	Tiltak: auka merksemd om samarbeid med frivillige organisasjonar og frivillig deltaking i knutepunkt-institusjonane	103	9.6	Kultur i arbeid og velferd	116
			9.7	Kultur i kriminalomsorg	117
			9.8	Kultur og regional utvikling	119
			9.9	Kultur i Den norske kyrkja	120
			10	Økonomiske og administrative konsekvensar	122
			Kjelder	123	

Meld. St. 10

(2011–2012)

Melding til Stortinget

Kultur, inkludering og deltaking

*Tilråding frå Kulturdepartementet 9. desember 2011,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Tilgang til kultur og høve til å uttrykkje seg kreativt er viktig i eit demokratisk samfunn og legg grunnlag for ytringsfridom og likeverd. Deltaking i kulturlivet har positive verknader både for den einskilde og for samfunnet. Kunst og kultur gir opplevingar og meining i kvardagen, og legg grunnlag for utvikling og læring. Ved sida av arbeidsliv og skule er kulturlivet blant dei arenaene som bidreg mest til utvikling av skaparevne og kompetanse.

Det er eit overordna mål for regjeringa å jamne ut økonomisk og sosial ulikskap og arbeide for eit inkluderande samfunn der alle kan delta. Eit sterkt og dynamisk kulturliv som manifesterer seg i eit mangfald av kulturuttrykk er ein sentral del av eit inkluderande samfunn. God kunst og kultur set dagsorden, bidreg til meningsdanninga i samfunnet og kan gi ei stemme til menneske som elles ikkje blir høyrte. Slik kan kunsten bidra til endring og inkludering i samfunnet.

Deltaking i kulturaktivitetar er ein måte å høyre til samfunnet på. I det moderne samfunnet er personleg og sosial identitet sterkt knytt til del-

taking i kulturaktivitetar. Som følge av at kulturtilbod og kulturaktivitet har vorte ein meir sentral del av samfunnet og at fleire deltek, kan konsekvensane av utanforskap opplevast sterkare enn tidlegare. For menneske som står i fare for å falle utanfor på grunn av arbeidsløyse, sjukdom eller anna, kan deltaking i kulturlivet bidra til at ein ikkje opplever seg totalt ekskludert og vere med på å gi meining i kvardagen, betre sjølvkjensle og høgare livskvalitet. Kunsten og kulturen *må* difor vere open og inkluderande.

I europeisk samanheng er det etter måten mykje kulturbruk i Noreg. Vi har ein stor og aktiv kultursektor, og målretta politiske satsingar har, i samspel med den generelle velstandsutviklinga, gjort kunst og kultur tilgjengeleg for fleire. Noreg skårar jamt høgt på alle mål for sosial kapital i internasjonale samanlikningar. Eit levande og aktivt organisasjonssamfunn er mellom dei viktigaste kjeldene til sosial kapital. Som i andre land er det likevel sosioøkonomiske skilnader i bruk og deltaking både i det organiserte og det frivillige kulturlivet. Det er dei med høg utdanning og høg inntekt som deltek mest. Kulturbruksundersøkingar frå Statistisk sentralbyrå (SSB) syner at

Boks 1.1 Kulturbruk

Kulturbruken har auka dei siste tiåra.

Bruken av dei fleste kulturtilboda aukar med inntekts- og utdanningsnivået. Dette gjeld òg deltaking i frivillig verksemd.

Folk med innvandrarakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Europa utanfor EØS deltek mindre både i kulturlivet og i organisert frivillig verksemd enn andre.

Barn med innvandrarakgrunn deltek mindre i organiserte aktivitetar enn andre barn.

Mange personar med nedsett funksjonsevne opplever å møte hindringar i samband med deltaking i kultur- og fritidstilbod.

Skilnadene i kulturaktivitetsmønsteret mellom dei ulike sosiale gruppene har ikkje endra seg vesentleg dei siste tiåra.

mønstra i kulturbruk i det store og heile har halde seg nokså stabile dei siste tiåra, trass i innsats for utjamning.

Det er med andre ord framleis mange som ikkje har eit forhold til viktige arenaer for læring, kreativitet, oppleving, samvære og identitetsskaping. Dette er ei utfordring. Det er særleg alvorleg når barn og unge fell utanfor det fritidstilbodet og dei fellesskapsarenaene som kulturlivet tilbyr.

Det offentleg finansierte kulturlivet høyrer fellesskapen til. Gjennom Kulturløftet I og II har regjeringa sikra ein historisk auke til kultur på om lag 4 mrd. kroner. Dette økonomiske løftet har gitt kultursektoren langt betre rammevilkår og dermed også betre moglegheiter for å leggje til rette for inkludering og deltaking. Difor er det grunn til å spørje om det økonomiske løftet Kulturløftet har gitt, blir nytta på ein slik måte at alle som ønskjer det får tilgang til kulturopplevingar. Har alle reelt høve til å delta og setje sitt preg på kulturlivet? Har kulturlivet fått nye aktørar og brukarar? Har vi fått fram nye stemmer i kunsten? Speglar kultursektoren mangfaldet i folket?

Fleire stortingsmeldingar dei siste åra har teke opp samfunnsrolla til kultursektoren og oppgaver knytte til inkludering. Denne meldinga gir ei oppdatert oversikt over arbeidet med inkludering på kulturfeltet og foreslår strategiar og tiltak i det vidare arbeidet med å sikre breiast mogleg bruk av kulturtilbod og deltaking i kulturlivet. Meldinga vil vere sentral i Kulturdepartementets arbeid med årlege budsjett, i styringsdialog med

underliggjande verksemdar og tilskotsmottakarar, og i utforming av kulturpolitiske verkemiddel.

Meldinga må sjåast i samanheng med regjeringa sine meldingar om sosiale skilnader i helsevesen og utdanning, jf. St.meld. nr. 20 (2006–2007) *Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller* og St.meld. nr. 16 (2006–2007) *...og ingen stod igjen. Tidlig innsats for livslang læring*. Meldinga må òg sjåast i samanheng med Meld. St. 30 (2010–2011) *Fordelingsmeldingen*, som presenterer regjeringa sin langsiktige strategi for å jamne ut økonomiske og sosiale skilnader og nedkjempe fattigdom.

1.2 Visjon og mål for meldinga

Ein inkluderande kultursektor er ein sektor der alle har like moglegheiter til deltaking og til å utvikle sine skapande ressursar, uavhengig av faktorar som sosioøkonomisk-, kulturell- eller religiøs bakgrunn eller funksjonsevne.

Inkludering handlar om å byggje ned barrierar som hindrar kulturbruk og skape like moglegheiter for alle individ og grupper. Formelle rettar og moglegheiter fører ikkje alltid til at folk oppsøker kulturtilbod eller opplever å ha reell tilgang til deltaking. Meldinga legg difor til grunn at kultursektoren i større grad enn tidlegare skal gå aktivt ut for å trekkje med nye deltakarar og nå personar og grupper som i dag står utanfor kulturlivet. Fleire må få reelt høve til å delta, å vere skapande og å prege større delar av kunst- og kulturlivet. Dette gjeld både publikum og utøvarar.

I dag er mangfaldet i Noreg meir synleg enn før, mellom anna på grunn av globalisering og innvandring. Ved inngangen til 2011 hadde 12,2 pst. av innbyggjarane i Noreg innvandrarakgrunn.¹ Denne endringa i samansetninga av befolkninga fører med seg perspektiv og ressursar som kjem i tillegg til det kulturelle mangfaldet som til alle tider har prega landet vårt. Som forvaltarar av kulturarven, og av kulturen no og i framtida, må kulturfeltet bidra til at samfunnet kontinuerleg undersøker, utvidar og diskuterer kva *det norske* er. Dette er ei vidareføring av nasjonsbygginga, og blir skapt av dei menneska som lever i Noreg no.

Kulturlivet skal opplevast som ope og relevant for alle grupper. Det skal vere prega av gjensidig respekt og interesse for ulike menneske og kulturelle tradisjonar. Kulturlivet bør oppsøkje og

¹ [http://www.imdi.no/no/iFAKTA/Innvandrerbefolkningen/Fakta om innvandrerbefolkningen](http://www.imdi.no/no/iFAKTA/Innvandrerbefolkningen/Fakta%20om%20innvandrerbefolkningen). Tala omfattar innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre

slepe til nye stemmer og det mangfaldet av historier, uttrykk og ressursar som finst i samfunnet vårt.

Det er i denne samanhengen grunn til å streke under at kunsten alltid skal vere uavhengig. Dette er eit ufråvikeleg krav. Kunsten skal vere dynamisk, utfordrande og ubunden, og målet om kvalitet skal leggjast til grunn.

I norsk kulturpolitikk søker vi ikkje å jamne ut ulikskapar eller interesse motsetnader. Tvert i mot vil meir inkludering skape større kunstnarleg mangfald. Ein kultursektor som speglar samtida og mangfaldet og nyttar alle dei ressursane som er tilgjengelege, dannar grunnlag for eit rikare kunst- og kulturliv. Debatten og meiningsbrytinga skal ha sin naturlege plass. Å leve med skilnader er eit kjenneteikn på mangfaldige samfunn. Likevel skal arbeidet med inkludering og mangfald alltid vere forankra i menneskerettane og demokratiske prinsipp.

Samarbeid mellom departement vil vere viktig for å nå målet om at flest mogleg skal få tilgang til eit rikt og mangfaldig kulturtilbod. Kulturformidling og kulturaktivitetar til dømes på skulen, på arbeidsplassar eller i helse- og omsorgsinstitusjonar kan medverke til å demokratisere tilgangen til kunst- og kulturtilbod og minske barrierar for å oppsøkje slike tilbod på eiga hand. Samstundes kan kulturen bidra positivt til å nå mål på andre politikkområde, til dømes innan helse og omsorg, kriminalomsorg, inkluderande arbeidsliv, opplæring og utdanning, innovasjon og næringsutvikling. Gjennomgangen i kapittel 9 illustrerer nokre av dei måtane andre departement nyttar kunst og kultur for å nå mål på sine område. Regjeringas politikk skal leggje til rette for at dette samspelet framleis kan finne stad.

1.2.1 Oppsummering av strategiar og tiltak

Gjennomgangen i denne meldinga vil vise at det allereie i dag blir jobba mykje og godt med inkluderings spørsmål på kultursektoren. For å kome vidare i dette arbeidet er det likevel nødvendig med ei meir systematisk satsing og meir systematisk kunnskap om gode metodar og arbeidsmåtar.

Det sentrale tiltaket i meldinga knyter seg til ein styrka styringsdialog med offentleg finansierte kulturinstitusjonar og aktørar. Desse vil vere sentrale i regjeringas visjon om å nå enkeltpersonar og grupper som i dag nyttar seg lite av det kulturtilbodet som finst. I tillegg vil regjeringa setje i gang og vidareføre fleire meir spesifikke tiltak med sikte på å setje fart i utviklinga.

Arbeidet med inkludering og mangfald i kulturlivet blir ordna i fire satsingsområde i meldinga. Det må likevel understrekast at det ikkje er tette skott mellom områda; dei grip inn i kvarandre, føreset kvarandre og bidreg til gjensidig utvikling.

Satsingsområde 1: Inkludering og nye stemmer i kultursektoren

Kulturinstitusjonar, det frie kunstfeltet og frivillige kunst- og kulturorganisasjonar har stort potensial i å tilby møtestader og fellesskapsarenaer som kan bidra til inkludering. I kraft av sine roller, sine kjerneoppgåver og sin kapasitet skal kulturinstitusjonane vere sentrale drivkrefter på sine område. Inkluderingsarbeid skal vere ein integrert og synleg del av strategi- og programarbeid, personalpolitikk og publikumsarbeid i alle kulturverksemdar som får statleg støtte.

Institusjonane lyt orientere seg i samtida og samfunnet, kjenne faktiske og potensielle målgrupper og vurdere korleis dei kan nå fleire. Departementet legg til grunn at desse oppgåvene i hovudsak skal løysast innanfor verksemdene sine ordinære budsjettammer.

Kulturdepartementet vil i styringsdialogen med tilskotsmottakarar og underliggjande verksemdar leggje stor vekt på systematisk oppfølging av institusjonane sitt arbeid med inkludering og mangfald.

I tillegg vil regjeringa:

- stimulere til kunstnarleg utvikling og kulturell brubygging gjennom støtte til samarbeidsprosjekt mellom institusjonar og frivillig sektor/frie grupper
- etablere ei aspirantordning i kulturinstitusjonar
- bidra til mangfald i statleg oppnemnde styre og utval
- opprette eit nettverk for personar med minoritetsbakgrunn i styrande posisjonar
- etablere ei ordning med elevbesøk i kunst- og kulturinstitusjonar
- etablere ei innkjøpsordning for film i biblioteka
- utvikle program for publikumsutvikling i ulike delar av norsk kulturliv
- auke talet på skodespelarar med innvandrarsbakgrunn
- at Statens utstillingsstipend skal fordelast av regionale kunstnarsenter
- leggje til rette for ein meir mangfaldig norsk dansekultur
- auke støtta til teiknspråketeater

- auke medverknad og tilgang til visuell kunst gjennom tilskotsordningar for kunst i offentlege rom
- etablere nettverk for medverknad i museum

Satsingsområde 2: Sikre tilgang ved å byggje ned fysiske og økonomiske barrierar

Regjeringa har ein visjon om at samfunnet skal vere universelt utforma innan 2025. Å leggje universell utforming til grunn for samfunnsutviklinga gir betre og meir likestilte omgjevnader for personar med nedsett funksjonsevne. Det må arbeidast systematisk med universell utforming og tilrettelegging av kulturtilbod for å minimere barrierar for kulturbruk.

Regjeringa vil:

- leggje vekt på universell utforming og tilrettelegging i styringsdialogen med institusjonar på kulturfeltet
- støtte Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB) si publisering av aviser i lydformat
- støtte teiknspråktolking av teater
- gi Norsk filminstitutt i oppgåve å utgreie ei ordning for synstolking av norsk film
- i samråd med SSB vurdere om funksjonsevne kan takast inn som variabel i kulturbruksundersøkingar

Statlege løyvingar til kulturfeltet bidreg til å halde prisane på kulturtilbod nede. Likevel utgjer prisnivået heilt reelle barrierar for ein del menneske. Regjeringa vil bidra til å sikre tilgang til kulturtilbod til barn og unge i familiar med låg inntekt.

Regjeringa vil:

- bidra til ei prøveordning for opplevingskort for barn og unge
- etablere eit program for kultur under tilskotsordninga Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn (storbyordninga)

Satsingsområde 3: Oppsøkjande kulturformidling og formidlingsordningar

Gjennom justering av eksisterande, og ved å etablere nye formidlingsordningar vil regjeringa leggje til rette for at kulturtilbodet i større grad når fleire ved å treffe publikum utanfor institusjonane, som til dømes i distrikta og på arenaer der folk ferdist til dagleg. Det skal også arbeidast for å utnytte dei mogleghetene for spreiding og formidling av kulturuttrykk som digital teknologi gir.

Regjeringa vil:

- etablere ei ordning for kulturformidling på arbeidsplassen: *Den kulturelle nistepakka*

- setje i gang ei prøveordning med kulturskuletilbod på barnetrinnet
- styrkje tilskotsordningane for arrangørar og musikarar for å få meir musikk ut på fleire arenaer
- stille krav til at verksemder og institusjonar på kulturfeltet nyttar nye digitale verktøy i arbeidet for å nå fleire
- understreke overfor fylkeskommunane at det skal takast omsyn til elevar med nedsett funksjonsevne/særskilte behov i utforminga av tilbodet i Den kulturelle skulesekken

Satsingsområde 4: Inkludering gjennom samarbeid med og deltaking i frivillig kultursektor

Regjeringa støttar aktivt opp om frivillig sektor og utviklinga av eit levande sivilsamfunn gjennom eit nært samarbeid med frivillige organisasjonar, og ved å støtte og leggje til rette for frivillig engasjement. Regjeringa legg vekt på ei styrking av rammevilkåra for frivillig sektor, som kjem heile frivillig sektor til gode. Ei rekkje tiltak som er viktige for frivillig kultursektor er allereie sett i verk og vil bli følgde opp vidare. Det vil bli lagt til rette for auka samarbeid og kulturell brubygging mellom profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar og frivillig sektor. I tillegg skal det rettast auka merksemd mot deltaking og representasjon frå grupper som fell utanfor det tradisjonelle organisasjonssamfunnet, og mot betydninga av møteplassar og brbyggjarar for inkludering og integrering i frivillig kultursektor.

Regjeringa vil:

- støtte samarbeid mellom bibliotek og frivillig sektor for å inkludere grupper som i mindre grad deltek i kultur- og organisasjonslivet
- støtte opp under initiativ som bidreg til å fremje kontakt, samarbeid og erfaringsutveksling mellom dei tradisjonelle kunst- og kulturorganisasjonane og ulike typar etniske og fleirkulturelle organisasjonar
- utvikle eit pilotprosjekt i samarbeid med frivillig sektor der målsetjinga er å finne fram til eigna tiltak for å auke talet på personar med etnisk minoritetsbakgrunn i styre og leiande posisjonar i frivillige kunst- og kulturorganisasjonar
- auka merksemd om samarbeid mellom knutepunktinstitusjonar og frivillig sektor for å fremje mangfald, inkludering og deltaking
- bidra til auka merksemd om kva som fungerer og korleis ein kan byggje vidare på dei gode erfaringane i deler av frivillig kultursektor, til dømes i musikkorganisasjonane

- vidareutvikle frivilligsentralane som møteplass og arena for samhandling lokalt mellom enkelt-personar, foreiningar/lag og det offentlege

1.3 Avgrensingar

Denne meldinga avgrensar seg til kultursektoren forstått som profesjonelle kulturinstitusjonar med offentleg støtte, fri kunstnarleg verksemd utanfor institusjonane og frivillig kultursektor. Mediefeltet blir behandla i nokon grad. Feltet er særleg relevant fordi den teknologiske utviklinga bidreg med verktoy som er sentrale i arbeidet med å nå nye grupper.

Når det gjeld frivillig sektor omhandlar meldinga først og fremst dei frivillige kunst- og kulturorganisasjonane, og ikkje idrett eller kulturaktivitet i religiøse organisasjonar. I frivillig kultursektor finn vi mellom anna kor og korps, venneforeiningar, historielag, kunstforeiningar, grupper innan musikk og scenekunst, festivalar og spel.

Inkludering i kultursektoren er nært knytt til både utdanning og rekruttering, og meldinga vil i nokon grad kome inn på desse tema. Dette er likevel ikkje ei utdanningsmelding eller ei melding om kunstnarpolitikken.

1.4 Sentrale omgrep

1.4.1 Inkludering

Inkludering går ut på å fjerne barrierar for deltaking, anerkjenne ulike stemmer og å skape like moglegheiter for alle individ og grupper på alle samfunnsområde.

Inkluderingspolitikken, slik han har vorte definert av regjeringa dei siste åra, handlar om at alle som bur i Noreg skal ha like moglegheiter og plikter til å bidra og til å delta i fellesskapen, og korleis samfunnet lyt organiserast for å oppnå dette. Inkluderingsomgrepet blir også nytta om ulike grupper som på grunn av sin bakgrunn, seksuelle orientering, funksjonshemming, kjønn, alder eller andre eigenskapar i ulike samanhengar kan oppleve å bli marginaliserte og falle utanfor.²

I denne meldinga er begge tydingane relevante. Kultursektoren skal i større grad arbeide for å nå personar og grupper som i dag står utanfor kulturlivet. Deltaking i kultursektorens fellesarenaer kan vidare leggje grunnlaget for identitetskaping, tilhøyrsløse og deltaking i samfunnet.

1.4.2 Kunst og kultur

I denne meldinga nyttast kunstomgrepet om skapande, utøvande, tolkande eller anna estetisk verksemd, til dømes innan dans og annan scene-kunst, musikk, litteratur og visuell kunst. Kunstnarleg verksemd nyttast når det i meldinga er snakk om kulturlivet/kultursektoren. Institusjonar blir ikkje delte opp i kunst- og kulturinstitusjonar; alle institusjonar som ligg innanfor Kulturdepartementets ansvarsområde blir i denne samanhengen rekna som kulturinstitusjonar.

Kulturomgrepet blir nytta på to måtar i meldinga. Kulturomgrepet blir for det første nytta om dei ulike aktivitetane innanfor kulturlivet, forstått som ein eigen sektor og eige politikkområde. Kva som blir definert innanfor og utanfor denne sektoren er historisk og politisk avhengig, jf. gjennomgang i kapittel 2.

Kulturomgrepet blir også nytta som omgrep på ein kompleks heilskap av kunnskapar, trusdomsformer, kunst, moral, jus, skikkar, vanar og dugleikar eit menneske tileignar seg som medlem av eit samfunn.³ Individ blir knytt til små og store meningsfellesskap som blir etablerte og endra gjennom handling og samhandling. Kulturen blir i høg grad overført frå generasjon til generasjon, samstundes som han forandrar seg. I dag endrar kulturen seg raskt, mellom anna som følge av globalisering.

Forståing av kulturomgrepet i denne tydinga har også innverknad på kulturpolitisk tenking. Gjennom historia har skiftande måtar å forstå kultur på vore med å leggje premisser for kulturpolitikken. Kulturpolitikken i Noreg har vore nært knytt til nasjonsbygging og ein likskapsorientert velferdspolitik. Ei grunnleggjande legitimering av kulturpolitikken har vore å dyrke fram ein sær-eigen nasjonal identitet forankra i ein einskapleg felles nasjonalkultur. I dag blir ideen om eit samfunn med éin felles kulturell identitet og tradisjon utfordra frå fleire hald; mangfald som følge av migrasjon, global utveksling av varer, informasjon og tenester, individualisering, framvokster av nye subkulturar og auka valfridom.

1.4.3 Kulturelt mangfald

Kulturelt mangfald er eit sentralt omgrep i kulturpolitikken. Omgrepet er vidt og blir brukt i mange tydingar. Offentleg støtte til kultursektoren blir til dømes sett på som ein føresetnad for mangfald fordi det legg til rette for demokratisk fordeling

² NOU 2011: 14

³ Edward Taylor i Eriksen (2011)

og kulturuttrykk, nyskaping og sjangerblanding som ikkje på eiga hand kan konkurrere i ein kommersiell marknad. Mangfald kan også bety at publikum over heile landet har fridom til å velje frå eit godt og variert kulturtilbod.

I daglegtaleten blir ofte kulturelt mangfald nytta i meininga etnisk mangfald. I denne meldinga blir det nytta ei breiare forståing av omgrepet. Det kulturelle mangfaldet omfattar alle uttrykk, idear, kompetanse og kulturarv som finst hos enkeltmenneske og i ulike fellesskapar i samfunnet. Kulturelt mangfald i kulturlivet handlar såleis om å fremje mangfald i idear, tankar og haldningar, om å fremje eit estetisk mangfald, og om å fremje deltaking på tvers av sosial og kulturell bakgrunn. Av dette følgjer det også at kulturelt mangfald ikkje berre er eit kjenneteikn ved andre etniske grupper og innvandrarbefolkninga, men at mangfald er ein eigenskap ved eit kvart samfunn.

1.4.4 Innvandar/-bakgrunn

Innvandrar viser til personar som er fødd i utlandet av to utanlandsfødde foreldre, og som på eit tidspunkt er innvandra til Noreg.⁴ *Norskfødde med innvandarforeldre* er fødte i Noreg, men har to foreldre som er innvandrarakar. Der ein omtalar innvandrarakar og etterkomarakar etter innvandrarakar, blir *personar med innvandarbakgrunn* nytta.⁵

1.5 Samandrag

Kapittel 1 omtalar føremålet med meldinga og oppsummerer sentrale tiltak under fire satsingsområde. Meldinga avgrensar seg til desse delane av kultursektoren: Profesjonelle kulturinstitusjonar med offentleg støtte, fri kunstnarleg verksemd utanfor institusjonane og frivillig kultursektor. Ein inkluderande kultursektor blir definert som ein sektor der alle har like moglegheiter til deltaking og til å utvikle sine skapande ressursar, uavhengig av faktorar som sosioøkonomisk-, kulturell- eller religiøs bakgrunn eller funksjonsevne. Inkludering handlar om å byggje ned barrierar som hindrar kulturbruk, sleppe til ulike røyster og å skape like moglegheiter for alle individ og grupper.

Kapittel 2 omhandlar ulike strategiar for å nå politiske mål om demokratisering av kultur i eit historisk og internasjonalt perspektiv. Framveksten av den nye kulturpolitikken i Noreg blir sett i

samanheng med utviklinga i Europa, med vekt på Frankrike og Storbritannia.

Kapittel 3 tek for seg mønster i bruk og deltaking innanfor tre felt på kultursektoren; bruk av offentlege kulturtilbod, mediebruk og deltaking i frivillig kulturliv. Merksemda blir retta mot samanhengen med variablar som utdanningsnivå, inntektsnivå, innvandarbakgrunn og funksjonsevne. Deretter blir det sett søkjelys på barrierar for kulturbruk, og årsaker til at folk vel eller ikkje vel å delta i kulturtilbod.

Kapittel 4 skisserer rammeverket for norsk kulturpolitikk i dag, med vekt på allmenne utjamningselement, ansvars- og oppgåvefordeling, økonomisk støtte, geografisk fordeling av kulturtilbod, utforming av lovverk og styringssignal frå departementet.

Kapittel 5 gir eit oversyn over kulturpolitiske oppgåver og mål knytte til inkludering og mangfald innan museum, arkiv, bibliotek, litteratur, musikk, scenekunst, visuell kunst, film og media. Deretter presenterer departementet satsingar og tiltak for inkludering og nye stemmer i kultursektoren. Det sentrale tiltaket knytter seg til ein styrka styringsdialog med offentleg finansierte kulturinstitusjonar og -aktørar. Desse vil vere sentrale i regjeringas visjon om å nå enkeltpersonar og grupper som i dag nyttar seg lite av det kulturtilbodet som finst. I tillegg vil regjeringa setje i gang og vidareføre fleire meir spesifikke tiltak med sikte på å setje fart i utviklinga.

Kapittel 6 omhandlar arbeidet med universell utforming og tilrettelegging i kultursektoren. Kapitlet gir eit oversyn over fysiske og økonomiske faktorar som utgjer barrierar for deltaking i nokre kulturtilbod. I tillegg til å leggje vekt på universell utforming og tilrettelegging i styringsdialogen med institusjonar på kulturfeltet, vil regjeringa støtte ulike tiltak som bidreg til betre tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne, som publisering av aviser i lydformat, synstolkning av norsk film og teiknspråktolkning av teater. Regjeringa vil også bidra til å sikre tilgang til kulturtilbod for barn og unge i familiar med lav inntekt.

Kapittel 7 omhandlar oppsøkjande kulturformidling og formidlingsordningar. For å nå målet om størst mogleg deltaking i kulturlivet vil regjeringa at det faste tilbodet i institusjonane i større grad skal supplerast med oppsøkjande verksemd, turnéverksemd, særskilte formidlingsordningar og nye formidlingsmåtar, til dømes ved hjelp av digital formidling. Regjeringa vil mellom anna etablere ei ordning for kulturformidling på arbeidsplassen; *Den kulturelle nistepakka*. Regjeringa vil

⁴ <http://www.ssb.no/innvandring/>

⁵ Arbeids- og inkluderingsdepartementet (2007)

øg setje i gang ei prøveordning med kulturskuletilbod på barnetrinnet og styrkje tilskotsordningane for arrangørar og musikarar for å få meir musikk ut på fleire arenaer.

I *kapittel 8* blir det presentert nokre døme på mangfalds- og inkluderingsarbeid i frivillig sektor, med særleg vekt på dei tradisjonelle organisasjonane og samarbeid med det offentlege. Deretter presenterer departementet satsingar og tiltak for vidare arbeid innan tre hovudområde: partnerskap og brubygging mellom profesjonelle og frivillige i kultursektoren, auka deltaking og repre-

sentasjon frå underrepresenterte grupper, og kontakt og samarbeid mellom tradisjonelle kunst- og kulturorganisasjonar og etniske og fleirkulturelle organisasjonar.

Kapittel 9 synleggjer gjennom ulike døme korleis kultur kan vere av betydning innan ulike samfunnsområde og illustrerer korleis andre departement nyttar kunst og kultur aktivt for å søkje å nå mål innan sine område. I *kapittel 10* gjer departementet greie for dei økonomiske og administrative konsekvensane av forslaga i denne meldinga.

2 Demokratisering av kultur i historisk og internasjonalt perspektiv

2.1 Innleiing¹

Å demokratisere kultur har vore eit kulturpolitisk hovudmål i mange land sidan etableringa av ein systematisk offentleg kulturpolitikk i dei første tiåra etter siste verdskrig. Målsetjinga om å skaffe best mogleg tilgang til kultur har vore tett knytt til framveksten av den moderne velferdsstaten. Flest mogleg skulle kunne oppleve kunst og kultur av den beste kvaliteten. Velferdspolitiske likskapsideal har kanskje prega kulturpolitikken sterkare i Noreg og dei nordiske landa enn i dei fleste andre land. Likevel har slike demokratiseringsmål vore ein kulturpolitisk fellesarv i fleire land.

Målsetjinga om å demokratisere kultur kan innebere fleire ting. For det første kan det bety at fleire får formell tilgang til kulturtilbod, utan at dei tek i bruk tilboda. For det andre kan det bety at fleire tek i bruk kulturtilbod, utan at forskjellen mellom sosiale grupper blir redusert. Dette inneber at kulturbruken aukar i alle sosiale lag, men at ulikskapen er konstant på eit høgare nivå. For det tredje kan det bety at avstanden mellom sosiale grupper i bruk av kulturtilbod blir redusert, til dømes ved at skilnadene i kva kulturtilbod personar med høg og personar med låg utdanning nyttar seg av, blir mindre. Mange vil hevde at det siste må til dersom ein kan snakke om verkeleg demokratisering av kulturen.

Vidare har spørsmål om demokratisering av kulturen samanheng med breiare idéhistoriske og kulturpolitiske debattar om kva som blir rekna som kultur, kunstnarleg kvalitet og kulturpolitiske demokratiseringsstrategiar. Eit ope kulturomgrep som omfattar fleire uttrykk, kan såleis òg vere uttrykk for demokratiseringstendensar. Historisk har dei idéhistoriske og dei kulturpolitiske debattane om desse tema vore tett vevd i kvarandre.

¹ Framstillinga i kapittel 2 er basert på eit upublisert notat frå Per Mangset, av 20. januar 2011. Notatet er skriva på oppdrag frå Kulturdepartementet, i samband med arbeidet med denne meldinga.

2.2 Franske strategiar for demokratisering av kulturen

Den kulturpolitiske målsetjinga om å demokratisere kulturen har primært vore eit venstrepolitisk prosjekt i Frankrike. Under den franske Folkefronten, ein koalisjon av sosialistiske og kommunistiske parti som regjerte i Frankrike frå 1936 til 1938, sto demokratisering av kulturen i høgsetet; «Det fins ikke to kulturer, bare en eneste, hvilken både arbeidermassene og de intellektuelle har rett til,» sa generalsekretæren i den franske kulturhusrørsla, forfattaren René Blech.² Under Folkefronten var det ikkje berre den tradisjonelle høgkulturen som skulle demokratiserast. Folk flest skulle også få meir fritid og større moglegheit til kulturell utfolding, det vil seie ulike typar sosiokulturelle fritidsaktivitetar.

Målsetjinga om å demokratisere kulturen vart ført vidare på ulikt vis i fransk kulturpolitikk etter den andre verdskrigen. Organisasjonen *Peuple et Culture* (1944) arbeidde for demokratisering av kultur med særleg vekt på folkeopplysning.³ I dei første etterkrigsåra sette den statlege departementsbyråkraten Jeanne Laurent i verk eit offensivt program for å bringe teater ut til dei franske distrikta. Både *Peuple et Culture* og Laurent vida-reførte dei breie kulturdemokratiseringsideane til Folkefronten.

Då det første varige franske kulturdepartementet vart oppretta i 1959 vart målsetjinga om å demokratisere kulturen både spissa og skjerpa: No var det primært den høge kulturen, ikkje den breie sosiokulturen, som skulle demokratiserast. Statsråd Malraux ville bringe dei store nasjonale og/eller universelle kunstverka ut til det franske folket. Hovudstrategien var å byggje store kulturhus rundt om i landet, men planane stoppa opp. I tillegg førte nye ideologiske straumar under studentopprøret i 1968 til at Malraux sine visjonar tapte legitimitet.

² Looseley (1995:14)

³ Looseley (1995) og Dubois (1999)

Jack Lang var kulturminister i periodane 1981–1986 og 1988–1993. Han vidareførte på ulike vis Malraux sine demokratiseringsmålsetjingar. Men i tillegg innførte han ein meir omfattande idé om kulturdemokratisering, der både teikneseriar, dokketeater, matkultur, populærmusikk, ungdomskultur og sirkus vart inkludert. Han ønskte å gjere kulturindustrien kulturpolitisk respektabel. Lang bidrog med eit meir inkluderande kulturomgrep, men kan ikkje seiast å ha lukkast med å redusere skilnaden mellom sosiale grupper når det gjeld kulturaktivitetar.⁴

2.3 Demokratisering av kultur i Storbritannia

2.3.1 Britiske tenkjarar

Sjølv om det først og fremst er i etterkrigstida det har vore ført ein systematisk offentleg kulturdemokratiseringspolitikk i mange vestlege land, er førestillinga om kulturens, og særleg kunstens, samfunnsbyggjande kraft mykje eldre.

Den britiske litteraten Matthew Arnold (1822–1888) har påverka både britisk og internasjonal kulturpolitisk tenking om forholdet mellom høg- og lågkultur sterkt. Arnold var uroa for dei store samfunnsendingane i England på 1800-talet, som førte med seg både sosial uro og anarkistiske tendensar. Han såg på kulturen, i tydinga strevet mot total perfeksjon, som eit middel til å motverke desse tendensane. Arnold meinte at det intellektuelle aristokratiet hadde eit særskilt ansvar som kjelde til autoritet under dei anarkistiske tilstandane.⁵ Ideen om kunstens sivilisatoriske kraft har påverka både samtidige og seinare kulturpolitiske debattar. Ideen kunne nyttast som grunngeving for høgkulturens særstilling.

Raymond Williams (1921–1988), ein av grunnleggjarane av kulturstudiar i britisk akademia, oppvurderte den breie dagleglivskulturen enno meir. I tillegg stilte Williams seg klart i ein antielitær posisjon. Han formulerte ein venstrepolitisk kritikk av det høgkulturelle hegemoniet.⁶ Richart Hoggart (f. 1918) har formulert liknande synspunkt. Pionerane innan kulturstudiar i Storbritannia var såleis talspersonar for ei oppvurdering av populær- og folkekultur med bakgrunn i eit breitt samfunnsvitskapleg inspirert kulturomgrep. Vi kan òg seiast at dei sto for demokratisering av kul-

turen gjennom oppvurdering av kulturuttrykk som tidlegare var blitt sett ned på.

2.3.2 Kultur og sosial inkludering i Storbritannia

Alt før ein kan snakke om ein moderne/offentleg kulturpolitikk i Storbritannia, var dannelsingsbegrepet forankra i kultursektoren. Allereie i 1850 byrja til dømes Victoria and Albert museum med utoverretta arbeid; dei sende kassar med museumsgjenstandar ut i distrikta for at dei som budde lengst vekk skulle få tilgang til kultur og kunnskap – som del av eit nasjonalt dannelsingsprosjekt. Men, det var eliten som skulle oppdra allmuga og opplæringa var ikkje særleg dialogorientert.

Moderne britisk kulturpolitikk vart etablert gjennom institusjonar som vart grunnlagde mellom 1920- og 1940-åra, til dømes BBC og Arts Council England.⁷ Ein kan seiast at desse institusjonane var barn av si tid, og dei la til grunn eit relativt smalt kulturomgrep som omfatta kunstformer som biletkunst, teater og klassisk musikk. Framleis vart nasjonale og regionale organisasjonar og føremål prioriterte framfor lokalt engasjement, og profesjonell verksemd vart prioritert framfor amatørverksemd. Opplysning og utvikling var kulturpolitikkenes fremste rasjonale.

På 1970-talet byrja denne tilnærminga å endre seg. Tiåret var prega av debatt mellom dei som kjempa for den tradisjonelle kulturpolitikken, og på den andre sida eit aukande tal på representantar for lokale, alternative kulturrørsler som arbeidde mot det dei oppfatta som ei elitistisk tilnærming til kultur. Fleire organisasjonar byrja arbeidet for å fremje minoritetskunst og lokal kunst og kultur, og for å skape ei utvida forståing av kva offentlege kulturmidlar burde nyttast til.

New Labour-regjeringa som kom til makta i 1997, bygde vidare på denne tilnærminga. Grovt skissert kan ein seiast at det i britisk kulturpolitikk i perioden 1997 til 2007 vart retta stor merksemd mot kulturens positive bidrag på område som utdanning, sosial velferd og økonomi.⁸ Dette hang saman med regjeringa si koordinerte og tverrdepartementale satsing på nedkjemping av sosial ekskludering. På kulturfeltet vart det mellom anna sett krav til tilskotsmottakarar om å arbeide for å gjere kulturtilbodet tilgjengeleg for visse demografiske grupper som ikkje nytta seg av kulturtilbod i særleg grad og som sto i fare for marginalisering, mellom anna etniske minoritetar.

⁴ Donnat (1998, 1999)

⁵ Belfiore og Bennet (2008)

⁶ Barker (2004)

⁷ Keaney (2006)

⁸ Opplysningar frå Department for culture, media and sport.

Museum, galleri, arkiv og bibliotek vart sett på som viktige aktørar i dette arbeidet, som møtestader og arenaer for medverknad og livslang læring.

Frå 2007 har det skjedd ei endring i korleis ein snakkar om og vurderer kunst og kultur i britisk kulturpolitikk. Å leggje til rette for framifrå kunstnarleg kvalitet har i større grad vorte vektlagt som grunngeving for offentleg støtte til kultur. Sir Brian McMaster leverte i 2008 ein rapport til *Department of Culture, Media and Sport* om korleis det offentlege kan leggje til rette for kvalitet, innovasjon og risikotaking i kunst og kultur.⁹ I rapporten åtvarar McMaster mot einseitig vektlegging av kvantitative mål- og resultatvurderingar på kultursektoren. Til dømes vil einseitig fokus på målet om å trekkje flest mogleg tilskodarar kunne stå i vegen for kvalitet og utvikling. Tilsvarende problem ser han dersom kultursektoren i for stor grad blir pålagt å oppfylle mål utanfor eigen sektor. McMaster tek til orde for å etablere nye metodar for vurdering av kulturinstitusjonar og -aktørar, i form av både sjøvevaluering og fagfellevaluering. I tillegg til ei dreining mot større merksemd på kvalitetsomgrepet, er det framleis eit hovudmål at kulturpolitikken skal leggje til rette for å nå flest mogleg. Barn og unge er særleg viktige målgrupper. Desse prioriteringane er reflektert i *Arts Council Englands* visjon for tiårsperioden frå 2010.¹⁰

2.4 Demokratisering av kultur i Noreg

I Noreg etablerte arbeidarrørsla i mellomkrigstida alternativ til det som vart oppfatta som ein borgarleg kultur, til dømes innanfor vaksenopplæring, film, teater og idrett.¹¹ Liknande alternativ vart også forsøkt bygd opp med basis i andre folkelege kulturstrøymingar, særleg målrørsla og den frilynte ungdomsrørsla. Dette speglar ein sterk norsk tradisjon for oppvurdering av det som vart oppfatta som den autentisk folkelege kulturen og kultur i distrikta. Det handla dessutan ikkje berre om demokratisering av kultur, men også om demokratisering av kunnskap, noko som sto sentralt i folkeopplysninga.

I etterkrigsåra vart det satsa sterkt på kulturdemokratisering, mellom anna gjennom etableringa av riksinstitusjonane for formidling av kunst og kultur på 1950- og 1960-talet. Riksteatret vart

oppretta ved lov allereie i 1948 og hadde si første framsyning i 1949. Målet var «...å fremja arbeidet med å føre dramatisk kunst ut til folk i by og bygd og på andre tenlege måtar å auke kjennskapen til god dramatisk kunst.» I 1953 vart Riksgalleriet oppretta som ein statleg etat for å sende vandrestillingar med norsk og nordisk kunst ut til alle deler av landet. I dag har Nasjonalmuseets avdeling for landsdekkjande program denne oppgåva. I 1968 vart Rikskonsertane oppretta for å motverke sentralisering av norsk musikkliv og gi folk eit betre konserttilbod over heile landet. Norsk kulturfond og Norsk kulturråd vart oppretta i 1964 og 1965 med det føremål «å stimulere skapande åndsliv i litteratur og kunst, verne den norske kulturarven og arbeide for at flest mogleg får del i kulturgoda.»

Bakgrunnen for at riksinstitusjonane vart oppretta var det såkalla «kulturbrevet» til regjeringa frå sentrale kulturpersonar rett etter krigen, der det vart teke til orde for ulike kulturdemokratiseringstiltak. I brevet vart det mellom anna peika på at ein burde realisere planane om eit ambulerande riksteater for å bringe «kunsten ut til distrikta». Ein burde vidare organisere «ambulerende male-riutstillinger og konserter, for å motvirke for sterk sentralisering av kulturlivet». Det burde også tilsetjast reisande instruktørar for amatørteater og musikkskular for ungdom.¹² Det fanst altså ulike vegar til kulturdemokratisering, både gjennom formidling av institusjonaliserte kulturtilbod og stimulering av det lokale kulturarbeidet.

Kva som er rett strategi for kulturdemokratisering har vore diskutert både i politikken og av forskarar. Fleire nordiske forskarar peika tidleg på at det var vanskeleg å realisere dei mest optimistiske kulturdemokratiseringsmålsetjingane. Den svenske sosiologen Harald Swedner introduserte på midten av 1960-talet omgrepet *finkultur* og retta med det søkjelyset mot dei sosiale barrierane som skilde folk flest frå sentrale kulturtilbod. Han analyserte desse barrierane i fleire arbeid, mellom anna i boka *Om finkultur og minoriteter* frå 1971. I Noreg gjennomførte Øystein Noreng ei større undersøking for Den norske bokklubben, der han fann klare sosiale ulikskapar i lesefrekvens og lese måte.¹³ Dei unge samfunnsvitskapane avdekte altså klasseforskjellar i kulturkonsum, men dei kunne ikkje peike ut nokon snarveg til kulturelt demokrati.

⁹ McMaster (2008)

¹⁰ Arts Council England 2010

¹¹ Kokkvold (1981)

¹² Norsk kulturråd (1985)

¹³ Noreng (1974a, 1974b)

2.4.1 Den nye kulturpolitikken

Med innføringa av den nye kulturpolitikken frå tidleg på 1970-talet gjorde styresmaktene ei viktig kulturpolitisk kursendring i Noreg.¹⁴ No skulle ein nå målet om demokratisering av kultur på nye måtar. Hovudgrepet var å oppvurdere folk sin eigen kultur, dagleglivskultur og eigenaktivitetar, aktivitetar som hadde relativt låg status. At ein no såg på barnekultur og ungdomskultur som nye subkulturar, låg til grunn for ei institusjonalisering av tilbodet til desse gruppene. I den første kulturmeldinga på 1970-talet heitte det mellom anna at:

Uttrykket kulturell demokratisering, eller demokratisering av kulturen, karakteriserer den form for kulturpolitikk dei fleste land hittil har lagt størst vekt på. Målet har vore å spreie kulturtilboda til alle. Men det har vist seg at dette arbeidet gir avgrensa resultat. Først og fremst har ein ikkje på denne måten greidd å stimulere den kulturelle eigenaktiviteten.¹⁵

Utover på 1970-talet vart budskapet i meldinga utdjupa og vidareutvikla. Den nye kulturpolitikken la vekt på folkets faktiske medverknad og deltaking i ulike former for kulturaktivitetar og fellesskapsopplevingane dette kan gi. Den nye kulturpolitikken gjorde at langt fleire uttrykksformer og aktivitetstilbod fall innanfor kulturomgrepet, som til dømes idrett og amatøraktivitetar innanfor ramma av lag og foreiningar. Sentrale spørsmål var korleis bruk og deltaking er fordelt blant folk og om alle grupper får ta del i kulturtilboda. Konkret vart barn viktige målgrupper, i tillegg til eldre, personar med nedsett funksjonsevne, pasientar og folk på institusjonar. I dette perspektivet vart kultur eit gode som skal fordelast gjennom kulturpolitikken, men også eit verkemiddel for å nå målet om den gode samfunnsorden med sosial rettferd og ein demokratisert kultur som er jamt fordelt på tvers av klasse, geografi, alder og etnisitet.

Kulturpolitikken skulle i dette perspektivet ikkje først og fremst tvinge fram ny innsikt og horisontar, men skape tryggleik, tilhøyrslø og sosial utjamning. Det kulturpolitiske velferdsmotivet inneber med andre ord ei klar tilnærming mellom kulturpolitiske og sosialpolitiske mål og verdier. Dette velferdspolitiske perspektivet på kultur

fekk konkret uttrykk gjennom ei vektlegging av samanhengane mellom eit velutvikla kulturtilbod og innbyggjarane si livskvalitet og helse.

Ein var også oppteken av korleis ein kunne bygge ned barrierane mellom folk flest og den profesjonelle kulturen: «Vi veit at høgstatusgruppene jamt over går mykje meir på konsertar, kunstutstillingar og i teater enn lågstatusgruppene».¹⁶ Men ein åtvara også «mot urealistisk optimisme i dette arbeidet». Meldinga understreka at vi måtte «godta at mange menneske ikkje vil vere interesserte i eller mottakelege for kulturelle tilbod enda om tilhøva blir lagde godt til rette for dei. Ingen bør tvingast til kulturell aktivitet».¹⁷ Tilleggsmeldinga retta også søkjelyset mot kjønnsforskjellar i kulturbruk og mot kulturaktivitetane til særskilt utsette grupper. Dei to kulturmeldingane tidleg på 1980-talet hadde lite nytt å føye til dette punktet.¹⁸

Ein kan seie at 1970-talets kulturpolitikk innebar at ein satsa på kulturdemokratisering gjennom kulturrelativisering. Den nye kulturpolitikken henta dels inspirasjon frå samfunnsvitskapleg kulturrelativisme og subkulturforskning, dels venstrepolitiske strøymingar i samtida og dels frå talsmenn for folkeleg kultur i den nordiske kulturdebatten. Det er også ein slektskap mellom desse strøymingane og interessa for vanlege folks kultur innanfor britiske kulturstudiar på 1970- og 1980-talet.

Den nye kulturpolitikken var altså langt frå særnorsk som kulturpolitisk strategi. Tilsvarende ambisjonar om å demokratisere kulturen ved å utvide kulturomgrepet og oppvurdere den lokale og folkelege kulturen gjorde seg gjeldande i mange land. Målet om å gi alle grupper like gode høve til å oppleve profesjonelle kulturtilbod vart likevel ikkje forlate, verken i Noreg eller i andre land. Kulturmeldinga frå 1992 slo på ny fast at publikum og deltakarar framleis såg ut til å bli rekrutterte frå dei same gruppene i samfunnet.¹⁹ Meldinga konstaterte at det hadde skjedd ei viss geografisk utjamning av kulturtilboda, men at det hadde skjedd lite når det gjaldt utjamning på tvers av sosiale skiljelinjer.²⁰

Retten til å delta i kulturlivet og medverke i kulturelle prosessar er òg nedfelt i ei rekkje internasjonale konvensjonar.

¹⁶ St.meld. nr. 52 (1973–1974)

¹⁷ St.meld. nr. 52 (1973–1974)

¹⁸ St.meld. nr. 23 (1981–1982), St.meld. nr. 27 (1983–1984)

¹⁹ St.meld. nr. 61 (1991–1992)

²⁰ St.meld. nr. 61 (1991–1992)

¹⁴ Girard (1973), Rosenlund og Wilhelmssen (1976) og Mangset (1992)

¹⁵ St.meld. nr. 8 (1973–1974)

Boks 2.1 Retten til å delta i kulturlivet

I FN sin konvensjon for menneskerettar heiter det at alle har rett til fritt å delta i kulturlivet i samfunnet, og ha glede av både kultur og vitenskap.

I UNESCO sin konvensjon om vern og fremje av eit mangfald av kulturuttrykk heiter det at kulturelt mangfald er eit karakteristisk kjenneteikn ved alle samfunn. Det blir streka under kor viktig kultur er for sosial samkjensle. Konvensjonen talar stort om verdien av kulturelt mangfald for å oppfylle menneskerettar og realisere grunnleggjande fridommar. Den minner samstundes om at eit kulturelt mangfald som får utfalde seg i eit klima med demokrati, toleranse, sosial rettferd og gjensidig respekt mellom folk og kulturar, er ein absolutt føresetnad for fred og tryggleik på lokalt, nasjonalt og internasjonalt plan.

I FN sin konvensjon om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne heiter det at menneske med nedsett funksjonsevne har rett til å delta i kulturlivet på lik line med andre. Regjeringa arbeider med ein proposisjon om ratifisering av konvensjonen.

I FN sin konvensjon om barnerettane står det at barn har rett til kvile, fritid og leik, og til delta i kunst og kulturliv. Vidare står det at barn som tilhøyrrer ein minoritet eller eit urfolk har rett til, saman med andre i si gruppe, å nyte godt av sin kultur, religion og eige språk. Konvensjonen understrekar også psykisk og fysisk utviklingshemma barn sine rettar til rekreasjon for å oppnå best mogleg integrering og individuell utvikling.

Rammekonvensjonen for vern av nasjonale minoritetar seier mellom anna at partane skal skape dei føresetnadane som trengst for at personar som tilhøyrrer nasjonale minoritetar blir sikra effektiv deltaking i det kulturelle, sosiale og økonomiske liv og i offentlege saker, særleg dei som angår minoritetane sjølve.

ILO-konvensjon nr. 169 og Grunnlovas § 110a gir det samiske urfolket ein særleg rett til å tryggje og utvikle sin kultur, språk og samfunnsliv.

2.4.2 Norsk kulturpolitikk og forholdet til nyare innvandring

Sidan slutten av 1980-talet har det vore auka fokus på å inkludere menneske med minoritets- og/eller innvandrarakgrunn i kulturlivet. Dette er på mange måtar ei naturleg forlenging av den nye kulturpolitikken frå 1960- og 1970-talet. Mangfald vart relativt tidleg eit kulturpolitisk tema i Norden, i starten mest på det mediepolitiske området, men etter kvart på heile det kulturpolitiske feltet. Internasjonalt ser ein dette først og fremst gjennom UNESCOs rapport *Our Creative Diversity* frå 1995. I rapporten utfordrar forfatarane det grunnlaget dei meinte hadde dominert mange lands kulturpolitikk – nemleg at han tek utgangspunkt i ei nasjonal ramme som er fundert på førestillinga om at nasjonen består av ei etnisk gruppe. Ein mangfaldsorientert kulturpolitikk har såleis som mål å utfordre og utvide det kulturpolitiske feltet slik at det inkluderer så vel nye grupper, som nye kulturuttrykk i kunsten.²¹

Dei første tematiseringane av dei nye fleirkulturelle utfordringane i Noreg kom i St.meld. nr. 17 (1996–1997) *Om innvandring og det flerkulturelle Norge* og i St.meld. nr. 47 (1996–1997) *Kunstnarane*. Sistnemnde melding tok for seg kunstdimensjonen og det å integrere innvandrarkunstnarar i norske institusjonar og organisasjonar, skape kunstmøte og vise fram innvandrarkunstnarane sine eigne kunstformer.

I 1998 oppretta Norsk kulturråd Mosaikk-programmet for å fremje og integrere fleir- og tverrkulturelle uttrykk i kunst- og kulturfeltet og styrkje minoritetane sine høve til å delta i kunstlivet. Målet var å setje temaet på dagsorden og gi tilskot til gode kunstprosjekt som kunne synleggjere dei moglegheitene eit kulturliv prega av kulturelt mangfald har å by på. Samstundes vart det streka under at ein skulle ivareta minoritetane sine moglegheiter for kulturell utfalding på eigne premisar. I gjennomføringa av programmet la ein særleg vekt på å støtte tiltak som kom frå minoritetane sjølve. Slik skulle ein sikre minoritetane sine eigne stemmer gjennom profesjonalisering av kunstnarar og faglege aktørar og etablering av arenaer der kunst kan uttrykkast utan å vere styrt av ei norsk majoritetsbefolkning.

²¹ Egeland (2009)

I 2002 vart Mosaikk avvikla som eige program.²² For å oppnå reell likestilling i kunstlivet, måtte kulturelt mangfald gjerast til ein integrert del av verksemda i kunst- og kulturinstitusjonane. Ansvaret for å vidareføre målsetjingane i Mosaikk vart overført til Kulturrådet sine fagutval. Sidan programmet vart avvikla har løyvingane frå Norsk kulturråd auka jamt til prosjekt som bidreg til å fremje utviklinga av kulturelt mangfald i kunst- og kulturlivet.

Kulturmeldinga frå 2003 la til grunn at ein treng parallelle strategiar for å fremje kulturelt mangfald:

Det er trong for tiltak som kan gje handlingsrom for dei ulike minoritetane til å fremje og utvikla kulturuttrykka sine på eigne premisser. Samstundes er det behov for å skapa møtestader og tiltak som fremjar nye kombinasjonar av uttrykksformer. Dette medfører at ein både må vidareutvikla særordningar for grupper med ulik etnisk bakgrunn og samstundes stimulera til å inkorporera nye uttrykk i eksisterande ordningar og institusjonar.²³

Mangfaldsåret²⁴ vart gjennomført i 2008 og markerte ei større bevisstgjerings om kva høve og utfordringar som ligg i å utvikle ein kulturpolitikk med innvandrarperspektiv. Mangfaldsårets utgangspunkt var at kulturelt mangfald skal inngå som ein viktig dimensjon i eksisterande ordningar og tiltak på kulturfeltet. Institusjonane vart difor vurderte som viktige aktørar i styrkinga av mangfaldsarbeidet.

I tilknytning til gjennomføringa av Mangfaldsåret sette Kulturdepartementet i gang ei gransking som skulle følgje satsinga gjennom året og vurdere kortsiktige effektar av markeringa.²⁵ Granskinga var tredelt og tok føre seg den sentrale planlegginga og organiseringa av Mangfaldsåret, sjølv gjennomføringa i Oslo, Rogaland og Finnmark og prosessar som vart utløyste av Mangfaldsåret på musikk- og abm-feltet. Rapporten frå Mangfaldsåret peikar på at staten i si målsetjing la for mykje vekt på etniske minoritetar og at ein med dette inviterte til ei forståing av kulturelt mangfald som eit trekk ved etniske minoritetar snarare enn ved den nasjonale samtidskulturen.

Både Mangfaldsåret og dei andre tiltaka som er sett i gang dei siste femten åra har tydeleggjort klassiske kulturpolitiske problemstillingar i spenningsfeltet mellom det «eksklusive» og det «inklusive krinslaupet». Kunstfeltet er sterkt hierarkisk og har sine egne verdiskalaer. Kvalitetsomgrepet er tett knytt til det vestlege kunstsynet og kunstnarleg kvalitet blir silt og vurdert gjennom majoritetskulturens blikk.²⁶ Den relativiseringa som ligg til grunn for fleirkulturell ideologi, kjem difor i konflikt med reindyrka, klassisk vestleg kunstforståing.²⁷

I juni 2010 oppnemnte Kulturdepartementet ei ressursgruppe for større mangfald. Gruppas mandat var å undersøkje korleis ti større institusjonar med statstilskot i praksis arbeider med kulturelt mangfald. Vidare skulle gruppa gi forslag til korleis Kulturdepartementet og institusjonar på kultursektoren kan medverke til at dei overordna målsetjingane blir nådd. Mandatet har vore avgrensa til å sjå på kulturelt mangfald som følgje av innvandring. Gruppa har lagt hovudvekta på utviklinga dei siste 30 åra. Fleire av tilrådingane og tiltaka som gruppa har lagt fram, ligg til grunn for denne meldinga.

2.5 Den europeiske union (EU)

Arbeidet i EU for å demokratisere tilgangen til kultur kan seiast å ha eitt bein i det europeiske kultursamarbeidet og eitt bein i det europeiske samarbeidet for å nedkjempe fattigdom og sosial ekskludering. I ein EU-rapport frå 2005 vart det vist til at sjølv om samanhengane mellom kultur og sosial inkludering har hatt merksemd i mange europeiske land dei siste åra, så har ein i mindre grad lukkast i å byggje nasjonale satsingar på feltet. Det har til dømes vore ein tendens til at avgrensa støttetiltak og kortsiktige initiativ har hindra meir gjennomgåande og grundige vurderingar av korleis kultur kan spele ei rolle i arbeidet med sosial inkludering. Sosial inkludering som omgrep og fenomen har dessutan i større grad vore knytt til arbeidslivspolitik, helsepolitikk og utdanningspolitikk enn kulturpolitikk. I Europa har kulturpolitikken tradisjonelt vore retta mot eksisterande institusjonar og generelle tilbod til alle, og i mindre grad mot spesielle målgrupper. I dei nordiske landa har den sosiale profilen vore tydelegare enn i andre europeiske land. Ein annan faktor er at mangel på kvalitative og kvantitative

²² Programmet vart evaluert: Baklien og Krogh (2002) og Gran (2002).

²³ St.meld. nr. 48 (2002–2003)

²⁴ St.meld. nr. 17 (2005–2006)

²⁵ Henningsen, Berkaak og Skålnes (2010)

²⁶ Sjø til dømes Haukelien (2006)

²⁷ Berkaak (2002)

data og måleindikatorar på kulturfeltet kan ha underminert den offentlege interessa for samanhengane mellom kultur og sosial inkludering. Måltal som fokuserer på besøks- eller brukartal kan til dømes tilsløre manglande tilgjenge for ulike grupper. Rapporten framhevar også at manglande forståing for kulturelt mangfald og måtar å støtte kulturelt mangfald på også kan representere barrierar for minoritetskulturar. Mange idear og initiativ eksisterer og er sett i verk, men få er kjende utanfor eit avgrensa geografisk område. Det finst også få arenaer for å dele, drøfte og samanlikne ulike initiativ.²⁸

I ein EU-resolusjon i november 2007 vart det vedteke ein Europeisk agenda for kultur med strategiske målsetjingar knytte til interkulturell dialog, kultur og kreativitet og kultur i den europeiske unionens internasjonale samarbeid. I juni 2008 vart det etablert tre plattformer for dialog med kultursektoren, der tilgang til kultur var ein av desse. Innanfor arbeidet med tilgang til kultur vart det etablert ei arbeidsgruppe for utdanning, læring og kultur, ei arbeidsgruppe for kultur og kreativitet og ei arbeidsgruppe for publikumsutvikling. Gjennom dokumentet *Civil Society Platform on Access to Culture* vart det gitt konkrete råd

om politikkkutforming på feltet. I EUs arbeidsplan for kultur i perioden 2011–2014 er kulturelt mangfald, interkulturell dialog og tilgjengeleg og inkluderande kulturliv mellom hovudprioriteringane.

I ein EU-resolusjon hausten 2007 vart det vedteke at arbeid mot fattigdom og sosial utestenging skulle vere ei politisk hovudprioritering for EU. I EUs strategi for økonomisk vekst fram mot 2020 – Europe 2020 – blir det lagt ambisiøse mål for å nedkjempe mellom anna sosial inkludering og fattigdom. Eitt mål er å løfte 20 millionar menneske ut av risikosona for fattigdom og ekskludering i denne perioden.²⁹ I 2010 vart EUs år for nedkjemping av fattigdom og sosial ekskludering arrangert, med deltaking også frå Noreg. I EUs råds-møte for kultur i november 2010 vart det lagt til grunn at politikk som skal kjempe mot fattigdom og sosial ekskludering også må få ein kulturell dimensjon. Vidare vart det slått fast at kultur, idrett, utdanning og ungdomspolitikkk spelar viktige roller i arbeidet for sosial inkludering. Deltaking i kulturliv og kulturutdanning kan stimulere til sosial inkludering av isolerte grupper og fremje kulturelt mangfald og interkulturell dialog.

²⁸ European Commission (2005)

²⁹ <http://ec.europa.eu/social/main.jsp?catId=961&langId=en>

Boks 2.2 Europarådet

Tverrkulturell dialog og førebygging av konflikt har i fleire år vore eit tema i Europarådet sitt arbeid for å fremje menneskerettar. Ei kvitbok om tverrkulturell dialog vart vedteke i 2008. Kvitboka peikar på at det er viktig å styrkje demokratisk medborgarskap og mellomkulturell forståing i Europa og er eit rettleiande verk-tøy nasjonalt, regionalt og lokalt. Det blir lagt særleg vekt på verdien av tverrkulturell dialog som grunnlag for fred og berekraftig utvikling i Europa og naboregionane, i tillegg til i internasjonale samanhengar.

Kvitboka trekk òg fram opplæring i interkulturell kompetanse som avgjerande for ein demokratisk kultur og sosial samhøring. Noreg bidreg gjennom Wergelandsenteret i Oslo, som

vart opna i 2009 som eit europeisk ressurs-senter for opplæring i tverrkulturell forståing, menneskerettar og demokratisk medborgarskap. Senteret samarbeider med Europarådet om å heve kompetansen blant lærarar og utdanningsinstitusjonar innanfor menneskerettar, demokrati og interkulturell forståing, og er eit knutepunkt for aktørar på feltet.

Det har vorte satt i gang fleire prosjekt på tvers av landegrensene, mellom anna eit program for tverrkulturelle byar, der Oslo kommune deltek. I dette programmet, som er eit samarbeid med EU, bruker ein kulturelt mangfald som strategisk ressurs for å stimulere til kreativitet og innovasjon i framtidens byar.

3 Mønster i kulturbruk og deltaking

3.1 Innleiing

Dette kapitlet tek for seg mønster i bruk og deltaking innanfor tre felt på kultursektoren. Første del byggjer på SSBs kulturbruksstatistikk som omhandlar bruk av ein del offentlege kulturtilbod. Vidare omhandlar kapitlet mediebruk og deltaking i frivillig kulturliv.

Det er trekt ut nokre hovudtendensar og mønster knytt til sosiale skilnader i deltaking på desse felte. Nedanfor rettast merksemda mot kulturbruk og samanhengen med variablar som utdanningsnivå, inntektsnivå, innvandrarbakgrunn og funksjonsevne.

Deretter ser vi på barrierar for kulturbruk, og grunnar til at folk vel, eller ikkje vel, å delta i kulturtilbod. Framstillinga er bygd på rapportar frå EU og Storbritannia og ein norsk studie av deltaking i frivillig sektor.

3.2 Utviklingstrekk i kulturbruk¹

Statistisk sentralbyrås undersøkingar av kultur- og fritidsbruk gir gode og systematiske oversyn over kulturbruk og sosiale skilnader i kulturbruk i Noreg. Det er i hovudsak profesjonelle tilbod som dominerer på dei offentlege arenaene, men tilgjengeleg statistikk gjer sjeldan eit klart skilje mellom kulturtilbod med profesjonelle og amatørar. SSB-undersøkingane skil ofte heller ikkje mellom ulike undersjangrar. Dette må ein ha i mente når ein les teksten.

3.2.1 Dei mest og minst etterspurte kulturtilboda

Norsk kulturbarometer 2008 frå SSB² viser kor stor del av befolkninga mellom 9 og 79 år som har nytta eit utval offentleg kulturtilbod siste år. 70

pst. av innbyggjarane hadde vore på kino siste år.³ Deretter kom konsert (62 pst.), idrettsarrangement (56 pst.), teater/musikal/revy (53 pst.), folkebibliotek (51 pst.), museum (43 pst.), kunstutstilling (42 pst.), trus- og livssynsmøte (39 pst.) og kulturfestivalar (32 pst.). 13 pst. av innbyggjarane hadde vore på ballett- eller danseframsyningar siste år. Berre 7 pst. hadde vore på opera/operette.

Det er grunn til å tru at nokre grupper i større grad fell systematisk utanfor kulturlivet enn andre. Av dei som ikkje hadde vore på kino, bibliotek eller museum siste år (2008-tall), hadde 70 pst. heller ikkje vore på konsert.⁴

Det er viktig å merkje seg at mediebruk ikkje er med i denne undersøkinga. Dersom aviser, fjernsynssjåing og bruk av Internett hadde vore med, ville det totale biletet av kulturbruk sjå annleis ut. Til dømes såg 82 pst. av befolkninga fjernsyn ein gjennomsnittleg dag i 2010. Mediebruk blir omtala i kapittel 3.3.

Bruk av kino, teater/musikal/revy, konsertar og ballett- og danseframsyningar har auka noko i perioden 1991 til 2008. Ingen område som er omfatta av SSBs undersøkingar har hatt vesentleg nedgang i deltaking i perioden. Det er heller ingen store endringar når det gjeld kor ofte folk nyttar kulturtilboda.

3.2.2 Faktorar som påverkar kulturbruk

Dei fleste kulturbruksundersøkingane viser ein klar samheng mellom utdanningsnivå og kulturbruk.⁵ Samanhengen ser ut til å vere sjølvstendig, også når ein kontrollerer for andre variablar som alder, yrkesstatus, bustad, inntekt, kjønn og familiefase.⁶ Norsk kulturbarometer 2008 viste til dømes sterkast samheng mellom høgt utdanningsnivå og besøk på teater/musikal/revy, opera/operette, ballett/dans, konsert, museum og folkebibliotek. Det var også ein positiv, men

¹ Framstillinga i deler av kapittel 3 er basert på notat til Kulturdepartementet frå Mangset (2011).


² Om lag kvart fjerde år undersøker SSB bruk av og tilgang til ulike kulturtilbod. Statistikken blir gitt ut under namnet Norsk kulturbarometer. Arbeidet er finansiert av Kulturdepartementet. Siste utgåve er frå år 2008.

³ Vaage (2009b) figur 1.

⁴ Vaage (2010)

⁵ Vaage (2007) og (2009b)

⁶ Danielsen (2006)



Figur 3.1 Del som har vore på ulike kulturarenaer siste 12 månader (2008), etter utdanningsnivå.

Kjelde: Basert på Norsk kulturbarometer 2008, Vaage 2009b.

noko svakare samanheng mellom utdanningsnivå og besøk på kulturfestivalar. Til samanlikning var det ingen vesentleg samanheng mellom utdanningsnivå og besøk på idrettsarrangement. Det har vore relativt stabile samanhengar over tid mellom utdanningsnivå og bruken av ei rekkje kulturtilbod. Forskjellane i kulturaktivitetsmønster mellom dei med høg utdanning og dei med låg utdanning ser ikkje ut til å ha endra seg vesentleg i perioden 1991–2008.⁷

Langt fleire høgare funksjonærar enn arbeidarrar nyttar dei kulturtilboda som er omfatta av SSBs undersøkingar i perioden 1991 til 2004, bortsett frå idrettsarrangement.⁸ Likeins går det fram av SSBs kulturstatistikk for 2008 at bruken av dei fleste kulturaktivitetar aukar med inntektsnivået. Dette gjeld kino, teater/musikal/revy, konsert, opera/operette, utstilling, ballett/dans, museum, folkebibliotek og idrettsarrangement. I åra frå 1991 til 2004 minka derimot forskjellen mellom dei med høg og låg inntekt litt på somme område. Ein SSB-rapport frå 2007 konkluderte med at utdanning betyr meir for kulturbruk enn inntekt.⁹

Studentar og elevar peikar seg ut som aktive på dei fleste kulturarenaer. Dette kan tyde på at dei ofte har ein fri arbeids- og livssituasjon som gjer det mogleg å nytte mange kulturtilbod. Det kan også tyde på at alder og utdanningsnivå påverkar kulturaktivitetsmønsteret ein god del.

3.2.3 Kulturbruk i innvandrarbefolkninga

Statistisk sentralbyrå har gjennomført særlege undersøkingar av kultur- og mediebruk blant folk med innvandrarbakgrunn.¹⁰ Dei avgrensar seg til innvandrarar som har budd minst 3 år i Noreg. Innvandrarbefolkninga er samansett og omfattar både innvandrarar i høgstatusyrke frå land som har mykje til felles med Noreg, og arbeidslause flyktningar frå land som i større grad skil seg frå Noreg. Termen «innvandrar» femner med andre ord menneske med svært ulik sosial status og kulturelle referanserammer.


Figur 3.2 viser at færre av dei med innvandrarbakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Europa utanfor EU/EØS deltek på kulturarenaer som teater/musikal/revy/kunstutstilling og konsert. Det er også færre i denne kategorien innvan-

⁷ Basert på Vaage (2009b)

⁸ Vaage (2007)

⁹ Vaage (2007)

¹⁰ Vaage (2009c)



Figur 3.2 Del som har brukt ulike kulturtilbod siste 12 månader etter landgruppe (2008). Alder 9–59 år.

Kjelde: Vaage 2009c

drarar som har vore på kino og på idrettsarrangement siste år. Men det er samstundes interessant at ulikskapane mellom denne innvandrargruppa og folk elles i Noreg på mange område ikkje er veldig store, og på nokre arenaer deltek desse innvandrarane *meir* enn befolkninga generelt. Delen av innvandrarar frå Asia, Afrika m.m. som har vore på museum siste år, er til dømes nesten like høg som for folk flest i Noreg. Det er dessutan forholdsvis fleire deltakarar blant innvandrarar frå desse landa enn blant nordmenn flest som har besøkt folkebibliotek, kulturfestivalar og trus- og livssynsmøte siste år. Dei innvandrarane som vitjar folkebibliotek eller trus- og livssynsmøte, gjer dette langt *oftare* enn folk flest i Noreg. Særleg gjeld dette for innvandrarar med bakgrunn frå Asia, Afrika m.m. Folkebibliotek og trus- og livssynsarenaer er altså heilt sentrale møteplassar for mange innvandrarar.

Elles ser vi at innvandrarar frå EU/EØS, USA, Canada og Australia, er like aktive eller meir aktive enn den norske befolkninga generelt på fleire kulturarenaer. Når denne delen av innvandrarbefolkninga deltek såpass breitt som dei gjer, kan det både skuldast relativt høg yrkes- og utdanningsmessig status blant mange av dei og liten kulturell avstand frå det kulturtilbodet som finst i Noreg.

I tillegg til SSBs undersøkingar har også andre norske forskarar studert ulike aspekt ved innvandrarane sine kulturaktivitetar. I ei kartlegging av innvandrarane sine kulturarenaer i dei fem Follo-kommunane fann ein at «det er relativt lav deltakelse i kulturaktiviteter blant innvandrere».¹¹ Studien er av interesse mellom anna fordi den også omfattar innvandrarar som har budd mindre enn eitt år i den aktuelle kommunen, og fordi svarprosenten er ganske høg (63 pst.). Det er sannsynleg at ei landsrepresentativ undersøking òg ville vist lågare kulturdeltaking om ho hadde inkludert innvandrarar med kortare butid i Noreg og svakare kunnskapar i norsk språk. Follo-undersøkinga inneheld ikkje noko samanliknbart kvantitativt materiale om alle innbyggjarane sine kulturaktivitetar i dei fem kommunane.

Det er nyleg gjennomført ein studie av museumsbesøk blant studentar med minoritetsbakgrunn ved tre høgare utdanningsinstitusjonar i Oslo. Denne studien finn at det er meir sannsynleg at studentar som sjølv har foreldre med utdanning, nyttar seg av dei fleste kulturtilbod. Det er utdanning over tre år som slår mest ut. Mors utdanning ser ut til å vere viktigare enn fars utdanning når det gjeld museumsbruk.¹²

¹¹ Amin og Ingdal (2009)

¹² Gran og Vaagen (2010:56)



Figur 3.3 «Jorda rundt på 80 dagar» på operataket.

Foto: Maria Børja/Den Norske Opera & Ballett

Kulturdepartementet hentar årleg inn informasjon frå SSB om delen arbeidstakarar i kultursektoren med innvandrarbakgrunn. I andre halvår 2010 var delen arbeidstakarar med innvandrarbakgrunn 6,6 pst. av alle arbeidstakarar innan kultur- og mediesektoren. 3,1 pst. var kvinner og 3,5 pst. var menn. Resultata viser ein auke frå 2008 der delen arbeidstakarar med innvandrarbakgrunn innan kultur og mediesektoren var 6,1 pst.

3.2.4 Nedsett funksjonsevne kan vere eit hinder for kulturbruk

Det er vanskeleg å talfeste kor stor del av befolkninga som har nedsett funksjonsevne. SSBs levekårsundersøking blant personar med nedsett funksjonsevne frå 2007 viste at så mykje som 25,5 pst. av befolkninga i alderen 20–67 år har ei funksjonsnedsetting. Personar som var med i undersøkinga vart vald ut på bakgrunn av eigne vurderingar av om ein hadde plager og lidningar som i nokon eller stor grad gjekk ut over aktivitetar i kvardagslivet. Det er såleis ein vid definisjon som femner mange.¹³ Noregs Blindforbund reknar med at 130 000 personar i Noreg har så svekka syn at dei blir rekna som synshemma. Meir enn 1000 nordmenn er heilt blinde. Hørselshemmedes

Landsforbund reknar at det finst om lag 700 000 hørselshemma i landet.

Nedsett funksjonsevne/helse er ikkje ein variabel i SSBs kulturbruksstatistikk. Vi har difor ikkje eit godt oversyn over kulturbruk hos personar med nedsett funksjonsevne, men vi veit at vanskeleg tilgjenge kan hindre mange med nedsett funksjonsevne i å delta i kulturtilbod og kulturaktivitetar, og at funksjonshemma møter fleire barrierar enn andre.¹⁴

I levekårsundersøkinga frå 2007 kjem det fram at berre 1 pst. av dei spurde med nedsett funksjonsevne hadde vore på kino, musikkarrangement eller konsert dagleg/per veke siste året.¹⁵ 10 pst. svarte at dei ønskjer å delta oftare, men at vanskeleg tilgjenge gjer at dei let vere. Dersom ein ser på deltakingsvanskar knytt til heile fritidsfeltet som var med i undersøkinga, hadde 41 pst. av alle med nedsett funksjonsevne vanskar med å delta i ein eller fleire av desse.

3.2.5 Perspektiv på sosiale skilje i kulturbruken i Noreg i dag

Stabiliteten eller den svake oppgangen i bruken av offentlege kulturtilbod som kjenneteiknar utviklinga i Noreg, er ikkje sjølvsagt i ein periode

¹³ Molden, Wendelborg og Tøssebro (2009)

¹⁴ Rambøll (2008), NOU 2011: 22, Grue (2006)

¹⁵ Molden, Wendelborg og Tøssebro (2009)

med store samfunnsendringar. Medietilbodet har vakse og blitt meir mangfaldig. Då skulle ein i utgangspunktet tru at dei tradisjonelle kulturaktivitetane ville kome under press og kanskje tape publikum. Den sosiale og geografiske mobiliteten har auka i ei stadig meir globalisert verd, noko som ein kunne tru ville føre til at lojaliteten til tradisjonelle nasjonale kulturtilbod ville svekkast. Men vi har også vore gjennom ein lang periode med velstandsauke og auka kjøpekraft. Folk har fått betre råd til å nytte kulturtilbod enn før.

Den franske sosiologen Pierre Bourdieu har argumentert for at det er tett samanheng mellom klasse, kulturell smak og kulturelt forbruk og at dette blir «reprodusert» gjennom sosialisering i familie og skule.¹⁶ Gjennomgangen her kan tyde på at nordmenns kulturbruk heng tett saman med sosiale bakgrunnsfaktorar. Det er ingen generell tendens til at desse forskjellane forsvinn, sjølv om det har skjedd og skjer viktige endringar på enkelte kulturbruksområde og innanfor enkelte sosiale sjikt. Forskjellen mellom dei med høg og dei med låg inntekt er til dømes vorte mindre når det gjeld besøk på teater/musikal, revy, kunstutstilling og kino.

Bourdieu sine teoriar har hatt stor innverknad på forskinga rundt sosial ulikskap i kulturbruk, men teoriane hans er også omstridde. Nokre hevdar at vi er inne i ein periode der tradisjonelle sosiale faktorar som klasse og kjønn har mindre innverknad og at alle fritt kan gjere sine eigne val (individualisering).¹⁷ Andre hevdar at heile smaks- og kvalitetshierarkiet har brote saman slik at ein ikkje kan snakke om differensierte kulturbruksmønster lenger (postmodernisme). Ei tredje retning hevdar at middel- og overklassen er kulturelt altetande og at mange vekslar mellom både tradisjonell finkultur og ulike typar populærkultur (omnivore).¹⁸

Sjølv om det finst lite forskning som kan seie noko sikkert, kan ein kanskje opne for at middel- og overklassen er vorte meir altetande. Uansett er det teikn som tyder på at ulikskap i kulturbruk og deltaking i større grad har samanheng med sosiale, heller enn økonomiske og praktiske hindringar. Den sosiale ulikskapen i kulturbruk og deltaking har difor rot i etablerte sosiale mønster som ein ser også på andre samfunnsområde, som til dømes i utdanningssektoren og i helsesektoren. Nokre djupe strukturar er det difor vanskeleg å endre på kort sikt, men samstundes skjer det sta-

dig fleire mindre endringar og forskyvingar som til saman kan vere vesentlege.

3.3 Mediebruk

Dersom ein definerer generell mediebruk som ein del av kulturbruken, ser ein at dette er eit kulturuttrykk som store delar av befolkninga nyttar mykje. I løpet av ein gjennomsnittleg dag i 2010 såg til dømes 82 pst. av befolkninga fjernsyn. 64 pst. las avis, medan 56 pst. lytta på radio. Bruk av Internett kjem i stor grad i tillegg til bruk av andre media, og den totale mediebruken har gått opp. I perioden 2000 til 2010 hadde prosentdelen av befolkninga som nytta Internett ein gjennomsnittsdag auka frå ca 27 pst. til ca 77 pst.¹⁹

Dei høge publikumstala viser at mediebruk ikkje er avgrensa til bestemte brukarsegment, men noko heile befolkninga nyttar i større eller mindre grad. Samstundes finn vi også sosiale skilje i mediebruk, til dømes kva fjernsynsprogram ein føretrekkjer.

Medan det til dømes er store skilnader mellom etniske minoritetar og majoritetsbefolkninga når det gjeld radiolytting, er skilnadene mindre når det gjeld fjernsynssjåing. Undersøkingar frå Statistisk sentralbyrå viser at nyhende og fjernsynsseriar er dei mest populære programma uansett gruppe.²⁰

Dersom ein går detaljert til verks er det likevel tre sentrale skilnader mellom innvandarane og folk flest sin fjernsynsbruk.²¹ For det første uttrykkjer innvandarane mindre interesse for nasjonale underhaldningsprogram enn det som er vanleg for befolkninga som heilskap. Dette kan forklarast med at referansane i slike program kan vere vanskeleg å lese for personar utan norsk historisk eller kulturell referanseramme. For det andre ser innvandararar mindre på nasjonale kanalar enn folk flest. Dette er eit trekk vi også finn i andre land.²² For det tredje har innvandarane oftare enn majoriteten tilgong på kabel- og satellittkanalar. I Noreg viser tal at fire av ti innvandararar ser fjernsyn frå sitt opphavsland eller regionen dei kjem frå. Dette gjeld særleg innvandararar frå Midtausten og andre land i Asia, der det overnasjonale tilbodet er størst.

¹⁶ Bourdieu (1979)

¹⁷ Giddens (1991) og Lash (1994)

¹⁸ Sjå til dømes Peterson (1992).

¹⁹ Sjå til dømes NOU 2010: 14, kapittel 6, Meld. St. 8 (2010–2011) og St.meld. nr. 30 (2006–2007).

²⁰ Vaage (2009a)

²¹ Enli m. fl. (2010), kapittel 12.

²² Ofcom (2007)

3.4 Deltaking i frivillig kulturliv

I internasjonale samanlikningar har omfanget av frivillig organisering og frivillig innsats i Noreg lenge vore svært høgt. Kultur- og fritidsfeltet utgjer tyngdepunktet i sektoren, og over halvparten av alt frivillig arbeid i Noreg skjer no i kultur- og fritidsorganisasjonane, som inkluderer kunst- og kulturorganisasjonar, idrettsforeiningar og hobby- og fritidsorganisasjonar. Denne meldinga rettar først og fremst fokuset mot dei frivillige kunst- og kulturorganisasjonane.

Dei viktigaste kjeldene til data om deltaking og medlemskap i frivillige kunst- og kulturorganisasjonar er den landsomfattande spørjeundersøkinga som vart gjennomført i 2009, med samanliknbare tal frå tilsvarende undersøkingar i 1997 og 2004.²³ I tillegg er det gjennomført ei undersøking av lokale lag og foreiningar i 19 kommunar frå ulike delar av landet og to bydelar i Oslo i 2009, og undersøkingar i 23 kommunar i Hordaland over fleire år.²⁴ Gjennomgangen nedanfor byggjer også på forskingsrapportar frå Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor med fokus på sosial utjamning og inkludering, etniske minoritetar i frivillige organisasjonar, foreiningsliv i fleirkulturelle lokalsamfunn og inkludering av funksjonshemma i frivillige organisasjonar.²⁵

3.4.1 Deltaking i frivillig sektor har samanheng med utdanningsnivå

Det er klare skilje mellom dei som er på innsida og dei som er på utsida av organisasjonssamfunnet med omsyn til utdanningsnivå. I heile perioden frå 1997 til 2009 har personar med høg utdanning delteke meir i frivillig verksemd enn personar med grunnskuleutdanning. Dette mønstret finn vi att innanfor kunst- og kulturorganisasjonane, og biletet held seg i stor grad stabilt.²⁶

Det er utdanning som skil seg ut som den viktigaste enkeltfaktoren som påverkar aktivitet og medlemskap i kulturorganisasjonar. Dersom ein nyttar hushaldsinntekt som indikator på sosial status, kjem det fram eit tydeleg bilete av aukande

sosiale ulikskapar i det norske organisasjonssamfunnet. Det er større sosiale skilnader i 2009 enn i 1997, både når det gjeld frivillig deltaking og medlemskap på kunst- og kulturfeltet. Det er om lag dobbelt så sannsynleg at ein person med høg hushaldsinntekt deltek som ein person med låg hushaldsinntekt. Dette gjeld både frivillig arbeid og medlemskap. For dei med aktivt medlemskap i kunst- og kulturorganisasjonane ser vi at forskjellane mellom dei med høg og låg inntekt i Noreg er mindre enn for andre delar av frivillig sektor. I motsetnad til mange andre delar av organisasjonslivet er det slik at endringane i kunst- og kulturorganisasjonane i stor grad skuldast at høginntektsgruppene har auka deltakinga si, ikkje ved at låginntektsgruppene har falle frå.

3.4.2 Samansett bilete av innvandrargrupper deltaking i frivillig sektor

Den landsomfattande spørjeundersøkinga frå 2009 inkluderer eit utval personar med innvandrarakgrunn frå Asia/Afrika, og personar som er fødde i Noreg med foreldre med bakgrunn frå Asia/Afrika.²⁷ Dei som har svart på undersøkinga, har ei butid i landet på minst fem år, og har tilstrekkeleg språkkompetanse til å svare på spørjeundersøkinga på norsk. Dette gir ikkje grunnlag for å trekkje slutningar for innvandrarbefolkninga som heilskap.

Resultata viser at personar med innvandrarbakgrunn frå Afrika/Asia er underrepresenterte blant dei frivillige og i større grad enn andre står heilt utanfor organisasjonslivet. Biletet er likevel meir samansett og viser ei positiv utvikling, særleg sett i høve til butid og språkeigenskapar. Personar med innvandrarbakgrunn frå Afrika/Asia deltek med mange frivillige arbeidstimar, men er i mindre grad medlemmer i organisasjonar. Dei manglar med andre ord representasjon og demokratiske rettar som er knytte til medlemskap. Personar med innvandrarbakgrunn frå Afrika/Asia deltek i større grad enn majoritetsbefolkninga i religiøst arbeid, i retts-, støtte- og fråhaldsorganisasjonar, innan utdanning og opplæring, og innan internasjonalt arbeid. Derimot deltek dei i mindre grad som frivillige på kunst- og fritidsfeltet, som utgjer tyngdepunktet i frivillig sektor i Noreg.

Det er ulik representasjon av etniske minoritetar i dei ulike underkategoriane av frivillige kulturforeiningar. Innan folkemusikk, musikklag, korps, teater og dans finn vi knapt medlemmer med

²³ Wollebæk og Sivesind (2010), Wollebæk og Sivesind (2011)

²⁴ Materialet frå lokallagsundersøkingane i Hordaland er grundigare presentert i Christensen, Strømsnes og Wollebæk (2011).

²⁵ Hagelund og Loga (2009), Eimhjellen og Segard (2010), Eimhjellen (2011), Loga (2011), Ødegaard (2010), Enjolras og Wollebæk (2010).

²⁶ Merk at framstillinga skil mellom deltaking i frivillig verksemd generelt og i frivillig kultursektor spesielt, mellom frivillig aktivitet/arbeid og medlemskap.

²⁷ Wollebæk og Sivesind (2010), Eimhjellen og Segard (2010)

minoritetsbakgrunn, og få er med i kor og husflidslag. I historie- og kulturvernorganisasjonar, andre musikkorganisasjonar og i kunst-, film- og litteraturforeiningar, er minoritetsdelen i medlemsmassen høgare enn i andre organisasjonstypar. Skulekorpsa for barn og unge skil seg ut med den høgaste prosentdelen etniske minoritetar.

Samanlikna med resten av frivillig sektor er etniske minoritetar i relativt stor grad representerte i styra i skulekorpsa. Likevel er det generelle biletet først og fremst at etniske minoritetar er svært dårleg representerte i styra i kulturforeiningane, faktisk i mindre grad enn i frivillige organisasjonar generelt. Totalt har 1 pst. av styremedlemmene i kulturforeiningane etnisk minoritetsbakgrunn.

3.4.3 Fleire medlemmer med nedsett funksjonsevne

Rapporten *Inkludering av funksjonshemma i frivillige organisasjonar* skildrar personar med varig nedsett funksjonsevne sitt forhold til frivillige organisasjonar og sivilt engasjement i brei forstand.²⁸ Til grunn for analysane ligg data frå den landsomfattande spørjeundersøkinga om frivillig innsats, der prosentdelen personar med varig nedsett funksjonsevne i utvalet er tilnærma lik prosentdelen i den norske befolkninga.²⁹ Resultata i rapporten viser at forskjellane mellom personar med varig nedsett funksjonsevne og resten av utvalet ikkje er særleg store når det gjeld arbeid, organisasjonsmedlemskap og haldningar til engasjement i frivillige organisasjonar.

Tal frå levekårundersøkinga til SSB i 2004 synte at forskjellane mellom funksjonsfriske og personar med varig nedsett funksjonsevne var relativt små når det gjaldt medlemskap i ulike typar organisasjonar. Eit av unntaka var foreiningar innanfor kulturområdet, der det viste seg at personar med varig nedsett funksjonsevne var sjeldnare med.³⁰ Spørjeundersøkinga som vart gjennomført i 2009, viser at for kunst- og kulturorganisasjonane er prosentdelen medlemmer blant personar med varig nedsett funksjonsevne like stor som blant funksjonsfriske. Samanlikna med

tal frå 2004 kan det difor sjå ut til at forskjellane har utjamna seg på kulturfeltet.

Det viser seg òg at varig nedsett funksjonsevne i seg sjølv har liten innverknad på deltaking eller medlemskap i frivillige organisasjonar. Faktorar som bustad, inntekt og utdanning har større innverknad på om ein gjer frivillig arbeid eller er medlem i ein frivillig organisasjon.³¹

3.4.4 Barn frå familiar med låg inntekt deltek mindre i fritidsaktivitetar

Fleire undersøkingar³² viser at barn frå familiar med låg inntekt deltek mindre i fritidsaktivitetar enn andre barn, sjølv om undersøkingane viser eit forholdsvis høgt aktivitetsnivå også hos barna frå familiar med låg inntekt. Undersøkingane skil seg frå kvarandre, både med omsyn til kva aldersgrupper som er inkludert, om det er barn/unge sjølve eller foreldra deira som gir opplysningane, og kva mål på fattigdom som blir nytta. Likevel er det eit gjennomgåande funn at barn og unge frå familiar med låg inntekt deltek mindre i organiserte fritidsaktivitetar enn andre barn. Undersøkingane peikar i same retning når det gjeld etnisk bakgrunn. Barn med innvandrarbakgrunn deltek i mindre grad i organiserte fritidsaktivitetar enn barn med norsk bakgrunn. Blant jenter og gutar med pakistansk og somalisk bakgrunn, deltek jentene i mindre grad i organiserte fritidsaktivitetar enn gutane. For jenter med pakistansk bakgrunn er det 76 pst. som seier at dei sjeldan eller aldri deltek i organiserte fritidsaktivitetar mot 45 pst. av gutane.³³

3.5 Barrierar for kulturbruk

Når ein skal leggje til rette for auka kulturbruk for folk som ikkje allereie deltek i stor grad, er det viktig å danne seg eit bilete av kva som kan vere grunnane til ikkje-bruk. Det finst fleire og samansette årsaker til at folk ikkje nyttar kulturtilbod, frå mangel på interesse til manglande tilrettelegging for funksjonshemma. I denne delen rettast søkjelyset mot nokre av barrierane som hindrar folk i å bruke kulturlivet aktivt.³⁴

²⁸ Eimhjellen (2011)

²⁹ I denne undersøkinga er funksjonshemma definert som personar med varig nedsett funksjonsevne, og andelen funksjonshemma i dette datagrunnlaget er 18 prosent, jf. Eimhjellen (2011). For meir informasjon om den landsomfattande undersøkinga visast det til Wollebæk og Sivesind (2010).

³⁰ Grue (2006)

³¹ Eimhjellen (2011)

³² Fløtten og Pedersen (2009), Fløtten og Kvali (2009), Sandbæk (2008), Sandbæk og Pedersen (2010), Sletten (2011) og Stefansen (2004).

³³ Fløtten og Kavli (2009)

³⁴ Framstillinga nedanfor er basert på diverse rapportar: Charlton m. fl. (2010) og Department for Culture, Media and Sport (2007).

3.5.1 Døme: Hindringar for å delta meir i frivillige organisasjonar

I den landsomfattande spørjeundersøkinga om frivillig innsats i Noreg vart det spurt om kva som hindra ei så aktiv deltaking i frivillige organisasjonar som ein skulle ønskje. Tabell 3.1 viser kva personar med innvandrarbakgrunn frå Afrika/Asia i forhold til andre personar, oppfattar som viktige hindringar for å delta i frivillig organisasjonsliv.³⁵

Vi ser at personar med innvandrarbakgrunn frå Afrika/Asia opplever alle hindringane som meir sentrale enn andre personar. Det er særleg store forskjellar når det gjeld hindringar som er relatert til ein krevjande arbeidssituasjon (34 mot 24 pst.) og at ein er for opptatt med andre aktivitetar (37 mot 28 pst.). Samstundes viser det seg at det er fleire som opplever det som ei hindring for å delta at dei ikkje veit kor dei skal starte (13 mot 4 pst.) og at ingen har spurt dei om å delta (10 mot 7 pst.).

Relativt få personar, uansett bakgrunn, oppgir at dei ikkje føler seg velkomne i frivillige organisasjonar. Dersom ein ser på forskjellane som er relatert til inntekt og deltaking i frivillig arbeid innan alle typar organisasjonar, viser det seg at dei med lågast inntekt i like stor grad som andre oppgir at dei er interessert i aktivitetane, og dei oppgir i mindre grad å vere opptekne med andre aktivite-

tar enn dei med høg inntekt. Personar med låg inntekt svarar i større grad enn dei med høg inntekt at dei ikkje veit kor dei skal starte. For det andre svarar personar med låg inntekt langt oftare at manglande deltaking skuldast helseproblem. Personar med låg inntekt gir altså uttrykk for at dei ikkje er så organisasjonsaktive som dei kunne tenkje seg å vere, fordi dei opplever det som vanskeleg å navigere i organisasjonssamfunnet, og fordi helseproblem forhindrar dei frå det.

Dersom ein ser nærare på forskjellane mellom dei med grunnskule, vidaregåande skule og universitetsutdanning, viser det seg at fleire av dei med høg utdanning oppgir at arbeidssituasjonen er for krevjande og at dei er for opptekne med andre aktivitetar som grunnar til at ein ikkje deltek meir i frivillige organisasjonar. Dei med grunnskule som høgste fullførte utdanning svarar i større grad at dei ikkje er interesserte, at ingen har spurt dei om å delta, at dei har helseproblem og at dei ikkje veit kor dei skal starte.

Helseproblem, og problem med transport, er viktige barrierar for personar med nedsett funksjonsevne, samanlikna med funksjonsfriske. Dette gjer at dei ikkje får delteke i frivillige organisasjonar så mykje dei kunne ønskt.³⁶ Omvendt er det færre personar med nedsett funksjonsevne som oppgir at dei er for opptatt med andre aktivitetar til å kunne delta så mykje som ønskjeleg.

³⁵ Eimhjellen og Segard (2010)

³⁶ Eimhjellen (2011)

Tabell 3.1 Svært viktige hindringar for å delta så mykje som ønskjeleg i frivillige organisasjonar. Prosent.

	Innvandrar- bakgrunn frå Afrika/Asia	Norsketnisk bakgrunn eller annan innvandrar- bakgrunn	%-diff.	Totalt	P-verdi
Arbeidssituasjonen min er for krevjande	34	24	10	26	.000
Ingen har spurt meg om å delta	10	7	3	7	.025
Eg er ikkje interessert	15	11	4	12	.034
Eg har helseproblem	15	11	4	12	.061
Eg er for opptatt med andre aktivitetar	37	28	9	30	.001
Eg manglar barnepass	15	9	6	10	.000
Eg har problem med transport	8	3	5	4	.000
Eg føler meg ikkje velkommen	3	2	1	2	.021
Eg veit ikkje kvar eg skal starte	13	4	9	6	.000
N, minimum	355	510		1 866	

NOTE: Svaralternativa er «svært viktig», «litt viktig», «ikkje viktig i det heile» og «ikkje relevant». Her blir fordeling på «svært viktig» vist.

Kjelde: Eimhjellen og Segard 2010

3.5.2 Ulike innfallsvinklar til forståing av bruk og ikkje-bruk

Undersøkingar som SSBs kulturbruksundersøkingar gir oss informasjon om bruk og ikkje-bruk, om samanhengar mellom kulturbruk og variablar som utdanning og økonomi, på samfunnsnivå. Men dei gir i mindre grad kunnskap til å forstå bruk og ikkje-bruk på individ- og gruppenivå.

Frå arbeid med kulturbruksundersøkingar i Storbritannia veit vi at bak tilsynelatande enkle grunnar som blir oppgitt for ikkje-bruk, som til dømes manglande interesse, lita tid og høg pris, kan det ligge komplekse årsaksforklaringar.³⁷ Desse kan delast opp i ulike, men relaterte faktorar: personlege, sosiale, eksterne/praktiske og institusjonelle.

Haldningar, kunnskap og verdiar som den enkelte tek med seg frå sin bakgrunn, kultur og erfaring har innverknad på bruk og ikkje-bruk. Bruk har samanheng med motivasjon og korleis ulike personar vurderer kulturtilbodet og kva positive eller negative forventningar dei har til å delta. Kulturbruk kan også knytast til den enskildes behov for å uttrykke seg og få sosial aksept. Ein må heller ikkje sjå bort frå at forhold som fysisk og mentalt overskot, helse, utdanning, arbeid, familieforpliktingar og inntekt kan påverke kor mykje evne, energi, tid og pengar folk har til å investere i kultur, kunst og idrett.

Deltaking i kulturlivet har vidare samanheng med folks sosiale miljø og omgangskrins, jf. omtale av Bourdieu i kapittel 3.2.6. Kunnskap og informasjon om kulturtilbod er ikkje til stades i like stor grad i ulike sosiale grupper og nettverk. Aksept eller eventuelt negative reaksjonar frå venner og familie kan påverke om ein deltek.

Nokre faktorar knytt til kulturbruk ligg utanfor det den enkelte kan påverke. Slike eksterne faktorar handlar til dømes om geografiske avstandar og transport, fysisk tilgjenge og prisnivå.

Institusjonelle barrierar kan skapast av institusjonar og aktørar sjølv, medvite eller umedvite. Slike barrierar er til dømes knytt til korleis folk

opplever ein institusjon, dei tilsette ved institusjonen og kva forståing dei har av dei sosiale kodane knytt til eit bestemt tilbod. Sjølv kulturuttrykket kan også oppfattast som ein barriere dersom folk ikkje opplever det som relevant og interessant.

3.6 Oppsummering

Dette kapitlet har vist at det er vedvarande og stabile skilje i kulturbruk og deltaking i frivillig kulturliv. Hovudinntrykket av utviklinga frå 1991 til 2008 er at hovudmønsteret i kulturbruk består. Kulturbruk og deltaking i frivillig kulturliv har framleis klar samanheng med utdanningsnivå, arbeid og inntekt. Analysen av SSBs kulturstatistikk gir alt i alt lite grunn til å seie at endringane i bruk av dei kulturtilboda som er omfatta av desse undersøkingane, har vore så store at dei i seg sjølv vitnar om ei klar demokratisering av kulturen i løpet av perioden 1991–2008.

Desse tendensane, saman med indikasjonane på at nokon fell systematisk utanfor dei fleste tilboda, viser at det er behov for ein auka innsats på dette feltet.

Vidare har vi sett at bruk og ikkje-bruk kan forståast med utgangspunkt i ulike, men ofte relaterte, perspektiv. Barrierar for kulturbruk kan knytast til personlege, sosiale, eksterne og institusjonelle faktorar. Nedbygging av barrierar og aktivt arbeid for å trekkje med fleire blir ei hovudoppgåve for kultursektoren dei neste åra. Dei samansette årsakene til bruk og ikkje-bruk viser også behovet for å tenke breitt i inkluderingsarbeid. Utfordringane kan vere forskjellige for ulike felt/institusjonar, og i ulike deler av landet. Institusjonar og andre aktørar må difor kjenne sine lokalsamfunn og sitt faktiske og potensielle publikum. Dei må også spørje seg kva grunnane kan vere til at forskjellige grupper ikkje oppsøker tilbodet deira.

Når vi i dei neste kapitla gjennomgår status og utfordringar på ulike kulturområde, vil perspektiv på barrierar og nedbygging av barrierar, i tillegg til å stimulere interesse, ligge til grunn.

³⁷ Charlton m. fl. (2010)

4 Allmenne utjamningselement i kulturpolitikken

4.1 Innleiing

Som vist i gjennomgangen i kapittel 2, har målet om demokratisering av kulturtilbodet vore ein sentral del av norsk kulturpolitikk i fleire tiår. Nedanfor vil vi teikne eit bilete av rammeverket for norsk kulturpolitikk i dag. Gjennomgangen vil ta for seg allmenne utjamningselement i kulturpolitikken med vekt på ansvars- og oppgåvefordeling, finansiering, geografisk fordeling av kulturtilbod, utforming av lovverk og styringssignal frå departementet.

4.2 Ansvars- og oppgåvefordeling

Kulturlova stadfestar at stat, fylkeskommune og kommune har ansvar for å leggje til rette for kulturverksemd over heile landet.¹ Eit viktig føremål med lova er å gi kultursektoren tyngde og status som offentleg ansvarsområde, på lik line med andre lovpålagde oppgåver. Det er samstundes lagt vekt på at lova skal vere enkel og generell og ikkje detaljstyrande. Lova er ei intensjonslov. Det er ikkje fastsett spesifikke krav om kva som vil vere tilstrekkeleg for å oppfylle lova.

I forarbeida til lova, jf. Ot.prp. nr. 50, (2006–2007) heiter det at:

Kulturpolitiske tiltak og verkemiddel tek særleg sikte på å fremja mangfald og kvalitet i kulturfeltet og å sikra at kulturtilboda er lett tilgjengelege og gir høve til brei deltaking. Slik medverkar kulturpolitikken til å sikra det mangfaldet som er nødvendig for meiningsbryting, kritikk og diskusjon.

Den nasjonale kulturpolitikken er summen av kommunal, fylkeskommunal og statleg kulturpolitikk.

Kommunane har i all hovudsak ansvar for å drive og finansiere kommunale kulturhus, kulturskular, arkiv, kinoar, folke- og skulebibliotek, samfinansiere regionale kulturinstitusjonar og stimu-

lere det lokale kulturlivet. Kommunane har hovudansvaret for å leggje til rette arbeidet overfor barn og unge. Kommunane er dei næraste til å kunne sjå samanhengar mellom ulike politikkområde, som til dømes kultur, helse og oppvekst. Kommunane spelar såleis ei nøkkelrolle i konkret inkluderings- og tilretteleggingsarbeid for grupper som står i fare for å falle utanfor. Andre relevante lover for kommunalt nivå er folkebiblioteklova, opplæringslova og arkivlova.

Fylkeskommunane har ei tilretteleggjar- og pådrivarrolle og har dei siste åra fått auka ansvar for regional samfunnsutvikling, også på kulturområdet. Fylkeskommunane hevdar sjølve at dette er ei utfordring fordi mange av dei mindre kommunane manglar kulturfagleg tilretteleggjarkompetanse.² Dei siste ti åra har fylkeskommunane hatt ei særleg rolle i arbeidet med museumsreforma og Den kulturelle skulesekken. Fleire fylkeskommunar arbeider også med samanhengen mellom kultur og folkehelse spørsmål. Fylkeskommunane har dei seinare åra teke over ansvaret for utnemning av styremedlemmer til kulturinstitusjonar og fått eit utvida ansvar for forvalting av spelemidlar til regionale kulturbygg.

Staten, hovudsakeleg ved Kulturdepartementet, har ansvaret for å finansiere nasjonale institusjonar og samfinansiere region-/landsdelsinstitusjonar, knutepunktinstitusjonar og andre tiltak, forvalte ulike kunstnarpolitiske stipend- og vederlagsordningar, administrere formidlingsordningar for kultur og å leggje til rette for frivillig verksemd.

Kulturmeldinga frå 1992, St.meld. nr. 61 (1991–1992) *Kultur i tiden*, la opp til ei funksjonsdeling mellom staten og dei regionale og lokale styresmaktene for institusjonar innanfor kulturfeltet. Våren 1993 drøfta Stortinget framlegget, jf. Innst. S. nr. 115 (1992–1993). Etter dette vart det fastsett ei ny funksjonsdeling, basert på ein tredeling av institusjonane som skulle inngå i det nye systemet: nasjonale institusjonar, region-/landsdelsinstitusjonar og knutepunkt. Målet med omlegginga var å oppnå best mogleg samsvar

¹ Lov 29. juni 2007 nr. 89 om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd.

² Norsk kulturforum og KS (u.å.)

mellom oppgåveløysing og økonomisk ansvar. Staten tok over heile det offentlege tilskotsansvaret for dei nasjonale institusjonane. For region-/landsdelsinstitusjonar og knutepunkt vart det gjort vedtak om eit delt finansieringsansvar mellom staten og regionale/lokale styresmakter.

Kulturdepartementet har i dag elleve underliggjande verksemdar på kulturområdet. Desse er dels fagorgan med forvaltnings-, rådgjeving- og utviklingsoppgåver innanfor eit nærare definert saksområde, som Norsk kulturråd, Språkrådet, KORO, Norsk lokalhistorisk institutt og Medietilsynet. I tillegg kjem dei statlege institusjonane som har forvaltningsansvar for samlingar eller for å produsere kulturtilbod i form av til dømes framsynningar eller konsertar. Desse er Arkivverket, Nasjonalbiblioteket, Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek, Rikskonsertane, Riksteatret og Norsk filminstitutt.

Det blir òg løyvd midlar til kulturføremål over fleire andre departements budsjett. Viktigast av desse er Kunnskapsdepartementet med kulturskulane, dei store universitetsmusea og universitets- og høgskulebiblioteka, Miljøverndepartementet som løyver midlar til kulturminne og kulturmiljø og Forsvarsdepartementet som har ansvar for Forsvarsbygg, Forsvarets musikk og Forsvarsmuseet. Utanriksdepartementet har tilskotsordningar for profesjonelle norske kunstnarar som vil opptre internasjonalt. Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet løyver midlar til nasjonale minoritetar og Den norske kyrkja. I tillegg løyver fleire departement midlar til ulike etatsmuseum.

På medieområdet vart statens ansvar grunnlovsfest i 2004, ved innføringa av det såkalla infrastrukturprinsippet i Grunnlova § 100, sjetledd: «*Det påligger Statens Myndigheter at lægge Forholdene til Rette for en aaben og oplyst Samtale*». Med utgangspunkt i dette infrastrukturansvaret er hovudmålet for mediepolitikken å oppretthalde eit mediemangfald som kan sikre befolkninga til-

gang til ein mangfaldig og open samfunnsdebatt, nyheiter og informasjon av høg redaksjonell standard og kulturuttrykk av høg kvalitet og stor breidd. Ein viktig føresetnad er produksjon av innhald som reflekterer norsk språk, kultur, identitet og norske samfunnsforhold. Media har samstundes eit klart ansvar for sjølve å ivareta sin demokratiske funksjon. Dette gjeld særskilt i redaksjonelle spørsmål, der staten av prinsipielle grunnar ikkje skal gripe inn.

4.3 Løyvingar til kultur

Eit ikkje uvesentleg innslag i den offentlege tilrettelegginga er omfattande *økonomiske bidrag* til drift av institusjonar, ordningar for individuelle kunstnarar, støtte til organisasjonar m.m. Den omfattande offentlege støtta gjer at nokre kulturtilbod kan vere gratis, til dømes folkebibliotek, og at inngangspengar kan haldast på eit nivå som i mindre grad verkar hindrande på folks tilgang til tilboda, til dømes i teater, orkester og museum. Slik sett er det innebygd eit markant element av utjamning og inkludering i sjølve kulturpolitikken. Løyvingar til idrett og frivillig sektor skal leggje til rette for lokal aktivitet. På frivilligområdet er tilskot til frivilligsentralar eit tiltak som skal fremje auka deltaking, lokalt engasjement og leggje til rette for frivillig innsats lokalt.

Dei omfattande offentlege løyvingane til kultur i Noreg og fleire andre land byggjer mellom anna på ei erkjenning av at marknadskrefter og konkurranse aleine neppe vil kunne sikre eit rikt og variert kulturliv i små land.

I 2010 brukte norske kommunar 8,5 mrd. kroner til drift av ulike kulturføremål. Fylkeskommunane brukte om lag 1,1 mrd. kroner og staten brukte om lag 7,8 mrd. kroner. Tala viser at kommunane er sentrale aktørar i kulturpolitikken. Veksten i løyvingane til kultur frå stat, fylkeskom-

Tabell 4.1 Offentlege midlar til kulturføremål 2001–2010

	Mill. kroner.									
	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Kulturdepartementet	3 829	4 142	4 279	4 503	5 065	5 338	5 797	6 309	7 066	7 878
Fylkeskommunane:										
Netto driftsutgifter	714	751	782	789	735	874	948	973	1 022	1 127
Kommunane:										
Netto driftsutgifter	4 588	5 031	5 186	5 384	5 772	6 336	6 958	7 519	7 695	8 517
Totale utgifter	9 131	9 924	10 247	10 676	11 572	12 548	13 703	14 801	15 783	17 522

Kjelde: Kulturdepartementet og KOSTRA.

mune og kommune var på nær 70 pst. i perioden 2001–2010. Veksten i statens løyvingar var over 100 pst., veksten i dei fylkeskommunale løyvingane var 58 pst. og veksten i kommunale løyvingar var 86 pst. i perioden. Samla sett har kulturfeltet fått tilført mykje midlar på 2000-talet. I tillegg til løyvingane til drift, kjem investeringar i ulike kulturbygg frå både stat, fylke og kommune.

4.3.1 Kommunale og fylkeskommunale løyvingar til kultur


Hovudregelen er at kommunane nyttar kulturmidlar til aktivitetstilbod til barn og unge, folkebibliotek, kino, museum, kunstformidling, idrett, kommunale idrettsbygg og -idrettsanlegg, kommunale kulturskular, kommunale kulturbygg og andre kulturaktivitetar. Kommunane sine prioriteringar mellom desse føremåla har endra seg noko i perioden frå 2001 til 2010. Delen som går til kino, museum og kunstformidling er nær uendra. Posten som aukar mest i kommunal kultursamheng er «andre kulturaktivitetar». Posten omfattar mellom anna festivalar, spel og andre større kul-

turarrangement, og har auka frå 17 til 21,5 pst. i perioden. Idrett har auka frå 27 pst. i 2001 til 30 pst. i 2010, medan musikk- og kulturskulane har auka sin del av kulturutgiftene frå 11 pst. i 2001 til 13 pst. i 2010. Det har vore størst nedgang for folkebibliotek, der delen er redusert frå 20 til 15 pst., medan andre aktivitetstilbod for barn og unge har gått ned frå 14 pst. i 2001 til 11 pst. i 2010. Investeringar i idrettsbygg og -anlegg samt kulturbygg varierer frå år til år utan noko fast mønster.³

Fylkeskommunane nyttar midlane til bibliotek, museumsføremål, kunstformidling, kunstproduksjon, idrett og andre kulturaktivitetar. Postane som får mest midlar, og som har hatt den klart største auken i perioden 2001 til 2010 er kunstformidling, museumsføremål og andre kulturaktivitetar.⁴ Delen som går til bibliotek har ein svak auke. Med unntak av Troms, Nordland og Finnmark,


³ Presentasjonen er basert på Storstad (2010)

⁴ Posten «andre kulturaktivitetar» i fylkeskommunane omfattar funksjonar som i hovudsak arbeider utoverretta mot kulturorganisasjonar og kulturtiltak i kommunane, samfunnshus/allaktivitetshus, støtte til nærkringkasting og så bortetter.



Figur 4.1 Netto driftsutgifter kultursektoren 2001–2010¹ i kommunane, fordelt på aktivitetsområde. Prosent (Kostra).

¹ Tala for 2008–2010 er ikkje direkte samanliknbare med dei andre åra. Frå og med 2008 inneheld Kostra-statistikken to nye kategoriar (utgifter til idrettsbygg og idrettsanlegg og utgifter til kommunale kulturbygg), altså ei meir detaljert registrering av utgiftene i kultursektoren. Utgiftene til idrettsbygg og idrettsanlegg er her plassert i kategorien «idrett» og utgifter til kommunale kulturbygg under kategorien «andre kulturaktivitetar».



Figur 4.2 Netto driftsutgifter kultursektoren 2001–2010 i fylkeskommunane¹, fordelt på aktivitetsområde. Eining: 1000 kroner (Kostra).

¹ Ikkje alle fylkeskommunar har rapportert inn tal for alle aktivitetsområde alle år. Oversikta syner eit gjennomsnitt av dei tala som er innrapportert.

nyttar fylkeskommunane lite på tilskot til kunstproduksjon.

4.3.2 Statlege løyvingar til kultur

Den allmenne innretninga for Kulturløftet har i stor grad vore å vidareføre både det kulturfaglege grunnlaget og dei innarbeidde verkemidla og tiltaka i den eksisterande kulturpolitikken. Regjeringa har valt å auke innsatsen på alle kulturområda, både fordi opptrappinga har vore så stor at det er gitt rom for ei slik brei satsing, og for å vise at alle delar av kulturlivet er ein del av Kulturløftet. Dette inneber at alle kunstformer og sjangrar er inkluderte. Det betyr også at både det profesjonelle og det breie frivillige kulturlivet har fått eit løft. Ikkje minst har regjeringa vore oppteken av ei god regional fordeling av midlane frå Kulturløftet, og institusjonar og tiltak over heile landet har difor fått styrkt drifta. Det er òg gitt investerings-tilskot til nasjonale kulturbygg over heile landet.


I Kulturløftet som vart presentert i 2005 og vidareutvikla og utvida i 2009, sette regjeringa ambisiøse mål for den statlege ressursbruken til kulturføremål. Gjennom mange målretta tiltak og

ein generell auke i løyvingane til kulturføremål er det gitt eit løft til eit breitt spekter av kultur- og frivilligtiltak. I perioden har dei samla overføringane til kultur over statsbudsjettet auka frå 5,065 mrd. kroner i 2005 til 9,061 mrd. kroner i 2012. Samla har auken i perioden vore om lag 4 mrd. kroner. Statens utgifter til kulturføremål har auka frå 0,80 pst. av statsbudsjettet i 2005 til 0,92 pst. i 2012.

Ut over statsbudsjettet blir det òg satt av midlar til kultur gjennom overskotet til Norsk Tipping. Spelemlane til kulturføremål som blir satt av utanom statsbudsjettet er øyremerkt tre tiltak: Frifond, kulturbygg og Den kulturelle skulesekken. I 2011 er det til saman sett av 416,7 mill. kroner til desse tre ordningane frå spelemlane.

4.3.3 Geografisk fordeling av kulturmidlar

Tiltak som tek sikte på å sikre god *geografisk fordeling* av kulturtilbod reflekterer viktige utjamnings- og inkluderingsaspekt. Alle tilbod i kommunal og fylkeskommunal regi har ein slik effekt. Folkebiblioteka og kulturskulane er gode døme på dette. Utover dei faste driftstilskota som blir løyvd til kulturinstitusjonar og tiltak over heile lan-



Figur 4.3 Kulturløftet 2005–2012

Kjelde: Kulturdepartementet

det, har vi også ei rekkje statlege tiltak som er særskilt innretta for å sikre ei god geografisk fordeling av kulturtilbod. Det gjeld mellom anna Riksteatret, Rikskonsertane, Nasjonalmuseets avdeling for landsdekkjande program, KOROs tilskotsordningar for offentlege rom, kinotilbodet, regionale filmverksemdar, NRKs breie medietilbod, produksjonstilskotet til dagsaviser som skal stimulere til avisutgiving over heile landet, og det nasjonale museumsnettverket med om lag 70 institusjonar. Det same gjeld ordningane med finansiering av lokale og regionale kulturbygg og kommunale idrettsanlegg.

Tabell 4.2 syner utviklinga i fordelinga av kulturmidlane mellom nasjonale og regionale tiltak på Kulturdepartementets budsjett sidan 2005. Tabellen femner om tilskot til føremål innan kunst- og kulturvern, film- og media, og samfunn- og frivilligheit. Institusjonar som har både nasjonale og lokale funksjonar⁵ er med i talgrunnlaget

for tabellen, medan institusjonar/tiltak som har ei klar nasjonal rolle⁶ ikkje er med. Tabellen femner heller ikkje om tilskot til Nasjonale kulturbygg, tilskot frå Norsk kulturfond, kunstnarføremål, Den kulturelle spaserstokken, Frifond-midlane, momskompensasjon for frivillige organisasjonar og andre tilskotsordningar som blir delte ut i løpet av året etter at budsjettet er vedteke. Slike midlar går til prosjekt/tiltak over heile landet.

⁵ Til dømes Bergen Filharmoniske Orkester, Den Nationale Scene, Oslo-Filharmonien, Den Norske Opera & Ballett, Det Norske Teatret, Nationaltheatret, Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design og Norsk Folkemuseum.

⁶ Dei mest sentrale av desse er: Norsk kulturråd, Kunst i offentlege rom, Rikskonsertane, Riksteatret, Nasjonalbiblioteket, Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek, Språkrådet, Arkivverket (Riksarkivet, Samisk arkiv og statsarkivene i Oslo, Hamar, Kongsberg, Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø), Norsk lokalhistorisk institutt, Medietilsynet, Norsk filminstitutt og Lotteri- og stiftelsestilsynet.

Tabell 4.2 Geografisk fordeling av løyvingar frå Kulturdepartementet – utvikling i perioden 2005–2011

	I 1000 kroner			
	2005	2011	Auke 2005–2011	Auke 2005–2011
KUDs budsjett – regionale tiltak	1 955 694	3 480 454	1 524 760	78 pst.
Resten av KUDs budsjett ¹	3 167 106	4 926 046	1 758 940	56 pst.
Kulturløftet ²	5 064 500	8 524 000	3 459 500	68 pst.

¹ Utanom Den norske kyrkja.

² Kulturløftet inneheld også løyvingar under andre departement (Kunnskapsdepartementet, Utanriksdepartementet og Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet)

Norsk kulturråd forvaltar Norsk kulturfond, i tillegg til andre statlege støtteordningar på kulturområdet. Norsk kulturfond vil i 2012 disponere nær 540 mill. kroner og skal stimulere skapande verksemd innanfor litteratur og kunst, verne om kulturarven og formidle kultur gode til så mange som mogleg.⁷ Kunst- og kulturfaglege kriterium ligg til grunn for tildelingane. Det skal leggjast vekt på å støtte nyskapande kunst og stimulere nye kunstnarlege uttrykksformer, nye formidlingsmåtar og kulturelt mangfald. Tilskot frå fondet skal kome heile landet til gode. Dette er eit viktig omsyn, både når søknader til fondet blir vurdert og når rådet sjølv tek initiativ til prosjekt.

I tråd med føremålet er målgruppa for Norsk kulturfond kunstnarar, produsentar og formidlarrar av profesjonell kunst. Langt dei fleste i denne målgruppa har tilhaldsstad i byar og område med tett busetnad, og sjølv om den fylkesvise fordelinga av tilskot varierer frå år til år, mellom anna avhengig av særskilte satsingar, er det gjennomgåande større tilskotssummar til befolkningstette fylke og storbyar.

Det er ein samanheng mellom samla søknadsbeløp og samla tilskotsbeløp for kvart fylke. I 2010 mottok Norsk kulturfond nær 6 500 søknader (utanom innkjøpsordningane for litteratur). Søkjaranes adresse blir registrert på fylke. Det fylket med flest søknader i 2010 var Oslo (2 792), medan Norsk kulturråd mottok berre 54 søknader frå søkjarar registrert i Nord-Trøndelag same år. Dei fylka som prosentvis fekk gjennomslag for flest søknader, var Finnmark (50 pst.), Troms (44,7 pst.) og Aust-Agder (42,9 pst.). Søkjarar frå Vestfold fekk gjennomslag for 28 pst. og søkjarar frå Østfold for 22,6 pst. av sine søknader.

Tala over viser at det er store forskjellar i søknadsaktivitet fylka i mellom. Rådet arbeider difor aktivt for å kome i kontakt med fleire søkjarmiljø og ser dialog med aktørar i heile landet som eit viktig tiltak, både for å gjere potensielle søkjarar kjende med Kulturrådet, og for å halde seg orientert om kva som skjer i kunstfeltet og kva behov kunstfelta har. I 2010 vart det til dømes satsa særskilt på dialogmøte i samarbeid med Nord-Trøndelag fylkeskommune, der alle fagområda var representerte saman med kunstaktørane sjølve.

Fordelinga av løyvingar etter fylke gir ikkje ei fullgod forståing av den geografiske fordelinga av fondet. Mykje av produksjonen og formidlinga går føre seg på andre stader i landet enn på søkjardressa (som konsertturnear i regi av arrangørar og ensemble som søker frå til dømes Oslo eller

Bergen). Også innkjøpsordningane for litteratur, som har primæreffekt overfor forfattarar og forlag, har i tillegg effekt overfor bibliotekbrukarane ved at bøkene blir distribuert til alle folkebiblioteka.

4.4 Føringar og krav for tildeling av tilskot over kulturbudsjettet

Dei statlege verksemdene under Kulturdepartementet får årleg eit *tildelingsbrev*, der departementet fastset dei økonomiske rammene og dei kulturpolitiske måla for verksemda. I tillegg blir det oftast stilt ei rekkje spesifikke krav, både av kulturpolitisk og meir generell samfunnsmessig karakter. Institusjonar og organisasjonar som mottok statstilskot får årleg eit *tilskotsbrev*. Desse breva gir ulik grad av styringssignal ut frå storleiken på tilskotet og karakteren til tilskotsmottakaren, men liknar for dei større institusjonane sin del mykje på tildelingsbrev til dei statlege verksemdene, sjølv om staten ikkje har instruksjonsrett over tilskotsmottakarane. Heimelen for å stille slike krav er nedfelt i Reglement for økonomistyring i staten med tilhøyrande føresegner.

Kulturdepartementet har gjennom åra stilt ei rekkje krav som tek sikte på å fremje *tilgjenge* og *inkludering*, både til sine underliggjande verksemdar og tilskotsmottakarar. Dette omfattar departementets egne krav og prioriteringar, som tiltak for barn og unge, tiltak som fremjar kulturelt mangfald og krav til universell utforming, krav knytte til lover og føresegner, krav med utgangspunkt i særlege satsingar som handlingsplanar og liknande, og dei siste åra også såkalla fellesføringar.

4.4.1 Fagdepartementet sine egne krav

Regjeringa sitt mål er at kunst- og kulturtilbodet skal vere tilgjengeleg for alle. Krava som særleg er knytte til inkludering gjeld først og fremst kvalitet og breidde i kunst- og kulturtilboda, tilbod og aktivitetar særskilt retta mot barn og unge og krav om strategiar for kulturelt mangfald.

Barn og unge har i mange tiår vore ei viktig målgruppe, mellom anna fordi ein legg til grunn at bruk av tilboda og deltaking i aktivitetar er avhengig av at brukarane etablerer bruks- og aktivitetsmønster i ung alder. At institusjonar og tilskotsmottakarar gir eit kvalitativt godt tilbod til barn og unge er ein sjølvstøtt del av dette målet. Dette inneber både at tilbod skal leggjast til rette

⁷ Prop. 1 S (2011–2012)

for barn og at det skal formidlast på ein måte som høver for barn.

Det er også eit mål at kulturpolitikken skal spegle det kulturelle mangfaldet i Noreg, både den nyare innvandringa, dei nasjonale minoritetane og den samiske kulturen. Dette stiller krav til utøvarar, til dei som tek avgjerder om den kunstnarlege produksjonen og dei som arbeider med rekrutteringa til verksemdene. Det er også eit omsyn som må takast i program- og publikumsarbeidet. Det blir lagt til grunn i tildelings- og tilskotsbreva frå departementet til institusjonar og organisasjonar at det kvart år skal rapporterast om korleis mangfaldsdimensjonen blir integrert i verksemdene sine samla aktivitetar.

Departementet legg til grunn at det blir utarbeidd langsiktige strategiar for mangfald i institusjonane og at mangfaldsdimensjonen bør forankrast gjennom personalprofil, programprofil og publikumsarbeid. Institusjonane skal også gjere greie for aktivitetar som er spesielt omtalte i institusjonane sine strategimål og innanfor kva tidsrammer desse skal implementerast. Alle statlege verksemdar under Kulturdepartementet, også dei som ikkje arbeider med kunst- og kulturproduksjon, blir pålagde å utarbeide mål og tiltak for å auke rekrutteringa av personar med innvandrars og minoritetsbakgrunn.

Departementet stiller også som krav at institusjonar med statleg støtte skal arbeide aktivt for å utvikle publikumsgrunnlaget sitt og motverke barrierar som kan hindre auka deltaking. Satsinga på publikumsutvikling skal inngå i institusjonane sine strategiske planar og omtalast i den årlege rapporteringa til departementet.

4.4.2 Pålegg som er nedfelt i lov, forskrift, rundskriv eller anna

Krav som er nedfelt i likestillingslova, diskrimineringslova, plan- og bygningslova og diskriminerings- og tilgjengelova har mellom anna fått konsekvensar for tilsetjingspolitikk i kulturinstitusjonane, utnemning av styremedlemmer, krav om universell utforming og tiltak og ordningar for å betre tilgjenget for personar med nedsett funksjonsevne.

Likestillingslova frå 1978 har sidan 2002 hatt føresegner om at offentlege styresmakter skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for likestilling mellom kjønna på alle samfunnsområde. Alle statlege verksemdar har gjennom desse reglane både ein aktivitetsplikt og ein plikt til å rapportere om kva dei har sett i verk eller planlagt av tiltak for å nå målsetjinga i lova. Reglane gjeld i visse

høve også i privat sektor, og dette aktivitets- og rapporteringskravet gjeld difor også ein del av tilskotsmottakarane. Tilsvarande aktivitets- og rapporteringsplikt er nedfelt i diskrimineringslova frå 2005, som set forbod mot diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion eller livssyn.

Diskriminerings- og tilgjengelova trådte i kraft 1. januar 2009 og inneheld krav til offentlege verksemdar, og private verksemdar som er retta mot eit allment publikum, om å arbeide aktivt og målretta for å fremje universell utforming i verksemda. Lova slår fast at indirekte og direkte diskriminering av personar med nedsett funksjonsevne er forbode. Plikta til universell utforming etter diskriminerings- og tilgjengelova gjeld fysiske forhold som utforming av bygg, anlegg, opparbeidde uteområde, offentlig transport og IKT. Barne- og likestillingsdepartementet har gitt ut eit rundskriv som skal klargjere korleis ein skal forstå plikta til universell utforming.⁸

I tildelingsbrev til statlege verksemdar og tilskotsmottakarar viser Kulturdepartementet til diskriminerings- og tilgjengelova og plikta til universell utforming som følgjer av lova. Departementet viser også til at nye IKT-løysingar som byggjer opp under verksemdene sine allmenne funksjonar, og som er retta mot eit allment publikum, skal vere universelt utforma eitt år etter at krava blir konkretiserte gjennom føresegner. For eksisterande IKT-løysingar gjeld plikta frå 1. januar 2021. Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet arbeider med forslag til nye føresegner knytte til IKT.

I revidert plan- og bygningslov frå 2008 heiter det at universell utforming skal ivaretakast i planlegginga av og krava til enkelte byggtiltak. Kulturdepartementet legg vekt på auka kunnskap og tydelege krav til tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne i samband med tildeling av statlege midlar til idretts- og kulturbygg og -anlegg, og har utarbeidd informasjonsmateriell om dette til aktuelle byggherrar. Krava gjeld også ved tildeling av midlar til ombygging.

Kulturdepartementet krev at kulturverksemdar som får offentlig støtte aksepterer følgjekort for personar med nedsett funksjonsevne. Det betyr at samla billettpris for den funksjonshemma og den som følgjer vedkommande ikkje skal overstige prisen av ein ordinær billett.

Likestillings- og diskrimineringsombodet behandlar klagar på manglande tilgjenge. Mellom klagane ombodet har behandla finn vi klagar på

⁸ Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (2010)

Boks 4.1 Personar med innvandrarakgrunn i statleg sektor

Regjeringa har ei målsetjing om å stimulere til auka rekruttering av personar med innvandrarakgrunn til statleg sektor. Etter *Plattform for leiing i staten* skal statlege leiarar rekruttere personar med minoritetsbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne, og syte for mangfald og kjønnsbalanse i verksemdene. Dette er eit viktig bidrag til eit meir inkluderande arbeidsliv og det aukar rekrutteringsgrunnlaget.

manglande teleslynge i teater og manglande tilgjenge til museum og kino.

4.4.3 Handlingsplanar og liknande

Dette omfattar fagdepartementets eigne eller tverrdepartementale handlingsplanar og satsingar. Nokre av handlingsplanane er det også knytt lovføresegner til, medan andre handlingsplanar er komne i stand for å løfte eit område eller felt som krev tverrdepartemental innsats. Døme på handlingsplanar som har hatt innverknad på kulturpolitikken er handlingsplanane for funksjonshemma på 1980- og 1990-talet. I Soria Moria-erklæringa seier Regjeringa at ho vil arbeide for å fremje deltaking og likestilling for personar med nedsett funksjonsevne.⁹ Regjeringa har sett seg som mål at Noreg skal vere universelt utforma innan 2025. Handlingsplanen *Norge universelt utformet 2025. Regjeringens handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009–2013* viser korleis regjeringa vil leggje grunnlaget for å oppnå denne ambisjonen. Alle departement er omfatta av handlingsplanen. Andre døme på handlingsplanar der Kulturdepartementet på ulike måtar har medverka er handlingsplan for inkludering og integrering, handlingsplan mot fattigdom, og handlingsplan for likestilling. Handlingsplanane har fått innverknad for krav til tilskotsmottakarar over Kulturdepartementets budsjett og for konkrete ordningar og tiltak.

4.4.4 Fellesføringar

Frå budsjetterminen 2010 har regjeringa innført eit nytt instrument kalla *fellesføringar*. Desse er pålegg frå regjeringa til alle departement og etatar om ein aktivitet på eit særskilt område, og er like kraftige styringssignal som dei som gjeld vedkomande departements eige fagområde. Som regel blir slike krav følgde av krav om rapportering. Nokre av krava er uttrykk for ulike strategiar for å fremje tilgang og inkludering. Døme på dette er inkluderande arbeidsliv og systematiske brukarundersøkingar. Også når det gjeld fellesføringar har departementa ein aktivitets- og rapporteringsplikt.¹⁰

4.5 Indikatorar og rapporteringskrav på kulturområdet

Som oftast blir dei statlege verksemdene og tilskotsmottakarane pålagde å rapportere om kva dei har oppnådd i høve til dei krava som er stilte. Det er i noko varierende grad laga indikatorar for mål på inkludering i kulturpolitikken. Rapporteringa er difor i stor grad kvalitativ, det vil seie i form av tekstrapportar til departementet. I nokre tilfelle, som til dømes tilbod til barn og unge og likestilling i tilsetjingspolitikken blir det utforma statistikk. Den kvalitative rapporteringa gjer at mangfaldet i aktiviteten kjem godt fram, men det er ei utfordring å trekkje ut samla informasjon på meir overordna nivå. Generelt er erfaringane likevel at konkrete krav til statlege verksemdar og tilskotsmottakarar nyttar og at når eit krav står over tid, får det konsekvensar og påverkar haldningar.

I St.meld. nr. 32 (2007–2008) *Bak kulissene* (scenekunstmeldinga) vart det gjort framlegg om eit sett av mål for statens tilskot som også omfattar større mangfald og inkludering. Departementet har samarbeidd med institusjonane om eit utvida mål- og rapporteringssystem gjennom Norsk teater- og orkesterforeining. Dei nye målformuleringane er gjort gjeldande frå budsjettåret 2010. Tilskotsmottakarane skal rapportere om strategiar og gjennomførte planar for å rekruttere og kvalifisere kunstnarleg personale med minoritetsbakgrunn, om publikumsarbeid som inkluderer minoritetar og om strategiar og tiltak for å sikre at kvinner og menn får like høve til kunstfaglege, tekniske og administrative posisjonar. Departementet vil gjennomgå mål og indikatorar

⁹ Politisk plattform for fleirtalsregjeringa utgått frå Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, 2009–2013

¹⁰ *IA-avtalen i staten* er eit instrument for å syte for at flest mogleg blir inkluderte i arbeidslivet.

for tilskot til musikk tilsvarende og leggje til rette for meir systematisk rapportering om korleis kravet i tilskotsbrevna om strategisk arbeid med publikumsutvikling og større mangfald gjennom personalprofil og programprofil blir følgt opp.

I scenekunstmeldinga er det varsla at departementet vil justere rapporteringssystemet og innføre kvalitativ evaluering av scenekunst- og musikk institusjonane med nokre års mellomrom, noko som også vil gi grunnlag for forenkla årleg rapportering frå institusjonane.

Som oppfølging av St.meld. nr. 10 (2007–2008) *Knutepunkt* og Innst. S. nr. 168 (2007–2008) har Kulturdepartementet i 2011 starta gjennomføringa av den første systematiske evalueringa av knutepunktinstitusjonar. To institusjonar er evaluerte i 2011 og to nye skal evaluerast i 2012.

Erfaringane frå evaluering av knutepunktinstitusjonar er verdifulle for vidare evalueringar av andre kunstinstitusjonar. Systematisk evaluering med nokre års mellomrom og med mellomliggjande oppfølging vil ytterlegare styrke departementets oppfølging av resultatane til institusjonane, både når det gjeld produksjon og andre deler av drifta.

4.6 Særlege ordningar og målgrupperetta tiltak

Hovudinnretninga på dei kulturpolitiske tiltaka har vore å leggje til rette for aktivitetar og tilbod som skal vere opne og tilgjengelege for alle. I mindre grad har verkemiddel og tiltak teke utgangspunkt i bestemte målgrupper. Det finst likevel ein del unnatak som kan reknast for å vere målgrupperetta tiltak.

Barn og unge har i fleire tiår vore ei særleg målgruppe i kulturpolitikken, mellom anna fordi ein legg til grunn at bruk av tilboda og deltaking i aktivitetar er avhengig av at brukarane etablerer eit bruks- og aktivitetsmønster i ung alder.

I utgangspunktet har kommunane eit klart hovudansvar for å leggje til rette for gode fritidsaktivitetar for barn og unge. Gjennom åra er det også oppretta fleire ordningar på statsbudsjettet som har barn og unge som særskilde målgrupper. Både kulturskulane, Den kulturelle skulesekken, Rikskonsertane og i nokon grad også Riksteatret og regionale filmsenter er døme på slike ordningar. Det same gjeld tiltak som Ungdommens kulturmønstring, Norsk ungdomskor og Norsk ungdomssymfoniorkester, tilskot til innkjøp av instru-



Figur 4.4 Melafestivalen 2011

Foto: Horisont / Lars Gartå

ment for skulekorps og til innkjøp av utstyr. Kulturkort for ungdom er også eit tiltak som rettar seg direkte mot unge. Tilskotsordninga Frifond har som føremål å stimulere barn og unges aktivitet og deltaking på lokalt nivå.

På Kulturdepartementets budsjett finst det elles fleire tilskotsmottakarar og ordningar som rettar seg mot dei som fell utanfor det generelle tilbodet på grunn av nedsett funksjonsevne. Blinde, svaksynte og personar med anna lesehemming får bibliotektenester gjennom Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek. I tillegg finst andre tiltak for å betre bibliotek-, litteratur- og informasjonstenester til menneske med nedsett funksjonsevne eller som av ulike grunnar ikkje kan nytte det ordinære kulturtilbodet. Leser søker bok rettar seg mellom anna mot grupper som treng stimulanse for å utvikle lesing og bruke litteratur. Døves media får tilskot til produksjon av fjernsynsprogram på teiknspråk. Nemnast skal også tilskot til Noregs Blinddeforbunds telefonavis og tilskot til Dissimilis kultur- og kompetansesenter.

Den kulturelle spaserstokken har eldre som målgruppe, og ordninga er utforma etter modell av Den kulturelle skulesekken. Gjennom bibliotektenester i fengsel og kulturaktivitetar i kriminalomsorga, blir det gitt kulturtilbod til innsette i fengsel.

Mangfaldsperspektivet skal integrerast i det vanlege kulturlivet, og kulturlivets institusjonar og organisasjonar skal spegle at vi har eit fleirkulturelt samfunn. Nokre tiltak som rettar seg direkte mot og involverer innvandarmiljø får likevel tilskot over Kulturdepartementets budsjett. Tiltaka løftar fram mangfaldsdimensjonen på ein særleg kvalitativ måte som også kjem resten av kulturlivet til gode. Dette gjeld til dømes Center for Afrikansk kulturformidling, TrAP (tidlegare Du store verden!), Union Scene, Damini House of Culture, Nordic Black Theatre og Stiftelsen Horisont/Mela. Det blir også gitt støtte til Det fleirspråklege bibliotek ved Deichmanske bibliotek i Oslo.

4.6.1 Det samiske urfolket

Arbeidet med samiske og samiskrelaterte spørsmål skjer i dag innanfor rammene av regjeringas målsetjing om ein heilskapleg samepolitikk, der samane sjølve, gjennom Sametinget, samiske institusjonar og organisasjonar, er medspelarar og premissleverandørar. Konsultasjonsprosedyrane mellom Sametinget og statlege styresmakter er etablerte for å sikre Sametinget reell innverknad på område som er viktige for samisk kultur og språk. Noreg har slutta seg til fleire internasjonale

konvensjonar, fråsegner og avtalar som har betydning for samane som urfolk. Artikkel 20 i FNs konvensjon av 1966 om sivile og politiske rettar og ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar er særleg viktige for norsk samepolitikk. FNs fråsegn om urfolks rettar vart vedteke i generalforsamlinga i FN i 2007. Fråsegna er ikkje rettsleg bindande, men legg viktige føringar i å fastslå utfolks rettar.

Sametinget er etablert i medhald av samelova for å etterleve Grunnlova § 110 a. Sametinget har som folkevald organ sjølvstendig mynde og eit sjølvstendig ansvar for si politiske verksemd. Verksemda i Sametinget går fram av Sametingets eigne dokument og vedtak, mellom anna det årlege budsjettvedtaket. Sametinget prioriterer kultur høgt, og kulturfeltet er særleg viktig for å etterleve intensjonane i samelova om å utvikle og vidareføre samisk kultur. For Sametinget er det eit overordna mål at samfunnet er bygd på likeverd og like moglegheiter for alle menneske uavhengig av kulturell og sosial bakgrunn. Det er Sametingets vurdering at kulturaktivitetar skapar samskjensle, trivsel og livskvalitet og dermed spelar ei viktig rolle for busetjing. Sametinget ønskjer også å styrkje og byggje opp kulturbaserte næringar og auke talet på kulturarbeidsplassar i samiske område og i byane.

Styrking av samisk kultur er ein viktig del av arbeidet med å styrkje kulturelt mangfald.

I tråd med regjeringas mål om at samane skal ha vesentleg grad av sjølvråderett i spørsmål som vedkjem dei sjølve, har styresmaktene ansvar for at rammene er til stades slik at samiske kulturtiltak kan utviklast på ein best mogleg måte. Det viktigaste verkemiddelet for å følgje opp dette ansvaret har vore å gi Sametinget mynde over statleg finansierte kulturtiltak. Kvart år blir det løyvd midlar over Kulturdepartementets budsjett til Sametinget til kulturføremål, jf. statsbudsjettets kap. 320, post 53 Sametinget. Løyvingane har auka frå 32,1 mill. kroner i 2005 til 67,4 mill. kroner i 2011. Sametinget disponerer og prioriterer bruken av midlane. Departementet legg til grunn at løyvinga skal dekkje tilskot til samiske museum, musikkfestivalar, Sametingets bibliotek, mobil bibliotekteneste, samisk kunstnarstipend og stipendkomitévederlag, utstillingsvederlag til samiske kunstinstitusjonar, Beaivváš Samiske Nasjonalteater, stadnamntenesta og oppfølging av samisk språklov.

Frå statsbudsjettets kap. 320 Allmenne kulturformål, post 73 Nasjonale kulturbygg har det sidan 2005 vorte løyvd midlar til bygging av Austsamisk museum i Neiden og utviding av lokala til



Figur 4.5 Riddu Riđđu 2011, Kuben i Ysteby, Gåivuotna/Kåfjord

Foto: Ørjan Bertelsen

Senter for nordlege folk i Kåfjord (tidlegare Ája Samisk senter). Samiske institusjonar, kulturhus og språksenter er kraftsentra med stor betydning i å oppretthalde og vidareutvikle samisk identitet, språk og kultur. Støtte til kulturbygg og løyvinga til Sametinget til kulturføremål er på denne måten viktig for det samiske samfunnet og kulturen.

I tillegg til løyvinga til Sametinget gir Kulturdepartementet tilskot direkte til nokre samiske kulturtiltak. Riddu Riđđu-festivalen fekk knutepunktstatus frå 2009 og er ein viktig arena for urfolksskultur i dei nordlege områda. Det nyoppretta Internasjonalt samisk filmsenter skal fremje produksjon av samisk film. Senteret har både nasjonal og internasjonal orientering. Årleg blir det òg løyvd støtte til samiske aviser over Kulturdepartementets budsjett, jf. kap. 335, post 75 i statsbudsjettet. Pressestøtta er først og fremst grunnlagt ut frå pressa si innverknad for demokrati og ytringsfridom. I tillegg har dei samiske avisene ei viktig oppgåve i å oppretthalde og vidareutvikle det samiske skriftspråket. NRKs vedtekter og konsesjonsvilkåra for riksdekkjande reklamefinansiert radio inneheld krav om eit visst programtilbod for det samiske folket. Samisk arkiv vart overført til det statlege Arkivverket frå 2005, og drifta blir dekt innanfor dei årlege løyvingane

til Arkivverket. Nasjonalbiblioteket har sidan 1993 hatt samisk bibliografi som særskilt oppgåve.

Over Miljøverndepartementets budsjett blir det løyvd støtte til Sametinget til arbeid med kulturminnevern. Ordninga skal sikre at det blir teke omsyn til overordna kulturminnefaglege prinsipp i arbeidet med samiske kulturminne og kulturmiljø.

4.6.2 Nasjonale minoritetar

Nasjonale minoritetar er etniske, religiøse og/eller språklege minoritetar med langvarig tilknytning til landet dei bur i. Jødar, kvenar, rom/sigøynarar, romanifolket/taterar og skogfinnar blir rekna som nasjonale minoritetar i Noreg. Norsk politikk overfor dei nasjonale minoritetane er forankra i ei rekkje internasjonale instrument. Felles for desse nasjonale minoritetane er at dei er verna gjennom Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar, som Noreg har ratifisert. I tillegg er minoritetsspråka kvensk, romani og romanes verna av Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk. FNs konvensjon om sivile og politiske rettar utgjør også eit viktig rammeverk.

Museum, arkiv og bibliotek spelar ei viktig rolle i arbeidet med å presentere ulike kunnskapskilder og informasjon om nasjonale minoritetar. I budsjettssamanheng gir Kulturdepartementet støtte til fleire tiltak knytte til nasjonale minoritetar. Kvensk institutt får midlar til arbeidet med å bevare og utvikle kvensk språk og kultur. Jødisk museum i Oslo får midlar til arbeidet med å ivareta og formidle kunnskap om jødisk religion, kultur, tradisjon og historie i Noreg og Norsk skogfinsk museum til arbeidet med den skogfinske kulturen i Noreg. Kulturdepartementet gir tilskot til Varanger museum og Glomdalsmuseet som har avdelingar for kvenane og romanifolkets kultur. Departementet gir også tilskot til minoritetsspråklege publikasjonar. Tilskot til nasjonale minoritetar blir også gitt av Norsk kulturråd, mellom anna på museumsfeltet.

Regjeringa vil bidra til at personar som tilhøyrer ein nasjonal minoritet kan få høve til effektiv deltaking i saker som vedkjem dei sjølv, og regjeringa legg vinn på god og tett dialog med dei nasjonale minoritetane om prioriteringar og utforming av tiltak. Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet si tilskotsordning *Tilskot til nasjonale minoritetar* er eit verkemiddel i dialogen mellom staten og minoritetsgruppene. Ordninga støttar verksemd som medverkar til aktiv samfunnsdeltaking, som sikrar moglegheiter og motverkar diskriminering. Det blir gitt både grunnstøtte (organisasjonsstøtte) og prosjektstøtte over denne tilskotsposten. Fleire av prosjekta som får støtte er relatert til kulturelle aktivitetar.

I 2004 bestemte regjeringa å opprette eit fond for romanifolket på 75 mill. kroner, som ei kollektiv erstatning for overgrep som storsamfunnet har utsett denne minoritetsgruppa for. Frå avkastinga av fondet løyver Romanifolkets/Tateranes kulturfonds stiftelse midlar til prosjekt og tiltak som kan bidra til å gjenreise, utvikle og synleggjere romanifolket/taterane sin kultur og historie.

4.7 Systematisk satsing på inkludering og mangfald

Ein rapport utarbeidd for EU i 2004¹¹ peikte på at arbeidet med inkludering av personar som er særleg utsette for å falle utanfor, til dømes fattige og personar med minoritetsbakgrunn, kan bli hindra av politiske og strukturelle forhold.

Kriterium for å lukkast i inkluderingsarbeid er at det på nasjonalt nivå blir erkjent at tilgang til

kultur og deltaking i kulturtilbod kan redusere ekskludering på samfunnsnivå. Det er også nødvendig at kultur og utvikling av menneskelege ressursar er ein dimensjon på fleire politikkområde. Rapporten understrekar behov for langvarige tiltak og løyvingar som er med på å gjere kultur tilgjengeleg for alle.

Regjeringas vidare arbeid med inkludering og mangfald i kultursektoren er i samsvar med desse prinsippa. Kulturens betyding i eit breiare samfunnsperspektiv er ein premiss og regjeringa skal arbeide systematisk og langsiktig med inkludering.

Regjeringa vil leggje vekt på å utvikle dei universelle tiltaka og fellesløysingane, og leggje til rette for at dei blir tilgjengelege og relevante for flest mogleg.

Regjeringa ser likevel at det allmenne tilbodet i dag ikkje er like lett tilgjengeleg for alle grupper, til dømes for personar med innvandrarakgrunn, personar med nedsett funksjonsevne og personar i familiar med låg inntekt. Difor vil regjeringa på nokre område bidra til meir systematisk vektlegging og utvikling av verkemiddel som gjer det formelle tilgjenget til ein realitet, også for dei som i dag deltek i mindre grad.

4.8 Tiltak: kunnskapsbehov og forskning – Kulturdepartementets FoU-utval

Utvalet for større mangfald i kultursektoren peikar på eit stort kunnskapsbehov på kulturfeltet. Dei skriv i sin rapport at dei har avdekka eit vesentleg behov for erfaringsdeling, auka kunnskap og kompetanse når det gjeld konkret og praktisk innretta arbeid med kulturelt mangfald i kunst- og kulturlivet. Det blir etterlyst betre tilgang til arbeidsmetodar, aktivitetar, tiltak og ordningar som er utvikla nasjonalt og internasjonalt. Utvalet skriv vidare at det er behov for forskning som analyserer dei forandringane det nye kulturelle mangfaldet betyr for og krev av kunst- og kulturlivet. Forsking må leggje grunnlag for strategiarbeid og den praksisen som skal vidareutviklast.

Kulturdepartementet er som sektoransvarleg for kulturpolitikken også ansvarleg for forskning og utvikling (FoU) på departementets ansvarsområde. Departementet er i ferd med å utarbeide ein FoU-strategi som skal omfatte heile departementets verkeområde. Eit av dei viktigaste siktemåla med strategien er å leggje til rette for at utforminga av kulturpolitikken i størst mogleg grad

¹¹ Woods m. fl. (2004)

skal baserast på kunnskap om kulturlivet og om korleis ulike kulturpolitiske ordningar og tiltak verkar. Som ledd i dette arbeidet har Kulturdepartementet oppnemnt eit utval som skal gi råd om korleis departementet kan handtere ansvaret for FoU som grunnlag for politikkkutforming og forvalting på ein god måte. Mandatet peikar på at

endringar knytt til mellom anna demografiske tilhøve har påverknad på norsk kulturliv, og at det finst eit stort behov for handlingsrettleiande kunnskap. Utvalet skal levere ein skriftleg rapport til Kulturdepartementet innan utgangen av april 2012.

5 Inkludering og nye stemmer i kultursektoren

5.1 Innleiing

I dette kapitlet blir det gitt eit oversyn over kulturpolitiske oppgåver og mål knytt til inkludering og mangfald innan museum, arkiv, bibliotek, litteratur, musikk, scenekunst, visuell kunst, film og media. Felles for departementets mål til sine tilskotsmottakarar og underliggjande verksemdar, er kravet om å nå ut til eit breitt publikum med eit godt og variert tilbod, og at verksemdene skal spegle mangfaldet i samfunnet. Oversynet vil vise nokre praktiske innfallsvinklar og perspektiv på inkluderingsarbeid og gi døme på arbeidsmåtar og tiltak som har vist seg å vere vellukka. Det må understrekast at institusjonane har ei rekkje andre oppgåver enn dei som blir presenterte her, til dømes grunnleggjande kunstnarlege og faglege oppgåver som produksjon av utstillingar og framsyningar, samlingsforvaltning og forskning. Gjennomgangen må altså ikkje lesast som ein heilskapleg presentasjon av kulturfeltet. Framstillinga er i stor grad basert på samanstillingar av rapportar og innspel frå kultursektoren sjølv.

Mange av kulturinstitusjonane vart etablerte som ledd i demokrati- og nasjonsbygginga. Institusjonane skulle medverke til å byggje opp og styrkje nasjonalstaten, norsk identitet og den nasjonale fellesskapen. Nasjonsbygging er ein selektiv konstruksjon som handlar om makt til å definere kva som blir vald ut som verdfullt, bevaringsverdig eller representativt, og kva som blir vald bort, tagd i hel eller gløymt. Sjølv om slike prosessar endrar seg over tid, er det ikkje tilfeldig kva som blir vald ut eller bort. Den store «vi-forteljinga» speglar difor ikkje alltid samfunnets kompleksitet og mangfald.

Vestlege kulturinstitusjonar har djupe røter i europeisk historie og tradisjonar, og både kvalitet, profesjonalitet og sjanger blir difor gjerne vurdert ut frå ei vestleg forståing.¹ Dette kan føre til institusjonalisert utestenging, til dømes med omsyn til i kva grad eit individ reelt sett har høve til å medverke i prosessar som gjeld produksjon av kultur, eller i kva grad den einskilte finn tilboda innanfor

den allmenne kulturelle arenaen relevante og interessante. Dersom ein legg til grunn at kulturinstitusjonane og andre delar av kultursektoren passivt kan medverke til å stengje grupper og individ ute på denne måten, er det òg grunn til å tru at dei aktivt vil kunne leggje til rette for dei som fell utanfor.

Fleire av stortingsmeldingane om kultursektoren dei siste åra legg vekt på at særleg kulturinstitusjonane skal vere aktive og aktuelle samfunnsinstitusjonar og leggje vekt på kritisk refleksjon og skapande innsikt. Institusjonane skal vere med på å styrkje demokratiet og ytringsfridomen gjennom arbeidet sitt.² Eit slikt mål kan ein berre nå dersom institusjonane arbeider bevisst for å spegle heile mangfaldet i befolkninga.

5.2 Verkemiddel og arbeidsformer

Kulturfeltet tilbyr fellesarenaer og møteplassar for samhandling, dialog og meningsbryting. Eit fleirkulturelt samfunn er avhengig av slike møtestader. Deltaking på tvers av skiljelinjer medverkar til å skape sosial kapital og tillit.

Ulike verkemiddel og arbeidsformer kan inngå i kulturfeltets arbeid med inkludering og deltaking. Nedanfor går vi gjennom nokre døme på slike verkemiddel og arbeidsformer.

5.2.1 Medverknad

Medverknad handlar om å opne institusjonane og sleppe til eit større mangfald, nye og fleire stemmer og nye perspektiv. *Dialogen* kan vere ein nøkkel til å utvikle meir inkluderande og mangfaldige kulturinstitusjonar. Desse arbeidsformene inneber ei opa form for kommunikasjon, der ein går spørjande og søkjande inn i samhandling med andre.

I Storbritannia har mange kulturinstitusjonar gjort seg ein heil del erfaringar når det gjeld å ten-

¹ Gran (2008)

² Sjå t.d. St.prp. nr. 1 (2008–2009), St.meld. nr. 49 (2008–2009) *Framtidas museum*, St.meld. nr. 22 (1999–2000) og NOU 1996:7

Boks 5.1 Medverknadsprosjekt innanfor arkiv, bibliotek og museum

ABM-utvikling sitt medverknadsprosjekt kartla erfaringar knytt til medverknad og aktiv involvering av ulike målgrupper i abm-institusjonane sitt arbeid gjennom ulike seminar og diskusjonsfora. Målet var mellom anna å finne ut på kva måte ABM-utvikling kunne bidra til å styrkje denne måten å tenkje og jobbe på i institusjonane. I løpet av prosjektet har det kome fram ein del tema og problemstillingar som kan oppsummerast på følgjande måte:

Innhald: Kva inneber eigentleg medverknad i praksis? Kva er reell medverknad, kor lite eller mykje skal til for at det kan definerast som medverknad, og på kven sine premissar?

Prosess: Medverknadsprosessar er tidkrevjande, og resultatata blir ikkje alltid slik som ein hadde tenkt i utgangspunktet. Er ein for oppteken av resultatata, slik at prosessen ikkje får gå sin nausdynte gang? Eller er ein så oppteken av at institusjonsresultata skal oppfyllest at ein ikkje ser verdien av alternative (og av og til utilsikta) resultat av ein prosess? Prosessar kan vere like viktige og interessante som sjølve resultatata.

Kvalitet kontra kvantitet: Når prosjekt blir skalert opp i storleik med tanke på å nå ut til fleire, blir ofte medverknadsprinsippet skadeli-

dande. Må alle gode prosjekt absolutt skalerast opp? Er det rom for små, gode og berekraftige prosjekt? Når kvantitet er eit viktig kriterium, kva skal til for å sikre god medverknad likevel?

Forankring: Det har synt seg å vere ei utfordring å få forankra verdien av medverknad i institusjonane og hos samarbeidspartnarane. Utan ei slik forankring er det fare for at prosjekt og aktivitetar blir ståande som enkelttiltak som er heilt personavhengige. Korleis kan ein få til ei god forankring?

Haldningar: Erfaringar syner at det ikkje nødvendigvis er pengar det står på når det gjeld å få medverknad inn som arbeidsprinsipp på institusjonen, men heller knapp tid, knappe ressursar og manglande prioritering frå leiinga.

Meirverdi/motivasjon: Det er viktig at den som medverkar, får noko ut av bidraget sitt til prosessen – at det ikkje berre er institusjonane som sit att med meirverdi. Kva slags ulike måtar finst det for å skape gjensidig eigarskap til både prosessen og det prosessen eventuelt munnar ut i?

Desse utfordringane har synt seg å vere dei same på tvers av sektorar og landegrenser. Det finst difor mange fruktbare erfaringar ein kan trekkje vekslar på i inkluderingsarbeidet.

kje medverknad og inkludering i si daglege og langsiktige verksemd. Dei britiske kulturinstitusjonane har jobba systematisk og målretta med å utvikle samfunnsrolla si gjennom utoverretta og oppsøkjande formidling, spesielle program for sosial inkludering og læringsprogram. I ei slik forståing av samfunnsrolla står medverknad og myndiggjering sterkt. Mange års erfaring syner at denne typen tenking i det langsiktige arbeidet, både på overordna strateginivå og i kulturinstitusjonane, sikrar at institusjonane fungerer som inkluderande møtestader, at sektoren har eit tilbod som er lokalt tilpassa, at dei medverkar positivt til involvering og mangfald i lokalsamfunnet og at dei kan medverke til å auke besøkstala. I Noreg har Norsk kulturråd, tidlegare ABM-utvikling, teke for seg medverknad innanfor arkiv, bibliotek og museum.³ ABM-utvikling sine oppgåver på arkiv- og museumsområdet vart frå 2011 lagt til Norsk kulturråd.

³ ABM-skrift # 62 *Jo fleire kokkar, jo betre søl*

Brukarane må definerast breitt og femne ulike segment i samfunnet. Institusjonane skal også gi ei stemme til samfunnsgrupper som ikkje maktar å gjere seg gjeldande i samfunnsdebatten eller som ikkje er synlege, vere bevisste den samfunnsendrande krafta som ligg i kritisk kunst-, kultur- og naturformidling, og skape fellesskap basert på utforsking av erfaringar, kritisk refleksjon og meningsutveksling. Slike satsingar bør ikkje vere temporære og kortsiktige, men bør inngå i institusjonane sine langsiktige strategiar. Det er også viktig at institusjonane utviklar systematikk i tenking og satsing.

5.2.2 Publikumsutvikling

Publikumsutvikling har vakse fram som eit nytt og sentralt omgrep i kulturpolitikken. Publikumsutvikling handlar om ulike aktivitetar institusjonane og kulturaktørane set i verk for å møte behovet til eksisterande og nye publikumsgrupper. Publikumsutvikling kan omfatte aspekt ved både

marknadsføring, programmering, utdanning, kunde-/publikumspleie og distribusjon/formidling.⁴ Publikumsutvikling reflekterer også forholdet mellom publikum og institusjon slik det utviklar seg over tid. Det er fleire måtar å arbeide med publikumsutvikling på, og ulike institusjonar vil ha eigne og unike innfallsvinklar. Felles for dei fleste innfallsvinklane er at publikumsutvikling plasserer publikum i hjartet av alt ein kulturinstitusjon gjer. Innsats for å nå nye grupper er kanskje den mest utfordrande delen av publikumsarbeidet og det arbeidet som i størst grad krev utprøving. Arbeidet kan til dømes omfatte grupper som står i fare for eller er sosialt ekskluderte, som ikkje har noko forhold til kultur og kulturaktivitetar eller som av ulike årsaker er forhindra frå å delta. Dette kan omfatte svært ulike grupper med ulike slags behov.

5.2.3 Samarbeid og partnerskap

Erfaringar viser at det er viktig at kulturinstitusjonane samarbeider tett med lokale styresmakter/kommunale tenester for å utvikle og levere gode tilbod som kan medverke til inkludering og auka medverknad frå lokalsamfunnet. For å oppnå eit best mogleg resultat er det også viktig at dei knytter til seg gode samarbeidspartnarar med spesialkunnskapar og kompetanse om målgruppa dei jobbar med. På denne måten byggjer dei bru mellom ulike kompetanseområde og syter for at prosjekta tek i vare både målgruppa sine behov og institusjonen sitt behov for å oppretthalde sin kulturfaglege integritet. I Danmark nyttar til dømes ein del museum Dansk Flygtningehjælp sine frivillige som brubyggjarar til og tilretteleggjarar i inkluderingsarbeid. Dei frivillige får opplæring i museumsarbeid, og bidreg på si side med tid, erfaring og ressursar.

I Noreg har mange kommunar og fylkeskommunar retta stor merksemd mot inkludering og brukarmedverknad og kan fungere som interessante samarbeidspartnarar for kulturinstitusjonane. Moglege partnarar for kulturinstitusjonane kan elles vere Kriminalomsorgen, Flyktninghjelpen, Press – Redd Barna Ungdom, Naturvernforbundet, NAV, Kirkens Bymisjon, sjukeheimar, interesseorganisasjonar og så bortetter. I sam-

band med markeringa av Det europeiske året for nedkjemping av fattigdom og sosial eksklusjon i 2010 stod Arbeidsdepartementet for den nasjonale koordineringa, men bidragsytarane femna eit vidt spekter av statlege, ikkje-statlege og frivillige aktørar.

Denne meldinga viser eit imponerende mangfald både når det gjeld initiativ og ulike prosjekt knytte til inkluderings- og mangfaldsarbeid i kultursektoren. Departementet ser svært positivt på at institusjonar inngår samarbeid både med offentlege og frivillige aktørar.

5.3 Særskilt om Norsk kulturråds oppgåver

Omtala i dette kapitlet omfattar både det institusjonelle kulturlivet og det ikkje-institusjonelle frie feltet. Ein sentral aktør som verkar på fleire av områda som blir beskrivne i teksten som følgjer, er Norsk kulturråd. Norsk kulturråd har eit særskilt ansvar for å stimulere til profesjonell kunstskaping og -utøving utanfor dei store kunstinstitusjonane. Kulturrådet forvaltar også Norsk kulturfond som har som mål å stimulere skapande åndsliv i litteratur og kunst, verne om norsk kulturarv og verke for at flest mogleg skal få del i kulturgodane, jf. vedtektene for Norsk kulturfond.⁵ Søknader til Norsk kulturfond som har ein inkluderings- og mangfaldsdimensjon blir handsama innanfor Kulturrådets ordinære avsetjingar, fristar, vurderings- og behandlingsprosedyrar.

Eit viktig mål for Norsk kulturråd er å stimulere utviklinga av nye kunstnarlege uttrykksformer. Nye og tverrfaglege uttrykk og formidlingsmåtar risikerer likevel å falle utanfor eksisterande støtteordningar og faginndelingar. Kulturrådet har difor ei viktig oppgåve når det gjeld å fange opp støtteverdige prosjekt som fell utanfor eksisterande ordningar og medverkar på denne måten til å sikre breidde og mangfald i rådets samla tildelingar til det frie feltet innanfor alle fagområde. Ei viktig prioritering er mellom anna å styrkje kulturelt mangfald og kulturell likestilling med særleg vekt på utvikling av arenaer for kulturelle minoritetar i bysamfunn og rekruttering av ungdom med minoritetsbakgrunn til kunst- og kulturfeltet.

⁴ Definisjonen er henta frå Arts Council England. Norsk publikumsutvikling understrekar i sin definisjon at publikumsutviklingsomgrepet femner vidt og omfattar både programmering, produksjon, formidling, sal og kommunikasjon.

⁵ Vedtekt for Norsk kulturfond og Retningslinjer for bruken av midler fra Norsk kulturfond, fastsett av Stortinget 19. juni 1965

5.4 Inkludering og mangfald i musea

Fleire av stortingsmeldingane om kultursektoren som har kome dei seinaste åra, legg vekt på at musea skal vere aktive samfunnsinstitusjonar med vekt på kritisk refleksjon og skapande innsikt. Dei skal fungere som dialoginstitusjonar, møtestader og sosiale arenaer for mange ulike grupper. Institusjonane skal med andre ord vere med på å styrkje demokratiet og ytringsfridomen gjennom arbeidet sitt. Samfunnsrolla til musea blir behandla i Stortingsmelding nr. 49 (2008–2009) *Framtidas museum*.

Rapportering frå musea viser at dei fleste musea ser seg sjølve både i ein lokal, nasjonal og internasjonal kontekst, men den lokale og regionale tilknytninga dominerer. Musea er ein viktig aktør i lokalsamfunnet, gjennom å vere ein arena og møteplass for lokalbefolkninga. Mange peikar på at samarbeid med lokale institusjonar som utdanningsinstitusjonar og historielag er særskild viktig. Det er gjennom lokal tilknytning at institusjonane kan delta aktivt i by- og regionsutvikling. Nokre av institusjonane understrekar rolla som forvaltar av nasjonal kulturarv.

Få museum arbeider aktivt for å nå målgrupper ut over dei vanlege gruppene som barn, unge og det allmenne publikummet. Det finst likevel fleire gode inkluderings- og medverknadsinitiativ i ulike museum. Drammen museum har til dømes dialogmøte med grupper i samfunnet som ikkje er ein del av det etablerte publikummet. Dette prosjektet vart sett i gang i Mangfaldsåret, men er no ein del av den ordinære drifta ved museet.

I gjennomgangen av musea sin eigenrapportering etter Mangfaldsåret 2008, viste det seg at berre 2 av 10 institusjonar hadde ein strategi for vidare mangfaldsarbeid, og berre 16 pst. rapporterte om kulturelt mangfald i rekrutteringspolitikken.⁶ Museas rapportering for 2009 og 2010 syner aukande aktivitet, og trass store variasjonar er utviklinga positiv. Fleire museum gir uttrykk for at minoritets- og mangfaldsperspektiva gir nye innfallsvinklar til studiet av kultur og samfunn og medverkar til å utvide det museale arbeidsfeltet. Mange museum har laga strategiplanar som skal integrere mangfaldsdimensjonen i heile museet si verksemd – i programprofil, tilbod og tilsettingar. Likevel manglar framleis om lag halvparten av musea strategiplanar for mangfald.

Musea reknar intern bevisstgjerding og kompetanseutvikling som viktig, og fleire etterlyser tiltak for kompetanseutvikling på feltet. Musea melder i

stor grad om etablering av nye og interessante samarbeidsrelasjonar med ulike minoritetsorganisasjonar og relevante miljø, der samarbeid, involvering og medverknad står sentralt. Mange lagar særskilde tilbod til ulike minoritetsgrupper mellom anna for å rekruttere nye publikumsgrupper. Likevel er inntrykket at dokumentasjon og formidling av andre kulturar enn den tradisjonelt norske framleis er eit tillegg til majoritetskulturen, utan ei heilskapleg integrering.

Museum i Noreg deltek i ulike nasjonale nettverk for å styrkje og utvikle det faglege museumsarbeidet. Nettverka skal bidra til at musea blir betre eigna til å fylle rollene som samfunnsinstitusjonar. Nettverka er forankra i musea og tek utgangspunkt i tema, funksjonar og/eller metodar. Eit viktig bidrag i denne samanhengen er det faglege museumsnettverket for minoritetar og kulturelt mangfald, med Oslo Museum som ansvarleg. I nettverket deltek vel 20 museum som arbeider med urfolk, nasjonale minoritetar og nyare minoritetar. Målet med nettverket er å styrkje arbeidet med minoritetar og kulturelt mangfald i musea. Det er også etablert eit nasjonalt samisk museumsnettverk.

I 2008 starta mangfaldsnettverket rekrutteringsprosjektet *Mangfald i Musea*. Målet med prosjektet er å få fleire personar med minoritetsbakgrunn inn i faglege stillingar ved musea, og at nye perspektiv blir inkludert i verksemdene som følgje av dette. Eitt overordna siktemål er å heve kompetansen og utvikle mangfaldsperspektivet i musea. Deltakarane i prosjektet har delvis vore rekruttert gjennom musea sine nettverk, og delvis gjennom oppsøkjande verksemd. Det er ikkje stilt krav til førekunnskapar eller utdanning hos deltakarane. Tiltaket er prosessorientert og ein ventar å sjå dei langsiktige verknadane først seinare. Fleire av deltakarane har fått tilbod om engasjement i museum, og nokre blir nytta som føredragshaldarar. Andre har valt ei studieretning med tanke på vidare museumsarbeid. Evalueringa av Mangfaldsåret 2008 peikar på at Mangfald i musea truleg er det tiltaket innan kulturvern- og museumssektoren som har kome lengst i dialogarbeid, både i formidlinga og organisasjonen.

Digital formidling og tilgjengeleggjering er viktige verkemiddel for musea for å nå ut med samlingane og dei ulike historiene som musea forvaltar, jf. omtale i kapittel 7.8. Nytenking og nyskaping i formidlinga er generelt viktig for at musea skal vere relevante og interessante for flest mogleg. Dette omfattar til dømes formidling med stor grad av eigenaktivitet, bruk av digital teknologi

⁶ Skogseth (2009: 118), Gran og Vaagen (2010)

Boks 5.2 Døme på mangfalds- og inkluderingsarbeid i musea



Figur 5.1 Demensprosjekt ved Teknisk museum «Møte med minner».

Foto: Fredrik Birkelund

Møte med minner: Demensomsorga har etablert eit samarbeid med musea for å inkludere demensramma, ei gruppe som har vanskeleg for å nytte seg av kulturtilbod. Demensramma treng gode kulturopplevingar i trygge sosiale omgjevnader utanfor institusjon, men dette finst knappast. Oslo Museum avdeling Bymuseet, Norsk Telemuseum, Norsk Teknisk Museum og GERIA – Oslo kommunes ressurscenter for demens/alderspsykiatri har saman utvikla eit nyskapande tilrettelagt tilbod for personar med demens. Prosjektet har overføringsverdi på nasjonal basis.

Flukt over havet: Mange av dei nærare 20 000 norske statsborgarane med vietnamesisk opphav har si historie direkte eller indirekte knytt til flukt over havet. Norsk Maritimt museum si utstilling *Flukt over havet* frå 2008 handla om flukt over Nordsjøen under den andre verdskrigen og båtflyktningar i andre delar av verda i nyare tid. Dei dramatiske historiene om dei vietnamesiske flyktningane fekk ein sentral plass i prosjektet. Utstillinga hadde som mål å formidle flyktningane sine eigne dramatiske historier. Prosjektet vart til i samarbeid med Bergens Sjø-

fartsmuseum, Norsk Vietnamesisk Senter i Oslo og andre vietnamesiske miljø i Noreg.

Latjo Drom: Glomdalsmuseet har gitt rom og stemme til romanifolket/taterane gjennom ei eiga avdeling ved museet. Målet har vore å synleggjere at Noreg har vore fleirkulturelt i mange år og å skape auka forståing og kunnskap om romanifolket. Den faste utstillinga *Latjo drom*¹ opna i 2006. Utstillinga vart til i tett dialog med romanifolket sjølv og i stor grad på deira premisar. Ei slik tilnærming til museumsarbeid har synt seg krevjande, men fruktbar.

Oslo Museum: Oslo Museum sitt føremål er å skape interesse for og formidle kunnskap om Oslo bys historie og utvikling, innbyggjarane sine liv og levekår gjennom tidene, det fleirkulturelle samfunnet og innvandring til Noreg, bykultur, teaterhistorie og scenekunst. Museet legg vekt på ny og kritisk gransking av samfunnsfenomen, grupper og individ, og skal vere ein attraktiv og utfordrande møteplass i den fleirkulturelle storbyen. Strategien deira inneber mellom anna å skaffe og formidle kunnskap om endringsprosessar i indre by og drabantbyane, om minoritetar, marginale og marginaliserte grupper. Dei legg vekt på ei formidling som medverkar til å endre haldningar, perspektiv og fordommar. Oslo Museum skal vidareutvikle og styrkje kompetansen om minoritetar og kulturelt mangfald gjennom tverrfagleg arbeid og utradisjonell rekruttering.

Enghøyholmen Kystkultursenter: Sidan 1992 har ungdom frå Stavangerskular som fell utanfor det vanlege skulesystemet, fått opplæring i restaurering og båtbygging ved Enghøyholmen Kystkultursenter. Opplæringstilbodet blir gitt i samarbeid med kommune, fylkeskommune og barnevernet. Senteret jobbar òg med å få på plass eit fleirårig opplæringsprogram for vaksne personar på attføring med kulturminnevern som innhald, kombinert med individuell oppfølging og rettleiing i livsmeistring i samarbeid med NAV.

¹ Namnet, som er romani, kan oversetjast direkte med «god veg», men kan òg forståast i tydinga «god tur».

eller levandegjering av historia gjennom bruk av musikk og teater.

5.5 Inkludering og mangfald i arkiva

Ved å dokumentere og gjere tilgjengeleg prov på menneskeleg handling og samhandling er arkiva garantistar for borgarane sin rett til offentleg informasjon og kunnskap om eiga historie. Bevaring av arkiv er såleis ei samfunnsoppgåve som er viktig både i eit demokratiperspektiv, i eit kunnskapsperspektiv og eit allment kulturperspektiv. Publikum nyttar arkiva med ulike siktemål, frå kultur- og forskingsføre mål til dokumentasjonsbehov. Dokumentasjonssaker kan vere av juridisk, økonomisk eller velferdsmessig art og er knytt til rettstryggleik for enkeltmenneska.

Det finst ulike døme på arkiva sin verdi for familiar og enkeltpersonar. I mange kommunar og fylkeskommunar har det vore ein gjennomgang av tilhøva i barnevern og barneheimar etter andre

verdskrig. Mange hundre enkeltpersonar har spurt etter arkivdokumentasjon i kommunale arkivinstitusjonar, både for å finne ut av bakgrunnen sin og for å skaffe grunnlag for erstatningssaker. Andre døme på aktuelle erstatningssaker gjeld etterkomarar etter norske jødar og romfolket. Mangelfulle arkiv har i fleire tilfelle gjort det vanskeleg å dokumentere vedtak og aktivitet av heilt avgjerande verdi for familiar og enkeltpersonar sine liv. For mange har det vore like viktig å stadfeste historia si gjennom dokumentasjon som det har vore å få erstatning. I tillegg til betydinga av informasjonen for dei einskilde brukarane, har ein gjennom dette arbeidet dokumentert og synleggjort ei lite kjend side ved norsk etterkrigshistorie. Arkiva har gjort det mogleg å fortelje denne historia. Arkivinstitusjonane har eit godt samspel med organisasjonen *Rettferd for taperne*, og mange har fått hjelp til å finne fram til dokumentasjon som har vore viktig for den enkelte si søking etter identitet og rettferd.

Boks 5.3 Døme på mangfalds- og inkluderingsarbeid i arkiva

Nye opplendingar til arkivet: Det tre år lange prosjektet *Arkivdokumentasjon av nyare innvandring til Oppland* vart avslutta våren 2011.¹ Prosjektet vart gjennomført av Opplandsarkivet, Maihaugen og støtta av Norsk kulturråd. I prosjektet vart nye opplendingar frå ulike verdsdelar intervjuar for å dokumentere sine historier. Menneske frå mange verdsdelar og land var representert, men prosjektet arbeida særskilt med polske og nederlandske grupper. Det er laga fleire utstillingar og historier til *Digitalt fortalt*. Prosjektet dokumenterer også fleirkulturelle møtestader som til dømes internasjonal kvinnefest på Gjøvik, 1. mai-arrangement på Gjøvik saman med Norsk-Afrikansk foreining, internasjonal fest på Lillehammer og arrangement i forbindelse med FN-dagen i Gausdal, Sør-Fron og Otta. Den polske delen av prosjektet omfattar samarbeidsprosjekt mellom Noreg og Polen om nyare polsk innvandring, og om politiske flyktningar som busette seg i Noreg på 1980-talet. Opplandsarkivet tek også i mot fleirkulturelle arkiv som ein del av prosjektet.

Kurs i digitale forteljingar for innvandrarar under norskopplæring: Opplandsarkivet, avdeling Maihaugen har arrangert kurs i digitale for-

teljingar for innvandrarar under norskopplæring i Lillehammer. Deltakarane var mellom 11 og 60 år og kom frå Somalia, Polen, USA, Sør-Afrika og Irakisk Kurdistan. Kurset resulterte i ni forteljingar som er publiserte på Opplandsarkivet si heimeside og på Digitalt fortalt. Deltakarane møtte lokale kulturinstitusjonar som arkivet og museet og skapte sjølve forteljingane med basis i si eiga historie. Dei bestemte sjølve kva dei ville presentere og formidle. Etter kurset har arkivet fått mange gode tilbakemeldingar, og fleire har vore innom og fått hjelp til å skrive fleire digitale forteljingar. Arkivet har på denne måten gjort seg aktuelt som kulturinstitusjon i møte med nye grupper. Samhandlinga med lokalsamfunnet føregår dermed ikkje berre på arkivets og museets premissar, men nye brukarar får vere med å velje ut kva historier som blir formidla. Kursdeltakarane får sjølve ei aktiv rolle i denne formidlinga. Dei blir inviterte til å sjå og oppleve og til sjølve å delta aktivt gjennom læring og formidling. Dei ulike prosjekta ved Opplandsarkivet som engasjerer menneske med ulik etnisk bakgrunn i Oppland, har også ført til auka deltaking på andre arrangement på Maihaugen.

¹ Bleken og Kosar (2011)

I eit kultur- og inkluderingsperspektiv er aktiv formidling ei hovudutfordring for arkivinstitusjonane. Samlingane i arkiva er så omfattande at institusjonane må gå aktivt ut til publikum og vise kva dei forvaltar, og kva materialet kan brukast til. Dette krev forsterka og kontinuerleg formidlingsinnsats og utvikling av digitale tilbod, noko som inneber ei demokratisering av tilgangen til samfunnets kulturgode. Fleire arkivinstitusjonar har prøvd ut arbeidsmåtar knytte til inkludering og medverknad i ulike prosjekt støtta av Norsk kulturråd, jf. boks 5.3.

Statsarkiva er Arkivverkets ytre etat, men er òg regionale kulturinstitusjonar, møtestader og faglege ressursentra. Formidling i form av arrangement, utstillingar, foredrag og artikkelskriving er ein del av verksemda som bidreg til at Arkivverket er ein levande dørøpna til historia. I dei siste åra har det vore aukande søkjelys på formidling og utvikling av brukartenester. Dei fleste arkivinstitusjonane har no etablert formidlingstenester, både i eigne lokale og på nett, retta mot ulike målgrupper innanfor ei rekkje emne.

På mange måtar er dei offentlege arkiva ein garantist for at det finst dokumentasjon om alle nordmenn. Likevel er det enkelte grupper som lett blir usynlege i dei offentlege arkiva, ved at dei sjølve ikkje kjem til orde med si eiga historie. Det er sett i verk tiltak for å bevare slike arkiv. Oslo byarkiv ønskjer å gi dei nye minoritetane ein rettmessig plass i arkivet, utvikle eit betre tilbod til innvandrarak og minoritetar og formidle deira historie til alle. Byarkivet har til no teke vare på 26 privatarkiv frå nye minoritetar. Det vil medverke til å gjere aktivitetar, identitet, behov og problem synlege, og det vil komplettere det offentlege arkivmaterialet som allereie finst. Dei innsamla arkiva er etter personar, organisasjonar og lag, bedrifter og trussamfunn. Fleire gambiske, somaliske og pakistanske lagsarkiv er bevarte. Eit anna døme er arkivet etter MiRA – Ressurssenter for innvandrer- og flyktningkvinner. Mange andre arkivinstitusjonar har bevart arkiv etter utsette eller marginaliserte grupper. Døme på bevarte privatarkiv er Norsk Misjon Blant Hjemløse, Islamsk Kvinnegruppe Norge, Tibetanerhjelpen, Solidaritetskomiteen for kurdere, Adoptivbarn frå Vietnam og Norges Krigsbarnforbund. Fleire andre arkivinstitusjonar har også bevart arkiv etter minoritetar, utsette eller marginaliserte grupper.

5.6 Inkludering og mangfald i biblioteka

Verdigrunnlaget og legitimiteten til biblioteka byggjer på tanken om at kunnskap, kultur og utdanning skal vere tilgjengeleg for alle, uavhengig av sosiale, økonomiske og andre skiljeliner. Inkludering og tilgang ligg med andre ord i kjernen av samfunnsrolla til biblioteka.

Biblioteka nyt høg tillit, både i innvandarbefolkninga og befolkninga generelt⁷, og har mange og gode moglegheiter til å drive inkluderingsarbeid, til dømes gjennom målretta formidlingsarbeid mot enkelte grupper, partnerskapsarbeid, deltakings- og medverknadsprosjekt, gjennom tilbod til minoritetsspråklege og tilrettelegging av bibliotektenester til grupper med særskilte behov. Bibliotekmeldinga slår fast at det er nødvendig med meir systematisk utviklingsarbeid for å styrkje biblioteka som bidragsytar til inkludering, integrering og kulturelt mangfald.⁸

Læringsarenaen er eit sjølvstendig perspektiv for folkebiblioteka. Biblioteka blir i stor grad brukte av barn og unge i samband med skularbeid. Som institusjon med låg terskel, kan biblioteket i tillegg vere ein sentral ressurs som uformell læringsarena for vaksne. Biblioteka er aktive deltakarar under *Læringsdagane for vaksne*. Nasjonalbiblioteket er ein av deltakarane i det nordiske prosjektet *Rom for danning*, som skal sjå på moglege samarbeidsformer mellom bibliotek og vaksenopplæring.

Biblioteka har gjennom biblioteklova ansvar for å formidle eit allsidig innhald, og dette er spesielt aktuelt i eit fleirkulturelt samfunn. Biblioteka følgjer opp ansvaret gjennom utlån av medium, utstillingar og arrangement. Personar med innvandrarbakgrunn er blant dei flittigaste brukarane av folkebiblioteka.⁹ Det blir lagt til rette for at dei skal kunne nytte biblioteka både til læring, kulturelle opplevingar og som møtestad.

Det fleirspråklege bibliotek ved Deichmanske bibliotek i Oslo har oppretta eit eige nettverk for dei som arbeider spesielt med kulturelt mangfald i folkebiblioteka. Det fleirspråklege bibliotek har tre hovudfunksjonar. For det første skal det vere eit kompetanse- og rettleiingssenter for fleirkulturelle bibliotektenester med vekt på tenester til asylsøkjjarar, innvandrarak og flyktningar. Vidare har Det fleirspråklege bibliotek ansvar for ei innkjøps- og katalogavdeling for litteratur og andre

⁷ Norsk Bibliotekforening (u.å.)

⁸ St.meld. nr. 23 (2008–2009)

⁹ Vaage (2009a)

medium på mange språk, og er nasjonal fjernlåns-sentral for litteratur og andre medium til målgrup-pene.

Biblioteka samarbeider fleire stader med vaksenopplæringa for å styrkje minoritetsspråklege sine norskkunnskapar, mellom anna gjennom lesesirklar i samband med norskkurs. Prosjekt har vist at det kan vere ei utfordring å nå dei mino-ritetsspråklege, til dømes med tilbod om datakurs, men at målretta tiltak kan hjelpe.

Ei viktig oppgåve for biblioteka er formidling av litteratur- og kulturuttrykk til mange ulike grupper, og biblioteka har ei sentral rolle i Lese-løftet 2010–2014. Biblioteka kan og blir i utgangs-punktet brukt av alle, men nokre grupper er van-skelegare å nå. Difor kan det vere nødvendig med større målretta tiltak nasjonalt og/eller lokalt. Leseløftet og Leseåret 2010 er gode døme på kor-leis biblioteka kan nyttast målretta for å nå ikkje-brukarar og å motverke utestenging frå både kul-tur-, samfunns- og arbeidsliv. Erfaringar frå lese-året viser at det kan krevje mykje arbeid for å nå gjennom hos målgruppene, men at innsats gir resultat.

Leseløftet er også eit døme på at langsiktig tenking og satsing er naudsynt. Målet må vere at samarbeidsrelasjonar og -former som blir eta-blerte som resultat av satsinga festar seg som ein sjølvstendig del av biblioteka si verksemd og ikkje berre er prosjektbasert. Lesing må fremjast gjen-nom eit breitt samarbeid mellom biblioteka og andre aktørar på litteraturfeltet. Dei siste åra har det vakse fram fleire nye litteraturfestivalar og for-midlingsarenaer for litteratur som er naturlege samarbeidspartnarar for biblioteka. Biblioteket er det naturlege litteraturhuset i mange kommunar og har eit potensial for å bli nytta meir som offent-leg dialogarena og møtestad over heile landet.

Samiske bibliotektenester er viktige i tryg-ginga og utviklinga av samisk språk, kultur og identitet. Frå rammeoverføringa frå Kulturdepar-temetet fordeler Sametinget midlar til kulturføre-mål, mellom anna til Sametingets bibliotek og drifts- og investeringsmidlar til åtte samiske bok-bussar. Bokbussane kompletterer bibliotekenes-tene i område med spreidd samisk busetnad og er med på å gjere bibliotektenesta tilgjengeleg for fleire. Sametinget etablerte med budsjettet for



Figur 5.2 Spelnatt på Drammensbiblioteket

Foto: Drammensbiblioteket

Boks 5.4 Leseåret 2010

I bibliotekmeldinga varsla Kulturdepartementet at 2010 skulle vere nasjonalt leseår, som start på eit fireårig leseløft. Leseåret hadde vaksne som les lite, som målgruppe. I løpet av året vart det sett i gang ei rekkje tiltak og prosjekt for å nå ulike segment av denne målgruppa. ABM-utvikling, seinare Nasjonalbiblioteket, var koordinator¹, og mellom aktørane fann ein organisasjonar som arbeider med litteraturformidling og aktørar innan vaksenopplæring, i tillegg til at biblioteka sjølv spelte ei viktig rolle.

Leseåret i arbeidslivet: I signalprosjektet til Norsk Forfattersentrum, Foreningen !les, Leser søker bok og Nasjonalbiblioteket/ABM-utvikling oppsøkte bibliotekarar og forfattarar bedrifter for å inspirere dei tilsette med litteratur. Bibliotekarar som leseagentar har vore ein viktig faktor i prosjektet. Leseagentane fekk kursing i korleis dei skal formidle utanfor biblioteket.

Hovudføremålet for *Arbeidslivets leseløft*, som vart gjennomført i regi av LO, KS, NHO og HSH, var å stimulere til betre trivsel, auka lese-lyst og meir lesing blant vaksne i arbeidslivet. Mellom tiltaka var forfattar- og bibliotekarbesøk og utsending av bokhyller med bokpakkar som kunne vere starten på eigne arbeidsplassbibliotek. Prosjektet viste at eit godt samarbeid på lokalt plan mellom bedrifter og bibliotek kan sikre meir varige tilbod og auka oppslutnad om bibliotektenestene.

Leser søker bok delte i Leseåret ut pakkar med fire lettlestbøker til utvalde arbeidsplassar, attføringsarbeidsplassar og vaksenopplæringsklasser. Bibliotek i Bok til alle-nettverket tok del i utdeling av bøkene og kom på denne måten i kontakt med potensielt nye brukarar.

Gjennom samarbeid mellom Norsk Forfattersentrum, NAV og lokale bibliotek vart det arrangert skrivekurs for arbeidssøklarar.

Leseåret – minoritetsgrupper: Fleire av dei lokale leseårsprosjekta var retta mot minoritetar. Eit av døma er prosjektet *Leselyst og språkforståelse. To sider av samme sak*. I dette prosjektet arbeidde biblioteka i storbyane Kristiansand, Stavanger, Bergen, Oslo og Trondheim på ulike måtar med tiltak retta mot unge innvandrarar. Fleire av aktivitetane fann stad utanfor sjølve biblioteket.

Leseåret – innsette i fengsel: I samband med leseåret starta Nasjonalbiblioteket eit prosjekt der foreldre i fengsel las inn litteratur for barna sine. Prosjektet bygde vidare på *Lyden av lesing*, som vart etablert av kriminalomsorga ved Hustad og Bergen fengsel. Målet med prosjektet var mellom anna å bidra til å styrkje band mellom foreldre som sonar og ungane deira.

I *Bok til alle i fengslene* samarbeider Leser søker bok med fengselsbibliotek, visitorar frå Raude Kors, folkebibliotek og Leseombudsnettverket for å gi eit tilbod til dei innsette.

Leseåret – prosjekt i vidaregåande skule: Fleire tiltak i Leseåret vart retta mot elevar som står i fare for å falle ut av skulen. Blant desse tiltaka finn vi storbyprosjektet for minoritetsgrupper, prosjekta *Lese for å mekke?* ved Hamar bibliotek og *Lærlingene finner darlingene i biblioteket!* ved Nord-Trøndelag fylkesbibliotek. Desse prosjekta hadde yrkesfagelevar i vidaregåande opplæring som målgruppe.

Leseåret – tverrgående tiltak: Målet med prosjektet *Les for meg, pappa!* er å oppnå leselyst hos barn generelt, og hos unge gutar spesielt, gjennom å motivere menn og fedre til å bli gode, lesande rollemodellar. Bibliotekarar skolert som leseagentar held føredrag om barnelitteratur og lesing til foreldre med barn i barnehage og grunnskule. Familielæring i bibliotek vart sett på agendaen i Leseåret, og det er planar om ei sterkare satsing framover.

¹ Frå juli 2010 vart ABM-utvikling sine oppgåver på bibliotekområdet overførte til Nasjonalbiblioteket.

2011 ei innkjøpsordning for samisk litteratur og joik. Innkjøpsordninga skal dekkje litteratur for barn, ungdom og vaksne på alle dei tre offisielle samiske språka, innan alle litterære sjangrar, inkludert lydbøker og utgivingar av joiketekstar. Det vart sett av 300 000 kroner til ordninga for 2011.¹⁰

Biblioteka skal vere tilgjengelege for heile befolkninga, også dei som ikkje kan nytte seg av det ordinære bibliotektilbodet. Bibliotektenester til personar med nedsett funksjonsevne blir omtala i neste kapittel. Fengselsbibliotek har vore eit svært viktig satsingsområde dei seinaste åra,

¹⁰ Sametinget (2010)

og målet om at alle innsette skal ha tilgang til bibliotektenester er snart nådd. Bibliotek i fengsel byggjer på lokalt samarbeid mellom folkebibliotek og fengsel med statleg finansiering.

For at samlingane i Nasjonalbiblioteket skal gi eit mest mogleg komplett bilete av samfunnet, er det naudsynt at også materiale som er gitt ut av personar eller organisasjonar med minoritetsbakgrunn, på norsk eller andre språk, blir teke vare på. I samband med Mangfaldsåret 2008 prioriterte Nasjonalbiblioteket innsamling av dokumentasjon av materiale med slik tilknytning. Nasjonalbiblioteket tok kontakt med mange innvandrorganisasjonar for å orientere om Nasjonalbiblioteket og pliktavleveringslova. Dette har ført til ein auke i avlevering av mellom anna aviser, bøker og musikk utgitt av og for etniske minoritetar.

5.7 Inkludering og mangfald på litteraturområdet

Litteraturen inneheld kjelder til kunnskap, kultur, opplevingar og underhaldning og er ein uvurderleg ressurs i utvikling av kunnskap og dugleik. Lesing og meistring av språket er sentralt for å kunne ta aktivt del i utdanning, arbeidsliv og anna samfunnsliv.

Hovudmåla for den statlege politikken på litteraturfeltet er å leggje til rette for kvalitet, variasjon og breidd i produksjon og distribusjon av litteratur. Vidare er det eit mål å bidra til leselyst i alle delar av folket.

Innkjøpsordningane for litteratur under Norsk kulturfond er eit sentralt verkemiddel for å spreie bøker, teikneseriar og tidsskrift av høg kvalitet til alle innbyggjarane i landet via folkebiblioteka. Gratis utlån, uavhenging av kommuneøkonomi, gjer ordningane til eit demokratisk og utjamnande tiltak. Bibliotekstatistikken viser kor stor del av bokstammene i biblioteka som er kulturfondbøker. Tala stadfestar at innkjøpsordningane har verdi, særleg for bibliotek i små kommunar.

Utgiving av litteratur må støttast av ei offensiv formidling av bøkene dersom ein skal nå større delar av befolkninga. Norsk kulturråd gir støtte til metodeutvikling og forsøksprosjekt i regi av bibliotek, skular og privatpersonar. I tillegg støttar Kulturdepartementet og Norsk kulturråd verksemdar som arbeider med litteratur og litteraturformidling, til dømes fleire litteraturfestivalar, Norsk Forfattersentrum, Leser søker bok, Norsk Barnebokinstitut og Foreningen !les. Dei siste åra har ein sett framvoksteren av fleire nye litteraturfestivalar og formidlingsarenaer.

Sidan byrjinga av 1990-talet har Norsk kulturråd gitt tilskot til forlaga til å omsetje delar av eller heile manus frå minoritetsspråklege forfattarar til norsk. Føremålet har vore at forlaga skulle setjast i stand til å vurdere innsende tekstar på line med norskspråklege tekstar med tanke på seinare utgiving. I neste omgang kan bøkene meldast på til aktuelle innkjøpsordningar etter vanlege prosedyrar. Nokre av forfatarane med minoritetsspråkleg bakgrunn og svake norskkunnskapar har trengt såkalla dørterskelhjelp for å kome inn i forlaga. Behovet dei har for å presentere både seg sjølve og manuskripta sine på norsk eller engelsk, har i fleire år vore ivareteke av Norsk Forfattersentrum med støtte frå Norsk kulturråd. Frå 2012 vil Den norske Forfatterforening ta over ansvaret for dette introduksjonstilbodet.

Innanfor Mosaikkprogrammet i perioden 1998–2001 vart det sett av 1 mill. kroner til litteraturområdet per år. Målet med Mosaikk-omsetjingar var å synleggjere litteratur frå heimlandet/språkområdet til ulike minoritetsgrupper og bidra til eit større mangfald av omsett litteratur. Vidare skulle Mosaikk bidra til å stimulere forfatterskap i innvandrarbefolkninga. Prosjektet Mosaikk-litteratur er vidareført, også i 2011. Direkte omsette bøker frå afrikanske og asiatiske språk blir framleis kjøpte inn, og heile omsetjarhonoraret blir dekt av Kulturrådet. Sidan 2002 har fagutvalet for litteratur inkludert tilskot til ulike prosjekt for minoritetsspråkleg litteratur i den ordinære prosjektavsetjinga.

Ei av utfordringane litteraturfeltet står overfor er at dagens barne- og ungdomslitteratur i liten grad speglar Noreg som fleirkulturelt samfunn.¹¹ Litteraturen manglar i stor grad erfaringar som vedkjem barn og unge med bakgrunn frå andre verdsdelar og kulturar. Mangel på litteratur som speglar slike erfaringar, betyr at fleire bøker ikkje når godt nok ut til barn og unge med minoritetsbakgrunn og i verste fall stengjer dei ute frå store delar av samtidslitteraturen som blir gitt ut i Noreg. For å bidra til auka mangfald og fleire stemmer blant nye barne- og ungdomsforfattarar, kvoterer Norsk Barnebokinstituttt søkjarar med ikkje-vestleg minoritetsbakgrunn til si forfattarutdanning innan barne- og ungdomslitteratur. Med støtte frå Fritt Ord er det sett av to stipend som dekkjer utdanningskostnadene til desse studentane. Opptak er likevel basert på faglege kvalifikasjonar, vurdert på bakgrunn av innsende tekstar.

Mykje av den omsette litteraturen kjem frå engelsk, fransk og spansk, sjølv om originalutgi-

¹¹ Larsen (2009)

vingane er komne ut i Afrika og Asia. Til dømes er litteratur frå Vietnam stort sett berre tilgjengeleg gjennom franske omsetjingar. Under den nyoppretta programposten *Mela Litteratur* på Mela-festivalen i Oslo har det vorte prioritert å synleggjere forfattarar og forfattarskap frå ikkje-europeiske språkområde dei siste to åra. Stiftinga Horisont har også omsett *Karius og Baktus* til urdu som eit insitament og referanseramme mellom norskpakistanske barn og deira familiar i Pakistan.

5.8 Inkludering og mangfald i scenekunsten

Scenekunsttilbodet omfattar eit mangfald av uttrykk innan teater, opera og dans. Dette gjeld både den institusjonsbaserte og den frie scenekunsten. Scenekunstfeltet er gjort grundig greie for i St.meld. nr. 32 (2007–2008) *Bak kulissene*. Utvikling av strategiar og handlingsplanar for å fremje kulturelt mangfald og formidle scenekunst til eit breitt og samansett publikum er eit krav som blir sett til scenekunstinstitusjonane.

Fleire av institusjonane på scenekunstmrådet har utvikla strategiplanar og særskilte prosjekt for å nå målet om mangfald og eit breitt scenekunsttilbod til eit variert publikum. Store institusjonar som Riksteatret og Nationaltheatret har tilsett ein eigen mangfaldsansvarleg/-koordinator. Den Norske Opera & Ballett har oppretta ei eiga stilling som produsent for fleirkulturelle prosjekt. Det Norske Teatret har ungdom som særskilt satsingsområde og har gjort mangfald til ein integrert del av denne satsinga.

Enkelte institusjonar rettar verksemda mot særskilde målgrupper. Teater Manu er eit profesjonelt teiknspråketeater. Beaivváš Samiske Nasjonalteater og Sydsamisk Teater har samisk som scenespråk og rettar seg først og fremst mot eit samisk publikum på tvers av nasjonsgrensene. Samisk tematikk og/eller scenespråk og turnéverksemd bidreg til å betre tilgangen til og gjere teatertilbodet for det samiske folket rikare.

Norsk kulturråd har eit særskilt ansvar for forvalting av statleg støtte til den frie scenekunsten. I Norsk kulturråds strategiplan for scenekunstmrådet er det framheva at Kulturrådet vil arbeide for å nå eit breiare publikum gjennom å stimulere til bruk av nye og etablerte arenaer og ved nye formidlingsstrategiar. Etter ein auke i talet på søknadstilfanget til prosjekt med ein mangfaldsdimensjon i Mangfaldsåret 2008 har talet dei seinare åra gått ned. Nedgangen viser at det er viktig å behalde kulturelt mangfald som eit prioritert sat-

singsområde i åra som kjem. Dette kjem til uttrykk i Norsk kulturråds strategiplan.

I praksis handlar mangfaldsarbeidet på scenekunstmrådet om spissa og oppsøkjande formidling, men det handlar også om å utvikle eit uttrykksmangfald som kan opplevast som relevant for eit stadig meir samansett publikum. Samarbeid er heilt sentralt i arbeidet for å fremje kulturelt mangfald – både i det kunstnarlege arbeidet og i publikumsarbeidet. Det kan vere internasjonalt samarbeid, samarbeid med andre institusjonar og verksemdar i Noreg, eller med bydelar, kommunar, organisasjonar og bedrifter. I slike møte mellom institusjonane og med andre miljø ligg det eit potensial for gjensidig kompetanseheving og for kunstnarleg nyskaping som kan medverke til å gjere scenekunsten relevant for eit meir differensiert publikum med samansette kunstinteresser og kulturbakgrunnar.

Talet på søknader til Norsk kulturråd om samarbeidsprosjekt mellom aktørar i det frie feltet og institusjonar aukar. Eit samarbeid mellom ei fri scenekunstgruppe og ein institusjon gir gjensidig inspirasjon, gir gruppene tilgang til ressursar innan drift, teknikk og lokale, og gir begge partane moglegheiter til å nå ut til nye publikumsgrupper.

Internasjonale kontaktflater og opne kanalar over landegrenser er ein føresetnad for å fremje kulturelt mangfald. Internasjonal samhandling skjer på ulike måtar, til dømes gjennom deltaking i internasjonale nettverk, utanlandsturnear, gjestespel, oppsetting av utanlandsk dramatikk og utvikling av kompetanse. Den internasjonale verksemda skjer i stor grad innanfor ein vestleg kunsttradisjon. Det er ei utfordring å skape god samanheng mellom den internasjonale verksemda og mangfaldsarbeidet i institusjonane. Likevel er stadig fleire teater og frie grupper opptekne av å utvide sine internasjonale nettverk mot større delar av verda og mot større uttrykksmangfald.

Når det gjeld rekruttering av kunstnarar med ulik kulturell bakgrunn er utfordringane særleg store på scenekunstfeltet. Enkelte av scenekunstinstitusjonane rekrutterer kunstnarar internasjonalt og har tilsette med bakgrunn frå mange ulike nasjonar og med ulik kulturbakgrunn, slik som Carte Blanche og Den Norske Opera & Ballett. Ved dei aller fleste teatra er likevel delen tilsette med minoritetsbakgrunn låg. I dei store institusjonane arbeider dei som har minoritetsbakgrunn gjerne på kostymeavdelinga, snikkarverkstaden, i restauranten eller publikumsmottaket.

Norsk Teater- og Orkesterforening rapporterer om at det i dag er vanskeleg å rekruttere kvalifi-

Boks 5.5 Døme på inkluderings- og mangfaldsarbeid på scenekunstrområdet

P:UNKT: I 2008 etablerte Akershus teater integreringsprogrammet P:UNKT etter inspirasjon av C:NTACT ved Betty Nansen Teatret i København. Hovudmålet er å gi ei stemme til dei i samfunnet som ikkje har ein arena å uttrykkje seg på, ved å lage teater basert på deltakarane sine eigne historier og idear. Viktige mål er også å medverke til at menneske med ulik kulturbakgrunn møtast og skaper noko saman, og å produsere framsyningar som er retta mot eit publikum som vanlegvis ikkje nyttar teatret.

Fleirkulturelt kvinneprosjekt, Palett: Nordland Teater har samarbeidd med Rana kulturskule, Rana vaksenopplæring og flyktningkontor om eit fleirkulturelt kvinneprosjekt. Samarbeidet resulterte i *Palett* som var ei framsyning med innvandrar- og flyktningkvinner personlege historier, dramatiserte eventyr, song, musikk og dans, forteljingar om og frå heimlandet, tradisjonelle klede, utstillingar og mat. *Palett* vart vist under Vinterlysfestivalen 2009. Kvinner med bakgrunn frå 14 nasjonar deltok i prosjektet. Det vart også arrangert seminar i samband med prosjektet med foredrag, arbeidsgrupper og framsyningar.

Samarbeid med bydelane i Groruddalen: Den Norske Opera & Ballett samarbeider med dei fire bydelane i Groruddalen, der ein høg del av innbuarane har minoritetsbakgrunn. Målet er å fremje kunstnarleg samhandling og kulturmøte, og integrere eit breiare spekter av uttrykk i repertoaret. Ungdom, rotløyse og søking etter identitet var stikkord då Bydel Bjerke inngjekk i

samarbeidet som den første av bydelane i Groruddalen, med framsyninga *Crossover* som eit resultat. *Crossover* betyr på kryss og tvers av religion, kjønn, alder og kunstuttrykk. Framsyninga hadde over 120 artistar, og bidrog til samarbeid mellom det frivillige og kommunale kulturarbeidet. Ifølgje bydelen bidrog *Crossover* til å løfte det kunstnarlege nivået og vise at kultur skaper ei felles plattform.

Fargespill: Fargespill er eit barne- og ungdomsprosjekt som starta i Bergen i 2004. Fargespill har til no stort sett produsert framsyningar. Framsyningane blir framførte av om lag 70 barn og ungdomar frå 25 nasjonar, inkludert Noreg. Dei fleste av aktørane har kome til Noreg anten som flyktningar eller som innvandrarar, og framsyningane blir sett saman av song og dans som aktørane har med seg frå sine ulike heimland. Desse kulturskattane blir sett saman med den norske kulturarven. Resultatet er eit møte mellom forskjellig historie og kultur som blir sameina i eit uttrykk som representerer vår felles framtid. Sidan 2004 har Fargespill produsert fire framsyningar som til saman er sett av over 60 000 menneske. Hordaland Teater har samarbeidd med Fargespill og stilt lokale, teknisk utstyr, bemaning og marknadsføring til disposisjon. Fargespill har også spelt ved Den Nationale Scene.

Samarbeid med fengsel: Hordaland Teater samarbeider med Bergen fengsel om å produsere ei framsyning med og for dei innsette.



Figur 5.3 Fargespill

Foto: Paul Sigve Amundsen

sert personell med minoritetsbakgrunn, både til kunstnarlege og administrative funksjonar. Mange av teatra er særleg opptekne av å rekruttere skodespelarar og andre scenekunstnarar med minoritetsbakgrunn, og praktiserer gjerne blind casting. Fleire av teatra har nytta skodespelarar med minoritetsbakgrunn dei siste åra, og nokre har knytt desse til seg over tid. Likevel er det eit utbreitt ønskje om større mangfald på scenene.

I dag blir det utdanna få scenekunstnarar med minoritetsbakgrunn. Eit godt tilpassa tilbod til barn og unge er viktig, både for å medverke til brei rekruttering og for å rekruttere publikum. Særleg viktig er skulesamarbeid og andre prosjekt som involverer barn og unge som deltakarar i kunstnarleg og kulturell verksemd. Fleire scenekunstinstitusjonar har eigne opplæringstilbod til barn og unge, og eigne oppsetjingar der barn og unge blir involvert i produksjonen. Målet er å medverke til ei tidleg interesse for scenekunst og til utvikling av fleire talent. Dei viktigaste tiltaka for å sikre brei rekruttering av kunstnarar og anna fagpersonale er likevel knytte til skuleverket, kulturskular og utdanning. Slike tiltak er også med på å leggje premissane for kunst- og kulturinstitusjonane sitt rekrutteringsarbeid.

Nordic Black Theatre har eit tilbod om teaterutdanning for unge i alderen 18–25 år, og arbeid med ikkje-vestleg dramatikkk står sentralt. Dei gjennomfører jamleg framsyningar av og med nyrekrutterte kunstnarar med innvandrarbakgrunn.

Den Unge Scenen (DUS) er eit landsomfattande nettverk av teaterinstitusjonar som er etablert for å heve nivået på ungdomsteater i Noreg. DUS arbeider med å få fram profesjonelle sceniske tekstar og konsept av høg kvalitet, skrivne spesielt for ungdom, og framført av ungdom. Det blir arbeidd for å rekruttere ungdom med minoritetsbakgrunn i DUS, og enkelte grupper i Oslo og andre stader i landet har ein relativt høg del ungdom med minoritetsbakgrunn.

Trass i tiltak for aktiv rekruttering har det likevel vist seg å vere vanskeleg å rekruttere barn og unge med ulik kulturell bakgrunn til barne- og ungdomsteatra. Dette var bakgrunnen for at Den mangfaldige scenen starta i 2009, etter initiativ frå Bondeungdomslaget i Oslo og Noregs Ungdomslag, og i samarbeid med Det Norske Teatret. Målgruppa for Den mangfaldige scenen er unge i alderen 6–26 år frå alle sosiale og kulturelle miljø. Mellom hovudmåla er at barn og unge skal få uttrykkje seg og ta i bruk skapande evner, skape nye kultur- og kunstuttrykk, skape forståing og

samarbeid mellom menneske med ulik kulturell bakgrunn og danne grunnlag for seinare rekruttering

Det Norske Teatret har vidare teke initiativ til opprettinga av *Det Multi Norske*. Satsinga skal omfatte eit breitt tilbod til barn og unge med minoritetsbakgrunn og ei mellombels skodespelarutdanning på bachelornivå for studentar med minoritetsbakgrunn.

For å stimulere tilveksten av samiske skodespelarar, har Beivvåš Samiske Nasjonalteater inngått eit samarbeid med Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino. I samarbeid med etablerte teaterhøgskular i Noreg, Sverige og dei andre samiske teatra har Beivvåš Samiske Nasjonalteater også starta oppbygginga av eit formelt nettverk. Målet er å byggje ein ny studiestruktur der samisk språk, joik og kulturkunnskap inngår.

Teater Manu samarbeider med Kunsthøgskolen i Oslo om eit prøveprosjekt for utdanning av døve skodespelarar.

5.9 Inkludering og mangfald på musikkområdet

Musikkfeltet omfattar eit stort mangfald av ulike musikalske sjangrar og uttrykk, og er prega av mykje internasjonalt samarbeid og utveksling. Den infrastrukturen av orkesterinstitusjonar, konsertarenaer, tilskotsordningar og tiltak for produksjon og formidling av musikk som er bygd opp innanfor både det institusjonaliserte og det frie feltet, gir eit breitt og godt tilbod. Alle institusjonar med statstilskot på musikkområdet har pålegg om å ta omsyn til likestillings- og mangfaldsperspektivet i verksemda si.

Symfoniorkestra tilfører musikklivet eit tilbod av både norsk og utanlandsk musikk. Dirigentane og musikarane i symfoniorkestra blir rekrutterte frå ulike delar av verda og internasjonalt samarbeid og utveksling er ein viktig og integrert del av verksemda, mellom anna gjennom deltaking i internasjonale nettverk, utveksling av kunstnarleg kompetanse, framføring av utanlandske verk og turnear i utlandet. Sjølv om den internasjonale utvekslinga i all hovudsak skjer innanfor ein vestleg kunsttradisjon, blir nedslagsfeltet for kunstmusikken likevel stadig større verda over. Orkestra arbeider aktivt for å rekruttere eit nytt publikum og nå nye publikumsgrupper. For 2010 rapporterer orkestra mellom anna om 400 konsertar retta mot barn og unge, noko som utgjer om lag 40 pst. av det samla talet på konsertar. Desse kon-

Boks 5.6 Musikk, inkludering og medverknad: Kilden dialog

Kilden dialog: Agder Teater, Opera Sør og Kristiansand symfoniorkester fusjonerte 1. juli 2011 og opererer etter dette som avdelingar i Kilden Teater- og konserthus IKS. Kilden Dialog er eit felles prosjekt for dei tre avdelingane. Under mottoet «Opplevelse – Innlevelse – Deltakelse» har Kilden mål om å ta eit større samfunnsansvar i regionen. Felles for alle prosjekta i Kilden Dialog er at publikum skal ha ei deltakande rolle, anten i prosessen fram til framsyninga eller i sjølve framsyninga. Døme på samarbeidsprosjekt er:

Kirkens bymisjon: I juni 2010 vart det utvikla eit arrangement der både profesjonelle kunstnarar og brukarar av Bymisjonens tilbod medverka. For deltakarane frå Bymisjonen var dette første gong dei sto på ei scene i offentleg samanheng. Samarbeidet vart vidareført med ein stor konsert i Kristiansand Domkirke i november 2010 der deltakarane frå Bymisjonen las eigne tekstar og song saman med Kristiansand Symfoniorkester. Våren 2011 vart samarbeidet med Bymisjonen vidareført, mellom anna med eit større diktprogram som vart presentert i Kildens publikumsfoajé i oktober 2011. Samarbeidet har resultert i opprettinga av Teatergruppa Fotspor, som blir leia av profesjonelle og med

brukarar av Kirkens Bymisjon som deltakande skodespelarar.

Samarbeid med sjukehus: Kilden Dialog har pågåande prosjekt i samarbeid med Sørlandet sjukehus HF og organisasjonen Barns Beste. I prosjektet blir det arbeidd med bruk av song, musikk og rørsle som del av behandlingstilbodet til barn.

Symphonic City: I samarbeid med kulturskulen i Kristiansand inviterer Kristiansand Symfoniorkester barn, unge, studentar, profesjonelle musikkarar og amatørmusikkarar i alle aldrar til å spele saman med orkestret. Arrangementa er tilrettelagde for ulike nivå i dugleik. I 2011 deltok om lag 75 amatørmusikkarar. Prosjektet blir vidareført i 2012.

Fremtiden er uhørt: I dette prosjektet blir unge komponistar og utøvarar i alle sjangrar invitert inn til samspel med Symfoniorkesteret. Dei unge sine komposisjonar blir arrangert for orkestret og dannar ei profesjonell ramme rundt dei unge talenta sine uttrykk. Første versjon av *Fremtiden er uhørt* vart presentert i mars 2011. Ein ny runde blir sett i gong i januar 2012.

Det blir arbeida for å etablere ei rekkje nye Kilden Dialog-prosjekt i 2012 og 2013.

sertane samla til saman 97 000 publikummarar, noko som utgjer 25 pst. av det totale publikumstalet i 2010.

Både store og små musikk institusjonar med fast statstilskot blir stadig viktigare aktørar i formidlinga av musikk frå ulike kulturar til eit breitt publikum. Dei siste åra har fleire festivalar som formidlar ikkje-vestleg musikk fått knutepunktstatus. Dette gjeld Førde Internasjonale Folkemusikkfestival, Melafestivalen og Riddu Riddu Festivala. Riksscena for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans er eit døme på ein nyoppretta institusjon som presenterer musikk, dans og forteljarkunst med forankring i ulike delar av verda. Det norske kammerorkester har samarbeidd med cubanske musikkarar om eit prosjekt med folkemusikk frå Cuba, som hausten 2010 mellom anna var med på Oslo World Music Festival.

Slik som på scenekunstfeltet finst det også på musikkfeltet fleire døme på at institusjonar samarbeider med bydelar, kommunar, ulike organisasjonar og bedrifter for å kome i nær kontakt med

ulike grupper. Samarbeidsprosjekta er gjerne baserte på eigenaktivitet og har som mål å involvere nye grupper som aktive deltakarar, fremje kunstnarleg samhandling, kultur møte og nye sceniske uttrykk.

I løpet av dei siste 15 åra har også mangfaldet i musikkfeltet utanfor dei etablerte institusjonane auka, både blant utøvarar og publikum. Fleire utøvarar innanfor verds musikk og andre ikkje-vestlege musikkuttrykk søker og har fått tilskot frå dei etablerte støtteordningane mellom anna i Norsk kulturråd. Desse har også presentert musikken sin på allmenne, nasjonale arenaer som til dømes musikkfestivalane, konsertscenene, klubbane og liknande. Dette har medverka til å styrkje kvaliteten på det som har vore produsert av nye, hybride uttrykk.

Den rytmiske musikken løftar fram låtskrivarar og artistar frå alle samfunnslag, ikkje minst frå ulike undergrunns miljø. Både store og små musikk institusjonar med fast statstilskot blir stadig viktigare aktørar i formidlinga av musikk frå ulike kulturar til eit breitt publikum. Dei siste åra

er det oppretta fleire nye knutepunkt innafor det rytmiske feltet, mellom anna eit knutepunkt for rock og eit knutepunkt for blues. Fleire festivalar som formidlar ikkje-vestleg musikk har òg fått knutepunktstatus.

Norsk kulturråd er oppteke av at musikkuttrykk som har sitt stadeigne geografiske utgangspunkt utanfor Norden, men som no har vorte ein del av ei felles røynd gjennom innvandring, blir sett i samanheng med den internasjonale tradisjonsmusikken og folkemusikken i Noreg. Det er stadig behov for aktiv informasjon retta mot søkjarar og å hente inn nødvendig kompetanse for å sikre ei kvalifisert vurdering av ulike søknader frå dette feltet.

Ei rekkje nye nettverk, arenaer, arrangørar og produsentar som Cosmopolite, Du store Verden, Nordic Black Theatre, Union Scene og arrangørnettverket Samspill har medverka vesentleg til å synleggjere det fleirkulturelle musikkfeltet. Mange av desse produsentane reflekterer også andre kulturuttrykk med røter i minoritetskulturen. Det er eit utviklingstrekk at desse miljøa og nettverka av utøvarar, produsentar og arrangørar har sett behovet for å organisere seg etter mønster frå allereie eksisterande interesseorganisasjonar på musikkområdet.

Rikskonsertane er ein sentral aktør når det gjeld mangfald og å nå mange publikummarar i heile landet. Rikskonsertane blir omtala nærmare i kapittel 7.

5.10 Inkludering og mangfald på det visuelle feltet

Dei viktigaste kulturpolitiske oppgåvene på det visuelle feltet er å sikre at flest mogleg får tilgang til, kunnskap om og forståing av biletkunst, kunsthåndverk, design og arkitektur av god kvalitet.

Det visuelle feltet har vore gjennom store endringar dei siste 10 til 20 åra. Forandringane gjeld både utviklinga av nye kunstnarlege praksisar og uttrykk, nye produksjonsmåtar og andre formidlingsformer, nye arenaer og ei noko anna organisering av det kunstnarlege arbeidet. Kunstscenen består i dag av eit stort mangfald av kunstuttrykk og ei rekkje institusjonar og formidlingsarenaer over heile landet, som gir mange innfallsvinklar både når det gjeld erfaring av og verdsetjing av kunst. Mange kunstprosjekt i dag involverer publikum direkte, både i kunstproduksjonen og i formidlinga.

Kunst i offentlege rom (KORO) er statens fagorgan for kunst i offentlege rom og er landets

største kunstprodusent. KORO si viktigaste oppgåve er å utvikle kunstprosjekt for felles rom og medverke til at stat, kommunar og fylkeskommunar tek kunstprosjekt med i si byggeverksemd. Kunst i offentlege rom når eit stort publikum og brukarar i byar og distrikt over heile landet, også menneske som elles ikkje oppsøker dei tradisjonelle institusjonane for kunstformidling. Enkelte stader i landet kan kunstverk i offentlege rom vere den einaste kunsten som er allment tilgjengeleg. KORO sine produksjonsmetodar er demokratiske og sosialt inkluderande og bidreg til å avmystifisere kunst som ein smal aktivitet og eit smalt kunstuttrykk. Dette er med på å skape engasjement og interesse for kunst i breie lag av befolkninga. For kunstnarar betyr deltaking i KORO sine prosjekt at dei tek del i by- og stadutvikling på ein direkte måte.

KORO sin kunstproduksjon rettar seg mot mange institusjonar som har mangfaldsaspektet som innebygd faktor; frå Senter for nordlige folk som utviklar og fremjer samisk og nordlege folks kulturar, til Gjøvik omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøklarar. Dette spektret av ulike brukargrupper gir kunstprosjekta utfordringar som fordrar ulike og ofte heilt skreddarsydde tilnærmingsmåtar. Alle krev likevel medvit om kunstens kulturelle kodar, og testar trua på kunstens språk som krysskulturell, sosial arena.

KORO har som mål at mangfaldsaspektet skal bli vurdert i alle kunstutval i dei statlege prosjekta og skal bli gitt særleg merksemd i kunstplanarbeidets fokus på val av kunstnarlege strategiar – også i val av kunstnarar og i tilrettelegginga av konkurransar. KORO ønskjer også å auke talet minoritetar som deltek som konsulentar i KORO sine prosjekt, og har i 2011 fastsett ein ny strategi for å styrkje konsulentregisteret. Minoritetsgrupper vil ved alle framtidige utlysingar av opptak i Konsulentregisteret bli særskilt oppfordra om å søke.

Innanfor biletkunst og kunsthåndverk har Norsk kulturråd som mål å bidra til høg kvalitet og mangfald i samtidskunsten og styrkje formidlinga slik at den profesjonelle kunsten får ein tydelegare plass i samfunnet. Det er ei sentral oppgåve å bidra til refleksjon omkring kunstnarlege og kulturelle endringsprosessar, og å utvikle nye kunstnarlege produksjonsmåtar, samarbeidsformer og formidlingsstrategiar for eit samansett publikum.

Det er gjennomført få publikumsanalysar på det visuelle feltet. Det er difor behov for meir kunnskap om publikum, utvikling av nye kunstuttrykk, endringar i produksjon og distribusjon av kunsten. Nye formidlingsarenaer kan bidra til at

fleire publikumsgrupper opplever den visuelle kunsten som relevant.

Som vidareføring av Mosaikkprogrammet gjennomførte Norsk kulturråd i perioden 2002–2010 satsingsområdet «Kulturelle endringsprosesser og samtidskunsten». Målet med satsinga var å styrkje den kritiske refleksjonen omkring dei endringsprosessane i samtidskunsten som lèt seg knyte til tema som globalisering og internasjonalisering, og korleis desse endringane påverkar og utfordrar samtidskunstens verdiar og praksisar. Samstundes var det eit mål å synleggjere og auke deltaking av personar med minoritetsbakgrunn i kunstlivet, som skapande kunstnarar, formidlarar, publikum og ressurspersonar. Ordninga vart evaluert i 2007–2009.¹² På bakgrunn av evalueringa og talet på søknader dei siste åra, vart programmet avslutta i 2010. Tematikken er i dag ein så integrert del av det generelle kunstfeltet at det ikkje lenger er hensiktsmessig med ei eiga avsetjing til føremålet. Frå 2011 er avsetjinga difor integrert i den generelle prosjektstøtta. Kunstnarlege og kulturelle endringsprosessar, mangfald og representativitet i kunstfeltet er ei generell prioritering for avsetjinga til visuell kunst i sin heilskap.

5.11 Inkludering og mangfald i film og media

Dei overordna målsetjingane på mediefeltet er å sikre ytringsfridom, rettstryggleik og eit levande demokrati. Gjennom ein aktiv mediepolitikk ønskjer regjeringa å sikre eit mangfald av informasjonstilbod, høve til ytring, sjølvstende i redaksjonelle spørsmål og tilgang for alle. I tillegg spelar media ei sentral rolle i ein større kulturpolitisk samanheng, både ved å formidle norsk språk, kultur og identitet, men også ved å produsere ulike kulturuttrykk. Desse kulturpolitiske målsetjingane står særleg sterkt i film- og kringkastingspolitikken, men er også viktige på presse- og data-spelområdet¹³.

Film og kino er i utgangspunktet eit svært populært og tilgjengeleg kulturtilbod. 77 pst. av landets innbyggjarar bur i ein kommune med fast kino, 88 pst. om ein tek med Bygdekinoens visningsstader. Ein grunn til at så mange går på kino er truleg at kinoen blir oppfatta som eit lågterskel-

tilbod. Å oppretthalde eit breitt kinotilbod i heile landet er eit viktig mål for den norske filmpolitikken. Målsettinga medverkar til å skape gode kulturtilbod i heile landet, men bidreg også til overleggjande politiske mål som til dømes å oppretthalde busetjingsmønster. Noreg har ein unik kinostruktur fordi dei aller fleste kinoar har vore, og framleis er, i kommunalt eige. Den kommunale strukturen gjer at det fins kinoar på stader der det egentlig ikkje er næringsgrunnlag for kinodrift.

Film er eit kulturtilbod som blir nytta av store deler av befolkninga. Filmproduksjonen har likevel vore kritisert for å bli laga av ei relativt homogen gruppe som i liten grad representerer det norske mangfaldet. Det eksisterer i dag lite statistisk materiale for kva bakgrunn dagens filmskaparar i Noreg har, bortsett frå kjønn og kor i landet produksjonsselskapet held til. Av den grunn er det ikkje grunnlag for å seie noko eksakt om systematiske sosiale skilnader i kven som lagar film eller kva barrierar som i tilfelle eksisterer. Erfaringar frå Norsk filminstitutt syner likevel at det er få filmskaparar med annan kulturell bakgrunn.

I kringkastingspolitikken er dei kulturpolitiske målsetjingane knytte til allmennkringkastingstilbodet.¹⁴ Allmennkringkastarane har ei sentral rolle når det gjeld å sikre norsk kultur, språk og identitet og har under ulike regjeringar vorte sett på som eit svært viktig verkemiddel for å sikre overordna mediepolitiske målsetjingar.

Som allment tilgjengelege medium er radio og fjernsyn viktige kulturformidlarar. Dei når ut til breie lag av folket og bidreg på denne måten til å spreie kulturprodukt. Kultur i radio og på fjernsyn når publikum heime i stovene og desse media representerer difor eit lågterskeltilbod. Sjølv om også andre kringkastarar sender kulturprogram, spelar NRK ei helt sentral rolle: I 2010 var 95 pst. av kulturtilbodet på norsk fjernsyn om kvelden å finne på NRKs kanalar.¹⁵

NRK har eit særskilt ansvar for å arbeide for mangfald og inkludering, noko som kjem til uttrykk i fleire eksplisitte krav i NRKs mandat. Til dømes skal NRK ta omsyn til funksjonshemma i utforminga av tilbodet sitt. Vidare skal NRK formidle kunnskap om ulike grupper og om mangfaldet i det norske samfunnet, og skape arenaer for debatt og informasjon om Noreg som eit fleirkulturelt samfunn.

¹² Ekroth (u.å.)

¹³ Dataspel vart definert inn i kulturpolitikken av regjeringa gjennom St.meld. nr. 14 (2007–2008) *Dataspill*, der det mellom anna heiter at dataspel er eit sjølvstendig kulturuttrykk og ein del av Kulturløftet.

¹⁴ Sjø St.meld. nr. 57 (2000–2001), St.meld. nr. 22 (2006–2007), St.meld. nr. 30 (2006–2007), St.meld. nr. 6 (2007–2008) og St.meld. nr. 14 82007–2008).

¹⁵ NRK (2010)

NRK som heilskap har rundt 70 pst. dagleg dekning i innvandrarbefolkninga.¹⁶ NRK har eit mangfaldsutval og har utarbeidd ein eigen mangfaldsstrategi. Temaval, relevans, identifikasjon og det å vere synleg er viktige stikkord for NRK sitt arbeid med mangfald og fleirkultur. NRK har også oppretta eit rekrutteringstiltak for å auke talet på fleirkulturelle journalistar i bedrifta – det såkalla FleRe-prosjektet. Dei første fem stipendiatane vart tilsette i januar 2008 og gjekk gjennom eit halvt års opplæring og praksis. Det sjette kullet starta i august 2010. For innsatsen med den fleirkulturelle rekrutteringa mottok NRK regjeringa sin mangfaldspris for 2009.

5.12 Satsingar og tiltak

For å nå målet om meir inkludering og fleire stemmer i kulturlivet lyt kulturinstitusjonane vere sentrale drivkrefter på sine område. Ein styrka styringsdialog med offentleg finansierte kulturinstitusjonar og aktørar er difor eit sentralt tiltak i det vidare arbeidet med inkludering på kulturfeltet. Ei brei satsing på inkludering i institusjonanes ordinære verksemd vil bli supplert med målretta tiltak for å gi ekstra løft på særskilte område.

5.12.1 Tiltak: tettare styringsdialog om inkludering og mangfald

Som nemnt i kapittel 4, har inkludering og mangfald vore element i Kulturdepartementets styringssignal og styringsdialog med underliggjande verksemdar og tilskotsmottakarar i fleire år. Organisasjonar og verksemdar som får tilskot frå departementet blir i dei årlege tilskots-/tildelingsbrevane bedne om å arbeide langsiktig og strategisk for å ivareta kulturelt mangfald i verksemda. Institusjonane blir også årleg bedne om å rapportere på strategi, planar og aktivitetar knytte til kulturelt mangfald.

Departementet ønskjer at underliggjande verksemdar og tilskotsmottakarar skal prioritere arbeid med mangfald og inkludering i åra som kjem. Inkludering og mangfald skal vere ein integrert del av ordinær programmering, organisasjonsutvikling og rekruttering og publikumsarbeid. Departementet legg til grunn at arbeidet i hovudsak skal skje innan ordinære budsjettar og at institusjonane sjølve skapar rom for å utvikle nye måtar å arbeide på. Mangfalds- og

inkluderingsarbeid skal inngå i institusjonanes langsiktige strategiar.

Kulturdepartementet vil leggje stor vekt på systematisk oppfølging av institusjonanes arbeid med inkludering og mangfald. Oppfølginga vil bli inkludert i den ordinære styringsdialogen med tilskotsmottakarar og underliggjande verksemdar.

Med bakgrunn i stortingsmeldingar som er lagde fram dei siste åra, har departementet byrja arbeidet med å gjennomgå og utforme mål- og resultatkrav i samsvar med målet om auka satsing på inkluderings- og mangfaldsarbeid på kultursektoren.

Som oppfølging av St.meld. nr. 32 (2007–2008) *Bak kulissene* har departementet i samråd med Norsk Teater- og Orkesterforening, utforma eit utvida mål- og rapporteringssystem som også omfattar mangfald og inkludering på scenekunstområdet. Systemet er gjort gjeldande frå 2010. Departementet vil med det første gjennomgå mål og indikatorar på dei andre områda på kunst- og kulturfeltet tilsvarande og leggje til rette for meir systematisk rapportering om korleis kravet om strategisk arbeid med publikumsutvikling og større mangfald i personalprofil og programprofil blir følgt opp. Vurdering og formulering av nye mål- og resultatkrav vil bli gjort i samråd med aktuelle institusjonar.

Som eit ledd i departementets arbeid med mål- og resultatrapportering vil det bli utvikla relevant informasjon for vurdering av ulike sider av dei større institusjonanes administrative og kunstnarlege verksemd for å sikre at overordna mål blir inkorporerte i den ordinære verksemda.

Erfaring frå evaluering av knutepunktinstitusjonar vil også tene som delgrunnlag for gjennomføring av evaluering av institusjonar. I 2012 vil det bli gjennomført ei ny evaluering av scenekunstinstitusjonar. Det vil mellom anna bli lagt vekt på å sjå på utviklinga i institusjonanes kvalitet, både når det gjeld produksjon og andre delar av drifta.

Som oppfølging av St.meld. nr. 49 (2008–2009) *Framtidas museum* skal Norsk kulturråd samordne arbeidet med utvikling av statistikk og indikatorar for god drift på museumsfeltet. Departementet vil sjå til at mangfalds- og inkluderingsdimensjonen blir ivareteken i det vidare arbeidet.

Frå og med budsjettåret 2011 er tilskotsporteføljen til Kulturdepartementet endra og er organisert i tre styringsnivå. Endringa opnar for eit meir differensiert system for styring, oppfølging og kontroll. På bakgrunn av faktorar som tilskotsmottakarens oppgåver og størrelsen på tilskotet, er ulike verksemdar plassert i dei ulike styringsnivåa.

¹⁶ TNS Forbruker og Media

Gjennom styringsdialogen vil departementet få auka innsikt i korleis institusjonane konkretiserer og forstår si inkluderingsoppgåve, korleis oppgåvene blir løyst og kva for utfordringar institusjonane står overfor. På dette tidspunktet finst ikkje alle svar på korleis ein lukkast med godt inkluderingsarbeid, og institusjonane må mellom anna skape rom til å utforske nye måtar å jobbe på. Styringsdialogen er eit verktøy i ei slik utvikling, og skal ha rom både for drøfting og for å utfordre kvarandre.

Kulturinstitusjonane er viktige både kunst- og kulturfagleg og som samfunnsaktørar i ein breiare politisk samanheng. Sjølv om departementet legg tydelegare føringer på tilskotsmottakarar og underliggjande verksemdar, handlar ikkje dette om å lempe på kvalitetskrav. Institusjonane sin kunstarlege fridom er grunnleggjande for verksemda, både som kulturinstitusjonar og som samfunnsaktørar. Produksjon og framføring er sjølvve essenzen i verksemda i institusjonane og den viktigaste føresetnaden for at institusjonane skal oppfattast som interessante og relevante. I dette ligg det også at institusjonane sjølv skal konkretisere sine kulturpolitiske oppgåver i samsvar med sin eigenart og institusjonens kjerneoppgåver: å utvikle, forvalte og formidle kunst og kulturarv. Utforming av oppgåvene må òg sjåast i samband med institusjonens sosiale og geografiske nedslagsfelt, til dømes kva grupper institusjonen når i mindre grad.

Vi byggjer vårt land

Kultursektoren vil spele ei viktig rolle i markeringa og feiringa av 200-årsjubileet for den norske Grunnlova i 2014. I tildelings- og tilskotsbrev for 2011 er verksemdar som får tilskot frå departementet bedne om å starte planlegging av prosjekt og arrangement i tilknytning til jubileet, i tråd med verksemda sin profil.

Stortinget har slutta seg til Innst. S. 162 (2008–2009), der det er uttalt at det styrande temaet for jubileet skal vere demokratiets betyding og utfordringar i samfunnet vårt og betydinga av eit breitt engasjement og deltaking i heile spektret av demokratiske institusjonar. Stortinget har oppretta ein hovudkomité som har slått fast overordna føringer og mål for jubileet.

5.12.2 Tiltak: mangfald i styringsorgana

Ei av erfaringane frå Mosaikk-programmet var at ein ikkje oppnår eit kulturliv prega av kulturelt mangfald så lenge berre etniske nordmenn sit i

sentrale posisjonar. Dersom institusjonane skal bli gode når det gjeld mangfald og inkludering av nye publikumsgrupper eller utøvarar, er det difor viktig at minoritetar er representerte i styringsorgan. I det minste bør det i styre og leiing finnast kompetanse om inkludering og mangfald og/eller dei gruppene verksemda ønskjer å nå.¹⁷ Styra er viktige i institusjonanes strategitenking og økonomistyring og det er sentralt at dei har mangfalds- og inkluderingsdimensjonen med seg i sitt arbeid. Når leiing og styre viser veg, vil dette også påverke arbeid og orientering i resten av organisasjonen. I dag har fleire nasjonale institusjonar styremedlemmer med kompetanse innan kulturelt mangfald og/eller innvandrarakgrunn. Samstundes peikar Ressursgruppa for større mangfald på at det er få leiarar i kunst- og kultursektoren med innvandrarakgrunn.

I sitt innspel til denne meldinga tilrår Statens råd for likestilling av funksjonshemmede at mangfaldet i folket bør vere representert i både tilsetjingspolitikk, kunstnarleg utøving, kulturuttrykk og aktørar. Dei peikar på at det å ha tilsette med funksjonsnedsetjingar i både administrasjon og som utøvarar, vil ha ei sterk signaleffekt overfor ulike brukargrupper og anna publikum. På denne måten kan ein vise at det er mogleg for alle å finne ein plass der ein høyrer til, der ein kan følgje eigne interesser, både i fritid og i yrkesval. Å leggje vinn på mangfald i rekruttering og repertoar vil difor vere ein sentral strategi dersom ein ønskjer likestilling og inkludering i kultursektoren, skriv rådet.

Kulturdepartementet legg til grunn at kunnskap om inkludering og mangfald skal sikrast ved oppnemning av styremedlemmer til kulturverksemdene. Det er grunnleggjande at styre er breitt samansette med både kunstnarleg, juridisk, økonomisk og politisk kompetanse. I tillegg bør det finnast kompetanse på mangfaldsarbeid og om dei gruppene ein ønskjer å nå ut til. Styresamsetjinga bør spegle det demografiske mangfaldet i samfunnet og verksemdas geografiske nedslagsfelt.

Departementet vil i tillegg leggje vekt på at utval, ressursgrupper og referansegrupper som departementet peikar ut, skal ha medlemmer med kompetanse innan mangfald og inkludering.

Som oppfølging av Ot.prp. nr. 10 (2008–2009) *Om lov om endringer i forvaltningslovgivningen mv. (gjennomføring av forvaltningsreformen)* har departementet overført statens ansvar for opp-

¹⁷ Sjå også *Mangfold i kunst og kultur. Syv punkts strategi mot 2020* og Mælen i Publikumsutvikling

nemning av styreleiarar og styremedlemmer til region-/og landsdelsinstitusjonar og knutepunkt-institusjonar til fylkeskommunane.¹⁸ Endringa trer i kraft frå første ordinære styreval. Kulturdepartementet oppmodar på eit generelt grunnlag om at medlemmer med inkluderings- og mangfaldskompetanse blir oppnemnde til styre for offentleg finansierte kulturinstitusjonar og organisasjonar på det frivillige kulturfeltet.

5.12.3 Tiltak: opprette eit nettverk for personar med minoritetsbakgrunn i styrande posisjonar

Frå 2008 gjennomførte Norsk Teater- og Orkesterforening, på oppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet, eit program for kvinner i leiande stillingar i kultursektoren.

På bakgrunn av dei positive erfaringane som er hausta frå programmet vil Kulturdepartementet vurdere om liknande program skal setjast i gang for personar med innvandrarbakgrunn.

5.12.4 Tiltak: aspirantordning i kunstinstitusjonar

For at kulturinstitusjonane skal spegle mangfaldet i befolkninga, er det viktig at dei tilsette ved institusjonane også speglar dette mangfaldet. I mange tilfelle er det vanskeleg å finne kandidatar til stillingar i kulturinstitusjonane med variert kulturell og sosial bakgrunn, og som samstundes har dei nødvendige kvalifikasjonane. Det er difor behov for å vidareutvikle tiltak og strategiar for å styrkje rekruttering av utradisjonell kompetanse som kan fremje nye impulsar og stimulere til nytenking og utvikling i alle delar av kultursektoren. Både i musea og i dei frivillige organisasjonane er det prøvd ut hospiterings- og aspirantordningar for å styrkje samarbeidet og rekrutteringsgrunnlaget i kultursektoren. Dette har vist seg å vere vellukka tiltak som på ein konkret måte medverkar til å skape betre nettverk og eit breiare rekrutteringsgrunnlag, jf. omtale av *Mangfald i musea* i kapittel 5.4.

Regjeringa gjer framlegg om å etablere ei aspirantordning i kunstinstitusjonar som kan gi unge talent høve til å utvikle og kultivere talenta sine, lære korleis institusjonane arbeider og få tilgang til viktige kontaktar og nettverk. Målet er å sikre ei breiare sosial rekruttering til kunst- og kultur-

relaterte yrke. Ein legg opp til samfinansiering med institusjonar som tek i mot aspirantar.

Målgruppa for aspirantordninga er nyutdanna kunstnarar, kulturarbeidarar med kunstfagleg grunnutdanning eller personar med tilsvarende kompetanse. Blant kunstnarar og kulturarbeidarar med elles like kvalifikasjonar, bør personar med minoritetsbakgrunn prioriterast. Kontakt med kunst- og kulturfeltet viser at det er stort behov for arrangør- og produsentkompetanse. Det blir difor tilrådd at ordninga også kan omfatte hospitering innanfor administrasjon, produsent- og arrangørverksemd. Aspirantperioden vil normalt vere eit år.

Ordninga må vere fleksibel slik at aspirantperioden kan delast mellom fleire institusjonar for å gi aspirantane breiare kompetanse og større nettverk. Samarbeid mellom store og små institusjonar, frie grupper og minoritetsinitierte institusjonar vil gi synergieffektar.

Institusjonane som tek imot aspirantar må forplikte seg til å gi aspiranten meningsfylte oppgåver som sikrar fagleg og kunstnarleg utvikling, og at resultatet av opplæringa blir målbar. Aspiranten skal lønast og bruke kompetansen sin i samsvar med institusjonens målsetjing og behov.

Ordninga vil bli etablert med eit avgrensa tal aspirantar og med gradvis utvikling på bakgrunn av erfaring. Kulturdepartementet gjer framlegg om at ordninga blir lagd til Norsk kulturråd. Ordninga vil bli evaluert etter tre år.

5.12.5 Tiltak: samarbeid og partnerskap

Utvalet for større mangfald i kultursektoren peikar på at erfaringar frå Mangfaldsåret og erfaringar frå institusjonar, det frie- og frivillige feltet viser at det i ein avgrensa, men tilstrekkeleg lang tidsperiode, må setjast inn ekstra kraft for å få fart og retning i det praktiske arbeidet med kulturelt mangfald i og utanfor institusjonane. Dette bør skje gjennom praktiske, konkrete kunst- og kulturformidlingsproduksjonar og -tiltak som del av langsiktige strategiar for kunnskapsoppbygging. Utvalet peikar på at slike samarbeidsprosjekt kan vere krevjande.

I tillegg krev slike samarbeid noko ein kan kalle «mellomromskompetanse», det vil seie å kunne samarbeide og drive fram utviklingsarbeid i skjeringsflata mellom ulike miljø. Det krev i sin tur at dei små miljøa har tilstrekkelege profesjonelle ressursar til å samarbeide med større miljø.

Departementet vil stimulere til langsiktig og forpliktande samarbeid mellom kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarlege verksemdar og mang-

¹⁸ Med unntak av Kilden (TKS) IKS, Festspillene i Bergen, Stiftelsen Horisont/Mela, Øyafestivalen og Ultima – Oslo Contemporary Music Festival



Figur 5.4 Ballettskulen si elevframsyning 2011 «Masquerade» Gina Storm-Jensen og Shoya Oeda

Foto: Jörg Wiesner/Den Norske Opera & Ballett

faldsaktørar om konkrete kunstproduksjonar og formidlingstiltak. Målet er å styrkje det kulturelle mangfaldet i og utanfor institusjonane.

Tilskot til dette føremålet kan løyvast frå Norsk kulturfond. Det er ein føresetnad at dei institusjonane/organisasjonane som har fast tilskot, stiller seg positive til å inngå i denne typen samarbeid. Faste tilskotsmottakarar som etter hovudregelen ikkje kan søkje om midlar frå Norsk kulturfond, kan heller ikkje søkje om midlar til dette føremålet. Støtta bør gå til kunstnarleg og kulturell utvikling, produksjonar og tiltak der programutvikling, organisering og publikumsarbeid blir sett i samanheng.

5.12.6 Tiltak: publikumsutvikling

Departementet vil vidareføre tilskotet til Norsk publikumsutvikling. Ei viktig oppgåve for Norsk publikumsutvikling vil vere å medverke til å utvikle arbeidet med publikumsundersøkingar i kunst- og kultursektoren i eit omfang og av ein

kvalitet som kan setje institusjonane betre i stand til å vurdere føremålstenlege tiltak for å nå fram til dei delane av befolkninga som nyttar kulturtilbod i liten grad.

Kulturdepartementet vil initiere eit 3-årig forsøks- og utviklingsprosjekt for å inkludere nye publikumsgrupper i kulturinstitusjonane. Prosjektet vil bli utvikla og gjennomført i samarbeid med 6 til 8 utvalde institusjonar, Norsk Teater- og orkesterforeining, Norsk publikumsutvikling og Norsk kulturråd. Prosjektet skal bidra til å utfylle institusjonane sin kunnskap om eksisterande og potensielle brukargrupper og kartleggje moglege barrierar for auka deltaking.

5.12.7 Tiltak: elevbesøk i institusjonane

I arbeidet med denne meldinga har det kome innspel frå fleire aktørar om at kombinasjonen av tilrettelagde kulturtilbod på skulens arena og gratisprinsippet i skulen gjer at skulane reiser sjeldnare til institusjonane enn før. Det blir òg hevda at det



Figur 5.5 Skulegjesting frå Holmlia

Foto: Siri Hansen/Det Norske Teatret

er vanskelegare å få barn og unge til å møte opp på framsyningar på kveldstid.

Fordi mange skular ligg spreidd, er den vanlegaste formidlingsforma at kunstnarane kjem til skulen og møter elevane der. Produksjonane krev som regel lite rigging, lite utstyr, og dei er på alle måtar turnévennlege. Ein konsekvens av dette er at dei store institusjonane, som dei store teatra, kunstmusea og kulturhusa, sjeldnare er med i Den kulturelle skulesekken. Nokre av dei store institusjonane lagar turnévennlege produksjonar, men langt frå alle.

Departementet ser at det tilbodet som dei frie scenekunstgruppene gir gjennom Den kulturelle skulesekken er svært viktig for å sikre alle barn og unge eit scenekunsttilbod. Med omsyn både til institusjonane og elevane, vil det likevel vere positivt å kunne oppleve ei framsyning i institusjonen saman med skulen. For elevane vil det vere positivt å oppleve kunsten der han blir produsert, i profesjonelle omgjevnader. Med tanke på seinare bruk, er det også positivt å bli fortruleg med sjølve institusjonen i ung alder.

Departementet vil setje i verk eit treårig forsøk med kunstformidling til skuleelevar i institusjonane sine eigne lokale. Målet med forsøket er å leggje til rette for at skulebarn i løpet av skulegangen får oppleve teaterbesøk og å prøve ut modeller for slike tiltak. Forsøket vil bli utvikla i samarbeid med utvalde institusjonar og Norsk teater- og orkesterforening som får øyremerkte tilskot til dekking av ekstraordinære kostnader.

Tiltaket kjem i tillegg til formidling til skulane gjennom Den kulturelle skulesekken.

5.12.8 Tiltak: større mangfald innan dans i Noreg

I Noreg er det i ferd med å etablere seg profesjonell dansekunst som byggjer på prinsipp og bruk av materiale frå folkeleg tradisjonsdans. Sjølv om folkeleg tradisjonsdans rundt om i verda er forskjellig, finst det likevel ein del grunnleggjande fellestrekk i mange av desse formene. Dette skil tradisjonsdansen frå det meste av den vestlege kunstdansen. Desse trekka kan gi grunnlag for

arbeidsstrategiar som kan binde saman opplæring i heilt ulike former for tradisjonsdans. Det er behov for tiltak for å gi alternative former for dans, gamle som nye, med røter i det norske eller med røter i andre tradisjonar, ein plass i ein meir mangfaldig norsk dansekultur. Det bør vidare rettast auka merksemd mot dans som aktivitet utanfor den profesjonelle dansen. Nye tiltak for dans som eigenaktivitet og som innslag i dagleglivets estetikk, kan vere svært viktig for trivsel og folkehelse.

Rådet for folkemusikk og folkedans bør sjå det som ei oppgåve å inkludere dans frå andre kulturar i si verksemd. Kulturdepartementet vil i samråd med Rådet for folkemusikk og folkedans vurdere tiltak for å stimulere dette arbeidet.

5.12.9 Tiltak: auke talet på skodespelarar med innvandrarbakgrunn

Det Norske Teatret har teke initiativ til opprettinga av *Det Multi Norske*. Satsinga skal omfatte eit breitt tilbod til barn og unge med minoritetsbakgrunn og ei mellombels skodespelarutdanning på bachelornivå for studentar med minoritetsbakgrunn.

Det er planlagt at rekruttering til studieplassane skal sikrast mellom anna gjennom aktivitetar ved Det Norske Teatret for ulike aldersgrupper, der unge med ulik kulturell bakgrunn kan utvikle sine skapande ressursar og kunstuttrykk. Teatret sine erfaringar frå andre utviklingsprosjekt retta mot barn og unge, som Den unge scenen (DUS) og Den mangfaldige scenen, er ei viktig plattform for den nye satsinga. Kulturdepartementet er einige i at det er ønskjeleg å leggje særskilt til rette for rekruttering av skodespelarar med innvandrarbakgrunn og vil bidra til å nå dette målet.

5.12.10 Tiltak: styrkje teiknspråketeater

Teater Manu er eit turnéteater som har framsynningar i dei største byene der majoriteten av teatrets døve publikum bur. Teater Manu har som mål å styrkje og utvikle teiknspråk som scenespråk, auke interessa for teiknspråketeater og synleggjere dei døve sin kultur. Teater Manu leverer scenekunst av høg kvalitet og teatret spelar ei viktig rolle som brubyggjar mellom teikn- og talespråklege.



Figur 5.6 «Pinocchio», Remi Roos og Ipek D. Mehlum

Foto: Caroline Roka/Teater Manu

Regjeringa vil ta omsyn til behovet for å styrkje den kunstnarlege kvaliteten ved teatret for å nå ut til eit breiare publikum.

5.12.11 Tiltak: auke medverknad og tilgang til visuell kunst gjennom tilskotsordningar for kunst i offentlege rom

Eit av satsingsområda i Kulturløftet er kunst produsert og formidla i det offentlege rom. Politikken for kunst i offentleg rom er allereie godt etablert i Noreg gjennom statsinstitusjonen Kunst i offentlig rom (KORO). Gjennom tilskotsordninga for kunst i kommunale og fylkeskommunale bygg (KOM) er hovudgruppa av bygg der kunstprosjekt blir utvikla barne- og ungdomsskular og vidaregåande skular, men også kulturbygg, rådhus, helse- og omsorgsbygg, barnehagar og idrettshallar har kunst integrert i sine bygg. Kunstprosjekt gjennom tilskotsordninga for offentlege uterom (URO) medverkar også til at ulike publikumsgrupper på stader som ligg utanfor dei vanlige sentra for kunstproduksjon, og der det ikkje finst eit offentleg bygg med integrert kunst, kan oppleve samtidskunst.

Kunst formidla i det offentlege rommet utgjer i dag den største samlinga utanfor musea, og sikrar at kunst blir gjort tilgjengeleg for publikum og brukarar i byar og distrikt over heile landet. På enkelte stader i landet er kunstverk i det offentlege rommet den einaste kunsten som er allment tilgjengeleg. KORO sine ordningar verkar også inspirerende på andre offentlege og private aktørar. I dei seinare åra har fleire statlege eigarar av bygg bestilt kunst i offentlege rom, og ei rekkje kommunar har etablert liknande ordningar. KORO produserer òg kunst mot institusjonar som har mangfald som innebygd faktor, så som Senter for nordlige folk og Gjøvik omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkjjarar. Mangfaldsaspektet er i mindre grad til stades når KORO skal velje ein kunstnar til å lage kunst i det offentlege rommet.

KORO sine ordningar er i dag eit statleg verkemiddel som kan medverke til å styrkje formidling av kunst til fleire grupper enn dei som allereie er fortrulege med å oppsøkje kunst innanfor kunstinstitusjonane, samt å ta vare på mangfaldet i produksjon av kunst. Departementet meiner at det innanfor KORO sine ordningar er gode høve til å nå ut til enda fleire publikumsgrupper og at ordningane, i større grad enn i dag, vil kunne medverke til å inkludere kunstnarar med fleirkul-

turell bakgrunn i det visuelle kunstfeltet i Noreg. Difor ser departementet det som positivt at KORO i sine strategiar seier at dei vil leggje til rette for mangfaldsaspektet i val av kunstnarar og i tilrettelegginga av konkurransar, og at talet på minoritetar som deltek som konsulentar i KORO sine prosjekt, skal aukast.

5.12.12 Tiltak: etablere ei innkjøpsordning for film i biblioteka

I samband med statsbudsjettet for 2012 har regjeringa foreslått å løyve 3,5 mill. kroner til etablering av ei innkjøps- og utlånsordning for norsk film i biblioteka. Å kunne låne norske filmar på biblioteket, slik ein kan med bøker, musikk og spel, vil gjere norske filmar enno meir tilgjengelege for alle. Dette gjeld særleg tilgang til kortfilm og dokumentarfilm som normalt ikkje blir sett opp på kino. Dette vil føre til meir demokratisk tilgang til norsk film. Ei utviding av tilbodet i biblioteka kan bidra til å gjere biblioteket attraktivt for fleire. Film blir i stadig større grad distribuert digitalt, og ei innkjøpsordning vil ta høgde for dette.

5.12.13 Tiltak: nettverk for medverknad

Som omtala ovanfor har Norsk kulturråd gjort seg erfaringar med medverknad innan arkiv, bibliotek og museum gjennom medverknadsprosjektet.

Norsk kulturråd har nyleg utarbeidd ein rapport om utvikling av dei faglege museumsnettverka. I oppfølginga av rapporten vil Norsk kulturråd gjere ei vurdering av dagens nettverk og om det er behov for etablering av nye. I denne vurderinga vil Norsk kulturråd ta omsyn til tema som inkludering og medverknad.

Regjeringa oppmodar Norsk kulturråd, i samråd med aktørar på museums- og arkivfeltet, om å vurdere oppretting av eit fagleg nettverk for medverknad som metode i inkluderingsarbeid.

5.12.14 Tiltak: regionalisering av forvalting av Statens utstillingsstipend

Regjeringa arbeider aktivt for å sikre ei god regional fordeling av kulturmidlane. Som ei oppfølging av dette foreslår regjeringa at forvaltinga av midlane som er sett av til Statens utstillingsstipend, blir flytta til landets 15 kunstnarsenter, inkludert Samisk kunstnarsenter, og at fordelinga blir koordinert av Foreningen kunstnersentrene i Norge. Avsetjinga for 2012 er 3,8 mill. kroner.

6 Sikre tilgang ved å bygge ned fysiske og økonomiske barrierar

6.1 Innleiing

Det finst som nemnt fleire og samansette årsaker til at folk ikkje nyttar kulturtilbod. Fysisk tilgjenge og pris kan vere blant barrierane som hindrar folk i å bruke kulturlivet aktivt. Regjeringa vil bidra til å betre tilgangen til kulturtilbod for menneske og grupper som opplever vesentlege fysiske og økonomiske barrierar.

Innleiingsvis i dette kapitlet vil vi gi eit oversyn over arbeidet med universell utforming og tilrettelegging på kultursektoren. I andre del av kapitlet gir vi eit oversyn over prisnivået på ein del kulturtilbod og diskuterer i kva grad økonomiske faktorar utgjør barrierar for kulturbruk.

6.2 Universell utforming og tilrettelegging

Universell utforming er ein strategi for å gjere samfunnet meir tilgjengeleg, likestilt og inkluderande for alle. Produkt og omgjevnader blir utforma på ein slik måte at dei kan nyttast av alle menneske, i så stor utstrekning som mogleg, utan behov for særskilt tilpassing. For enkelte grupper er universell utforming naudsynt for samfunnsdeltaking, i heile eller periodar av livet, til dømes rullestolbrukarar, synshemma, personar med barnevogn, eldre og personar med svake norskkunnskaper. Samstundes er føremålet å forenkle livet for alle ved å lage produkt, kommunikasjonsmiddel og bygde omgjevnader som er brukbare for fleire menneske, med små eller ingen ekstra kostnader.¹

Universell utforming er ofte ein føresetnad for å kunne ta del i kultur- og samfunnsliv, men er ikkje alltid tilstrekkeleg. Ekstra tilrettelegging kan vere naudsynt. Vi kan skilje mellom tilrettelegging for grupper og tilrettelegging for enkeltpersonar. Over statsbudsjettet gir departementet tilskot til nokre tiltak som har som mål å betre til-

gangen, eller gi eit tilrettelagt tilbod til enkeltgrupper med nedsett funksjonsevne, til dømes bibliotektenester til personar med syns- eller lesehemming, tolking av teater og tilrettelegging av kino, film og fjernsyn. Vidare har velferdsordningar som ligg utanfor kultursektoren betydning for i kva grad personar med nedsett funksjonsevne kan ha ei aktiv fritid og nytte seg av tilgjengelege kulturtilbod.

Nedanfor går vi gjennom kultursektorens arbeid med universell utforming og målretta tiltak. Individuelle ordningar blir omtala i nokon grad. Som gjennomgangen vil vise, har vi ikkje heilskapleg oversyn over tilgjengesituasjonen ved norske kulturinstitusjonar. Det blir rapportert ulikt, og det finst ikkje felles standardar for tilgjenge. Det er i tillegg ulike utfordringar på dei ulike felta.

6.2.1 Tilrettelegging på arkiv-, bibliotek- og museumsområdet

Fleire institusjonar innan abm-sektoren har arbeidd målretta med universell utforming over fleire år. Det er mellom anna oppretta eit nettverk for universell utforming som i 2009 publiserte ei handbok på Internett om universell utforming på arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet.² Handboka inneheld ei rekkje konkrete døme og nyttige råd og tips for institusjonar sitt arbeid med universell utforming.

Noreg har delteke i Nordisk tilgjengenettverk for museum, eit samarbeid som skal medverke til at det blir konkrete forbetringar i tilgjenget til museum og tilhøyrande kulturlandskap.

ABM-utvikling, no Norsk kulturråd, har sidan 2008 bede musea om opplysningar om tilgjenge i samband med utforming av museumsstatistikken. I 2010 omfatta statistikken 137 museum. Av desse svarte 120 ja på at museets lokale er tilrettelagd for menneske med nedsett funksjonsevne, og 76 svarte ja på at museets formidling er tilrettelagd

¹ <http://www.norskdsgn.no/prinsipper/category510.html>

² ABM-utvikling (2009b)

Boks 6.1 Staten premierar god utforming

Statens byggeskikkpris vart oppretta av Kommunal- og regionaldepartementet i 1983. Prisen blir delt ut årleg og skal heidle byggverk og bygde omgjevnader som gjennom utføring, materialbruk og samspel med stad og miljø, bidreg til å heve, fornye og utvikle den allmenne byggeskikken. Prisen stiller krav til god arkitektonisk utforming. Kandidatar til prisen må oppfylle sentrale krav innanfor miljø og universell utforming.

Norsk Form utviklar brukarorienterte designprosessar til beste for fellesskapen, mellom anna ved å arrangere *Statens designkonkurranse*. Målet for konkurransen er at designlø-

singar i det offentlege rommet skal vere utforma slik at ingen skal bli ekskluderte frå desse romma. Statens designkonkurranse hadde i 2008 design og demokrati som tema og førte til eit nytt og tilgjengeleg konsept for utforming av vallokal.

Innovasjonsprisen for universell utforming er oppretta av Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og skal delast ut for første gong i 2011. Prisen skal heidle verksemder og arkitektar/formgjevarar som på ein nyskapande måte har utvikla løysingar som kjem alle til gode, og som bidreg til eit meir inkluderande samfunn.

for denne gruppa. Det har skjedd endringar i museumslandskapet og statistikken sidan 2008, men tendensen er at det er ein liten auke i museum som tilrettelegg formidlinga og bygningane for personar med nedsett funksjonsevne. Samstundes seier statistikken oss at tilstanden på dette feltet er varierende. Ved nokre museum er det gjort mykje arbeid med tilgjenge og universell utforming, medan det ved andre institusjonar er gjort lite eller det gjenstår ein del arbeid. Hovudutfordringane for tilrettelegging på museumssektoren dreier seg i hovudsak om fredingsvedtak og økonomi.

Frå 2001 til 2004 gjennomførte Sarpsborg bibliotek, Tønsberg- og Nøtterøy bibliotek, Deichmanske bibliotek avd. Torshov og Deltasenteret prosjektet *Det tilgjengelige bibliotek*. Prosjektet gjekk ut på å gjere dei tre biblioteka til meir tilrettelagde kunnskapsbasar, møtestader og arbeidsplassar for personar med nedsett funksjonsevne. Mellom innsatsområda var tiltak for å betre det fysiske tilgjenget, for å betre tilgangen til PC og nettbaserte tenester, hjelpemiddel for bruk av PC og lesehjelpemiddel/bøker. På bakgrunn av prosjektet har Deltasenteret utarbeidd ei sjekkpunktliste for tilgjenge for bibliotek.

Som ledd i at Østfold fylke er pilotfylke i Regjerings handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge, har Østfold fylkesbibliotek undersøkt det fysiske tilgjenget i 10 av 18 folkebibliotek i fylket.

I 2007 undersøkte MediaLT, på oppdrag frå ABM-utvikling, tilgjenget til 157 nettstader på bibliotek-, museums- og arkivfeltet.³ Resultatet viste at det var eit stort potensial for betring for

dei aller fleste nettstadene, men at mykje kan betrast med små grep og utan bruk av mykje ressursar. I det store og heile speglar nok dette biletet situasjonen i det totale tilgjengelegheitsarbeidet ved institusjonane.

Musea og biblioteka rapporterer årleg om dei følgjer WAI-standarden for utforming av nettsider. I 2010 rapporterte 50 pst. av musea at dei følgde denne standarden. For folkebiblioteka rapporterte i overkant av 1/3 av kommunane at dei følgde standarden.

6.2.2 Tilrettelagt litteratur

30 pst. av befolkninga i Noreg har problem med å forstå og/eller lese ein vanleg sakprosatext. Dei siste åra er det retta større merksemd mot tilrettelagt litteratur for lesarar med ulike lesevanskar.

Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB) er ein statleg institusjon underlagd Kulturdepartementet og er ein leiande leverandør av litteratur- og informasjonstenester til synshemma og andre lesehemma. Slik bidreg biblioteket til å gi syns- og lesehemma høve til kultur- og samfunnsdeltaking. Biblioteket produserar og lånar ut allmenn litteratur i punktskrift og som lydbøker. Aftenposten blir gitt ut i lydversjon, og tidsskrift blir gitt ut i punktskrift og som lyd. I tillegg produserer og formidlar NLB studielitteratur for studentar ved universitet, høgskular og fagskular.

Eit av dei prioriterte arbeidsområda til NLB er å gjere tilbodet ved biblioteket kjent for ein større

³ ABM-utvikling (2009a)

del av målgruppene. NLB ønskjer eit tettare samarbeid med både biblioteksektoren, skular, hjelpeapparat, interesseorganisasjonar og andre som er i kontakt med menneske med behov for tilrettelagt litteratur.

Foreininga Leser søker bok arbeider for å gjere litteratur tilgjengeleg for svake eller utrena lesarar, mellom anna i samarbeid med biblioteksektoren. Norsk kulturråd støttar opp under tilrettelagde bøker ved å kjøpe dei inn under innkjøpsordningane for litteratur, etter særskilte ekspertvurderingar. Lettlestbøker med spesiell grafisk tilrettelegging for dyslektikarar og andre svake lesarar, kan bli meldt på og kjøpt inn under innkjøpsordningane etter vanlege prosedyrar. Leser søker bok har eit utstrekt samarbeid med biblioteka. Bok til alle-bibliotek har ein avtale med Leser søker bok, som garanterar eit godt tilbod av letteste bøker og gode råd om kva slags bøker som passar best for ulike lesevanskar. Bok til alle-bibliotek har også tilbod om leseombod. Leseombodet les høgt for folk som ikkje kan lese sjølve. Det kan vere eldre med dårleg syn, mennesker med demens, utviklingshemming, eller folk som kan lite norsk.

6.2.3 Tilrettelegging på musikk- og scenekunstheltet⁴

På musikkfeltet har dei to nasjonale orkestra⁵ og dei fem regions- og landsdelsorkestra⁶ installert teleslynge eller anna utstyr til hjelp for høyrshemma på faste arenaer. Det er reservert eigne plassar for rullestolbrukarar og installert heis eller anna tilrettelegging for rullestolbrukarar og andre med rørslevanskar.

I tillegg til fysisk tilrettelegging, har nokre av musikkinstitusjonane inngått samarbeid med Noregs Blindeforbund om særskilt tilrettelegging for blinde. Til dømes arrangerer Oslo-Filharmonien konsertbesøk i samarbeid med Blindeforbundet, som mellom anna omset konsertomtalene til punktskrift. Det Norske Kammerorkester er i kontakt med Blindeforbundet med sikte på eit fast samarbeid om tilrettelegging for blinde.

Frå scenekunstheltet blir det rapportert⁷ at det ved dei til saman 17 nasjonale institusjonane og region-/landsdelsinstitusjonane er lagt til rette for

rullestolbrukarar og andre rørslehemma i den grad det er mogleg i eksisterande bygg. Tolv av sytten teaterinstitusjonar har installert teleslynge eller anna utstyr til hjelp for høyrshemma i eige hus eller på fast arena. Riksteatret samarbeider med kulturhusa omkring i landet i utviklinga av universell utforming. System for teleslynge er tilgjengeleg på bortimot alle arenaer der Riksteatret spelar.

Over Kulturdepartementet sitt budsjett blir det årleg løyvd midlar til teiknspråktolking av teaterframsyningar. Eit særskilt samansett utval, administrert av Norges Døveforbund, vel ut oppsetjingar som blir vurdert som godt eigna for teiknspråktolking. Utvalet inngår nødvendige avtaler med teatra. Åtte framsyningar frå institusjonsteatra vart teiknspråktolka i 2010. Tilskotet frå Kulturdepartementet var på 362 000 kroner.

Nokre av scenekunstinstitusjonane tilbyr også teksting av framsyningar. Den Norske Opera & Ballett har tekstskjerm med norsk og engelsk omsetjing på stolryggane i salen. Andre teater, til dømes Sogn og Fjordane Teater og Hålogaland Teater, tilbyr teksting av sine framsyningar etter behov. Den Nationale Scene har delteke i tekstingsprosjektet *Teater for alle – tilgjengelig teater* for utvikling av metodikk for teksting av framsyningar. Teatret Vårt deltok i 2009 i prosjektet *Skriften på veggen* for utvikling av skrivetolking.

Enkelte institusjonar, som til dømes Hauge-sund Teater, har eksperimentert med ulike modeller for å leggje til rette framsyningar for døve og blinde.

6.2.4 Tilrettelegging av film og kino

Svært mange blinde og svaksynte set stor pris på film, både heime og på kino, men går glipp av mykje informasjon som ikkje blir formidla gjennom lydeffektar eller dialog. Dei har såleis vanskeleg for å følgje med på mange av filmene som er gjenstand for diskusjon i media eller i omgangskretsen, og kan såleis falle utanfor i ein del sosiale samanhengar. Synstolkning løyser langt på veg dette problemet.

Synstolkning vil seie at synshemma på eit eige, innlese kommentatorspor får skildringar av den visuelle informasjonen i filmen som dei elles går glipp av. Det ekstra lydsporet får den enkelte gjennom eit sett øyrettelefonar som kan lånast i kinoen.

⁴ Opplysningane i dette avsnittet er gitt av Norsk Teater- og Orkesterforening.

⁵ Oslo-Filharmonien og Stiftelsen Harmonien

⁶ Trondheim Symfoniorkester, Stavanger Symfoniorkester, Stiftelsen KSO – Kristiansand Symfoniorkester, Nordnorsk Opera og Symfoniorkester og Det Norske Blåseensemble anno 1734.

⁷ Rapporteringa er basert på informasjon frå institusjonenes nettsider, årsrapportar og innspel til Norsk teater- og orkesterforening i samband med dette meldingsarbeidet.

Filmen kan også bli synstolka direkte av ein skodespelar i kinosalen.

Film & Kino har i samarbeid med MediaLT gjort forsøk med synstolking for blinde og svaksynte på kino og dvd. Synstolking i salen vart mellom anna gjort med ungdomsfilmen *Vegas*. Film & Kino har støtta synstolking av ei rekkje norske filmar som er utgitt på dvd, både nye filmar og klassikarar.

Organisasjonane til dei høyrselshemma har difor i mange år kravd at alle norske filmar skal bli vist med tekst, slik at landets 700 000 høyrselshemma skal ha tilgang til desse filmene på kino. Til no har tekstinga vore frivillig, Film & Kino har gitt tilskott til teksting.

Dei høyrselshemma er avhengige av tekst for å kunne sjå film. Til no har berre dei utanlandske filmene vore teksta. Digital teknologi har gjort det mykje billigare å tekste filmar for høyrselshemma. Som nærare omtala i kap. 7.8, er alle norske kinoar no digitale. Departementet har difor innført eit vilkår om obligatorisk teksting for alle norske filmar som får tilskott frå Norsk filminstitutt. Forskriftsendringa⁸ vil gjelde frå 1. januar 2012.

6.2.5 Tilrettelegging av fjernsynstilbodet

Det er fleire aktuelle tiltak som kan bidra til å gjere programinnhald i radio og fjernsyn tilgjengeleg for personar med nedsett funksjonsevne, til dømes ved hjelp av teksting på fjernsyn, teiknspråktolking, synstolking og lydtolking. Teksting er eit godt tilbod for dei som ønskjer å trene på norsk språk, fordi ein både kan lese og høyre kva som blir sagt samtidig.

Tilrettelegging av radio- og fjernsynstilbod skjer først og fremst gjennom NRK sitt tilbod. I vedtektene til NRK heiter det i § 13 at NRK skal vere allment tilgjengeleg og ta omsyn til personar med nedsett funksjonsevne i utforming av tilbodet sitt.

NRK ønskjer å gjere programma sine tilgjengelege for alle, også for menneske med nedsett høyrsel, dei som ikkje høyrer, dei som har problem med å forstå alle dialektane i landet vårt og dei som ikkje er stødige i norsk. Dei fleste av programma som er ferdigproduserte før sending blir i dag teksta på NRK. Ein del direktesendingar på NRK1 blir også teksta. Av demokratismsyn har NRK prioritert nyheiter og samfunnsdebattar, men dei tekstar også noko underhaldning og sport. Heile Noreg har no tilgang til teksting på fjernsyn gjennom det digitale bakkenettet. Etter

kvart vil ein også kunne sjå programma med tekst på nett.

Dersom ein ser på talet på timar med teksting på NRK sine kanalar, har talet vore stigande dei siste åra, og auka frå nærare 15 timar per døgn i 2006 til nærare 33 timar per døgn i 2010.⁹ Dei siste fem åra har altså NRK dobla talet på timar som blir teksta. Auken skyldas både at NRK har auka si satsing på teksting, men truleg også at NRK har utvida sin kanalportefølje med NRK3/Super, og difor har fleire programflater som treng teksting.

Hausten 2009 gjennomførte departementet ei høyring om forslag til endring av kringkastingslova for å implementere det nye AMT-direktivet (direktivet for audiovisuelle medietjenester) i norsk rett. I høyringa vart det gjort framlegg om lovfesting av krav om fjernsynsteksting for NRK og dei største kommersielle kringkastarane. Departementet arbeider no med ein lovproposisjon for innføring av AMT-direktivet i Noreg.

Bakgrunnsstøy og lyd i tillegg til tale kan gjere det vanskeleg for publikum med ulike former for høyrselshemming å høyre tale i ulike program. I 2010 har NRK gjennomført eit prosjekt for å sjå på korleis arbeidet med å gjere det lettare å høyre tale i NRK sine program kan bli gjennomført utan at det går ut over dei profesjonelle behova og vurderingane i NRK. Prosjektet har kome med eit forslag til overordna retningslinjer for høyrselstilrettelegging i NRK.

Kulturdepartementet gir årleg tilskott til Døves Media som produserer fjernsynsprogram på teiknspråk.

For nokre kan nok digitalisering i radio og fjernsyn føre med seg ulemper når det gjeld tilgang. Overgangen til ny teknologi kan bli opplevd som ein barriere for enkelte grupper i befolkninga, både teknologisk og prismessig.

For å møte denne utfordringa vart det ved overgangen frå analogt til digitalt bakkenett for fjernsyn til dømes oppretta eigne informasjonssorgan som skulle syte for at alle delar av befolkninga hadde god informasjon om overgangen. I tillegg sette Stortinget ein maksimalpris for kva dei enklaste modellane av digitalmottakarar skal koste. Ved overgangen til digitalradio vil liknande informasjonstiltak bli sett i verk for å sikre at befolkninga får god informasjon om korleis dei skal ta i bruk eit digitalt radiotilbod.

⁸ Forskrift om tilskudd til audiovisuelle produksjoner

⁹ NRK (2010)

Boks 6.2 Fokus på kultur, media och synlighet

Nordens Välferdscenter har i samarbeid med Nordiska Handikappolitiska Rådet utgitt heftet *Fokus på kultur, media och synlighet*. Tema er korleis menneske med nedsett funksjonsevne blir omtala i media. Heftet trekk fram gode eksempel på korleis funksjonshemma kan delta og bidra i samfunnet og set søkjelys på korleis media kan bidra til å redusere barrierar for deltaking i kultur, media, idrett og foreiningsliv. Med bakgrunn i FN-konvensjonen og kulturpolitiske mål blir det presentert strategiar for korleis menneske med nedsett funksjonsevne kan delta meir og bli meir synlege i samfunnslivet.

6.2.6 Andre velferdsordningar

Velferdsordningar som ligg utanfor kultursektoren har betydning for i kva grad personar med nedsett funksjonsevne kan ha ei aktiv fritid og nytte seg av kulturtilbod. Ordningar for personleg assistanse, støttekontaktar, følgjekortordningar og transportteneste bidreg til at personar med nedsett funksjonsevne kan delta i kulturlivet.

Som nemnt i kapittel 4 krev Kulturdepartementet at verksemdar som får tilskot over departementet sitt budsjett aksepterer følgjekort. Foremålet med dette kortet er at personar med nedsett funksjonsevne ikkje skal betale meir for ei reise eller eit kulturarrangement enn andre gjer. Det er dei einskilde kommunane som vedtek å innføre ordninga med følgjekort. Kommunen bestemmer kva for etat eller kontor i kommunen som skal tildele og administrere ordninga, og korleis retningsslinene skal tolkast.

Aktivitetshjelpemiddel er utstyr som er spesielt utvikla for at personar med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i leik og sportsaktivitetar. Arbeids- og velferdsdirektoratet fordeler støtte til fritidshjelpemiddel til personar under 26 år. I 2009 vart 69 mill. kroner fordelte.¹⁰

Nokre personar med nedsett funksjonsevne er avhengig av assistanse for å kunne delta på kulturaktivitetar. I føremålsparagrafen i lov om kommunale helse- og omsorgstenester står det at lova skal sikre at den enkelte får moglegheit til å leve og bu sjølvstendig, og til å ha eit aktivt og meir

ningsfylt tilvere i fellesskap med andre. Kommunen kan gi bistand til dette på ulike måtar, til dømes personleg assistanse, støttekontakt eller brukarstyrt personleg assistanse.

6.3 Satsingar og tiltak

Universell utforming gir berekraft, både økonomisk og sosialt.¹¹ Eit tilgjengeleg samfunn gjer det mogleg for fleire å klare seg sjølve og vere aktive samfunnsborgarar, utan ekstra tilrettelegging og assistanse. Dette aspektet får auka betydning i åra som kjem når ein stadig større del av befolkninga blir eldre.

Dersom så mange som 25 pst. av befolkninga har ei funksjonsnedsetting¹², seier det seg sjølv at å la vere å leggje til rette for flest mogleg, kan bety utestenging av ein betydeleg del av publikums- og inntektsgrunnlaget til institusjonane. Universell utforming handlar såleis om berekraft også for institusjonane.

Diskriminerings- og tilgjengelova har ei særleg aktivitetsplikt, jf. § 9 første ledd. Det at verksemdene har plikt til å arbeide aktivt og målretta for å fremje universell utforming, inneber at verksemdene også må kartlegge situasjonen i verksemda, planlegge og setje i verk tiltak.

I eit innspel til departementet peikar Statens råd for likestilling av funksjonshemma på det grunnleggjande utgangspunktet at befolkninga er mangfaldig, og at ein må ta høgde for dette i all verksemd. Inkludering av personar med nedsett funksjonsevne blir gjort best ved at heilskapen blir utforma slik at han passar for alle. Samstundes handlar inkludering ikkje berre om tilgang til kulturtilbod andre har tilgang til. Det handlar òg om å bli inkludert i sosiale fellesskap. Særsløysingar som er utforma for nokre få, kan verke stigmatiserende og hindre inkludering i slike fellesskap. Dette talar for at inkluderingsperspektiv og universell utforming bør inngå i all planlegging frå eit tidleg tidspunkt. Det er vidare ei utfordring å tenkje universell utforming i alle aspekt av kulturopplevinga; frå ein søker informasjon om tilbodet, til ein bestiller og kjøper billett, når ein kjem til institusjonen, og med tanke på korleis tilgang og fysiske forhold er utforma inne i bygningar. Institusjonar lyt i tillegg informere om status for tilgjenge, om dei tilbyr hjelpemiddel, har særskilte omvisingar eller framsyningar med tolking og så bortetter.

¹⁰ NOU 2010: 5

¹¹ Knudtzon og Medby (2011)

¹² Molden, Wendelborg og Tøssebro (2009)

Ikkje all kulturaktivitet avgrensar seg til kulturinstitusjonar, så det er ikkje sjølvsagt at universelt utforma offentlege kulturbygg sikrar tilgang til og deltaking i kulturaktivitetar. Dette gjeld til dømes kor som øver på musikkrommet på skulen, teatergrupper som øver i den lokale gymsalen, aktivitet i kyrkjer og i frivillige organisasjonar.

Overfor departementet har Statens råd for likestilling av funksjonshemma peikt på at ein må sjå på inkludering i kulturlivet i nær samanheng med inkludering i resten av samfunnet. Inkludering i kulturlivet er relatert til inkludering i kvardagsaktivitetar, der skule, arbeidsliv og nærmiljø spelar sentrale roller. Ifølgje rådet vil det å styrkje sosiale band mellom personar med nedsett funksjonsevne og andre på desse arenaene også ha effektar når det gjeld inkludering i kultursektoren. Ei heilskapleg tilnærming til inkludering i samfunnet må difor danne grunnlag for inkludering på kultursektoren.

6.3.1 Tiltak: universell utforming og tilgjenge som tema i styringsdialog

Kulturdepartementet vil at det i dei komande åra skal arbeidast systematisk med universell utforming og tilgjenge på kultursektoren. Diskriminerings- og tilgjengelova, plan- og bygningslova, kulturlova og Handlingsplanen *Norge universelt utformet 2025* og relevante stortingsmeldingar ligg til grunn.

I styringsdialogen med underliggjande verksemder og tilskotsinstitusjonar vil departementet streke under tilgang og universell utforming som strategiar i verksemdenes inkluderingsarbeid, jf. pkt. 5.12.1. I rapporteringar frå institusjonane vil departementet be om at det blir gjort greie for korleis verksemdene arbeider med tilgjenge og universell utforming. Dette er i samsvar med diskriminerings- og tilgjengelovas § 3a om aktivitets- og rapporteringsplikt.

6.3.2 Tiltak: betre kunnskap om kulturbruk og funksjonsevne

Vi har i dag berre avgrensa kunnskap om kulturbruk blant personar med nedsett funksjonsevne, jf. kap 3.2.5. Kulturdepartementet vil i samråd med SSB vurdere korleis spørsmål om nedsett funksjonsevne kan innarbeidast i komande kulturbruksundersøkingar. Jamlege målingar vil gi grunnlag for å vurdere effekt av tiltak innan universell utforming og auka søkjelys på tilgjenge.

6.3.3 Tiltak: fleire aviser i lydformat

Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB) tilbyr i dag Aftenposten i lydversjon. For å gi eit meir dekkjande tilbod ønskjer NLB å tilby fleire aviser. Fleire aviser er villige til å sende filer vederlagsfritt til NLB for publisering på lyd.

Kulturdepartementet tek sikte på å auke løyvinga til Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek for å leggje til rette for fleire utgivingar.

6.3.4 Tiltak: synstolking av norsk film

Digital teknologi kan gjere det billigare å leggje inn synstolking på norske filmar, både for visning på kino og dvd. Departementet vil be Norsk film-institutt greie ut kva slags teknologiske, økonomiske og juridiske føresetnader som knyter seg til synstolking av norske filmar.

6.3.5 Tiltak: styrkje teiknspråktolking av teater

Regjeringa vil auke avsetjinga til teiknspråktolking av teater slik at fleire produksjonar kan tolkast.

6.4 Redusere økonomiske barrierar for særskilde grupper

Offentlege tilskot medverkar til å halde prisane på ein del kulturtilbod nede, sjølv om prisane varierer frå tilbod til tilbod. Nokre offentlege kulturtilbod er gratis for brukaren, som folkebiblioteka, medan andre kulturtilbod er dyrare.

Det finst lite systematisk kunnskap om kor stort hinder dagens billettprisar utgjør for å nå eit meir samansett publikum. Det er likevel klart at prisane på enkelte kulturtilbod kan opplevast som høge for enkelte, og at dette kan vere ein årsak til at nokre ikkje går, eller at nokre går sjeldan på kulturtilbod. Dei mange ulike rabattordningane kan også vere ei årsak til at ein del faktisk går som ikkje hadde gått i utgangspunktet. Undersøkingar har elles vist at gratis billetter i seg sjølv ikkje fører til at nye grupper av publikum oppsøker institusjonane.

SSB sin statistikk viser at inntekt har samanheng med i kva grad ein brukar offentlig finansierte kulturtilbod og deltek i kulturaktivitetar. Materialet gir derimot ikkje grunnlag for å trekkje klare konklusjonar for om pris utgjør ein reell barriere mot deltaking. Inntekt har ein direkte effekt på kulturbruk fordi ein del kulturtilbod kostar



Figur 6.1 Ungdomskortet

Kjelde: Det Norske Teatret

pengar, men fleire av samanhengane mellom inntekt og kulturbruk kan likevel ikkje berre forståast som effektar av kjøpekraft. Dette inneber at i mange tilfelle er det ikkje først og fremst økonomi som forklarar manglande bruk og deltaking, men heller at ein manglar referanserammer i høve til kulturtilbodet.¹³ Dersom økonomi spelar ei hovudrolle for ikkje-brukarane, ville bruk av folkebibliotek som gratistilbod, skåre høgt blant personar med låg inntekt. Dette er ikkje tilfelle. Folkebiblioteka har det same bruksmønstret som dei fleste andre tilboda; det er dei med lav inntekt og lav utdanning som nyttar tilboda minst.

Ein kan tolke dette slik at ulik bruk av kulturtilbod dermed ikkje først og fremst er uttrykk for at kulturtilbod er eit knapt gode. Ulikskapane i bruksmønster kan like gjerne vere uttrykk for at ulike grupper har ulike oppfatningar av kulturtilboda og innhaldet, relevansen av og kvaliteten på desse.

6.4.1 Billettprisar på musikk- og scenekunstmrådet

Det er truleg på musikk- og scenekunstfeltet at billettprisar kan utgjere dei største barrierane for bruk.

Produksjonskostnadene er høge, og låge billettprisar er avhengig av offentlig subsidiering. Billettinntekter er i dag den viktigaste eigeninntekta for musikk- og scenekunstinstitusjonane og utgjer i gjennomsnitt rundt 60 prosent av eigeninntektene.

Billettprisar på teaterframsyningar varierer frå 200 til 460 kroner. Generelt er billettprisane noko høgare ved dei nasjonale institusjonane, og ved region-/landsdelsinstitusjonane i dei største byane enn i resten av landet. Prisar varierar også frå produksjon til produksjon, kvar ein sit i salen, om framsyninga går på hovudscene eller ei mindre scene m.m.

Ordinære billetter gjennom laussal til konsertar med regionale og nasjonale orkester varierer frå 200 til 380 kroner. Ein stor del av billettane til orkestra blir seld gjennom ulike abonnementsordningar som gir reduserte billettprisar. Ved Den Norske Opera & Ballett ligg billettprisen på opera- og ballettframsyningar på hovudscena på mellom 240 og 790 kroner.

Prisane er generelt lågare for konsertar/framsyningar for barn og familiar. Mange teater og orkester tilbyr gruppeprisar, honnørbilletter og rabatterte billetter til barn/unge og studentar. Fleire av regionteatra deltek i fylkeskommunane si ordning med kulturkort for ungdom. I tillegg til vanlege rabattordningar, har fleire av institusjonane særlege rabattkort og ulike typar abonnementsordningar. Fleire institusjonar har også spesialtilbod eller tilbyr gratisbilletter til bestemte målgrupper gjennom spissa informasjonstiltak, formidlingsprogram og samarbeid med ulike organisasjonar og foreiningar. Fleire av musikk- og scenekunstinstitusjonane har samarbeidsavtarar med næringslivet. Gjennom ulike kundearrangement, spesialtilbod og sponsorbilletter kan også denne typen samarbeid medverke til forankring i lokalsamfunnet og til å nå nye publikumsgrupper.

Dei fleste scenekunstinstitusjonane har eigne satsingar og rabattordningar særleg retta mot

¹³ Danielsen (2006)

ungdomsgruppa. Dette er ei gruppe som det kan vere vanskeleg å trekkje til teatret, og som det difor blir lagt ekstra vinn på å nå. Nationaltheatrets ordning *Unge National* fungerer som ein medlemskap og gir rabatterte billetter, invitasjonar til prøver, regissørmøte, møte med skodespelarar med meir. *Det Norske Teatret* lanserte sitt *Ungdomskort* i 2010. Det er ei form for medlemskap som gir rabatterte billetter og invitasjonar til og møte med til dømes skodespelarar og regissørar.

6.4.2 Billettprisar på museum

Gjennomsnittleg pris på billett ved dei musea som tok inngangspengar i 2009 var 60 kroner for vaksne og 20 kroner for barn. 9 pst. av musea rapporterte om gratis entré for alle besøkjande heile året, medan 75 pst. hadde gratis entré på enkelte dagar eller delar av året.

I land som Sverige, Danmark og Storbritannia har det dei siste åra vorte gjort forsøk med fri entré til musea. Dette har skapt både offentleg og fagleg debatt. Musea sine erfaringar er delte. På den eine sida ser ein auke i besøk. På den andre sida medfører gratis inngang større press på institusjonane i form av auka krav til formidling, sikring/vedlikehald og erstatning av tapte billettinntekter.¹⁴

Trass i at ein ser ein auke i besøkstala er ein likevel ikkje sikre på om det er dei same som kjem fleire gonger, eller om det er nye grupper som oppsøker musea. Sjølv om gratis inngang generelt fører til auke i talet besøkande, er gratis inngang ikkje aleine nok for å trekkje til seg heilt nye grupper brukarar. Dersom ein skal trekkje til seg nye brukarar, krev dette særleg tilrettelegging på fleire område.¹⁵ I Storbritannia har besøket til offentleg finansierte museum auka med 128 pst. sidan fri inngang vart innført i 2001. Likevel ser ein ikkje nemneverdig endring i profilen på dei besøkjande. Enkelte undersøkingar viser at besøka blir hyppigare og kortare.

Det manglar framleis systematisk dokumentasjon om kva verknad fri entré til musea har, ikkje minst relatert til norske tilhøve. Den seinaste erfaringa gjeld Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design som med verknad frå 1. mai 2011 innførte inngangspengar. Tida som har gått sidan det vart innført inngangspengar, er for kort til å trekkje endelege slutningar. Besøktida blir i stor grad påverka av om publikum likar utstillingane,

Boks 6.3 Frelsesarmeens opplevingskort

Hausten 2011 lanserte Frelsesarmeen i Oslo eit opplevingskort for barn og unge frå familiar med låg inntekt. Bak dette låg ei erkjening av at fattigdom ikkje berre handlar om mat og klede, men også ønsket om å ta del i opplevingar andre barn tek for gitt. Kortet gir gratis inngang til forskjellige kultur- og fritidsaktivitetar og gjeld for innehavar og ein følgjeperson. Mellom støttespelarane som er med i ordninga finn vi Norsk Teknisk Museum, Norsk Folkemuseum, Nobels Fredssenter, Den Norske Opera & Ballett, Barnas Cinemathek og Cinemateket UNG på Filmens hus, Oslobadene, Oslo Bowling, Hopp i havet og Tusenfryd. Kortet blir delt ut til barn og unge i alderen 2 til 20 år gjennom slumstasjonens kontaktnett. Frelsesarmeen tilbyr også gratis tilgang til sine ungdomsklubbar, musikkskular, barne- og ungdomskor, og til speiding og andre fritidsaktivitetar.

turisttilstrøyming og sesongvariasjonar. Tida vil vise om ein strategi basert på ein kombinasjon av moderate billettprisar, årskort, gratis inngang for barn og unge, fri entré enkelte dagar og ikkje minst nye formidlingstilbod, vil bidra til å halde besøkstala oppe.

6.4.3 Kulturkort for ungdom

Føremålet med Kulturkort for ungdom er å få ungdom til å nytte seg oftare av kulturtilbod og rekruttere nye publikummarar. Kulturkortet skal gi ungdom billigare billetter til ei rekkje kunst- og kulturarrangement, i tillegg til symjehallar og idrettsarrangement. Målgruppa for kulturkortet varierer frå fylke til fylke, med 13 år som lågaste aldersgrense og 25 år som høgaste.

Kulturkort for ungdom vart innført som ei forsøksordning frå 2006, og i 2011 tilbyr 12 fylkeskommunar ordninga. Kulturdepartementet har sett av 3,9 mill. kroner til ordninga i 2012. Fylkeskommunane har ansvar for å administrere ordninga og utforme kortet lokalt. Fylkeskommunens bidrag til ordninga skal vere høgare enn statens bidrag.

Kulturkortet er gratis i dei fleste fylkeskommunane, medan rabattordningane er ulikt utforma. Stort sett varierer rabattnivået mellom 20 og 50 pst. Alle fylkeskommunane som har vore

¹⁴ Aaby (2004)

¹⁵ Aaby (2004)

med i ordninga i fleire år, melder om stigande tal på aktive kortbrukarar og selde billetter med kulturkortrabatt.

Ordninga med kulturkort for ungdom vart kartlagd og evaluert av International Research Institute of Stavanger (IRIS) i 2009.¹⁶ Evalueringsrapporten peika på at det er vanskeleg å marknadsføre kulturkortet overfor målgruppa. Nordland har rekruttert den klart største delen ungdom innanfor målgruppa, og IRIS framhevar Nordlands marknadsføringsstrategi med å sende brev heim til alle i målgruppa. Med denne framgangsmåten blir mange foreldre informerte. I mange tilfelle kan foreldre ha større interesse av den økonomiske gevinsten kulturkortet gir, sidan det ofte er foreldre som finansierer dei unges kultur- og fritidsaktivitetar.

IRIS peikar i tillegg på at god marknadsføring krev arbeidsinnsats. Talet på unge i målgruppa som har skaffa seg kortet, heng nemleg positivt saman med fylkeskommunens innsats og investering i ordninga, først og fremst slik det kjem til uttrykk i tal på årsverk som er sette av til arbeid med kortet.

IRIS viser til erfaringar frå Østfold der interessa for kulturkortet i all hovudsak er å finne blant ungdom i den vidaregåande skulen, og viser til at det også er deira generelle inntrykk at kortet trefte unge i denne aldersgruppa best. IRIS tilrår at fylkeskommunar som har inkludert eldre og yngre aldersgrupper i kortet, har dette i mente.

Endeleg tilrår IRIS at kulturkort for ungdom bør vere gratis. Det er særleg to grunnar til dette. Erfaringane frå fylkeskommunane kan tyde på at eit gratis kort i fleire tilfelle har ført til at fleire ungdommar i målgruppa har skaffa seg kulturkortet enn i fylkeskommunar der kortet har kosta noko. IRIS legg også vekt på at eit kulturkort som kosta noko gir ulik gevinst for ungdommar som bur i byar og tettstader, og for ungdom som bur i distrikta. For ungdom som bur i distrikt med få relevante tilbod i nærleiken, vil eit kulturkort som kosta noko i praksis gi lita økonomisk innsparring.

Kulturdepartementet vidareførte tilskotsordninga for kulturkort for ungdom frå 2010 med 3,9 mill. kroner. Det vart ikkje gjort endringar i målsetjing og organisering. Utover alder og kor mange som nyttar kortet, seier ikkje rapporten frå IRIS noko om kven det er som nyttar seg av kulturkort for ungdom og kva bakgrunn dei har. Departementet vil difor gjere ei vurdering av ordninga i samråd med fylkeskommunane. Det vil

vere eit siktemål å nå fleire brukarar, særleg personar som i dag nyttar seg lite av kulturtilbod og/eller unge med låg inntekt.

6.4.4 Tiltak: bidra til ei prøveordning for opplevingskort for barn og unge

Møre og Romsdal fylkeskommune har vedteke å innføre eit opplevingskort som gir barn og unge frå familiar med låg inntekt høve til å delta på aktivitetar og kulturopplevingar saman med andre barn og unge i lokalsamfunnet. Kortet er eit verkemiddel for å sikre at barn i familiar med særleg låg inntekt ikkje skal falle utanfor viktige arenaer for sosialisering og oppleving, og gir tilgang til ei rekkje aktivitetar saman med ein venn, eit familied medlem eller andre. NAV-kontoret vel ut dei som får tildelt opplevingskortet og har ansvar for oppfølging av brukarane, noko som sikrar at det er dei som treng det mest, som får tilbodet. Ordninga blir etablert på bakgrunn av erfaringane frå Ålesund, Kristiansund og Molde, som har hatt svært gode erfaringar med opplevingskort i sine kommunar.

Regjeringa ønskjer at ordninga skal vere eit nasjonalt pilotprosjekt og vil støtte opplevingskortet i Møre og Romsdal over ein forsøksperiode på to år. Ein legg til grunn at ordninga blir evaluert med tanke på kunnskapsoverføring til andre fylke i landet.

6.4.5 Tiltak: etablere eit program for kultur under tilskotsordninga for barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn

Regjeringa vil etablere eit program for kultur under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementets ordning *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn*, også kalla storbyordninga. Føremålet er å bidra til at fleire utsette barn og unge får høve til å delta i kultur- og fritidsaktivitetar.

Tilskotsordninga *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn* er eit verkemiddel for å betre oppvekst og levekår i større bysamfunn. Ordninga omfattar i 2011 23 bykommunar og 7 prioriterte bydelar i Oslo. Løyvinga blir nytta til tiltak og prosjekt som rettar seg mot barn og unge i alderen 12 til 25 år som har spesielle behov, og mot utsette ungdomsgrupper og ungdomsmiljø. Bykommunane/bydelane kan mellom anna søkje om tilskot til tiltak som bidreg til deltaking og medverknad for barn, ungdom og ungdomsgrupper som i liten grad nyttar seg av dei eksisterande kultur- og fritidstilboda, og tiltak som fremjar deltaking og like-

¹⁶ Rapport IRIS 2009/127



Figur 6.2 «Crossover» – prosjekt Groruddalen.

Foto: Linn Førland

verdige moglegheiter for barn og unge med nedsett funksjonsevne.

Regjeringa vil bidra til at kulturtilbod av høg kvalitet i større grad blir ein del av aktivitetane som blir tilbydd gjennom ordninga. I tillegg er det ønskeleg å bidra til å styrkje arbeidet med å utvikle alternative meistringsstrategiar innanfor kulturområdet for barn og unge som står i fare for å falle utanfor. Alternative meistingsarenaer kan vere teater, media, litteratur/bibliotek, spel/sosiale media, musikk, design, forming og handverk.

Kulturdepartementet har gitt tilskot til kunst og kultur i Groruddalen. Føremålet med midlane

har vore å auke deltakinga innan kunst og kultur blant barn og unge som i liten grad deltek i slike aktivitetar. Det har vorte lagt spesiell vekt på å rekruttere nye grupper, som unge jenter med innvandrarbakgrunn og barn og unge frå familiar med låg inntekt.

Som eit ledd i styrkinga av storbyordninga vil Bydel Bjerke inngå som ein prioritert bydel i storbyordninga i 2012. Det inneber at alle bydelane i Groruddalen inngår i storbyordninga. Den vil då omfatte 23 byar og 8 prioriterte bydelar i Oslo.

7 Oppsøkjande kulturformidling og formidlingsordningar

7.1 Innleiing

For å nå målet om størst mogleg deltaking i kulturlivet vil regjeringa at det faste tilbodet i institusjonane i større grad skal supplerast med oppsøkjande verksemd, turnéverksemd, særskilte formidlingsordningar og nye formidlingsmåtar, til dømes ved hjelp av digitale verktøy.

Formidling på nye/eksterne arenaer inneber at ein ofte møter publikum ein ikkje treff på eigen arena. Dette kan vere med på å byggje ned barrierar og bidra til at publikum oppsøker institusjonen eller anna kulturtilbod på eiga hand. Kulturformidling i skulen når alle barn og er ein måte å sikre at alle blir introduserte for kultur, uavhengig av foreldra sine interesser/økonomi.

Avstand til kulturtilbodet betyr sjølvstøtt mykje for bruk. Noreg har lang tradisjon for å byggje ned geografiske barrierar for kulturbruk, til dømes gjennom riksinstitusjonane og gjennom å leggje til rette for turnéverksemd, jf. kapittel 2. Det har også vokse fram mange kulturhus i regionane, og kyrkja er ein attraktiv kulturarena og kulturaktør i lokalsamfunna.

Digital formidling løfter formidlinga og tilgjengeleg ut av geografien, men er samstundes meir enn berre nye måtar å formidle innhald på. Digital formidling og tilrettelegging er ein viktig del av arbeidet for å demokratisere tilgangen til kulturtilbod. Digital formidling kan likevel ikkje erstatte det levande møtet med kunst og kultur, anten det er på museet, i kunstgalleriet, i biblioteket, teatret, på det lokale kulturhuset eller på arenaer der folk ferdast til dagleg. I andre del av kapitlet ser vi på kva digital teknologi har å seie for skapinga og formidlinga av kultur.

7.2 Arenaer og møtestader for kultur

Gode arenaer for kultur over heile landet er viktig i eit demokrati- og tilgangsperspektiv. Ein viktig del av kulturdemokratiseringa etter krigen var utbygginga av arenaer for kulturaktivitet. Før 1950 fanst det i dei fleste norske lokalsamfunn knapt hus eller arenaer bygd med tanke på kultur-

liv. Det ein hadde var dei store folkerørslene sine samlingslokale: Folkets hus, losjen og bedehuset. For å kunne gjennomføre den nasjonale kulturdistribusjonen var det trong for andre typar lokale. På 1950-talet starta difor utbygginga av samfunns- og ungdoms- og idrettskontor.

På 1980- og 1990-talet tok mange fylkeskommunar initiativ til å etablere bygg for regionale kulturfunksjonar, anten ved å byggje eller ved å ta i bruk nedlagde industribygg. Fram til i dag har det vore ein sterk vekst i bygging av kulturhus og andre typar lokale for kulturaktivitetar delvis finansiert av statlege midlar. Denne utviklinga har hatt mykje å seie for inkludering og deltaking over heile landet. På 1950-talet og tidlegare kan ein seie at omfanget og innhaldet i kulturlivspraksisen var underlagt rørslene sine ideologiske føringar. Når ein fekk samfunns- og ungdomshusa vart det opna for heilt nye aktivitetar og ikkje minst for heilt nye grupper, både ut frå tekniske og ideologiske årsaker.¹

Gjennom nettverket av kommunale kulturhus og andre kulturarenaer finst det i dag eit mangfaldig kulturtilbod til det allmenne publikumet. Dei kommunale kulturhusa må likevel seiast å vere i ulik stand og i ulik grad oppdaterte for føremålet. KS gjennomførte ei kartlegging av den samla bygningsmassen til kommunal sektor, inkludert kulturbygg, i 2008. Kartlegginga viser at det finst om lag 900 kommunale og fylkeskommunale kulturbygg med eit samla areal på noko over 1 mill. m². Gjennomsnittsalderen for kulturbygga var 48 år i 2008. Tala omfatta ikkje museum, bibliotek eller kyrkjebygg.²

Norsk kulturhusnettverk er ein landsomfattande organisasjon som har som mål å synleggjere, samordne og utvikle kulturhusa sine ressursar og kompetanse lokalt, regionalt og nasjonalt. Nettverket har over 80 profesjonelt drivne kulturhus som medlemmer. Kulturhusnettverket har i 2011 fått midlar frå Norsk kulturråd til å kartlegge effekten av kulturhusa i Noreg. Kartleg-

¹ Olav Agedal, *Lokalt kulturliv i endring*, Norsk kulturråd 2009.

² Multiconsult og PricewaterhouseCoopers (2008)

ginga skal omfatte både driftsmodellar, organisering, eigarstrukturar og ringverknader av kulturhusa i ulike lokalsamfunn.

Kulturhusa har ulik posisjon hos lokalbefolkninga, og nokre stader kan terskelen for å oppsøkje kulturhuset vere høg.

Norsk kulturråd arbeider mellom anna med å utvikle kunstens rolle og rom i det offentlege, og som ein del av dette komme samtidskunstens behov for produksjons- og formidlingsarenaer i møte. Det prosjektbaserte kunstfeltet nyttar seg dels av tradisjonelle formidlingsarenaer som galleri, konsertlokale og teatersalar, som i stor grad føreset eit publikum som oppsøker desse arenaene. Samstundes utforskar og utviklar kunstnarane stadig andre arenaer for produksjon og formidling som på ulike måtar kan bidra til å nå og involvere nye publikumsgrupper. Større bruk av uterom og offentlege rom, i tillegg til oppsøkjande verksemd i bedrifter, helseinstitusjonar, skular med meir skapar møte mellom publikum og samtidige kunstuttrykk utan at det kostar noko eller krev at ein sjølv oppsøker ein kunstarena. KORO sine tilskotsordningar, jf. kapittel 5.10, er døme på korleis statlege verkemiddel er med på å stimulere til utstrekt bruk av uterom og offentlege rom i kunstformidlinga. Kunsthendingar som finn stad der menneske ferdast dagleg, kan skape nysgjerrigheit og bidra til rekruttering av eit nytt publikum til dei etablerte kunstarenaene.

Det er ein tendens til at kunstnarar i dag søker arbeidsfellesskap med andre og etablerer produksjonsarenaer som i større grad enn tidlegare har ein utoverretta profil. Fleire stader er det etablert kultur- og næringshagar. Nokre stader held kunstnarar til i same lokale som frivillig kulturaktivitet, kulturskular eller liknande. Slike arenaer er ofte prega av stort engasjement og dugnadsinnsats frå aktørane som held til der. Det blir gjerne arrangert gratis lågterskelarrangement med opne atelier, kurs og verkstader, konsertar og visningar, demonstrasjonar, kunstmøte og familieaktivitetar. På denne måten får desse arenaene funksjon både som kunstformidlingsstader og som uformelle sosiale møteplassar i nærmiljøet.

Musea og biblioteka er òg viktige møtestader og arenaer for kultur. Museumsreforma med konsolidering av kunst- og kunstmuseum i eit nasjonalt museumsnettverk, har ført til ein auke i bruken. Dette vart dokumentert i publikasjonen *Lokalt kulturliv i endring* frå Norsk Kulturråd.³ Både musea og biblioteka er lågterskeltilbod som når store delar av befolkninga. Satsinga på Den

kulturelle skulesekken har også ført til eit meir systematisk arbeid i musea for å utvikle tilbod for barn og unge i skuletida, både på museet og i skulen. Dette har ført til at fleire barn og unge er fortrulege med museet som kulturarena.

Kulturhus er ikkje eit eintydig omgrep, det kan dekkje kultursalar kopla med ulike funksjonar som kino, bibliotek, galleri, omsorgsbygg, grunn- og vidaregåande skular og kulturskular. Operaen i Nordfjordeid er ein kultursal utforma for operaverksemd som er knytt til den vidaregåande skulen. Dette er god utnytting av ressursar til felles beste. Kulisser og kostymer blir til dømes produserte på skulen sine verkstader i samspel med elevar. I Haram kommune ligg kultursal saman med bibliotek, kino, butikkar, ungdomsarena og omsorgsbustader i eit funksjonelt omsorgssenter, noko som gjer at barn, unge og eldre møtest dagleg.

På fleire stader i Noreg inngår nye kulturbygg i stadutviklinga. I Lørenskog har dei skipa eit tydeleg sentrum i kommunen med det nye Lørenskog hus, som inneheld kultursalar, bibliotek og andre sentrale tilbod til innbyggjarane som helsestasjon og andre kommunale tenester. Slike bygg er ofte av høg arkitektonisk kvalitet og er resultat av internasjonale arkitektkonkurransar. Ved å kople kulturtilbod saman med andre kommunale tenester, syter ein for at tilboda blir godt tilgjengelege for mange som ikkje er vane med å oppsøkje kulturtilbod. Litteraturhuset i Oslo har blitt ein viktig kulturarena for hovudstaden. Dette viser at det framleis er trong for offentlege møtestader for debatt og litteraturformidling over heile Noreg. Utfordringa er korleis eksisterande institusjonar og bygg, ikkje minst bibliotek, kan utviklast til slike gode møtestader og kulturarenaer, som er opne for alle og er ei attraktiv og stimulerande ramme for folk.

Kyrkja er både ein mykje brukt kulturarena og aktør i kulturlivet i kommunane. Kyrkja som kulturaktør blir omtala i kapittel 9.

7.3 Turnear og oppsøkjande verksemd

Oppsøkjande verksemd er demokratiserande og gjer offentleg finansierte kulturtilbod meir tilgjengelege for dei som i mindre grad oppsøker institusjonane sine eigne arenaer. Mange teater driv oppsøkjande verksemd ved å bringe teatret ut av teaterbygget og vise framsyningar på andre arenaer som barnehagar, skular, eldresenter, bydel-skaféar og liknande. Dette kan senke terskelen for

³ Agedal, Egeland og Villa (2009)

Boks 7.1 Teater og orkester ut av huset

Bergen Filharmoniske Orkester arrangerer særskilte studentkonsertar og gratis kammerkonsertar gjennom året i studentane sine egne lokale. Orkesteret arrangerer også gratis fri-luftskonsertar på Torvallenningen.

Trondheim Symfoniorkester tilbyr gratis kammerkonsertar med ulike ensemble frå orkestret i Trondheim Folkebibliotek. Orkestret spelar også på sjukeheimar og aldersheimar.

Gjennom prosjektet Kyrkjelyd har Stavanger Symfoniorkester teke i bruk kyrkjebygga for å presentere klassisk musikk. Orkesteret opplever å nå eit nytt publikum, samstundes som det er etablert ein fleirreligiøs dimensjon med rom for jødiske, muslimske, katolske og ortodokse kulturuttrykk i programmet.

Mindre ensemble frå Stavanger Symfoniorkester har spelt fleire lunsjkonsertar på ulike bedrifter, mellom anna i Rosenberg verfts produksjonshall. Rosenberg verft har eit fleirkulturelt arbeidsmiljø der svært få er kjende med symfonisk musikk.

Rogaland Teater tilbyr såkalla «Take away teater». Teatret tilbyr privatpersonar, bedrifter og organisasjonar å få ei teaterframsyning «heim». Dette er små mobile produksjonar som kan framførast i nær sagt alle type lokale. Spesielt har aldersheimar og aktivitetssentra nytta

seg av tilbodet. I 2009 vart ein av produksjonane framført på engelsk for å byggje ned språkbarrieren for eit internasjonalt publikum.

Trøndelag Teater innførte i 2010 eit nytt konsept kalla «ilesesettelse». Som ein del av konseptet vart turnéproduksjonen *Geografi og kjærlighet* vist på bydelskafear og helse- og velferdssenter i Trondheim. Produksjonen var eit av tilboda i Den kulturelle spaserstokken i Trondheim.

Teatret Vårt har satsa på å nå eldre som ikkje sjølve kan komme til teatret på eiga hand, både gjennom oppsøkjande verksemd på institusjonar og eldresentra og ved transporttiltak til egne matinéframsyningar på teatret. Teatret håpar å kunne lansere ein eigen tiltaksplan i løpet av våren i samarbeid med generalsponsor Sparebanken Møre.

BIT Teatergarasjen innførte i 2007 eit prøveprosjekt med minifestivalar på Vestlandet i samarbeid med Sparebanken Vest. Siktemålet med prosjektet er mellom anna å skape møte mellom folk flest og kunstnarar frå fleire land, i tillegg til møte mellom BIT Teatergarasjen i Bergen og publikum i heile regionen. Vidare er det eit mål å gi unge og vaksne i vestlandsregionen eit scenekunsttilbod som inneheld både framsyningar og eigenaktivitet, mellom anna i form av verkstader.

å oppleve teaterkunst mellom dei som sjeldan vit-jar institusjonane.

7.3.1 Musikk

Gjennom turnéverksemd blir musikk formidla i lokalsamfunna, og samarbeid med lokalt musikk-liv og lokale arrangørar er med på å forankre konsertane hos publikum på besøksstadene. Meir fleksible avtaleverk har gjort det enklare å dele opp orkestra i mindre ensemble. Dette gjer det mogleg å presentere fleire produksjonar på same tid, og gjer det enklare å utvikle konsept som er særleg tilpassa spesielle målgrupper og å oppsøkje ulike arenaer. Dette kan til dømes vere i form av gratis lunsjkonsertar i ulike bedrifter, kammerkonsertar i folkebibliotek eller universitetsbibliotek, konsertar på sjukeheimar og aldersheimar eller på læringssentra.

I perioden 2009 til 2011 vart det gjennomført endringar i tariffavtalane i åtte orkester og Den Norske Opera & Ballett med sikte på å oppnå meir

fleksibel og variert bruk av dei kunstnarlege ensemble. Dei nye avtalane gir mellom anna fleire moglegheiter for oppdeling av orkestra i mindre ensemble. Endringane vart finansierte ved ein auke i driftstilskota til institusjonane. Kulturdepartementet forventar at institusjonane i åra som kjem tek i bruk dei nye avtalane slik at musikken når ut til fleire enn før. Konsertseriar på arbeidsplassar kan vere eit av fleire tiltak som kan bidra til at orkestra når ut til nye publikumsgrupper. Departementet forventar at institusjonane sett i gang slike tiltak i åra som kjem innanfor ramma av sin programprofil.

7.3.2 Scenekunst

For dei turnerande scenekunstinstitusjonane er det å bringe teatret ut til folk i lokalsamfunna ein viktig del av verksemda. Samarbeid om formidling og marknadsføring med lokale og regionale aktørar er avgjerande. Det blir gjerne brukt mykje tid og ressursar i arbeidet med å profesjonalisere

arrangørnettverket og marknadsapparata i kommunane. Nokre institusjonar oppsøker også lokale lag, grupper, foreiningar og arbeidsplassar for å forankre teatret hos publikum på besøksstadene og leggje til rette for arrangement i tilknytning til besøket. Det blir gjerne utvikla omfattande formidlingsprogram for kvar turné som kan omfatte førebauande program for skular og introduksjonar, kunstnarmøte, smaksprøver på framsyningane og liknande.

Norsk scenekunstbruk formidlar scenekunstproduksjonar frå frie scenekunstgrupper og er nasjonal aktør for scenekunst i Den kulturelle skulesekken. I 2010 formidla Norsk scenekunstbruk 2 900 framsyningar fordelt på 64 produksjonar for totalt 270 000 personar. Scenekunstbruket stimulerer til formidling av kvalitetsmessig god scenekunst i alle fylka i Noreg, med unntak av Oslo.

7.3.3 Norsk kulturfond

Norsk kulturfond bidreg vesentleg til formidling av eit allsidig musikktilbod og scenekunst over heile landet gjennom ulike typar tilskot. I 2010 vart det til saman formidla meir enn 8 100 konserter til eit publikum på vel 1,3 millionar i alle fylka i landet. Talet på scenekunstframsyningar som har vorte vist med støtte frå Norsk kulturråd er til saman 4 200. Gjennom ordninga for basisfinansiering av frie scenekunstgrupper blir auka formidling av scenekunst stimulert. Midlane som blir tildelte over ordninga skal gå til utgifter til produksjon, formidling, nettverksbygging og drift. Dei seks scenekunstgruppene som får basisfinansiering, driv ei utstrekt formidlingsverksemd nasjonal og internasjonalt.

7.3.4 Forfattarformidling

Ei omfattande litteraturformidling blir drive av Norsk Forfattersentrum, som arrangerer oplesingar, bokdagar, skrivekurs og anna utoverretta verksemd. Norsk Forfattersentrum har skjønnlitterære forfattarar som medlemmer. Dei formidlar forfattarar til skular, bibliotek, foreiningar og næringsliv, til saman 7 850 oppdrag fordelt på 736 forfattarar i 2010.

Norsk Forfattersentrum driv formidlingsaktiviteten ut frå sine lokalkontor i Tromsø, Trondheim, Bergen, Kristiansand og Oslo. Dei er òg nasjonal aktør for litteraturformidling i Den kulturelle skulesekken, som også omfattar formidling av faglitterære forfattarar.

7.3.5 Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design – avdeling landsdekkjande program

Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design har ansvaret for den landsdekkjande formidlinga av kunst etter at Riksutstillingar vart integrert i museet i 2005. Museets landsdekkjande vandreutstillingar har som overordna mål å auke interessa for kunst, arkitektur og design hos eit breitt publikum ved å skape opplevingar som gir innsikt, som grip og fengjer. Det landsdekkjande programmet rettar seg mot museum, galleri og skular over heile landet. Formidlinga er organisert gjennom dei tre nettverka skulenettverket, gallerinettverket og museumsnettverket. Innanfor desse områda driv museet nettverkssamarbeid, produksjon av utstillingar, turnélegging, formidling og kompetanseoverføring. Vandreutstillingane turnerar til skular gjennom Den kulturelle skulesekken, og til spesialiserte visningsarenaer i gallerinettverket. Til gallerinettverket produserer Nasjonalmuseet utstillingar og formidlingsprogram for turnear i eit nettverk av kunstforeiningar, kunstsentrar, kunsthallar, kulturhus, mindre kulturhistoriske museum og universitet og høgskular. Formidlingsmodellen er utforma med tanke på å stimulere kompetansen i kvar region ved at Nasjonalmuseet engasjerer og gir opplæring og løn til regionale formidlarar. Skulenettverket står for produksjon og formidling av utstillingar gjennom Den kulturelle skulesekken, der fylka dekkjer turné og løn til formidlarane.

I 2010 formidla Nasjonalmuseet 22 utstillingar i skulenettverket med 400 turnéstopp og 1 900 omvisingar/verkstader. Utstillingane nådde 53 000 personar.

I 2010 formidla Nasjonalmuseet 11 utstillingar i gallerinettverket med over 50 turnéstopp og 1 350 omvisingar/verkstader. Samla publikumstal var 62 000, 23 000 av desse var barn og unge.

Nasjonalmuseets totale publikumsbesøk i Oslo i 2010 var 573 000.

7.4 Riksinstitusjonane

7.4.1 Riksteatret

Riksteatret viser årleg eit breitt repertoar med 10–12 oppsetjingar på 74 faste spelestader over heile landet. Repertoaret omfattar teaterproduksjonar, medrekna figurteater og framsyningar for barn og unge, og danseframsyningar. Dans blir vist på 25 faste spelestader. Riksteatret samarbeider nært med resten av teater-Noreg og presente-

rer både egne produksjonar, samarbeidsproduksjonar og produksjonar som er kjøpte inn frå norske og internasjonale teaterinstitusjonar og frie grupper.

I 2010 spelte Riksteatret 465 framsyningar på turné over heile landet, i tillegg til 199 framsynningar/prøveframsyningar i Oslo og 3 framsyningar som gjestespel i Stockholm. Samla publikumsbøtøk var 162 000. Riksteatret er eit viktig verkemiddel for å formidle scenekunstinstitusjonanes produksjonar, og teatret skal også i åra framover vidareutvikle strategiar for å styrkje teatersamarbeid i Noreg.

For å nå nye publikumsgrupper satsar Riksteatret på direkte kontakt med både presse, publikum og arrangørar. Riksteatret har i mange år samarbeidd nært med ungdomsskular og vidaregåande skular. Pedagogiske opplegg som kan nyttast som introduksjon til framsyninga, eller til utdjuping etter at elevane har vore i teatret, blir lagt ut på Riksteatrets nettsider. Riksteatret tilbyr

også møte med skodespelarar og andre fagpersonar på skulen eller i samband med framsyningane. Teatret ønskjer å tilby elevar og lærarar ei inspirerende teateroppleving som ikkje sluttar i salen.

7.4.2 Rikskonsertane

Rikskonsertane er Noregs største produsent og leverandør av profesjonelle konsertar og engasjerer årleg rundt 800 utøvarar til å gjennomføre i overkant av 10 000 konsertar. Kvart år når Rikskonsertane ut til over ein million tilhøyrarar over heile landet.

Verksemda til Rikskonsertane er dominert av skulekonsertane, som i 2010 hadde heile 9 200 konsertar. Rikskonsertane har i samarbeid med fylkeskommunane ansvaret for skulekonsertordninga for grunnskulen i Den kulturelle skulesekken. Alle kommunane i landet får tilbod om to konsertar i året til sine grunnskuleelevar gjennom



Figur 7.1 «Kardemomme by», Marte Wexelsen Goksøyr

Foto: Sara Johannessen/Riksteatret

denne ordninga. Som ein del av skulekonsertordninga har Rikskonsertane, i samarbeid med Musikk i skulen, gjennomført prosjektet *Elevlar som arrangørar*, der elevane får utvikla og prøvd seg som arrangørar for skulekonserten på eigen skule.

Rikskonsertane tilbyr barnehagekonsertar til eit utval kommunar, og i 2010 vart det gjennomført 650 konsertar for om lag 28 000 barn i ti fylke.

Som produsent og leverandør av offentlege konsertar innan alle sjangrar har Rikskonsertane gitt konsertarrangørar (kulturhus, festivalar og andre større og mindre spelestader) over heile landet høve til å tilby eit variert og godt konserttilbod. I 2010 vart det gjennomført om lag 240 konsertar for 69 000 tilhøyrarar gjennom den offentlege konsertverksemda.

I 2007 starta Rikskonsertane ei treårig satsing på song og vokalkunst, *Heile Noreg syng!* Dette er eit profil- og utviklingsprosjekt som vart sett i gang for å skape ei sterkare forankring av konsertverksemda i det lokale og regionale musikklivet. I samarbeid med lokale arrangørar og organisasjonar rundt om i landet, vart det arrangert konsertar og songaktivitetar for ulike lokale målgrupper, til dømes kor, i samarbeid med kjende artistar. Prosjektet vart avslutta i juni 2010. Arbeidet med å forankre konsertverksemda i det lokale og regionale musikklivet held fram på bakgrunn av erfaringane som er hausta.

I over 20 år har Rikskonsertane arbeidd med musikalsk mangfald og internasjonalt musikk samarbeid, og forvaltar gjennom Rikskonsertane Utland ei rekkje samarbeidsavtalar med land i Afrika, Midtausten og Asia. Den fleirkulturelle satsinga er i dag del av alle dei tre hovudområda Rikskonsertane verkar på: offentlege konsertar, skulekonsertar og Rikskonsertane Utland.

Rikskonsertane har sidan 1994 arrangert Oslo World Music Festival kvar haust som ein del av den offentlege konsertverksemda. Denne festivalen har etablert seg som ein viktig festival på verdsmusikkområdet og har opplevd auka publikumsoppslutnad. Festivalen har også hausta internasjonal merksemd dei siste åra. Oslo World Music Festival skal vidareførast og styrkjast. Som ledd i omlegginga av den offentlege konsertverksemda vil festivalen bli skild ut frå Rikskonsertane frå 1. januar 2012 og fortset som sjølvstendig stifting.

Barnas Verdensdager er eit gratis familietilbod frå Rikskonsertane, der kulturuttrykk frå mange ulike verdsdelar blir presentert i verkstader, utstillingar, framsyningar og konsertar i tilknytning til Oslo World Music Festival. Rikskonsertane tilbyr

og samarbeid om å arrangere Barnas Verdensdager til lokalmiljø rundt omkring i landet.

7.4.3 Tiltak: omlegging av offentlege konsertar og styrking av tilskotsordningar for arrangørar og musikarar

Føresetnadene for Rikskonsertanes verksemd har endra seg vesentleg sidan etableringa i 1968, og fleire aktørar har peika på at delar av Rikskonsertanes offentlege konsertar opererer i eit felt som allereie er godt dekt. På bakgrunn av dette er det sett i gang ein prosess for å leggje om den offentlege konsertverksemda i si noverande form, frå og med andre halvår 2012.⁴ Målet med omlegginga er å nå fleire ved å leggje til rette for at musikarar kan turnere i heile landet, styrkje lokale konsertarrangørar og å konsentrere Rikskonsertanes verksemd til mindre stader og mindre arenaer, til dømes arbeidsplassar.

Delar av midlane til offentlig konsertverksemd i Rikskonsertane vil frå andre halvår 2012 bli overførte til tilskotsordningane for arrangørar og musikarar under Norsk kulturråd. Ordningane skal innrettast slik at dei i endå større grad kan sikre god geografisk spreing og nå ut til fleire desentraliserte konsertarenaer og målgrupper, spesielt ungdom. For å få betre oversikt over resultatene av ordningane, vil det i samband med opprettinga av ein søknadsportal i Norsk kulturråd bli utarbeidd eit system for registrering og systematisering av data for tal på konsertar, publikumstal og geografisk spreing.

For å gi ei betre geografisk spreing av tildelingane frå arrangørstøtta vil det frå 2012 bli opna for å gi tilskot frå ordninga til enkeltkonsertar og festivalarrangement som ikkje kvalifiserer til støtte frå tilskotsordninga for festivalar. Dermed blir det lagt til rette for å utvikle og byggje opp arrangørmiljø i heile landet og for ulike sjangerområde. Støtte til konsertarrangement utan aldersgrense og utan inntekter frå sal av alkohol skal prioriterast. Tilskotsordninga for musikarar vil samstundes bli utvida frå å omfatte rytmisk musikk til å omfatte alle musikksjangrar. Støtte til turnear med konsertverksemd på mindre stader skal prioriterast.

Delar av midlane som har gått til Rikskonsertanes offentlege konsertar, vil vidare bli omdisponerte til Rikskonsertanes arbeid for å utvikle nye konsertprogram tilpassa mindre stader og andre

⁴ Jf. omtale i Prop. 120 S (2010–2011) og Prop. 1 S (2011–2012) for Kulturdepartementet.

arenaer, som arbeidsplassar og institusjonar. Gjennom kombinasjonsturnear ønskjer ein å leggje til rette for at Rikskonsertane skal nå fleire, på arenaer der folk er til dagleg.

Skulekonsertturnear er til stades i 99,7 pst. av norske kommunar, og skulekonsertutøvarar er vande med å formidle musikk i eit intimt format. Dette gjer konsertane særskild godt eigna til bruk også på andre mindre arenaer. Kombinasjonskonsertar basert på fleirbruk av desse konsertane gjer det mogleg å nå ut til eit større publikum ved at musikarar som allereie turnerer gjennom skulekonsertane, også tilbyr konsertar på arbeidsplassar og andre institusjonar.

Frå hausten 2011 har Rikskonsertane sett i gang eit prøveprosjekt med kombinasjonsturnear innanfor alle sjangrar og i fleire landsdelar. Det er lagt særleg vekt på utvikling av arbeidsplasskonsertar. Prosjektet vil vere eit godt utgangspunkt for vidare utvikling av kombinasjonsturnear i Rikskonsertane.

Gjennom samarbeidsavtalar har Rikskonsertane og fylkeskommunane eit delt ansvar for skulekonsertordninga, høvesvis 40 og 60 pst. Mange av fylkeskommunane har modellar og tiltak som tek opp i seg kombinasjonskonsertar. Koordinering og samarbeid med fylkeskommunane vil vere avgjerande i det vidare arbeidet med utvikling av kombinasjonsturnear i Rikskonsertane.

Rikskonsertanes kombinasjonskonsertar vil inngå som del av *Den kulturelle nistepakka*, jf. omtale under pkt. 7.5.1.

7.5 Kultur i eit inkluderande arbeidsliv

Det er eit viktig mål for Regjeringa å gi plass til alle som kan og vil arbeide. Dei overordna målsetjingane i avtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv er: «Å forebygge og redusere sykefråvær, styrke jobbnærværet og bedre arbeidsmiljøet, samt hindre utstøting og frafall i arbeidslivet»⁵.

Dei tre delmåla rettar søkjelys mot reduksjon i sjukefråværet, auka sysselsetjing av personar med redusert funksjonsevne og yrkesaktivitet etter fylte 50 år. Arbeidet med eit meir inkluderande arbeidsliv (IA) skjer først og fremst på arbeidsplassen, og hovudaktørane er arbeidsgjevarar og arbeidstakarar. Kultur kan vere eit godt verkemiddel for å skape eit godt arbeidsmiljø og bidra til mindre sjukefråvær og frafall i arbeidslivet.

I 2009 vart det utbetalt 5 mill. kroner i prosjekttilskot for å fremje auka leselyst i arbeidslivet. Målet var å ta i bruk kulturaktivitetar for å stimulere auka trivsel, auka leselyst og meir lesing blant vaksne i arbeidslivet. Midlane vart gitt som del av ein nasjonal lesepolitikk med sikte på å styrkje lesekompetansen i heile landet. Midlane vart tildelt Næringslivets hovedorganisasjon (NHO), KS som kommunesektorens interesse- og arbeidsgjevarorganisasjon, HSH og Landsorganisasjonen i Noreg (LO). Prosjektet *Arbeidslivets leseløft* omfatta aktivitetar som kurs i forteljarteknikk, besøk frå barnebokforfattarar for tilsette i barnehagar og Litteraturfestival for reisande og tilsette på Gardermoen flyplass. Det har vore arrangert over 100 litteraturbesøk i tariffbundne bedrifter og det er oppretta 200 arbeidsplassbibliotek. Framsyninga *Men Buicken står her fremdeles* har vorte vist på rundt 40 kantiner landet over og omfattar poesi og historier av Lars Saabye Christensen og Tom Stalsberg og musikk av mellom andre Stian Carstensen, Knut Reiersrud og Ola Kvernberg.

I 2010 vart det avsett 5 mill. kroner til forsøk med tilskotsordninga *Kultur i inkluderande arbeidsliv*. Midlane vart nytta til utprøving av praktiske modellar for kultur i inkluderande arbeidsliv. Målet var å samle erfaringar med korleis kultur kan bidra til IA-måla om gode arbeidsmiljø, meir nærvær, mindre sjukefråvær og mindre frafall i arbeidslivet. Prosjektmidlar vart tildelte i to rundar. Til saman vart det gitt tilskot på mellom 40 000 og 200 000 kroner til 82 søkjarar. Tiltaka som fekk støtte omfatta kultur innanfor mange ulike sjangrar, mellom anna revy, teater, kunst, opera, kor, musikk, grafikk, fotografi og lyrikk. Dei førebelse resultata tyder på mykje glede under gjennomføring av tiltaka. Tiltaka blir omtalte som ei vitaminsprøyte, eit sjeldant høve til å samle mange tilsette på ein gong, og ei styrking av samkjensla på arbeidsplassen. Det kan tyde på at tiltaka har spelt ei rolle i etablering av sosiale fellesskap, og at desse felles opplevingane har kome arbeidsmiljøet til gode.

I 2011 vart det avsett 5,3 mill. kroner til arbeidet for kultur i inkluderande arbeidsliv. Kulturdepartementet har gitt Arbeidslivets KulturSeilas (AKS) i Vestfold eit tilskot på 2,3 mill. kroner. Det er i tillegg gitt eit tilskot på 1 mill. kroner til kultur i bedrifter som tilbyr varig tilrettelagt arbeid (VTA). Tilskotet skal nyttast til aktivitetar der kunst og kultur inngår som eit stimulerande element i arbeidet med å nå målsetjingane i IA-avtalen om betre arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær. Det er også gitt eit tilskot på 2 mill. kroner til

⁵ Intensjonsavtale om et mer inkluderende arbeidsliv 1.mars 2010 – 31. desember 2013 (IA-avtalen). 24. februar 2010.

Boks 7.2 Arbeidslivets KulturSeilas i Vestfold

Arbeidslivets KulturSeilas (AKS) tilbyr kulturopplevingar innan mange sjanrar til tilsette, både i og utanfor arbeidstida. Vestfold fylkeskommunes modell er forankra i kulturavdelinga i fylkeskommunen og byggjer på samarbeid med bedrifter og partnarar i arbeidslivet og samarbeid med profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar. AKS treff eit nytt publikum og programmet kan bidra til å senke terskelen for å oppsøkje kulturopplevingar på fritida. Næringslivet har vist positiv interesse ved å satse på nærværarbeid og medvit om verdien av felles opplevingar. Meir innovasjon og verdiskaping kan også vere eit resultat av møtet mellom bedriftene og kunstnarane.

Rikskonsertane sitt arbeid med utvikling av kombinasjonskonsertar, jf. omtale over.

7.5.1 Tiltak: Den kulturelle nistepakka

Kulturdepartementet vil opprette ei ny ordning for kulturformidling, *Den kulturelle nistepakka*. Målet med *Den kulturelle nistepakka* er å leggje til rette for at fleire får eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod gjennom arbeidsplassen, å bidra til at personar utan ein fast arbeidsplass får eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod og å stimulere til at kunst- og kultur i større grad blir innlemma i realisering av mål knytte til eit inkluderande arbeidsliv.

Ein tek sikte på å inkludere arbeidsplassar, frivilligsentralar og offentlege institusjonar til dømes innan helse- og omsorgssektoren og utlendingssektoren. *Den kulturelle nistepakka* vil byggje på erfaringar frå andre tiltak for kulturformidling i arbeidslivet som Kulturdepartementet har gitt midlar til dei siste åra, jf. kapittel 7.5. Nasjonalbiblioteket og Rikskonsertane vil stå sentralt i arbeidet. Mellom anna vil kombinasjonskonsertane i Rikskonsertane utgjere ein viktig del av *Den kulturelle nistepakka*, jf. pkt. 7.4.3. Nasjonalbiblioteket kan gjennom samarbeid med alle bibliotek og bruk av utviklingsmidlar stimulere biblioteka til å bli arenaer for kulturformidling, og samarbeide med det lokale arbeids- og næringslivet for å gi eit variert kulturtilbod. Mange bibliotek arbeider aktivt for å utvikle seg til å bli litteraturhus, gjennom å styrkje si verksemd med aktiv litteraturfor-

midling, kultur- og kunsttilbod og arrangement for debatt.

7.6 Formidling og aktivitet i skulen

Engasjement innanfor kunst og kultur i ung alder kan stimulere til seinare interesse for å oppleve og delta i kunst- og kulturlivet. Å sjølv vere skapande i samarbeid med andre kan vere den sterkaste forma for motivasjon. Gjennom dei unges aktivitet møtest også krinsen rundt dei unge: familie, venner og anna nettverk.

Skulen er ein møtestad og arena for alle barn. Eit betre kulturtilbod i skulen bidreg difor til at ein treff alle barn, uavhengig av sosial og kulturell bakgrunn.

Institusjonar innanfor musikk, scenekunst, litteratur, kulturarv, film og det visuelle feltet samarbeider med skulane gjennom Den kulturelle skulesekken, men også utanom denne ordninga. I samband med slikt samarbeid blir det gjerne utvikla pedagogiske program som både inkluderer undervisningsmateriell og skuleaktivitetar. På denne måten kan kulturopplevingar bli ein integrert del av det pedagogiske opplegget i skulen. Nokre institusjonar har tilsett eigne pedagogar eller formidlarar, med særleg ansvar for skulesamarbeid.

Fleire av orkestra tilbyr omfattande formidlingsprogram for skulane i tilknytning til skulekonsertane, og dei store orkestra har gjerne ein eigen orkesterpedagog. For å fremje interessa for musikk, dans og musikkteater blant barn og unge, blir det satsa på produksjonar og særskilte prosjekt som involverer barn og unge direkte i produksjonen, gjerne i samarbeid med skular, kulturskular og utdanningsinstitusjonar.

Enkelte scenekunstinstitusjonar samarbeider direkte med spesielle skular over tid, og ofte er dette skular i område med ein stor del elevar med minoritetsbakgrunn og barn i familiar med låg inntekt. Andre institusjonar har utvikla omfattande formidlingsprogram retta mot skuleverket, gjerne basert på eigendeltaking.

7.6.1 Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken (DKS) er eit nasjonalt program for formidling av profesjonell kunst og kultur til elevar i grunnskulen og i den vidaregåande skulen. Den kulturelle skulesekken når så å seie alle elevane i grunnskulen gjennom til saman 52 000 enkeltarrangement og 2,8 millionar deltakarar. Alle fylka i landet gir no også tilbod til

Boks 7.3 Det Norske Teatrets skulesamarbeid

Det Norske Teatret har frå 2008 knytt til seg tre satsingsskular: Holmlia ungdomsskole, Bjørnholt vidaregåande skole og Veitvet skole (1–10). I tillegg har teatret frå 2009 eit samarbeid med Oslo musikk- og kulturskole. Målet har vore å skape tettare samarbeid basert på innsikt i teatrets verksemd og kompetanseoverføring frå ulike avdelingar på teatret til skulane sin kulturaktivitet. I tillegg har teatret ein eigen prisstrategi som omfattar både elevar og foreldre.

Ambassadørprogram: Kvart skuleår har teatret ei gruppe på ca 20 teaterambassadørar frå Holmlia skule. Dei får kunnskap om teatret og repertoaret og skal spreie kunnskapen vidare til sine medelevar. Det er lagt opp til fleire aktiviteter slik at dei skal få den nødvendige innsikta. Ambassadørane får besøke teatret, får omvising på huset, informasjon om verksemda og møte med skodespelarar. I tillegg får elevane gratis prøveframsyningar til heile repertoaret og kurs i korleis ein formidlar teater.

Kompetansepluss: Fleire av samarbeidsskulane har eiga kulturverksemd, til dømes skuleteater. Elevane som medverkar i desse framsyningane kan få tilgang til kompetanse og ressursar på Det Norske Teatret etter behov. Målet er å få

til fruktbare møte mellom amatørar og profesjonelle og stimulere elvane og skulen til å halde fram med kunstnarlege uttrykk. I 2008 gjesta Veitvet skoles revy Hovudscenen med 350 elevar på og bak scenen og eit heilt nytt publikum i salen.

Familiebonus: Teatret gir elevar frå familiar med låg inntekt anledning til å sjå teater saman med foreldre og sysken gratis eller til sterkt reduserte prisar. Målet er å gjere teater og teaterkulturen tilgjengeleg for grupper som elles ikkje ville funne vegen til eit teater. Alle samarbeidsskulane er representerte på fleire av Det Norske Teatrets årlege premierar.

Teaterverkstad: I Mangfaldsåret 2008 var Jungelboka storsatsinga for ungdom på Det Norske Teatret. Framsyninga vart ein kunstnarleg suksess, samstundes som teatret trefte unge i alderen 11 til 30 år frå heile Oslo. I ein serie teaterverkstader vart tema om mangfald og tru på eigen identitet eit gjennombrut for teatrets arbeid med minoritetsungdom. Verkstaden hadde hovudrolleinnehavar Adil Khan som leiar og trekte fleire hundre ungdommar til teatret frå skular og ungdomsklubbar.

elevar i vidaregåande opplæring. I skuleåret 2010/2011 deltok 212 000 elevar i vidaregåande skule på til saman 2 500 arrangement i regi av DKS. I løpet av skuleåret 2010/2011 deltok kvar elev i grunnskulen i gjennomsnitt på 4,5 skulesekkarrangement, medan tilsvarende tal for vidaregåande skule var 1,2 gongar per elev. I samband med Den kulturelle skulesekken arbeider nokre fylkeskommunar også med formidling av profesjonell kunst og kultur i fengsel.

Den kulturelle skulesekken omfattar kunst- og kulturuttrykk som musikk, scenekunst, film, litteratur, kulturarv, visuell kunst eller ein kombinasjon av desse. Innanfor alle uttrykka skal elevane få møte fortid og samtid, innan eit kulturelt mangfald, men også forankra i det lokale.⁶

Den kulturelle skulesekken blir i all hovudsak finansiert av spelemidlar. I 2011 er det fordelt 167 mill. kroner frå spelemidlane til DKS. Av desse går 162,2 mill. kroner til fylkeskommunane og 4,8

mill. kroner til Rikskonsertane. Midlane blir fordelt ved kongelig resolusjon. Midlane til fylkeskommunane blir fordelt etter ein fordelingsnøkkel der variablane elevtal, avstandar og kulturell infrastruktur inngår. Fylkeskommunane har eit særleg ansvar for regional koordinering og skal ha ein politisk handsama plan for arbeidet. Det er stor variasjon i korleis Den kulturelle skulesekken er organisert i ulike fylke og kommunar, og lokal forankring er viktig i ordninga.

Det daglege ansvaret for Den kulturelle skulesekken ligg i sekretariatet i Norsk kulturråd. Sekretariatet har mellom anna ansvar for å følgje opp Kulturdepartementets tildelingar til fylkeskommunane, innhente rapportar og statistikk, drive informasjonsarbeid, drifte nettsider, og organisere møteplassar for aktørar på nasjonalt og regionalt nivå. Det er etablert eit nettverk for nasjonale aktørar i Den kulturelle skulesekken som skal medverke til kvalitetsutvikling. Nettverket er samansett av Rikskonsertane, Norsk scenekunstbruk, Film & Kino, Norsk Forfattersentrum,

⁶ Sjå St.meld. nr. 8 (2007–2008) for ein gjennomgang av Den kulturelle skulesekken.

Norsk kulturråd og Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design.

Vurdering

Departementet legg til grunn at Den kulturelle skulesekken skal vidareutviklast for å sikre at alle barn og unge får kulturopplevingar av høg kvalitet. I to stortingsmeldingar er det lagt til grunn at Den kulturelle skulesekken skal vere dynamisk og fleksibel og omfatte alle kunst- og kulturuttrykk. Det er viktig at det skjer eit kontinuerleg kvalitetssikrings- og utviklingsarbeid i Den kulturelle skulesekken, og at ein drøftar og forbetrar eventuelle svake sider ved ordninga. Ordninga skal utviklast gjennom dialog med kulturaktørar, lærarar og elevar.

Den kulturelle skulesekken har medverka til å plassere kunst og kulturfaga i heile opplæringa. Men sjølv om DKS sikrar at institusjonane og andre kulturprodusentar får møte eit yngre publikum utan å vere avhengig av foreldra si interesse, blir det hevda at ordninga ikkje nødvendigvis fører til eit betydeleg større publikumsgrunnlag for institusjonane. Dette er fordi det er mangfaldet av eksponering til profesjonell kunst og kultur, eigenaktivitet og fagleg forankring over lengre tid som avgjer faktorane for meistring og andre kulturgevinstar.⁷

Likevel er det grunn til å peike på at det å eksponere barn og unge for kulturuttrykk frå tidleg alder, medverkar til å minske ein eventuell framandgjerande effekt av kulturtilbod og kulturinstitusjonar. I lys av arbeidet til Anne Bamford vil denne eksponeringa likevel ikkje vere tilstrekkeleg til å sikre meistringskjensle og måloppnåing hos elevane, med mindre kvar enkelt skule arbeider aktivt med føre- og etterarbeid og sameinar desse tilboda med læring i dei estetiske faga og i dei andre faga i skulen. Bamford hevdar at Den kulturelle skulesekken i samspel med god undervisning i desse faga frå fagleg dyktige lærarar og partnerskapsavtalar mellom kulturtilbydarane og skulane, vil vere avgjerande for å realisere det fulle potensialet som ordninga opnar for. Dette inneber at sjølv om DKS-ordninga i seg sjølv sameinar kultur og utdanning, vil det vere mogleg å vidareutvikle kontakt og samarbeid på institusjons- og skulenivå.

7.6.2 Tiltak: styrkje Den kulturelle skulesekken for elevar med nedsett funksjonsevne

Det er eit overordna mål å sikre at personar med nedsett funksjonsevne skal ha same tilgang og høve til deltaking i kulturlivet som folk elles, både som publikum og som aktive deltakarar. For å nå denne målsetjinga er det viktig at alle nivå – både fylkeskommunar, kommunar og kvar einskild skule – er medvitne om at menneske har ulike føresetnader og ulike behov. Dette skal kome fram i både planlegging, utforming og gjennomføring av Den kulturelle skulesekken. Alle aktørar som er med på å forme tilbodet i DKS må vere med å vurdere korleis ordninga kan tilpassast ei samansett elevgruppe med ulike behov.

Evalueringa av Den kulturelle skulesekken frå 2006 syner at det blir reflektert lite rundt elevar med funksjonsnedsetting eller funksjonshemming. Men i dei siste åra har fylkeskommunane og kommunane rapportert på om dei har tiltak for å sikre tilgang for elevar med spesielle behov, tiltak for å framheve og sikre eit kulturelt mangfald, og tiltak innanfor samisk kunst og kultur. 12 av 19 fylke og 299 av 430 kommunar har særskilte tiltak for å sikre tilgang for elevar med spesielle behov. 16 fylke og 277 kommunar har tiltak for å framheve og sikre kulturelt mangfald, og 9 fylke og 77 kommunar har tilbod innanfor samisk kunst og kultur. Kommentaranane som følgjer svara viser at nokre arbeider medvite for å lage tiltak som er særleg tilpassa målgruppene, og samarbeider med aktørar og organisasjonar som har meir kompetanse på områda. Men det er også svar som framhevar at tiltaka i DKS er for alle elevane, og at det er skulane som har ansvar for tilrettelegging for elevane.

I tildelingsbrevane til fylkeskommunane om Den kulturelle skulesekken vil departementet oppmode fylka om å vurdere korleis utforminga og gjennomføringa av DKS kan tilpassast ei samansett elevgruppe med ulike behov, også medrekna elevar med nedsett funksjonsevne.

7.6.3 Kulturskular

Noreg er åleine i Norden om å ha eit lovfesta krav om kulturskule i alle kommunar. Fram til 2004 var kulturskulen finansiert gjennom øyremerka tilskot. Tal frå KOSTRA viser at kommunane i 2010 reelt brukte om lag 280 mill. kroner meir på dei kommunale musikk- og kulturskulane enn i 2003, året før tilskotet blei innlemma i rammetilskotet. Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale

⁷ Bamford (2006)

musikk- og kulturskular var i 2003 på om lag 923 mill. kroner. I 2010-kroner utgjer dette om lag 1,2 mrd. kroner. Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskular i 2010 var på nær 1,5 mrd. kroner. Det har vore ein jamn auke i talet på elevar og elevplassar i kulturskulane dei siste åra. Oversikta under viser utviklinga sidan 2006, basert på GSI-tal.

Kulturskulane er eigd og drivne av kommunane, og kommunane avgjer sjølv innhald og omfang av tilbodet i sine skular. Regjeringa har vidareført rammefinansieringa av kulturskulen og har ikkje foreslått noko meir detaljert lovregulering av kulturskuletilbodet. Det er ikkje lovheimel for å gi forskrift om til dømes innhald og omfang for kulturskulen.

Sidan 2010 er det årleg løyvd 40 mill. kroner gjennom Kulturløftet II til modell- og utviklingsprosjekt i skulen, SFO og kulturskulen. Til saman har over 400 prosjekt mottatt stønad. Dette syner at det er ei stor interesse og eit stort potensial for å drive utviklingsprosjekt knytt til kulturskular og kulturskuleaktivitetar i skulen.

I desember 2009 oppnemnde Kunnskapsdepartementet eit utval (kulturskuleutvalet) som fekk i oppgåve å sjå nærare på kulturskuletilboda i landets kommunar i høve til kvalitet, pris og tilgang. Utvalet skulle òg vurdere mogleg samarbeid mellom kulturskulen, grunnskulen og SFO, samt kome med framlegg til korleis kulturskuleaktivitetar og andre kulturaktivitetar kan integrerast betre i skulekvardagen.

Utvalet peika mellom anna på at den faglege og pedagogiske kompetansen til kulturskulelærarane er avgjerande for kvaliteten ved kulturskulane, og at utdanningsinstitusjonane har eit ansvar for dette. Kulturskuleundersøkinga 2010, som vart gjennomført av utvalet, viste at 72,9 pst. av

kulturskulane har eit samarbeid med grunnskulen i dag, medan 10,7 pst. har eit samarbeid med SFO. Dette tyder på at det er ein viss grad av samarbeid i dag, medan vi veit mindre om kva slags type samarbeid dette er og kor stort det reelle omfanget er. Utvalet meinte at den største utfordringa er mangelen på kombinerte stillingar som kan medverke til samarbeid mellom kunstfagleg opplæring i grunnskule, SFO, kulturskule, frivillige lag/foreiningar med fleire. Av den grunn meinte Kulturskuleutvalet at det burde vore lagt betre til rette for kombinerte stillingar i kulturskulen i samarbeid med skuleverket. Mange av høyringssvara frå kommunane til rapporten framheva at dei ønskjer fleire kombinerte stillingar. Særleg gjeld dette små og mellomstore kommunar. Desse kommunane ser dette som ei moglegheit til å skaffe seg fleire kompetente fagfolk inn i skule og kulturskule.

Vurderingar

I regjeringas kulturpoliske plattform, Kulturløftet II, er eit av måla at alle barn som ønskjer det skal få eit kulturskuletilbod av god kvalitet til ein god pris. Vidare står det i Soria Moria-erklæringa II at det skal innførast ein gratis time SFO kvar dag for å leggje til rette for leksehjelp, fysisk aktivitet og mogleg samarbeid med kulturskulen.

Sjølv om det har vore ei jamn auke i talet på elevar og elevplassar i kulturskulane sidan 2006, er det mange stader lang ventetid. Regjeringa følgjer utviklinga over elevplassar og talet på elevar på venteliste. Det er samstundes viktig å vere merksam på at det finst mange private kulturtiltak som også tilbyr aktivitetar til barn og unge. Ventelister er ikkje alltid ein god indikator på om kulturskuletilbodet held god nok kvalitet. Lange vente-

Tabell 7.1 Talet på elevar i kulturskulane 2006–2011

År	Sum elevar	Sum elevar på venteliste ¹	Sum elevplassar ²	Sum venteliste elevplassar ³
2010–11	109 375	27 906	122 501	43 550
2009–10	109 323	27 099	122 762	40 149
2008–09	109 150	24 670	123 355	34 637
2007–08	107 350	22 650	121 837	29 762
2006–07	105 383	23 146	116 456	29 810

¹ Elevar som har søkt om plass ved skulen, men som skulen ikkje har kapasitet til å gi undervisning.

² Talet på plasser fordelt på ulike kategoriar tilbod (musikkundervisning, dans, osv.)

³ Talet på søkjarar til ein elevplass, der skulen ikkje har kapasitet til å tilby den ønska elevplassen. I tillegg til søkjarar til skulen som ikkje har fått nokon elevplass (tilsvarande sum elevar på venteliste), skal elevar som mottek undervisning ved skulen, men som ønskjer eit *anna* tilbod, førast her.

lister kan tyde på at tilbodet er populært og godt, og at etterspurnaden er høg som følge av dette. Det er viktig at kommunane sikrar eit grunnleggjande godt kulturskuletilbod som gjer at barn med ulike talent og interesser for kultur kan få opplæring utan å måtte vente for lenge på plass.

Det er òg dokumentert at det er sosiale skilnader i rekrutteringa til kulturskulen, med ei klar overvekt av barn av foreldre med høg utdanning.⁸ Variasjon mellom kommunane og det at deltaking heng saman med familiebakgrunn i så sterk grad, gjer at mange barn ikkje får tilgang til kulturskulen. Det har ikkje vore dramatiske endringar i skulepengesatsane dei siste åra, etter den betydelege auken som fann stad då det øyremerka tilskotet vart innlemma i rammetilskotet. Snittet av høgste skulepengesats i kommunane per elevplass for heile skuleåret ligg på rundt 2000 kroner.

Det finst i dag mange tilbod både innanfor og utanfor skulen som er med på å gi barn og unge opplevingar av – og opplæring i – kunst og kultur. Kunnskapsdepartementet er oppteke av å få etablert eit betre samspel mellom dei mange aktivitetane, både for å styrkje kvaliteten på tilboda og for meir effektiv utnytting av den faglege kompetansen både i opplæringa og i kulturskulen.

Eit godt samarbeid mellom skule, SFO, kulturskule og Den kulturelle skulesekken vil kunne bidra til å gi elevane betre moglegheiter til å lukkast med skulefagas allsidige føremål. Det kjem stadig fleire haldepunkt for å seie at godt arbeid med kunst og kultur i opplæringa bidreg til god læring og eit godt læringsmiljø. Opplæring i kunst og kultur står sentralt i utviklinga av den kulturelle allmenndanninga. Det er med på å danne grunnlag for barn og unges val og evne til å kommunisere tankar og idear, livssyn, makt og tilhørslse, opplevingar og kreativitet.

7.6.4 Tiltak: setje i gang ei prøveordning med kulturskuletilbod på barnetrinnet

I budsjettet for 2012 har regjeringa foreslått å videreføre 40 mill. kroner i stimuleringsmidlar til kulturskule frå Kulturløftet II. Samstundes vil ein innrette midlane endå tydelegare mot føremålet om styrkt samarbeid mellom kulturskule og grunnskule/SFO. Hovuddelen av midlane vil i 2012 gå til prosjekt med kombinerte stillingar i kulturskule og skule/SFO. Dette er òg i tråd med Kulturskuleutvalets tilrådingar om å leggje betre til rette for kombinerte stillingar i kulturskulen i samarbeid med skuleverket, og at heile opplæringsløpet blir

sett i samanheng. Vidare vil eit utval av prosjekt som allereie har fått støtte dei to siste åra, og som er spesielt gode, bli vidareført i 2012. Alle midlane skal framleis vere søknadsbaserte. Bruken av midlane skal evaluerast.

Frå hausten 2013 vil regjeringa setje i gang ei prøveordning med kulturskuletilbod på barnetrinnet i eit utval kommunar. Ein del av dei 40 mill. kronene i stimuleringsmidlar frå Kulturløftet II vil setjast av til prøveordninga. Føremålet med prøveordninga er å sjå om det å bruke skulen som arena for eit gratis kulturtilbod skaper eit meir inkluderande tilbod enn dagens kulturskule. Kulturskuletilbodet skal vere eit gratis, frivillig tilbod for elevane. Det vil vere opp til kvar kommune som deltek i prøveordninga om tilbodet skal organiserast i samband med SFO eller ikkje. Prøveordninga skal evaluerast.

7.7 Den kulturelle spaserstokken

Den kulturelle spaserstokken er ei oppfølging av St.meld. nr. 25 (2005–2006) *Mestring, muligheter og mening*. Framtidas omsorgsutfordringar frå Helse- og omsorgsdepartementet. Gjennom ordninga skal eldre få eit kulturtilbod som held høg, profesjonell kulturfagleg kvalitet. Gjennom samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren skal det leggjast til rette for og utviklast gode kunst- og kulturprosjekt for eldre innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk. Midlane skal nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling etter modell frå Den kulturelle skulesekken.

Det er kommunane som kan søkje om midlar frå Den kulturelle spaserstokken. Kulturdepartementet administrerer ordninga. I 2011 søkte 287 kommunar om midlar frå Den kulturelle spaserstokken. Nær alle kommunane fekk tilsegn om stønad. Kommunane er spreidd over heile landet.

Sidan spaserstokken vart etablert i 2007, har løyvingane auka frå 10 mill. kroner til 29,7 mill. kroner i 2012. Ordninga er eit samarbeid mellom Helse- og omsorgsdepartementet og Kulturdepartementet. Midlane til ordninga går i like delar over dei to departementa sine budsjett.

7.8 Digital tilgjengeleggjering, formidling og brukarmedverknad

Digital teknologi kan medverke til å minske dei fysiske og geografiske barrierane for tilgang til kulturtilbod. Gjennom Internett og nye multimediale teknologiar er det mogleg å skape nye uttrykk

⁸ Gustavsen og Hjelmbrekke (2009)

og opplevingar, gi utvida tilgjenge til kunst og kultur, formidle innhald på nye måtar, etablere nye møteplassar og leggje til rette for dialog med publikum. Samstundes kan nye mobile plattformer gi oss tilgang til kunst- og kulturopplevingar over alt og til alle tider. Den sterke auken i utviklinga og bruk av sosiale medium har stor verknad på samfunnslivet. Dette gjeld ikkje minst måtane vi samhandlar på, både privat og elles. Denne utviklinga må også kulturlivet ta aktivt del i.

Når kulturuttrykk blir flytta over til digitale format, blir digital kompetanse i større grad ein føresetnad for godt tilgjenge til kultur. Det betyr at samstundes som den digitale teknologien kan gjere kulturtilboda lettare tilgjengeleg, kan han òg utgjere ein barriere i seg sjølv. I 2008 var det vel en firedel av befolkninga i Noreg som ikkje hadde tilstrekkelege kunnskapar til å nytte seg av digital teknologi.⁹ Etter kvart som stadig større deler av befolkninga må kunne kallast digitalt innfødde, blir det digitale skiljet bygd ned.

Bruk av digital teknologi kan òg bli hindra av prisane på produkta. Kostnadene ved kjøp av ulike mobile plattformer som til dømes smarttelefonar, nettbrett og lesebrett, kan framleis reknast som store for mange, kanskje særskilt for barn, unge og eldre.

No er det vel snarare slik at digitale tilbod kjem i tillegg til dei opphavlege måtane kulturmateriale blir presentert på. For kulturinstitusjonane er det eit pålegg at dei digitale tenestene som blir produserte, skal vere tilgjengelege for alle, jamfør lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne § 11 om plikt til universell utforming av informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Ein skal òg vere merksam på at for mange, til dømes eldre, vil det vere naudsynt med tilrettelagt utstyr og tilbod om opplæring for å kunne ta i bruk digitale tenester.

Boks 7.4 Digitalt samspel

På kulturfeltet skjer det digitale samspelet mellom:

- brukarar, publikum
- det kulturelle innhaldet/uttrykket
- dei profesjonelle aktørane (kunstnarar, kuratorar, kritikarar og forskarar)
- institusjonane (arkiv, bibliotek, museum, galleri og andre kunstinstitusjonar)
- kommersielle aktørar

7.8.1 Tilgang og formidling

Utviklinga av den elektroniske informasjons- og kommunikasjonsteknologien skjer i eit mangfaldig samspel med heile samfunnet.

Som understreka i St.meld. nr. 24 (2008–2009) *Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv*, er samlingane i kulturarvsinstitusjonane ein vesentleg ressurs for forskning, undervisning og kultur- og samfunnsutvikling. Visjonen for regjeringa sin IKT-politikk på kulturfeltet er å gjere mest mogleg av samlingane i arkiv, bibliotek og museum tilgjengelege for flest mogleg ved bruk av framtidsretta bruk av IK-teknologiske løysingar. Samlingane skal vere søkbare og tilgjengelege, og innhaldet skal formidlast på ein brukarorientert måte. Bruk av digital teknologi som eit målretta instrument for å gjere kulturarvsmateriale lettare og betre tilgjengeleg for innbyggjarane, vil gjere sitt for å nå målet om at alle innbyggjarane skal ha lett tilgang til relevant og nødvendig informasjon i alle samanhengar.

Å gjere kulturarvsmaterialet tilgjengeleg på nett inneber også at institusjonane involverer seg i ei utvikling som er stikk motsett den tradisjonelt bygningsorienterte forvaltninga og bruken av samlingane. Tidlegare måtte folk gå inn i kulturbygningane for å få tilgjenge til samlingane. Første generasjons elektroniske tilgjengeleggjering av samlingane gjennom verdsveven, bidreg riktig nok til oppheving av geografisk tilknytning, men enno må publikum oppsøkje spesifikke nettstader. Den vidare utviklinga av vevteknologien gir nye moglegheiter og stiller samstundes nye krav til kulturinstitusjonanes tilrettelegging av digitale tilbod. Kunst- og kulturinstitusjonar i Noreg er i all hovudsak offentleg finansierte og samlingane blir forvalta på vegner av oss alle. Ved å opne tilgangen til dei digitale samlingane i allmenne format, blir det òg opna for at andre enn institusjonane kan utvikle innhald og innhaldsfunksjonar (mellom anna applikasjonar). Dette vil skape ny verdi-auke og leggje til rette for innovativ bruk, både ved at materialet blir delt i sosiale fora, og ved at kommersielle og andre internettaktørar kan setje saman materiale frå fleire kjelder til nye tenester. Institusjonane seier frå seg den tradisjonelle kontrollen med bruk og formidling av materialet, men samfunnet får attende eit kreativt meirverd ingen institusjon aleine kan makte. Regjeringas politikk for tilgang til offentlege data er tufta på brukarane behov, og skal leggje til rette for ei slik utvikling.

Utviklinga frå statisk dokumentvev via sosiale medium og kjeldemyldring til semantisk vev, med-

⁹ VOX 2008

fører behov for opne, eintydig identifiserbare, lenkja data tilknytte metadata i standard format. Regjeringa legg til grunn at offentlege verksemdar gjer data tilgjengelege i maskinlesbare format i samsvar med etablerte standardar. Dette kravet blir følgt opp gjennom Kulturdepartementets styringsdialog med institusjonane på kulturfeltet.

Offentleg finansierte institusjonar eig og forvaltar store samlingar av kunst og kultur. For at mest mogleg materiale skal bli tilgjengeleg er det sjølvsaugt viktig at institusjonane ikkje set grenser for tilgangen til verk som har falle i det fri. Ein del materiale er det knytt rettar til og dette kan ikkje publiserast på nettet utan løyve. For at ein digital kulturallmenning ikkje berre skal innehalde eldre materiale som har falle i det fri, må det finnast løysingar på spørsmål knytte til bruk og vidarebruk av materiale som framleis er verna. Ei slik løysing kan til dømes vere å inngå kollektive avtalar.

Sidan 1990-talet har utviklinga av digital teknologi hatt innverknad på kultursektorens forvaltnings-, publikums-, og formidlingsarbeid. Mange kulturinstitusjonar har dei siste åra nytta digital teknologi for å formidle innhald og tilbod på nye måtar. Nedanfor vil vi presentere nokre døme på slik formidling i kultursektoren i dag.

Digitale bibliotektenester

Bibliotekmeldinga¹⁰ løftar fram digital kompetanseheving i folkebibliotek som ei særskild viktig satsing. For mange menneske kan digitale tenester vere ein enklare inngang til kultur og litteratur enn tradisjonelle medium. Biblioteka har lenge vore ein arena der ein kan tileigne seg digital kompetanse – gjennom datakurs, seniorklubbar eller anna rettleiing. Erfaring frå fleire prosjekt syner at biblioteket møter eit behov hos mange menneske når dei tilbyr dataopplæring.

Korleis folkebiblioteka kan vere aktørar i arbeidet for digital inkludering er eit aktuelt spørsmål også elles i Europa. Det blir sett på korleis biblioteka kan bidra til å byggje ned digitale skiljelinjer, korleis dei kan auke tilgjenge til tenester og informasjon og korleis dei kan støtte program for digital kompetanse. I dei andre nordiske landa er biblioteka si rolle i digital inkludering sett meir i system enn i Noreg. Ein bør sjå på korleis dette kan systematiserast også i Noreg.

Nasjonalbiblioteket har som mål å digitalisere heile samlinga si. Digitaliseringsprogrammet deira vil på sikt gi større tilgjenge til endå fleire

Boks 7.5 Kultur- og naturreise

Kultur- og naturreise er eit felles prosjekt mellom Riksantikvaren, Norsk kulturråd, Statens kartverk og Direktoratet for naturforvaltning. Målet er å kople saman data i nasjonale felles-tenester og statlege institusjonar slik at kulturarv og naturfenomen frå heile landet kan formidlast gjennom både mobile og stadbaserte tenester. Målgruppene er reisande med tog, buss, båt, bil, gåande i natur og utmark, eller dei som ruslar i byar eller tettstader. Ein viktig del av prosjektet er å kartleggje dei ulike målgruppene sine behov og prøve ut innhald i ulike kanalar som smarttelefonar, nettbrett og GPS-mottakarar.

grupper, til dømes dei synshemma. Gjennom Bokhylla.no og digital avisteneste blir stadig større delar av samlinga tilgjengeleg på ulike digitale flater. Bokhylla.no inneheld over 48 000 bøker med opphavsrett i fulltekst, i tillegg til bøker som er falle i det fri. Bøkene er frå periodeane 1690–1700, 1790–1800 og 1990–2000. Nasjonalbiblioteket har inngått ei avtale med Kopinor om godtgjersle for dei verka som ikkje har falle i det fri. Bøker som ikkje er rettighetsbelagde, kan brukarane fritt laste ned til eiga maskin. Bokhylla.no er under evaluering i 2011.

Gjennom det tettare sambandet som no er oppretta mellom Nasjonalbiblioteket og folkebiblioteka, ligg forholda til rette for å utvikle biblioteka som stader for digital kultur og læring. Nasjonalbiblioteket vil utvikle den digitale infrastrukturen som folkebiblioteka kan ta del i, og som også vil omfatte digitalt innhald. Folkebiblioteka vil kunne tilby rettleiing i bruken av dette innhaldet og i andre digitale tenester. Slik kan nye grupper stimulerast til lesing og kulturell aktivitet gjennom møte med digitalt innhald.

Gjennom gode læringstilbod kjem nye brukargrupper til biblioteket. Ved å utvikle biblioteket ikkje berre som kulturarena men òg som læringsarena med låg terskel for ulike målgrupper, oppnår ein at grupper som nyttar biblioteket i sistnemnde funksjon også får tilgjenge til kultur.

Fleire bibliotek har dei siste åra inkorporert spel i samlingane sine. I St.meld. nr. 14 (2007–2008) *Dataspel* slo departementet fast at ein ville greie ut ei innkjøps- og utlånsordning for norske dataspel i regi av folkebiblioteka. I 2009 vart det som ei prøveordning sendt ut 18 norskproduserte spel til 75 norske bibliotek, og i statsbudsjettet for

¹⁰ St.meld. nr. 23 (2008–2009)

2011 vart det løyvd 2 mill. kroner til ei innkjøpsordning. Nasjonalbiblioteket har fått i oppgåve å greie ut korleis ordninga skal bli utforma.

Speltilbodet styrkjer biblioteka som sosial arena og møtestad i lokalsamfunnet, samstundes som det gir alle tilgjenge og høve til å lære seg og forstå dataspel. Nye spel og konsollar er dyre og biblioteket vil for mange vere den moglegheita dei har til å prøve spel. Det blir rapportert om svært høg bruk av tilbodet blant unge gutar med ikkje-vestleg bakgrunn. Dei to siste åra har det vore arrangert både nasjonale og nordiske speldagar i biblioteka. I samanheng med speltilbodet har biblioteka etablert samarbeid med både ungdomsklubbar og utekontaktar. Fleire bibliotek har òg starta med speltilbod for eldre. Drammensbiblioteket har i 2011 starta eit prosjekt der målet er å lage ein modell for eit nasjonalt bibliotektilbod for eldre med demens. Prosjektet skal bidra til betre livskvalitet og helse, og til å byggje bruern mellom generasjonar ved bruk av spelteknologi. Ved Bjørndal vidaregåande skule i Oslo har Deichmanske bibliotek sett i gang eit prosjekt kor elevane som ein del av sine læreplanar har ansvar for å kurse og hjelpe lokale pensjonistar i bruken av datamaskin, iPad og lesebrett.

Formidling og distribusjon av litteratur

Framvoksteren av digitale media for spreing av bøker, tidsskrift og månads- og vekeaviser må sjåast som ei moglegheit for å nå ut til eit større publikum. Digital tilgang til litteratur, når denne distribusjonsmåten blir allment utbreidd, vil vere uavhengig av kvar lesaren, eventuelt lånaren, oppheld seg geografisk, så sant dei har tilgang til Internett.

E-bøkene vil òg stille nye krav til distribusjon og formidling. Når e-bøkene blir formidla i form av bilete og omslag på ein nettportal, må innhaldet formidlast på ein aktiv måte. Nasjonalbiblioteket og Norsk kulturråd samarbeider om løysingar for betre distribusjon av både elektroniske og papirbaserte bøker, og korleis desse kan formidlast til nye lesargrupper.

Ei anna viktig utfordring på litteraturfeltet i overgangen til elektronisk publisering er distribusjon til og utlån i biblioteka. Innkjøpsordningane for litteratur er eksemplarbaserte. Det vil seie at Norsk kulturråd kjøper inn eit visst tal *eksemplar* av bøker innanfor ulike sjangrar. Lånarane kan låne boka elektronisk gjennom biblioteka sine nett-tenester, men for å ivareta forfatarane sine rettar blir elektronisk utlån gjort likt med fysisk utlån. E-boka sluttar å verke når lånetida er omme,

og kvart eksemplar kan berre lånast ut til ein lånar i gongen.

Digitale arkiv

Arkivverket sitt viktigaste verkemiddel for å bringe arkiva ut til folk flest er å gjere arkivmateriale digitalt tilgjengeleg. Dei vel ut for digitalisering det arkivmateriale som anten er mest brukt eller som dei trur har størst bruksverdi. Dette har resultert i at det særleg er materiale knytt til befolkningshistorie og eigedomsrett som ligg ute på arkivverket sin nettstad. Til no er om lag 34 millionar dokumentsider lagde ut på kjeldenettstaden digitalarkivet.no. Dette er likevel berre 2 pst. av etaten sitt arkivmateriale. Det digitaliserte materialet blir møtt med stor interesse. I 2010 opna brukarane til saman 171 millionar sider med digitalt materiale. I snitt var det i 2010 om lag 6 300 unike brukarar innom Digitalarkivet kvar dag.

Arkivverket ønskjer å utvikle tilbodet med digitalisert kjeldemateriale i eit samarbeid med brukarane. Dei samarbeider med privatpersonar, lag og institusjonar som ønskjer å gjere eigne avskrifter og registreringar av kjeldemateriale tilgjengeleg på Digitalarkivet gjennom «gjesteportalen» Digitalpensjonatet.

Arkivmateriale som ikkje er digitalisert, kan ein finne i nettbaserte katalogar. Den sektorovergripande Arkivportalen opna i mai 2009 og gir no tilbod om søking etter arkivmateriale frå 25 statlege, kommunale og private arkivinstitusjonar. Det er eit mål at heile Arkivverkets bestand skal leggjast inn i Arkivportalen i løpet av nokre år. Arkivportalen er lagd til rette for at innhaldet skal kunne fangast opp av generelle søkjemotorar.

For å formidle innhaldet i arkiva produserer Arkivverket også nettutstillingar og presentasjonar. På nettstaden *kildenett.org* har Riksarkivet laga pedagogiske studieopplegg om fire ulike tema frå den andre verdskrigen: Krigen kjem til Noreg, Kvardagslivet under okkupasjonen, Kongens nei og Jødane i Noreg. Her får elevane og lærarar høve til å arbeide med primærkjelder, og det er lagt stor vekt på forskingsmetodar og kjeldekritikk. Statsarkivet i Trondheim har på si side vore med på å byggje opp nettstaden *kildenett.no* for ungdoms- og vidaregåande skule i Trøndelag. Der finst det om lag 500 dokument og digitale kopiar av fotografi, gjenstandar, aviser og bøker som ein kan bruke om ein vil forske i Trøndelags historie. På nettstaden er det også oppgåver for skuleelevane, knytt til læreplanane.

Stortingsarkivet er i gang med å digitalisere stortingsforhandlingane og vil vere ferdig med

det våren 2013. Prosjektet blir utført i samarbeid med Nasjonalbiblioteket. Stortingsarkivet har og planar om å digitalisere materiale knytt til jubileet i 2014.

Digitalt Museum og Digitalt fortalt

Digitalt Museum (www.digitaltmuseum.no) opna i juni 2009 og omfattar i dag om lag halvparten av dei 70 musea i det nasjonale museumsnettverket. I februar 2011 vart Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design med som første kunstmuseum. Målet med Digitalt Museum er at musea sine samlingar skal vere lett tilgjengelege for alle interesserte, uavhengig av tid og stad. Håpet er at samlingane enklare skal kunne nyttast til studiar, undervisning og generelt informasjonssøk.

Per i dag er over 800 000 gjenstandar registrerte i Digitalt Museum. Det er mogleg å søkje etter bilete, kunst, gjenstandar og bygningar på nettstaden. På sikt skal ein òg kunne søkje i andre delar av samlingane, som film- og lydopptak.

I det vidare arbeidet med Digitalt Museum vil det bli satsa på å standardisere og effektivisere digitaliseringsarbeidet i musea, med å samordne typenamn og klassifikasjon, og med å utbetre både registreringsverktøy og publiseringsløysing slik at den digitale samlingsforvaltninga blir meir effektiv og framvisinga endå meir publikumsvenleg.

Digitalt fortalt (www.digitaltfortalt.no) er ei interaktiv formidlingsteneste for digitale forteljingar. Tenesta er opa for alle, både institusjonar og privatpersonar, og brukarane kan kommentere og utfylle kvarandre sine forteljingar. Nettstaden høver godt i formidlingsarbeid retta mot alle aldersgrupper. I arbeidet med digitale forteljingar og Digitalt fortalt har Norsk kulturråd etablert samarbeid mellom institusjonar og skular, og samarbeid med lærarutdanning og høgskulemiljø.

Det blir no arbeidd med å kople Digitalt fortalt saman med Digitalt Museum, Arkivportalen, Wikipedia, Europeana, Lokalhistoriewiki og andre fagløysingar.

Det er Norsk lokalhistorisk institutt som driv nettstaden lokalhistoriewiki.no. Nettstaden inneheld lokalhistorierelaterte artiklar og bilete. Bidragsytarar er fagfolk og frivillige med interesse og kunnskap innan historie og lokalhistorie.

Digital formidling av musikk- og scenekunst

Digital teknologi opnar for nye måtar å formidle levande kulturuttrykk innanfor musikk og scene-

kunst. Overføring ved bruk av digital IK-teknologi kan ikkje erstatte den levande formidlinga og møtet mellom scene og sal. Likevel kan denne typen distribusjon medverke til at utvalde framsyningar blir betre kjende og lettare tilgjengelege for større og nye publikumsgrupper. Digital formidling kan òg gi eit tilbod til folk som ikkje kan oppsøkje institusjonane, på grunn av avstand, alder/sjukdom eller økonomi.

Ny teknologi har opna for direkte digital distribusjon av framsyningar og konsertar via satellitt, kabel, bakkenett og breiband. Digital distribusjon kan skje gjennom radio, fjernsyn, kinovising, stor-skjermvisning og ulike nettplattformer. Internasjonalt har fleire store musikk- og scenekunstinstitusjonar nytta dei nye distribusjonskanalane, slik som Metropolitan Opera i New York, Berliner Philharmoniker, National Theatre i London, Dramaten i Stockholm m.fl.

Tal frå Norsk Teater- og Orkesterforening syner at i perioden 2006–2010 vart det gjennomført mellom 66 og 80 transmisjonar i orkestra kvart år. I same periode har dei største norske scenekunstinstitusjonane hatt mellom 2 og 9 transmisjonar kvart år. Statistikken viser at det i liten grad blir formidla framsyningar frå institusjonsteatra til norske fjernsynssjåarar.

Institusjonane skal leggje vinn på å nå ut til eit størst mogleg publikum, og det er ønskeleg med fleire opptak for fleire institusjonar. Departementet føreset difor at institusjonane medverkar til at oppsetjingar blir transmitterte for visning på fjernsyn, jf. omtale i St.meld. nr. 32 (2007–2008) *Bak kulisene*. NRK skal leggje til rette for opptak og transmisjon av norske scenekunstframsyningar.

Nokre av dei store institusjonane i Noreg, mellom anna Oslo-Filharmonien, Den Norske Opera & Ballett og Nationaltheatret, har undersøkt erfaringane frå andre land for å finne ut kva som skal til for at ein kan prøve ut digital distribusjon av utvalde framsyningar og konsertar i Noreg. Som eit resultat av ekstraordinære lønsforhandlingar dei siste åra har orkestra og Den Norske Opera & Ballett fått utøverrettane overførte til seg. Det er difor no lagt betre til rette for transmisjonar, CD-innspelningar og digital distribusjon for desse institusjonane. Det er så langt ikkje funne tilsvarende løysingar for scenekunstinstitusjonane. Det er teke initiativ til eit prøveprosjekt med direkte overføringar av opera, teater og ulike konsertar til kinoar over heile landet i 2012. Ei rekkje kinoar har sagt seg interesserte i å delta i prøveprosjektet. Det er viktig å vinne erfaringer på dette området, og regjeringa vil difor støtte prosjektet.

Digital formidling av kino

Då planane om digitalisering av den internasjonale kinonæringa tok form, var det eit viktig prinsipp for regjeringa at det desentraliserte kinotilbodet skulle oppretthaldast, jf. St.meld. nr. 22 (2006–2007) *Veiviseren*. Film & Kino har lukkast i å få med nær alle eksisterande kinoar, og 410 norske kinosalar var digitale då prosjektet vart avslutta 1. juli 2011. Eit spleiselag mellom kinoane sjølve, distributørane og offentlege midlar gjennom Norsk kino- og filmfond, har gjort denne satsinga mogleg. Bygdekinoen blir også digitalisert og vil frå hausten 2011 kunne tilby dei same fordelane som vanlege kinoar.

I ei digital verd er det i høg grad mogleg å demokratisere kinoen som medium. Når dei store analoge filmkopiane blir skifta ut med ein harddisk eller andre digitale informasjonsberarar, blir kinolerretet lettare tilgjengeleg for grupper som ikkje tidlegare har kome til. Til dømes blir det mogleg å vise filmarbeid som barn og unge sjølv har produsert i lokale filmverkstader. Det blir lettare å ta kinosalar i bruk til undervisning og overføring av anna innhald enn film, til dømes opera, teaterframsyningar og sportsarrangement. Vidare blir det enklare og rimelegare å leggje kinoopplevinga til rette for syns- og hørselshemma.

Ein anna fordel er at dei minste kinoane i eit digitalt system får filmene tidlegare. Før omlegginga fekk dei minste kinoane i snitt dei nye filmene 45 dagar etter premiere. Omlegginga til digital visning har gitt sterk besøksverkst hos dei minste kinoane, fordi dei store titlane er tilgjengelege for folk i distrikta tidlegare.

Det er viktig at kinosjefane set opp programmet etter kulturpolitiske prinsipp og slik sørgjer for mangfald. Kinoane er framleis stort sett eigde av norske kommunar, og mangfaldet i programmeringa bør bli større etter digitaliseringa er ferdig.

Digital formidling av kringkasting

Distribusjon av fjernsynssignal til forbrukarane skjer hovudsakleg på fire måtar: via satellitt, kabel, bakkenett eller breiband. Snart er alle desse fullt ut digitaliserte. Då bakkenettet vart digitalisert fekk i praksis heile befolkninga tilgang til ei stor mengd kanalar. Frekvensutnyttinga vart kraftig betra, og fleire kringkastarar når dermed ut til heile befolkninga. Dette gir forbrukarane eit større tilbod av fjernsynskanalar. NRKs tre fjernsynskanalar og alle radiokanalane blir sende

ukoda og er gratis tilgjengelege i bakkenettet. Lokalfjernsyn og Frikanalen er også ein del av gratistilbodet.

Digital teknologi opnar også for nye funksjonar. Sjøarane får tilgang til ekstrasenester som elektronisk programguide (EPG) og personleg videoopptakar (PVR), og ny teknologi som gjer det mogleg å tilby tilrettelagde tenester for mellom anna syns- og hørselshemma. Samstundes gjer digitaliseringa det mogleg å tilby betre kvalitet på lyd, bilete og signal.

Dei siste åra har det komme på marknaden fjernsynsapparat som integrerer funksjonaliteten frå tradisjonelt fjernsyn med internettfunksjonalitet. Dette kallast ofte «Smart TV» eller «Connected TV». Utbreiinga av denne typen apparat er foreløpig beskjeden i Noreg, men er forventta å auke dei neste åra, då mange av dagens nye fjernsynsmodellar har innebygde Smart TV-løysningar.

Den primære distribusjonsplattforma for radio er framleis FM, men også på radiofronten skjer det ein digitaliseringsprosess. Sidan 1995 har det vore digitalradiosendingar via DAB (Digital Audio Broadcasting). NRK tilbyr i dag ei rekkje niskekanalar på DAB som ikkje finst på FM-plattformen. P4s hovudkanal, Radio Norge, P5, Radio 1 og NRJ blir sendt både på DAB og FM. I tillegg er DAB-kanalane tilgjengelege via det digitale bakkenettet for fjernsyn. Samla sett har dermed tilnærma heile befolkninga tilgang på digital radio på minst ei av dei nemnde plattformene.

I 2011 vedtok Stortinget å leggje til rette for heildigitalisering av radiomediet ved å fastsetje ein dato for utvikling av FM-nettverket under visse føresetnader.¹¹ Digitalisering av radio gir digital meirverdi i form av integrering av fleire medium, moglegheit for nye tenester, meir robuste signal og auka mangfald. Som med digitalisering av fjernsyn, vil digitalisering av radio føre til at kanaltilbodet blir meir likt, uavhengig av kvar i landet ein bur. Dette vil særleg få betydning i distrikta, sidan kanaltilbodet på FM utanfor dei store byane er relativt avgrensa.

7.8.2 Brukarmedverknad

Den teknologiske utviklinga har ført til meir brukarorientering og brukarmedverknad og opna for at publikum sjølve kan produsere innhald og delta. Brukarane kan nytte materialet på nye og utforskande måtar og leggje inn eigne kommentarar og innhald, kommunisere med institusjonar

¹¹ St.meld. nr. 8 (2010–2011)

eller andre brukarar. Til dømes inviterer NRK og Nationaltheatret publikum til å uttrykkje si meining om tilbodet deira. Nettet tilbyr dessutan ei rad sosiale arenaer der folk kan uttrykkje seg, til dømes på sin eigen blogg eller andre medium. Dei ulike sosiale media har fleire funksjonar. Dels er dei arenaer for å skape, publisere og gjenbruke innhald, og dels handlar det om samhandling og samarbeid mellom brukarar. I tillegg tilbyr nettet sjølvsaft plattformer for deling og lagring.

Den sterke auken i bruk av sosiale medium dei siste åra har ført til at informasjon og kommunikasjon blir demokratisert på ein måte som utfordrar tradisjonelle roller og maktstrukturar. Geografisk, institusjonell eller sosial tilhøyrse spelar ei mindre rolle enn tidlegare. På Internett er det ikkje noko klart skilje mellom avsendarar og motakarar, formidlarar og publikum, fagfolk og lek-

folk. Dei nye kommunikasjonsverktøya skapar arenaer for brei, folkeleg deltaking. Ny teknologi utfordrar og endrar også forholdet mellom dei ulike aktørane. Når samlingane blir tilgjengelege på nettet, kjem dei i spel på nye måtar. Grenser og relasjonar mellom publikum, institusjonane og dei profesjonelle aktørane blir endra. Publikum i ein samanheng kan vere skapande aktørar i andre. Utviklinga legg til rette for eit dynamisk samspel mellom aktørar i ulike roller, som brukar og bidreg til den teknologiske utviklinga. Ei drivkraft i dette er publikums behov og handlingar.

7.8.3 Tiltak: krav om at verksemdar og institusjonar på kulturfeltet nyttar nye digitale verktøy i arbeidet for å nå fleire

Globalisering og teknologisk utvikling gjer at kulturen i vår tid endrar seg raskt. Delingskulturen på Internett er også ein inkluderingskultur, og gir utfordringar og moglegheiter både sosialt og teknologisk.

Kulturinstitusjonane i samfunnet har ein viktig funksjon i denne samanhengen, og departementet legg til grunn at dei reflekterer over si rolle som samfunnsberande aktørar. Informasjon og tenester som ikkje finst på Internett blir lett mindre synlege og mindre brukte. Kunstsamlingane, kunstnarane, verka, institusjonane og dei profesjonelle aktørane må vere til stades der publikum ventar å finne dei. Publikum reknar med institusjonar som er inviterande, uformelle, sosiale, opne, informative og kommuniserande i sine tilboda og tenestene på nettet.

Om dei etablerte kunst- og kulturmiljøa ikkje tilpassar si verksemd til nye generasjonar og andre publikumsgrupper, vil deira samfunnsrelevans med tida bli mindre. Institusjonane må evne å møte dei såkalla digitalt innfødde på deira premissar.

Departementet legg til grunn at verksemdene/institusjonane sjølve utviklar nye måtar å arbeide på for å utnytte dei moglegheitene som veks fram med den teknologiske utviklinga til å nå fleire publikumsgrupper, gjennom sin ordinære verksemd. Departementet vil følgje opp dette i styringsdialogen med institusjonane.

Boks 7.6 The Smithsonian Commons

The Smithsonian Institution i Washington er verdas største museums- og forskingskompleks og vart grunnlagt i 1846. I 2009 gjennomførte The Smithsonian ein strategiprosess, med workshops og ein open prosjektwiki der institusjonen sin bruk av sosiale medium vart drøfta og planlagt. Målet var å knyte ressursane tettare saman, gjere det lettare for publikum å finne fram til, kombinere, kommentere og ikkje minst bruke det dei finn. Ein ville òg etablere ein ny læringsmodell der kunnskapen måtte sjåast som ein integrert heilskap, og både museet sin ekspertise og publikum sitt engasjement og kunnskap kunne samlast og vidareutviklast ved aktiv bruk av sosiale medium.

Strategiarbeidet førte fram til The Smithsonian Commons – ein visjon om eit ope kunnskaps- og opplevingsfellesskap der utstillingar, forskning, oppleving, brukarinnhald og samlingar er knytte saman og gjort tilgjengeleg for bruk av alle, i mange ulike kontekstar og på ulike teknologiske plattformer.

8 Samarbeid med og deltaking i den frivillige kultursektoren

8.1 Innleiing

Regjeringa støttar aktivt opp om frivillig sektor og utviklinga av eit levande sivilsamfunn gjennom eit nært samarbeid med frivillige organisasjonar, og ved å støtte og leggje til rette for frivillig engasjement. Omfanget av frivillig organisering og frivillig innsats i Noreg er stort i internasjonal samanheng.¹ Utbreiinga av lokalt foreiningsliv og den store delen av befolkninga som deltek i frivillig arbeid, viser at frivillige organisasjonar er ein stor og viktig del av sivilsamfunnet i Noreg.

Det er til saman om lag 90 000 frivillige organisasjonar, lag og foreiningar i Noreg.² Av desse er det om lag 16 500 lokale og regionale lag og foreiningar innanfor kunst- og kulturfeltet, som omfattar frivillig aktivitet og verksemd i mellom anna korps, kor, orkester, folkedans, ulike festivalar, historielag, husflidslag, museum og samlingar, ikkje-kommersiell teater, film, kunst og litteraturaktivitetar.³ Generelt er det ein overrepresentasjon av personar med høg utdanning og inntekt som deltek i frivillig arbeid, og personar med innvandrarakgrunn er i mindre grad medlemmer i organisasjonane.

I dette kapitlet blir det gitt nokre døme på mangfalds- og inkluderingsarbeidet i frivillig sektor, med særleg vekt på dei tradisjonelle organisasjonane og samarbeid med det offentlege. Det er ikkje meininga å gi eit altomfattande oversyn over inkluderingsarbeidet, men å vise nokre innsatsar og erfaringar. Deretter blir sentrale satsingar som påverkar rammevilkåra til frivillig sektor og ressursane til lokal aktivitet presentert. Til slutt blir tiltak for vidare arbeid presentert innanfor tre hovudområde: partnerskap og brubygging mellom profesjonelle og frivillige i kultursektoren, auka deltaking og representasjon frå underrepresenterte grupper i frivillig kultursektor, kontakt og samarbeid mellom tradisjonelle kunst- og kulturorganisasjonar og etniske og fleirkulturelle organisasjonar.

¹ Wollebæk og Sivesind (2010)

² Sivesind (2010)

³ Wollebæk og Sivesind (2011)

8.2 Inkludering og mangfald i frivillig sektor

Auka merksemd om inkludering og integrering i frivillig sektor er eit sentralt mål i regjeringas frivilligpolitikk. Dette arbeidet blir gjort i nært samarbeid med frivillige organisasjonar.

8.2.1 Frivillighet Norges inkluderingsprosjekt

Frivillig sektor har sjølv teke eit særleg ansvar for å auke merksemda om mangfald og inkludering i frivillige organisasjonar. Kulturdepartementet auka tilskotet til Frivillighet Norge med 1 mill. kroner i 2008 i tråd med St.meld. nr. 39 (2006–2007) *Frivillighet for alle*. Tilskotet dekte mellom anna opprettinga av ei prosjektstilling med ansvar for å auke medvitet om integrering av innvandrarar i det frivillige organisasjonslivet. Det overordna målet med inkluderingsprosjektet var å medverke til større etnisk mangfald blant medlemmer og aktive i dei frivillige organisasjonane, og å medverke til at fleire minoritetsorganisasjonar blir inkluderte i organisasjonsfellesskapen gjennom medlemskap i Frivillighet Norge.

Arbeidet vart vidareført og styrkt i 2009 med endå 1 mill. kroner til informasjonsmateriell, kurs, hospiteringsordning og samarbeidsprosjekt mellom tradisjonelle organisasjonar og minoritetsorganisasjonar. Kulturdepartementet øyremerkjer ikkje lenger særskilde midlar til Frivillighet Norges inkluderingsarbeid, men har auka det generelle driftstilskotet til samarbeidsorganet. Frivillighet Norge får også økonomisk støtte frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet til inkluderingsarbeidet.

8.2.2 Frivillig verksemd for barn og unge

I tråd med St.meld. nr. 39 (2006–2007) *Frivillighet for alle* har regjeringa styrkt tilskotsordninga Frifond for å fremje innsats i arbeidet med integrering og inkludering. Føremålet med tilskotsordninga Frifond er å stimulere barn og unges aktivitet og deltaking lokalt, gjennom frivillige organisa-

Boks 8.1 Døme frå Frivillighet Norges inkluderingsprosjekt

Velkommen inn!

Erfaringsrapporten *Velkommen inn!* frå 2008 presenterte ulike erfaringar, døme på tiltak og råd frå ulike organisasjonar som har arbeidd med inkludering. Føremålet med rapporten var å gjere organisasjonane betre rusta til å satse på inkludering i eigen organisasjon. Rapporten viser at organisasjonane har eit stykke igjen for å nå målet om å representere mangfaldet blant innbyggjarane. Ein god del av organisasjonane er opptekne av inkludering, men ikkje alle har sett i verk konkrete tiltak. Dei vanlegaste tiltaka er å samarbeide med minoritetsorganisasjonar og å gjennomføre fleirkulturelle arrangement. I rapporten blir det understreka at kvar organisasjon må finne sin måte å arbeide på, og at aktivitet og tiltak må tilpassast den enkelte.

Velkommen til oss!

Rettleiingsheftet *Velkommen til oss!* tilbyr praktiske tips om korleis ein kan arbeide med å styrkje deltakinga frå personar med etnisk minoritetsbakgrunn i frivillige organisasjonar. Heftet inneheld ei rettleiing til ein workshop om inkludering og tek utgangspunkt i praktiske reiskapar som frivillige organisasjonar kan bruke for å bli meir inkluderande. Rettleiinga er først og fremst retta mot dei lokale ledda i frivillige organisasjonar.

Hospiteringsordning

Hospiteringsordninga starta som eit pilotprosjekt i 2009 og er ein del av arbeidet for å stimulere til kontakt, samarbeid og erfaringsutveksling mellom minoritetsorganisasjonar og tradisjonelle norske organisasjonar. Gjennom ordninga blir leiurar og ressurspersonar i minoritetsorganisasjonar og tradisjonelle norske organisasjonar kopla saman. Gjennom jamlege møte og rettleiing har desse personane vorte kjende med kvarandre og utveksla idear og erfaringar. Erfaringsrapporten frå prosjektet understrekar at deltakarane har knytt kontaktar i kvarandre sine miljø, lært av kvarandre sine måtar å organisere seg på, og fått betre forståing for kva dei andre organisasjonane arbeider med og for.

Workshops

Frivillighet Norge arrangerer workshops for tradisjonelle norske organisasjonar. Dette er praktiske kurs for å hjelpe organisasjonane i gang, eller kome vidare med inkludering av personar med etnisk minoritetsbakgrunn i sin organisasjon. Opplegga blir tilpassa kvar enkelt organisasjon og passar godt inn i både medlemsmøte, seminar og konferansar. Norges Turistforening, 4H, Norsk Folkehjelp, Changemaker og Norges Kvinne- og familieforbund er døme på organisasjonar som har delteke.

sjonar og frittståande grupper og foreiningar som ikkje er medlemmer av ein større organisasjon. Statstilskotet til Frifond er i 2011 nærare 45,8 mill. kroner. I tillegg blir det tilført midlar frå overskotet til Norsk Tipping AS, som i 2011 utgjør 125 mill. kroner.

Ordninga skal medverke til å styrkje dei generelle rammevilkåra for barne- og ungdomsorganisasjonane og er ein viktig del av regjeringas satsing på aktivitetsskaping blant barn og unge i frivillige organisasjonar og lågterskelaktivitet i frittståande grupper og foreiningar. Midlane blir fordelte til dei tre paraplyorganisasjonane Norsk musikkråd, Norsk teaterråd og Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar. Det er paraplyorganisasjonane sitt ansvar å fordele midlane vidare.

Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU) oppretta i 2008 ei toårig pro-

sjekestilling med ansvar for å auke medvitet om inkludering og integrering i Frifond-ordninga. LNU har sidan 2008 delteke i arbeidet med inkludering i Norsk musikkråd og Norsk teaterråd, og samarbeidd med Frivillighet Norge. I 2009 vart det gjennomført ei evaluering av Frifond der det kom fram at organisasjonane som får støtte frå Frifond fokuserer lite på tiltak retta mot innvandrarar og minoritetar, og at ein først og fremst tek sikte på å rekruttere nye medlemmer til den ordinære organisasjonsverksemda.⁴ Grupper som fell utanfor det etablerte organisasjonslivet nyttar Frifond-ordninga i mindre grad enn ein skulle ønskje.

Gjennom arbeidet med *Frifond for alle* har LNU i samarbeid med dei to andre paraplyorganisasjonane arbeidd målretta for å spreie informa-

⁴ Agenda Utredning og Utvikling (2009)

Boks 8.2 Døme på frittstående grupper med støtte frå Frifond

Figur 8.1 Somadoon

Foto: LNU

Somadoon er ein somalisk frivillig organisasjon i Oslo som driv leksehjelp, jobbprosjekt, fjernsyns-/og radiokursing og arrangerer festar for norsk-somaliarar i Oslo. Somadoon har fått støtte frå Frifond barn og unge til å arrangere nasjonaldagsfeiring for barn og unge med somalisk bakgrunn i Oslo.

Human Nature er ei gruppe med tre unge kunstnarar. Dei har fått støtte frå Frifond barn og unge til ei kunstutstilling på Grünerløkka i Oslo. Pengane vart brukte til leige av lys, plastplater til bileta og flyers og anna informasjonsmateriell for å promotere utstillinga. Utstillinga vart godt besøkt, rundt 200 personar var innom.

Fosseduren filmteam er ei gruppe med ungdommar frå Stjørdal som lagar ein film i samarbeid med Fosseduren. Fosseduren er eit band med psykisk utviklingshemma medlemmer som har halde på sidan 1992. Dei skal filme både øvingane, konsertane og medlemmene av bandet i fritida.

Oslo Zombie Walk blir arrangert av Children of the Night, som er ein ungdomsklubb i Oslo som fokuserer på subkulturar. Klubben blir driven av frivillig ungdom mellom 14 og 21 år. Ein Zombie Walk er eit slags kostymetog der ungdom kler seg ut som, og oppfører seg som, zombiear. Oslo Zombie Walk 2010 hadde over 200 deltakarar. Dei fekk støtte frå Frifond barn og unge til spessialeffektar og sminke, og til trykking av plakatar og flyers for å promotere arrangementet.

Vietnamesisk song- og musikkgruppe vart starta av ei gruppe ungdommar og har fått støtte frå Frifond musikk til instrument og utstyr. Tiltaket har bidrege til å skape større interesse for bruken av levande vietnamesisk musikk.

Har en drøm er ei gruppe med ungdommar frå Skedsmo voksenopplæringsenter som har halde på med kor, dans, måling med meir. Dei har fått støtte frå Frifond musikk og har mellom anna hatt to opne framsyningar i Skedsmo samfunnshus.

Boks 8.3 Mangfaldsguide – verktøykasse for arbeid med inkludering

Mangfaldsguide – ei verktøykasse for frivillige organisasjonar og fritidsklubbar som ønskjer å jobbe med inkludering, er eit samarbeidsprosjekt mellom dei tre paraplyorganisasjonane Ungdom & Fritid, LNU og Unge funksjonshemma. Temaet for guiden er inkludering i organiserte fritidsaktivitetar og handlar om både funksjonshemma, overvektige, homofile, innvandrardom og religiøse minoritetar. Målet er å inspi-

rere organisasjonar og fritidsklubbar til å arbeide aktivt med inkludering. Rapporten inneheld framlegg til aktivitetar, leikar og øvingar som kan nyttast til å rette søkjelys mot fordommar, menneskeverd, mangfald og inkludering. Informasjon om Frifond-ordninga er ein del av innhaldet i guiden. Prosjektet vart finansiert av Extrastiftelsen Helse og Rehabilitering.

Boks 8.4 Skrivekurs for barn og unge

I løpet av 2010 nytta Norsk teaterråd midlar frå Frifond til å utvikle og arrangere skrivekurs for barn og unge i alle fylke. Dette vart gjennomført i samarbeid med lokale lag og grupper. I løpet av året vart det arrangert SKRIV! kurs i nesten alle fylke og til saman 171 ungdomar mellom 10 og 26 år deltok på kursa. Målet med kursa er å motivere deltakarane til å skrive, å formidle basiskunnskap om korleis ein kan skrive dramatikk, og å vekke interessa for teater som uttrykksform. Kursa blir leidd av profesjonelle instruktørar med både teater- og skriveerfaring.

Norsk teaterråd tilbyr SKRIV! kurs til ungdom som vanlegvis ikkje har så mange tilbod. Dei har mellom anna inngått samarbeid med Kirkens bymisjon i Tromsø om å halde kurs for ungdommar frå rusmiljøet. Dei samarbeider også med Frivillighet Norge for å kome i kontakt med innvandrargrupper som allereie er

engasjerte i kulturarbeid. På den måten ønskjer dei å nå fram til ungdom som kan ha lyst til å lære å skrive dramatikk, men som kan ha ein annan innfallsvinkel til teater og ei anna historie å fortelje. I dette arbeidet samarbeider dei med KREM Norge som arbeider med utradisjonelle metodar for å få ungdom tilbake på skule/jobb, og som har god erfaring med skrivekurs som metode. KREM Norge vil mellom anna i samarbeid med NAV og Norsk teaterråd gjennomføre kurs i dramatikk for ungdommar på Grünerløkka i Oslo. Målet er å utvikle kursopplegg som medlemsorganisasjonane sjølve har ansvar for og kan tilby i sine medlemslag og i ulike kommunar. Norsk teaterråd har lyst ut ein open konkurranse i manusskriving, der vinnaren får sett opp stykket sitt på Vestlandske teatersenter i Bergen, eller under Rampelysfestivalen i Oslo i 2012.

sjon om ordningane til ulike målgrupper. Resultata frå arbeidet for inkludering og integrering i Frifond er fleire søknader frå små og nyetablerte organisasjonar og frå frittstående grupper med barn og unge med innvandrarakgrunn som ikkje deltek i dei etablerte organisasjonane. Arbeidet har bidrege til å skape eit meir mangfaldig og inkluderande organisasjonslandskap for barn og unge.

I 2010 vart det fordelt tilskot frå Frifond til over 13 000 lokallag via sentralleddet i 122 forskjellige organisasjonar. Det er eit stort mangfald både i organisasjonstype, storleik, aktivitet og føremål. I tillegg vart det fordelt tilskot til nærare 3000 frittstående grupper og lag gjennom ordningane Frifond barn og unge, Frifond musikk

og Frifond teater. Det er eit svært breitt spekter av grupper og små og store aktivitetar som får støtte frå desse ordningane.

Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU) forvaltar støtteordninga *Mangfald og inkludering* på vegne av Barne-, likestillings-, og inkluderingsdepartementet, jf. pkt. 9.4. I tillegg fordeler LNU tilskot til kulturprosjekt i landsdekkjande barne- og ungdomsorganisasjonar gjennom ordninga *Kulturmidlane*. Frå denne ordninga har mellom anna Noregs Blindeforbunds Ungdom fått støtte til prosjektet *Ører som ser film*, der dei arrangerte ein filmfestival med filmar som er synstolka. Frelsesarmeens barn og unge har fått støtte til eit prosjekt for å gi fleire barn frå vanskelegstilte familiar eit musikktilbod.

Norsk teaterråd fordeler støtte til amatørgrupper innanfor teater og dans. Amatørteateret skal vere ein arena for alle, og på amatørscena skal det vere plass for personar uavhengig av alder, kjønn, etnisitet, sosial og økonomisk bakgrunn, eller funksjonsevne. Norsk teaterråd har gjort seg fleire erfaringar med prosjekt retta mot ulike minoritetsgrupper. I 2002 vart mellom anna prosjektet *Teater for alle – et usedvanlig teater* gjennomført med deltakarar som var utviklingshemma. I 2007 vart det arrangert ein nasjonal amatørfestival *Teater for alle – teater utan grenser*, der skodespelarane hadde ulik kulturell bakgrunn og etnisitet.

Norsk teaterråd har dei seinare åra arbeidd aktivt for å få med fleire barn og unge frå familiar med låg inntekt. I 2009 vart det gjennomført prosjekt i Trondheim og Oslo der dei knytte til seg lokale samarbeidspartnarar. Målet var å inkludere barn og unge som i mindre grad deltek i fri-

villig verksemd. Resultatet er at det har vorte skipa nye lokale grupper som søker om midlar frå Frifond til sine prosjekt på lik line med andre søkerar.

8.2.3 Tilskot til frivilligsentralane

Frivilligsentralane finst over heile landet og er møtestader og samhandlingsarenaer for frivillig arbeid. Det er eit overordna mål at sentralane skal bidra til auka deltaking, lokalt engasjement og å skape gode vilkår for frivillig innsats lokalt. Sentralane skal bidra til å samordne den frivillige innsatsen som privatpersonar og frivillige organisasjonar i kommunen utfører, og dermed styrkje og fremje det frivillige arbeidet. Sentralane har eit mangfald av aktivitetar og tilbod på områda kultur, fritid, helse og nærmiljø. I 2011 har i alt 371 frivilligsentralar fått statstilskot, fordelt på 308 kommunar i alle fylka i landet.

Boks 8.5 Døme på aktivitet i frivilligsentralane

Halden frivilligsentral

Frivilligsentralen har lagt til rette for aktivitet i ei internasjonal kvinnegruppe. Grappa møtast mellom anna til samvær i ein strikkekafe og til matlaging på eit skulekjøkken. I juli samla grappa nærmare 200 personar til grillfest i bakgården til frivilligsentralen for å markere det arbeidet som har blitt lagt ned over lengre tid mot kjønnslemlesting. Deltakarane på festen var kvinner som har delteke på kurs og foredrag om temaet med deira barn og familie. I tillegg til dette har den internasjonale kvinnegrappa også tatt initiativ til fleire møte med ulike samfunnsaktuelle tema på dagsorden. Gjennom heile året tilbyr dei også leksehjelp der det blir lagt vekt på å nå mødrene og deira barn.

Lillehammer frivilligsentral

Frivilligsentralen samarbeidar med flyktningeavdelinga ved Lillehammer læringssenter for å gi bistand til flyktningar i kommunens introduksjonsprogram. Sentralen bidreg med frivillige til språktrening og leksehjelp, som venekontaktar, i tillegg til å gi bistand i enkle kurs administrert av Lillehammer læringssenter. Frivilligsentralen har også ein tverrkulturell handarbeidsgruppe der fire-fem norske frivillige møtast kvar

veke med flyktningar og innvandrarkvinner. Dei har også eit tverrkulturelt forum for unge vaksne i Frivilligsentralen med norske unge frivillige og ungdom frå andre kulturar i alderen frå 18 til 30 år.

Bjerke frivilligsentral, Oslo

Frivilligsentralen har ein utlånssentral for sport og fritidsutstyr der bebuarane i bydelen kan få låne utstyr gratis. Dei fire første månadene hadde dei 800 utlån av vintersportsutstyr. Personar frå kriminalomsorg i frihet programmet har hjulpet til med preparering av ski, sliping av skøyter og anna vedlikehald på utlånssentralen.

Storhaug frivilligsentral, Stavanger

Kvar torsdag formiddag møtast 6–8 frivillige på Midjord bydelshus for å snakke norsk med elevar frå Johannes læringssenter. Til saman 434 elevar fordelt på 31 klasser deltok i 2010. I følgje skulens representant er deltakarane svært fornøgde med tilbodet, og seier det gir ein god følelse å bli forstått av andre nordmenn. For veldig mange er personane på frivilligsentralen dei einaste som dei snakkar norsk med utanom læraren.

Sidan ordninga vart etablert for 20 år sidan, har sentralane hatt som mål å nå ut til andre grupper frivillige enn dei etablerte frivillige organisasjonane. I arbeidet sitt har sentralane teke omsyn til erfaringar både frå det tradisjonelle organisasjonslivet og den nye frivilligheita når det gjeld stimulering av frivillig innsats. Dei har over fleire år gått nye vegar for å engasjere folk til frivillig innsats gjennom ei aktiv og inviterande haldning, kombinert med konkrete oppgåver som blir vurdert ut frå dei frivillige sine ønske og interesser. Frivilligsentralane har gjort det enklare for mange å delta i frivillig arbeid og er viktige møtestader for frivillig innsats, deltaking og engasjement i nærmiljøet.

Departementet har tilført ekstra midlar for å styrkje inkluderingsarbeid i frivilligsentralane gjennom samarbeid med lokale frivillige organisasjonar, lag/foreiningar og det offentlege. Føremålet har vore å auke merksemda om frivillig arbeid og organisasjonsdeltaking som arena for brei deltaking og inkludering. Mange frivilligsentralar har mellom anna teke initiativ overfor NAV for å informere om arbeidet til sentralane og høvet til å delta i frivillig verksemd.

8.2.4 Ei aktiv fritid for personar med utviklingshemming

Fritid for utviklingshemma er eit eige tema i informasjons- og utviklingsprogrammet for 2010–2013 *Mennesker med utviklingshemming skal heller ikke diskrimineres*. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet er ansvarleg for programmet.

Frivillige lag og organisasjonar er ein viktig del av fritida for mange menneske. Menneske med utviklingshemming skal også kunne delta i frivillig verksemd. Nasjonalt kompetansemiljø om utviklingshemming (NAKU) har på oppdrag frå Kulturdepartementet gjennomført eit prosjekt om tilrettelagd deltaking i ordinære frivillige lag og organisasjonar. Målet har vore å auke kunnskapen og medvitet om moglegheitene til personar med utviklingshemming og auke samarbeidet mellom frivillige organisasjonar og tilsette i kommunar og bydelar som arbeider med å utforme aktivitetar og tiltak.

Kristiansand kommune hadde ansvar for prosjektet Fritid for alle, som handla om ulike måtar å utvikle støttekontaktenesta på. Prosjektet vart finansiert av Helse- og omsorgsdepartementet og Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, og vart avslutta i 2010. Nettstaden for prosjektet er vidareført.

Kunnskapsdepartementet ved VOX, Kulturdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet

Boks 8.6 Døme på aktivitetar

Dissimilis kultur- og kompetansesenter

Dissimilis er ein kulturorganisasjon for menneske med psykisk utviklingshemming. Organisasjonen skal bidra til at personar med utviklingshemming får eit kulturtilbod på eigne premisser. I 2011 gir Kulturdepartementet Dissimilis kultur- og kompetansesenter eit tilskot på 2,1 mill. kroner. Dissimilis kultur- og kompetansesenter vil sikre menneske med samansette lærevanskar eit tilpassa undervisningstilbod innanfor kunst og kultur. Satsingsområda er band, kor, dans, drama og individuell undervisning. Dette gjer at Dissimilis kultur- og kompetansesenter også kan tilby ulike former for underhaldning – frå jazz til opera. Kompetansen til Dissimilis har overføringsverdi for andre grupper med spesielle behov (psykiatriske pasientar, eldre, barn m.fl.).

Musikkorps for utviklingshemma

Det første musikkorpsset for utviklingshemma vart grunnlagt på Torshov skule i Oslo i 1972. Midt på 1980-tallet vart seks tilsvarande korps oppretta på spesialskular for utviklingshemma i Trondheim, Bergen, Hønefoss, Bærum, Lørenskog og Lillehammer. Sidan 2000 har det vore eit mål å arrangere ein eigen korpsfestival for spesialkorpsa kvart tredje år. Dei siste fem åra har representantar for spesialkorpsset på Lillehammer og norsk nødhjelp hjelpt til med å bygge opp eit korps for funksjonshemma i byen Shkoder i Albania. Det albanske korpsset vitja spesialkorpsfestivalen på Lillehammer i 2009 og er invitert til spesialkorpsfestivalen i Oslo i 2012. Kulturdepartementet har gitt 100 000 kroner i reisetilskot til kvart av desse besøka.

støttar prosjektet *Deltakelse og tilhørighet*, som arbeider med inkludering av menneske med utviklingshemming i trudoms- og livssynssamfunn.⁵

8.3 Lokalt inkluderingsarbeid

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor har på oppdrag frå departementet gjennomført to nærstudiar av lokalt inkluderingsarbeid på Veitvet i Oslo og på Møhlenpris i Bergen.⁶ Dette er

⁵ www.deltakelse.no

⁶ Ødegård (2010), Loga (2011)

område med stor innvandrartettleik og aukande tilflytting av personar med innvandrarbakgrunn. Studiane syner at lokale styresmakter har ulike strategiar for frivillig organisasjonsliv som integrasjonsarenaer, og at dei gir ulike resultat. Studiane syner òg at det blir teke mange gode inkluderande initiativ. Samstundes verkar det vanskeleg å etablere stabile, felles arenaer for majoritets- og minoritetsgrupper.

Deltaking i frivillige organisasjonar kan ha stor innverknad på inkludering og integrering i lokalmiljøet. Gjennom frivillig deltaking opparbeider enkeltpersonar seg ressursar gjennom sosiale nettverk og sosiale omgangsformer. Deltaking

Boks 8.7 Døme på lokalt inkluderingsarbeid

Møtestad for fleirkulturell deltaking i Bergen

På Møhlenpris i Bergen har arbeidet for å styrkje inkludering først og fremst vorte gjort gjennom det tradisjonelle foreiningslivet og gjennom aktivitetar knytte til Frivilligsentralen. Studien framhevar bogekorpssa som ei identitetsbyggjande og inkluderande ungdomsforeining. Andre viktige initiativ er nettverk for minoritetsjenter, internasjonal matgruppe for vaksne kvinner og enkeltarrangement som «Den europeiske nabodagen» som Frivilligsentralen tek initiativ til. Ein av konklusjonane frå studien om Møhlenpris er at det finst få fleirkulturelle møteplassar som inkluderer breie lag av innbyggjarane. Det er ein tendens til at minoritetsforeiningane i sentrum samlast kring Bergen Internasjonale Kultursenter i staden for å ha ei lokal forankring og felles lokale med dei tradisjonelle foreiningane. Den katolske kirke er ein viktig sosial arena for mange personar med innvandrarbakgrunn, og det kan verke som om den katolske kirke erstattar dei funksjonane som minoritetsforeiningane har mange andre stader. Samstundes er trussamfunna ein lite sentral sosial møteplass for majoritetsbefolkninga. Desse engasjerer seg i større grad i aktivitet innan idrett, kultur og frivillig arbeid i nærmiljøet, særleg innan barne- og ungdomsaktivitetar og nærmiljøarrangement.

Brei lokalsamfunnssatsing på Veitvet

Drabantbyen Veitvet vart bygd på 1950-talet og er eit område med mange innvandrarak og få tra-

disjonelle norske foreiningar. Medan dei tradisjonelle frivillige organisasjonane tapte terreng på midten av 1990-tallet, ser ein i dag konturane av eit alternativt aktivitets- og foreiningsliv som i stor grad er kulturelt basert.

Sosial integrasjon er ei utfordring på Veitvet og lokale styresmakter har difor etablert kontoret *Stikk innom*, mellom anna for å styrkje deltakinga i nærmiljøet. Gjennom *Stikk innom* kontoret blir det gitt hjelp og støtte til å etablere nye lag og foreiningar og til å skape samarbeid mellom foreiningslivet og andre aktørar i lokalmiljøet. Kontoret er eit av fleire tiltak i ei lokalsamfunnssatsing der mange aktørar er involvert og minoritetsorganisasjonane og ulike nettverk spelar ei sentral rolle. Eit anna tiltak i satsinga er kulturmonstringa *Kulturbølgen* der lokale lag og foreiningar har vist seg fram i lokalsamfunnet.

Rapporten *Foreiningsliv i et flerkulturelt lokalsamfunn – Ein studie om integrasjon og sosial kapital*¹ konkluderer med at eit multikulturelt foreiningsliv kan medverke til auka integrasjon. Rapporten byggjer mellom anna på intervju med innvandrarak som er velintegrerte både økonomisk, politisk og sosialt i det norske samfunnet, samstundes som dei er eldsjeler i innvandrarorienterte foreiningar. Det viser seg at nokre innvandrarorganisasjonar kan fungere som brubyggjarar til majoritetssamfunnet, medan andre blir lukka fellesskap der dei i svært liten grad kjem i kontakt med samfunnet elles.

¹ Ødegård (2010)

opnar for felles opplevingar, vennskap, identitet og tilhøyrse til eit lokalsamfunn. Deltaking i det frivillige organisasjonslivet kan vidare fungere som ein rekrutteringsarena og gi kompetanse for deltaking på andre samfunnsområde.

8.4 Samarbeid mellom det offentlege og frivillig sektor

Gjennom lange og sterke tradisjonar har styresmaktene og organisasjonane utvikla og styrkt dialogen om ulike samfunns mål og interesser. Ei undersøking gjennomført av KS – Kommunesektorens interesse- og arbeidsgjevarorganisasjon i 2010, viser at det er mykje samarbeid mellom kommunar og frivillige organisasjonar innanfor kultur- og fritidsområdet. 20 pst. av kommunane som svarte på undersøkinga, har utvikla ein lokal frivilligpolitikk, medan over halvparten av kommunane har konkrete samarbeidsavtalar eller partnerskapsavtalar med frivillige organisasjonar. Eit stort fleirtal av dei som svarte, meiner at det i framtida vil vere behov for tettare samarbeid med frivillig sektor.⁷

For å stimulere til betre samarbeid mellom kommunane og frivillig sektor har departementet mellom anna gitt støtte til prosjektet *Fra pilot til*

⁷ KS (2010)

skvadron – Byar i Midt-Norge. Prosjektet må sjåast i samband med tiltak i St.meld. nr. 39 (2006–2007) *Frivillighet for alle*.

Som eit resultat av St.meld. nr. 39 (2006–2007) *Frivillighet for alle*, har Kulturdepartementet eit årleg kontaktmøte med KS – Kommunesektorens interesse- og arbeidsgjevarorganisasjon og Frivillighet Norge. KS og Frivillighet Norge vedtok i januar 2011 ei plattform for samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor for å styrkje relasjonen mellom offentlig og frivillig sektor. Partane tilrår at frivillige organisasjonar på lokalt nivå og dei enkelte kommunane og fylkeskommunane etablerer tilsvarande samarbeidsplattformer.

8.5 Betre rammevilkår for frivillig sektor og auka ressursar til lokal aktivitet

Den overordna målsetjinga med regjeringas frivilligpolitikk er å støtte aktivt opp under utviklinga av eit levande sivilsamfunn. Regjeringa legg vekt på ei styrking av rammevilkåra for frivillig sektor, som kjem heile frivillig sektor til gode. I tillegg til auka merksemd om inkludering og integrering omfattar regjeringas satsing auka fokus på ressursar til lokal aktivitet og lågterskeltilbod, og styrkja kunnskap og forskning.

Boks 8.8 Frå pilot til skvadron – Byar i Midt-Noreg

Byar i Midt-Noreg er eit politisk samarbeidsorgan mellom byane Namsos, Steinkjer, Verdal, Levanger, Stjørdal, Trondheim, Røros, Orkdal og Kristiansund. Målet med pilotprosjektet er:

- Å bidra til at kvar av dei ni kommunane og byane i Midt-Noreg utarbeidar ein plan for frivilligpolitikk som er forankra i kommunalt planverk.
- Å vere lokalt/regionalt prosjekt for utvikling av meir og betre frivillighet, i eit fruktbart samarbeid mellom kommune og frivillig sektor.
- Å saman arbeide for ein sterkare samhandling mellom kommune og frivillig sektor slik at frivilligheita får meir påreknelege vilkår.

Kvar kommune utviklar planar for lokal frivilligpolitikk. Ein reknar med at alle kommunane har

hatt planane til politisk behandling i byrjinga av 2012. Kommunane har lokale prosjektgrupper med følgjande oppgåver:

- Bidra med innspel til ei sterkare samhandling mellom kommunen og frivillig sektor, og bli ein sentral aktør i arbeidet med å utarbeide ein kommunal frivilligpolitikk.
- Invitere til eit ope møte med alle frivillige organisasjonar for å få innspel i dei ulike fasane i arbeidet

I dei lokale prosjektgruppene er 85 pst. av representantane i dei ulike prosjektgruppene rekruttert frå frivillige lag og organisasjonar. Kommunanes kultureining og frivilligsentralar har det lokale prosjektleiaransvaret.

Boks 8.9 Utdrag frå samarbeidsplattforma mellom KS og Frivillighet Norge*Overordnede prinsipp*

4. Frivillighet øker samfunnets sosiale kapital ved at tillit, identitet og samhold skapes i møter mellom mennesker.
5. Mangfoldet i frivillig sektor er en verdi i seg selv og en viktig årsak til høy deltaking. Mangfoldigheten må ivaretas gjennom ulike typer virkemidler for ulike deler av frivilligheten.
6. Offentlig og frivillig sektor har ulike, men komplementære roller i samfunnet. Samarbeidet mellom sektorene må bygge på et prinsipp om at frivillig sektor skal supplere og ikke erstatte offentlige tjenester.

Relasjonen mellom frivillig sektor og kommunen

1. Frivillig aktivitet skjer først og fremst i et lokalsamfunn, i en kommune. En aktiv og levende frivillig sektor er av grunnleggende betydning for et aktivt og levende lokalsamfunn. Kommunene må tilrettelegge for frivillig sektor, og bør difor utvikle en egen lokal frivillighetspolitikk:
 - a. Kommuner og frivillige organisasjoner på lokalt nivå kan inngå lokale samarbeids-

plattformer hvor prinsippene for samarbeid nedfelles. En slik prinsipperklæring kan være etter mal av denne.

- b. En lokal frivillighetspolitikk bør inneholde virkemidler som tilrettelegger for frivilligheten. Eksempler på virkemidler kan være økonomisk støtte, infrastruktur/lokaler/møteplasser, kontakt- og informasjonsmuligheter innad i kommunen. Universell utforming må være kriterium for alle virkemidler.
- c. Det bør utarbeides partnerskap mellom kommuner, frivillige organisasjoner og frivillighets-/nærmiljøsentraler. Sentralene skal fungere som et koordinerende ledd mellom frivillige organisasjoner, og mellom det frivillige og offentlige. Partnerskap vil sikre dialog og samarbeid mellom partene.
- d. Kommuner bør ha en arena for kontinuerlig dialog med frivillig sektor. En slik arena kan være frivillighetsforum/frivillighetsråd, der alle frivillige organisasjoner i kommunen inviteres til å delta.
- e. Frivillig sektor bør involveres i planprosesser i de saker det er naturlig.

Meirverdiavgiftskompensasjon til frivillige organisasjonar

Regjeringa har etablert ei tilskotsordning for kompensasjon av meirverdiavgift til frivillige organisasjonar. Ordninga gjeld frå 1. januar 2010 og skal trappast opp med ein milliard kroner fram til 2014. Regjeringa foreslår i statsbudsjettet for 2012 at bevilgninga til denne ordninga aukar til 627,5 mill. kroner. Føremålet med ordninga er å kompensere for kostnader som frivillige organisasjonar har til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester basert på årsrekneskap eit år tilbake i tid. Ordninga kjem heile frivillig sektor til gode. Om lag 13 000 lag og foreiningar mottok kompensasjon frå ordninga i 2010. Fleirtalet av desse var lokal-lag.

Grasrotandelen

Stortinget vedtok i desember 2008 endringar i pengespellova § 10 som legg til rette for å gi ein del av innsatsen til eit lokalt føremål når ein spelar

hos Norsk Tipping. Denne grasrotordninga kom i stand i 2009 og har bidrege til å auke ressursane til lokal aktivitet. I 2012 reknar ein med at lokale lag og foreiningar vil motta om lag 275 mill. kroner i støtte gjennom grasrotordninga.

Frifond

Frifond er ei ordning som bidreg til å styrkje rammevilkåra for barne- og ungdomsorganisasjonar, og er ein viktig del av regjeringa si satsing på lokal aktivitetsskaping blant barn og unge i frivillige organisasjonar og i frittstående grupper og foreiningar. I 2011 blir det fordelt til saman over 170 mill. kroner til lokal aktivitet gjennom dei tre paraplyorganisasjonane Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar, Norsk musikk-råd og Norsk teatteråd. Tilskotsordninga har vorte styrka for å stimulere til auka innsats i arbeidet med integrering og inkludering. Departementet vil vurdere modellen for fordeling av midlar til paraplyorganisasjonane for å sikre ein mest mogleg hensiktsmessig ansvarsfordeling.

Forenkling i samhandlinga med det offentlege

Kulturdepartementet gjennomfører eit prosjekt for å forenkle barne- og ungdomsorganisasjonane si samhandling med det offentlege i samband med tilskotsordningar. Det er sett ned ei arbeidsgruppe og ei referansegruppe med representantar frå frivillig sektor. Departementet vil vidareføre arbeidet med forenkling. Ein vil mellom anna vurdere å sjå nærmare på om nokre av dei krava som det offentlege stiller til frivillige lag og organisasjonar, bidreg til å heve terskelen for deltaking for enkelte grupper.

Frivilligsentralane

Regjeringa har sidan 2005 gitt tilskot til oppretting av 118 nye frivilligsentralar. I 2011 har totalt 371 frivilligsentralar fått statstilskot, fordelt på 308 kommunar i alle fylka i landet. I 2012 er det foreslått ei samla løyving på nærmare 111 mill. kroner. Føremålet med løyvinga er å leggje til rette for auka deltaking, lokalt engasjement og å skape gode vilkår for frivillig innsats lokalt. Frivilligsentralane skal vere lokalt forankra møteplassar, som er opne og inkluderande for alle som har lyst til å delta i frivillig verksemd.

Styrkja kunnskap og forskning

Forskning bidreg til auka kunnskap om og forståing av sivilsamfunn og frivillig sektor, og er eit prioritert område i regjeringas frivilligpolitikk. Innanfor forskingsprogrammet *Virtuelt senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor* har det mellom anna vorte fokusert på deltaking i frivillig verksemd, endringsprosessar i frivillig sektor og påverknadsfaktorar i samband med finansieringsordningar og andre rammevilkår. Det er sett i gang prosjekt for å auke kunnskapen om sosiale mekanismar som hindrar deltaking, om korleis personleg økonomi påverkar deltaking og fråfall, om betydninga av rekrutteringsarenaer og om korleis organisasjonane kan bidra til å auke arbeids- og samfunnsdeltakinga.

8.6 Partnarskap og brubygging mellom profesjonelle og frivillige innan kultursektoren

Eit mangfaldig og levande frivillig kulturliv er ein av føresetnadene for framveksten av eit sterkt profesjonelt kulturliv og for oppslutnaden om ein profesjonell kultursektor. På fleire sjangerområde

innanfor det frivillige kulturlivet finn ein kunstnarlege uttrykk av høg kvalitet. Slik har frivillig kulturliv både ein verdi i seg sjølv som kunstnarleg produksjonsarena, som opplevingsarena for den enkelte og som rekrutterings- og opplæringsarena for det profesjonelle kulturlivet. Samspelet mellom det frivillige og det profesjonelle kulturlivet er verdifullt. Når amatørteaterlag, orkester, korps og kor trekkje inn profesjonelle krefter, gir det både inspirasjon og læring.

Som nemnt i pkt. 5.12.5, vil departementet stimulere til langsiktig og forpliktande samarbeid mellom kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarlege verksemdar og mangfaldsaktørar om konkrete kunstproduksjonar og formidlingstiltak. Målet er å styrkje det kulturelle mangfaldet i og utanfor institusjonane.

8.6.1 Tiltak: støtte samarbeid mellom bibliotek og frivillig sektor

Folkebiblioteka står i ei særstilling som demokratisk møtestad i lokalsamfunnet, og har mange og gode moglegheiter til å drive inkluderingsarbeid, jf. St.meld. nr. 23 (2008–2009) *Bibliotek*. Leseløftet 2010–2014 og Leseåret 2010 er gode døme på korleis biblioteka kan nyttast målretta for å nå ut til grupper som er vanskelege å nå og bidra til å motverke utestenging frå både kultur-, samfunns- og arbeidsliv. Fleire frivillige organisasjonar og enkelte frivilligsentralar har delteke i dette arbeidet.

Regjeringa vil gi støtte til samarbeid mellom bibliotek og frivillige organisasjonar for vidare utvikling av kulturtilbod som kan virke inkluderande. Samarbeid og partnerskap mellom bibliotek og ulike aktørar i frivillig sektor kan vere ein velegna strategi for å bygge ned barrierar for deltaking og skape fellesarenaer og møtestader for eit fleirkulturelt tilbod. Frivilligsentralane kan bidra til å samordne frivillig aktivitet på lokalt plan og styrkje det tverrfaglige samarbeidet med frivillige, lag/foreiningar og det offentlege. Nasjonalbiblioteket vil fordele støtte til prosjekt i bibliotek, der det er eit samarbeid mellom bibliotek, frivillige organisasjonar og frivilligsentralar, gjennom deira ordning med utviklingsmidlar.

8.6.2 Tiltak: auka merksemd om samarbeid med frivillige organisasjonar og frivillig deltaking i knutepunktinstitusjonane

Festivalar og kulturarrangement kan fungere som møtestadar og fellesskapsarenaer som er med på

Boks 8.10 Om frivillig organisering i kulturlivet

I eit innspel kjem Frivillighet Norge med denne kommentaren til verdien av frivillig organisering i kulturlivet:

Frivillighet Norge vil først understreke at det er et stort mangfold av organisasjoner som har ulike kulturelle formål; alt fra kulturminnevern og husflidsteknikker til musikkutøvelse, dans, teater, idrett, skrivekurs, lesegrupper og konsertarrangering. Organisasjonene fremmer kunst og kulturuttrykk, lærer opp barn, unge og voksne, gir rom for utfoldelse, skaper sosiale møteplasser, driver kulturhus, overleverer tradisjoner og bygger identitet. Organisasjonene gjør kultur tilgjengelig for befolkningen i Norge både som opplæringsinstitusjoner og gjennom et stort utbud av konserter, utstillinger, revyer og teateroppsetninger. Den frivillige organiseringen av kulturlivet bidrar også til å øke utbyttet de frivillige har av aktiviteten fordi de føler eierskap til den. De frivillige kulturorganisasjonene er også en arena der profesjonelle kulturinstitusjo-

ner kommer i kontakt med mangfoldet i kulturlivet.

Frivillige organisasjoner har måter å jobbe på som ivaretar en rekke kvaliteter som verken det private eller det offentlige ivaretar på samme måte. Rapporten fra mangfoldsåret i 2008 inneholder mange eksempler som slår fast at frivillig sektor viser vei blant annet når det gjelder inkludering i kulturlivet, og at sektoren er en pådriver for økt samarbeid i kultursektoren. Dette illustrerer det unike bidraget frivillig sektor utgjør og understreker viktigheten av en frivillighetspolitikk som gir forutsigbare rammevilkår og rom for de frivillige organisasjonene sine måter å arbeide på.

Det finnes gode eksempler på samarbeid mellom frivillige og profesjonelle i kulturlivet, eksempelvis historiske spel, regional operavirksomhet, aktiv på dagtid og folkedansopplæring i skolen. Det er ønskelig med mer samarbeid på tvers av ulike deler av kulturlivet.

å fremme inkludering og integrering. Frivillige bidreg til at lokale festivalar og kulturarrangement lukkast gjennom å gjere ei rekkje ulike oppgåver, både i planlegginga, gjennomføringa og i oppryddings- og etterarbeidet. I tillegg kan frivillige vere gode ambassadørar for eit arrangement og trekke publikum frå eigen vennekrets og nettverk. Gjennom å gjere det attraktivt å vere med som frivillig og rekruttere frivillige strategisk, kan ein gjennom ein festival eller eit anna kulturarrangement indirekte nå nye publikumsgrupper. Departementet vil auke merksemda om samarbeid med frivillige organisasjonar og frivillig deltaking i dialog med knutepunktinstitusjonane.

8.7 Auka deltaking og representasjon frå underrepresenterte grupper i frivillig kultursektor

Det er eit problem dersom delar av befolkninga står utanfor frivillige organisasjonar der tillit og nettverk kan byggjast. Deltaking i frivillig sektor har samband med utdanningsnivå og inntekt. Generelt for frivillig sektor er det ein tendens til at unge menn med låg utdanning, som er arbeidsledige, og/eller på trygd, fell utanfor. Dersom ein

ser på heile den frivillige sektoren viser resultat frå den landsomfattande spørjeundersøkinga at 40 pst. av dei som har gjennomført vidaregåande skule eller universitetsutdanning deltok i frivillig arbeid i 2009, medan talet for unge menn som ikkje har fullført vidaregåande skule var på 12 pst.⁸

Når det gjeld medlemskap og verv i frivillige organisasjonar er det ein klar samband med landbakgrunn eller innvandrarbakgrunn.⁹ Etniske minoritetar er generelt underrepresenterte på alle nivå i organisasjonshierarkiet. I kunst- og kulturforeiningar utgjør til dømes etniske minoritetar berre 1 pst. av styremedlemmene, mot 11,4 pst. av befolkninga.¹⁰ Erfaringar frå arbeidet med styrande mangfald i kultursektoren viser at det er nødvendig å kople saman personar og styre, og leggje til rette for utveksling av erfaringar, råd og rettleiing mellom dei. Ved å bli betre kjent med ressursane som finst i ulike miljø, vil målretta tiltak kunne bidra til at folk med ein fleirkulturell bakgrunn i større grad blir rekruttert og selektert til å

⁸ Wollebæk og Sivesind (2010)

⁹ Wollebæk og Sivesind (2010), Enjolras og Wollebæk (2010)

¹⁰ Wollebæk og Sivesind (2011)

Boks 8.11 Inkluderande organisasjonar

I Frivillighet Norges handlingsplan for 2011–2012 heiter det under overskrifta «Inkluderende og trygge organisasjoner» mellom anna:

- Frivilligheten skal være en trygg plass for alle og den skal være inkluderende av natur. Frivillighet Norge skal arbeide for at organisasjonene selv er bevisst sitt ansvar for å inkludere, og for at samfunnet for øvrig kjenner frivilligheten som et trygt sted der alle kan delta.
- Frivillighet Norge skal arbeide for at frivillighetens medlemmer, frivillige og sympatisører i størst mulig grad skal reflektere sammensetningen i befolkningen hva angår etnisitet, kjønn, alder, utdanning og inntektsnivå.

inneha posisjonar på leiarnivå og verv i styrande organ.

Regjeringa vil gjennom satsinga på betre rammevilkår støtte opp under det arbeidet som organisasjonane gjer for å fremme auka deltaking og sikre brei representasjon. I tillegg vil regjeringa støtte opp under særskilte satsingar på enkelte område.

8.7.1 Tiltak: pilotprosjekt for mangfold i styre og leiande posisjonar

Regjering vil i samarbeid med frivillig sektor utvikle eit pilotprosjekt der målet er å finne fram til egna tiltak for å auke talet på personar med etnisk minoritetsbakgrunn i styre og leiande posisjonar i frivillige kunst- og kulturorganisasjonar. Arbeidet sjås i samanheng med satsinga på styrande mangfold i kultursektoren.

8.7.2 Tiltak: auka merksemd om inkluderande praksisar i kunst- og kulturorganisasjonane

Regjeringa vil bidra til auka merksemd om kva som fungerer og korleis ein kan byggje vidare på dei gode erfaringane i deler av frivillig kultursektor, til dømes i musikkorganisasjonane.

8.8 Kontakt og samarbeid mellom ulike typar organisasjonar

Det er ei utfordring at det i dag er eit relativt delt organisasjonssamfunn der minoritetane og majoritetane deltek i ulike typar frivillige organisasjonar.¹¹ Innvandrarar deltek i mindre grad på kultur- og fritidsfeltet, som er den delen av frivillig sektor der majoritetsbefolkninga er mest aktiv. På den andre sida er innvandrar mellom anna aktive tru-

¹¹ Wollebæk og Sivesind (2010)

Boks 8.12 Døme på inkluderingsarbeid i musikkorganisasjonar

Norges Musikkorps Forbund har gjennomført fleire prosjekt der barn med etnisk minoritetsbakgrunn har fått opplæring på instrument og vorte med i korps. Norges Musikkorps Forbund har erfart at musikkorps er eit godt verktøy for inkludering. Gjennom musikk knyter ein band på tvers av kulturar, musikk verkar førebyggjande mot konflikt og aukar respekten for kvarandre. For at ein skal lukkast har dei erfart at det må arbeidast målretta, og gjerne i samarbeid med den lokale skulen og kulturskulen. Mykje av suksessen heng også saman med at ein har vore flink til å informera og halde kontakt med foreldra, hevdar NMF.

De unges orkesterforbund (UNOF) har erfart at strykeorkester kan vere ein viktig inkluderingsarena. På Bjørndal skole, som ligg i byde-

len Søndre Nordstrand i Oslo, øver eit av dei mest internasjonale orkestra. Bjørndal Stryk er eit aspirantorkester der barn lærer å spele eit strykeinstrument gjennom samspelundervisning. Øvingane er i SFO-tida, og elevane betaler 110 kroner for ein speletime, som er under halv pris av kostnaden elles. Barn med kulturbakgrunn frå Palestina, Ghana, Eritrea, Vietnam, USA, Kroatia, Iran, Irak, Korea, Noreg, Chile, Sri Lanka, Pakistan, England, India og Kosovo har delteke. Globalt repertoar, låg kostnad og lite krav om foreldredugnad gjer orkesteret til eit attraktivt tilbod. Fokus på hyggelege konserter, gjerne i samarbeid med andre, har vore viktig for å skape ein møtestad for foreldra og styrkje miljøet, hevdar ein rapport frå UNOF.

doms- og livssynsamfunn, og etniske og fleirkulturelle organisasjonar.

I denne samanhengen er det også viktig å leggje til rette for at menneske kan møtast på tvers av mellom anna sosial og økonomisk bakgrunn, etniske gruppeidentitetar og alder. Dette for å styrkje fellesskap og auke innsikt, forståing og gjensidig tillit. Frivillig sektor kan spele ei nøkkelrolle i å danne møteplassar og arenaer for samhandling.

8.8.1 Tiltak: støtte opp under initiativ som bidreg til kontakt, samarbeid og erfaringsutveksling

I handlingsplanen for 2011–2012 heiter det at Frivillighet Norge «skal arbeide for at minoritetsorganisasjoner skal ha en synlig plass i organisasjonsfellesskapet i Norge og for økt samarbeid mellom tradisjonelle norske organisasjoner og minoritetsorganisasjoner». Dette arbeidet blir mellom anna gjennomført i form av ei hospiteringsordning og eit årleg arrangement for å stimulere til kontakt, samarbeid og erfaringsutveksling mellom minoritetsorganisasjonar og tradisjonelle norske organisasjonar. Departementet vil i dialog med frivillig sektor støtte opp under denne type initiativ som bidreg til å fremje kontakt, samarbeid og erfaringsutveksling mellom dei tradisjonelle kunst- og kulturorganisasjonane og ulike typar etniske og fleirkulturelle organisasjonar.

Boks 8.13 Møteplass 2011

Tema for det årlege Møteplass-arrangementet i regi av Frivillighet Norge var i 2011 Samarbeid – Brubygging – Endring. Nokre av spørsmåla som vart tekne opp handla om ansvaret dei frivillige organisasjonane har for å byggje ein mangfaldig frivilligheit og korleis organisasjonane gjennom samarbeid og brubygging kan skape endringar. Det vart også lagt til rette for at deltakarane skulle knytte nye kontaktar med aktørar innanfor eit vidt spekter av frivillige organisasjonar. I samband med konferansen vart det også opna ei utstilling *Portrett i endring* – ei reise i bilete og tekst som viser at minoritetsorganisasjonar er ein del av organisasjonslivet.

8.8.2 Tiltak: vidareutvikle frivilligsentralane som møteplass og samhandlingsarena

Regjeringa vil bidra til at frivilligsentralane blir vidareutvikla som viktige samhandlingsarenaer for frivilligheit lokalt, og at sentralane skal vere støttespelarar for å skape gode, levande lokalmiljø. Departementet vil støtte opp under arbeidet til frivilligsentralar i område med høg grad av innvandrarar. Gjennom sitt arbeid bidreg frivilligsentralane mellom anna til å skape lokale møteplassar som stimulerer til frivillig innsats, deltaking og engasjement i nærmiljøet. Aktivitetane skal leggjast opp i tråd med lokale føresetnader med vekt på tverrfagleg samarbeid med frivillige, lag/foreningar og det offentlege.

9 Kultur i samspel med andre politikkområde

9.1 Innleiing

Kulturtilbod og deltaking i kulturlivet medverkar til å nå mål på andre politikkområde, til dømes innan helse og omsorg, oppvekstvilkår og inkludering, opplæring og utdanning, trivsel på arbeidsplassen, kriminalomsorg, regional utvikling og innovasjon. For å få til eit godt samspel med andre samfunnsområde, må det først ein kulturpolitikk som sikrar kvalitet og tilgong til eit breitt mangfald av kulturuttrykk. Politikken til regjeringa skal leggje til rette for at eit slikt samspel kan finne stad.

Kulturdepartementet samarbeider med fleire andre departement om ordningar og tiltak, mellom anna med Kunnskapsdepartementet om ordninga *Den kulturelle skulesekken* og med Helse- og omsorgsdepartementet om ordninga *Den kulturelle spaserstokken*. Vidare er det samarbeid med Justisdepartementet om *kulturaktivitetar i kriminalomsorga og bibliotekenester i fengsel*. Departementet har også andre tiltak og ordningar som har som mål å fremje andre samfunns mål enn dei reint kulturpolitiske, som til dømes *Kultur i inkluderande arbeidsliv*. Dette kapitlet syner med ulike døme korleis kultur kan vere viktig på ulike samfunnsområde, og illustrerer korleis andre departement nyttar kunst og kultur aktivt for å søkje å nå mål på sine område. Gjennomgangen er basert på innspel frå relevante departement.

9.2 Kultur og helse

På helse- og omsorgsfeltet blir det lagt vekt på at kunst- og kulturopplevingar og deltaking i kulturlivet kan vere med på å gi fleire betre helse og eit betre liv. Koplingane mellom kultur og helse er synleggjorde på ulikt vis dei siste tiåra. Gjennom det internasjonale kulturtiåret frå 1987 til 1997 var UNESCO ein bidragsytar til å setje kultur- og helsearbeid på saklista. Eit viktig grunnlag for satsing på kultur og helse i Noreg var undersøkingar som viste at auka velstand ikkje såg ut til å jamne ut dei sosiale helseforskjellane, og at bruken av

kulturtilboda var sosialt skeivt fordelt. Samstundes vart deltaking i meningsfylte kulturaktivitetar framheva som viktig for å auke livskvaliteten og evna til å meistre eigen livssituasjon.¹ Kulturrådet stod sentralt i dette arbeidet i 1990-åra, og i perioden frå 1997 til 1999 vart det gitt støtte til utviklingsarbeid i ei rekkje kommunar og fylkeskommunar. Dette førte til at kulturelle aktivitetar i aukande grad vart nytta som verkemiddel i behandling og rehabilitering og i førebyggjande og helsefremjande arbeid på ulike nivå.

Forsking tyder på at kunst og kultur kan stimulere dei oppbyggjande kreftene i kroppen og hjelpe menneske til å hente fram ibuande ressursar i vanskelege livssituasjonar. I gitte samanhengar kan kulturtilbod og kulturaktivitetar bidra til å minske risiko for sjukdom og på ulike måtar inngå i rehabilitering og behandling av sjuke. Ei nyare tilnærming for å vurdere kva rolle kulturlivet spelar i samfunnet, kjem frå forsking som mellom anna blir omtala som lukkeforsking, der ein kartlegg kva som kan seiast å konstituere livskvalitet. Dei nordiske landa skårar høgt på ulike livskvalitetsindeksar, og nokre forskarar peikar på at ei medverkande årsak kan vere at dei nordiske landa har ein aktiv kulturpolitikk og ein stor frivillig sektor.²

Nord-Trøndelag fylkeskommune har gjennom regionale kultur- og helseprosjekt arbeidd systematisk over mange år for å styrkje kulturdeltakinga blant grupper som i mindre grad deltek i kulturlivet. Dei har i tillegg hatt som mål å utvikle kunnskap basert på erfaring og forsking på feltet. Gjennom samarbeid med kommunar i fylket, HUNT forskingssenter, NTNU og andre FoU-aktørar har ein utvikla metodar, teori og ny kunnskap. Førebels resultat frå HUNT 3 viser samanhengar mellom kulturdeltaking og helse på befolkningsnivå. Utviklingsarbeidet i dei regionale kultur- og helseprosjekta har også vist at ein kan betre folk sin kvardag med å tilby meningsfulle kulturaktivitetar.

¹ Jaastad (2011)

² Loga (2010)

Boks 9.1 Døme frå Bergen kommune: Kunst, kultur og psykisk helse

Bergen kommune starta arbeidet med *Kunst, kultur og psykisk helse* i 2001, for å utvikle tilbod med tilrettelagte aktivitetar innanfor ulike kunst- artar for personar med psykiske helseplager. Arbeidet har vorte forankra i kommunens ordinære verksemd, både i kommuneplanen frå 2010 og kulturplanen for Bergen for 2003–2013. Målet er å tilby og leggje til rette for kunst og kulturopplevingar og deltaking for alle. Mellom anna blir det lagt vekt på at dei som ikkje før har prøvd skapande aktivitet, skal få høve til å arbeide med ulike kunstuttrykk med fagleg tilrettelegging og rettleiing av ein profesjonell kunstnar/utøvar. Det har difor vore viktig å rekruttere profesjonelle utøvarar med ulik fagleg bakgrunn til å involvere seg i arbeidet med målgruppa. Tilbakemeldingar tyder på at samarbeidet også er viktig for dei profesjonelle utøvarane som gjennom arbeidsoppdrag knytte til prosjektet har fått ei ekstra utkome på sitt felt. Deltakarundersøkinga i 2008 viste at fokusering på det kunst- og kulturfaglege var viktig for brukarane. Deltakarane opplevde større verdigheit når pasientidentiteten kom meir i bakgrunnen. Det gjaldt både måten dei tenkte om seg sjølve på, og korleis dei opplevde samfunnet sitt blikk, altså korleis dei vart møtt av framande. Hovudtilbodet til vaksne i målgruppa er tidsskriftet *Kraftverk*, som kjem ut fire gonger i året, og biletkatalogen, som kjem annakvart år. Dessutan blir det årleg arrangert om lag tjue *Tankerom*, eit eige tiltak som blir gjennomført i samarbeid med NAV, og som tilbyr workshops med profesjonelle musikarar med etterfølgjande konsert på ein offentlig arena. I tillegg er det eit breitt spekter av sjangerbestemte kurs, konsertar, framsyningar og kulturarrangement i samarbeid med dagsentra.

Tilbakemeldingane i brukarundersøkinga i 2008 viste at *Tankerom*-modellen treffe både dei

som er nysgjerrige på nye uttrykk, og dei som var særskilt interesserte i visse kunstartar eller musikalske uttrykk. At det er små grupper på 4–8 personar, vart trekt fram som positivt. Deltakarane meinte at dei fekk utvikla evnene sine og oppøvd nye ferdigheiter i det kreative uttrykket dei hadde valt. Eit viktig element er at ein får høve til å synleggjere det som blir skapt, gjennom minitustillingar, innslag på konferansar og arrangement, konsertar, innspelinger og presentasjon av arbeid i biletkatalogen *Kraftverk*. I tillegg til desse aktivitetane har Bergen kommune også andre kulturtiltak for same målgruppe, som til dømes *Amalie Skrams hus*, som er eit aktivitetshus for menneske med psykiske helseplager, og *Galleri VOX*, som er ein arbeidsplass med kunstfagleg profil for menneske med psykiske helseplager. Galleri VOX er støtta av NAV, og Bergen kommune og Fretex er tiltaksarrangør.



Figur 9.1 Kurs i digitalt trykk under prosjektet *Tankerom* i regi av Kunst, kultur og psykisk helse. Deltakarane er Gunhild Hofstad og Elisabeth Paus.

Foto: Jan Petterson

9.2.1 Kultur og folkehelse

Folkehelsa er blant dei viktigaste ressursane i eit samfunn. Samfunnsutviklinga har stor innverknad på helsa til kvar og ein av oss, og på korleis helse blir fordelt i befolkninga. God helse er viktig for livsutfaldinga. Ei rettferdig fordeling av velferdsgode er grunnleggjande for god helse i heile befolkninga. Det er eit samfunnsansvar å bidra til dette.

Eit overordna mål for folkehelsepolitikken, jf. mellom anna St.meld. nr. 20 (2006–2007) *Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller*, er fleire leveår med god helse i befolkninga og reduserte helseforskjellar mellom kjønna, mellom dei sosiale gruppene og mellom etniske grupper. Folkehelsearbeid handlar difor om å skape gode oppvekstvilkår for barn og unge, å førebyggje sjukdom og skadar, og å utvikle eit samfunn som legg til rette for sunne levevanar og som vernar mot

helsetrugssmål. Dette krev systematisk og langsiktig innsats i alle samfunnssektorar.

Helse- og omsorgsdepartementet si St.meld. nr. 47 (2008–2009) *Samhandlingsreformen. Rett behandling – på rett sted – til rett tid* legg vekt på forebygging og tidleg innsats. Stortinget la vekt på forebygging i si behandling av meldinga, jf. Innst. 212 S (2009–2010). Samhandlingsreforma er både ei retningsreform og eit langsiktig utviklingsprogram for å sikre kvalitet i tenestene og eit berekraftig samfunn.

Regjeringa varsla i *Nasjonal helse- og omsorgsplan 2011–2015* utvikling av ein tverrdepartemental folkehelsestrategi. Eit siktemål er å styrkje koordineringa mellom sektorar og gjere det mogleg å sjå ulike område i samanheng. Folkehelsestrategien skal leggjast fram i 2012. Regjeringa vil styrkje arbeidet med å fremje god helse i befolkninga, forebyggje sjukdom og jamne ut sosiale helseforskjellar. Det skal takast omsyn til sosiale helseforskjellar i planar-, og politikk- og lovutvikling der det er relevant.

Folkehelselova skal medverke til ei samfunnsutvikling som styrker folkehelsa og jamnar ut sosiale forskjellar i helse og levekår.³ Lova er basert på fem grunnleggjande prinsipp: «helse i alt vi gjer», føre-var-prinsippet, prinsippet om berekraftig utvikling, prinsippet om utjamning og prinsippet om medverknad.

Folkehelselova pålegg kommunar og fylkeskommunar eit større og meir heilskapleg ansvar for å fremje folkehelse med dei verkemidla dei rår over, til dømes kultur. Kunst og kultur kan vere verdifulle reiskapar for å byggje sterke samfunn,

og fleire kommunar har teke i bruk kultur som verkemiddel i folkehelsearbeidet. I forarbeida til lova omtalast forholdet til frivillige organisasjonar i folkehelsearbeidet. Det blir vist til at frivillige organisasjonar spelar ei viktig rolle – både fordi det har eigenverdi for folk å engasjere seg i frivillig arbeid, og fordi organisasjonane produserer viktige tilbod og tenester for omverda. I eit folkehelseperspektiv er det viktig at alle, uavhengig av alder, sosioøkonomisk status eller etnisk bakgrunn, får tilgang til det godet som deltaking i frivillige lag og organisasjonar er. Etter folkehelselova § 4 tredje ledd skal kommunen leggje til rette for samarbeid med frivillig sektor. Stortinget seier i si behandling at kvar kommune ut frå lokale behov må ta stilling til omfanget av samarbeidet og korleis det skal leggjast til rette.⁴

9.2.2 Kultur og omsorg

Helse- og omsorgsdepartementet si St.meld. nr. 25 (2005–2006) *Mestring, muligheter og mening – framtidas omsorgsutfordringer* skildrar dei langsiktige utfordringane for omsorgstenesta. Ei rekkje undersøkingar tyder på at det er på det sosiale og kulturelle området at dagens kommunale omsorgsteneste først og fremst kjem til kort. Regjeringa sine tiltak for å styrkje omsorgstenesta blir oppsummerte i *Omsorgsplan 2015*, der ein av hovudstrategiane er å sikre ei meir aktiv omsorgsteneste og større tverrfagleg breidd i omsorgssektoren.

Helse- og omsorgsdepartementet legg til grunn at kunst og kultur er viktige kjelder til opp-

³ Prop. 90 L (2010–2011)

⁴ Innst. 423 L (2010–2011)

Boks 9.2 Døme på tiltak retta mot eldre som målgruppe:

Livsglede for eldre er ei frivillig og landsomfattande stifting som vart oppretta i 2006. Stiftinga har som mål å medverke til at alle eldre skal få ein betre kvardag, at helsepersonell, studantar og elevar får auka kompetanse og at eldre blir sett som ein ressurs i samfunnet. Livsglede for eldre har over 27 lokalforeiningar som arrangerer lokale aktivitetar, og det er etablert fire sjukeheimar der livsglede er ei hovudprioritering både for tilsette og dei eldre.

Bevegelse fra hjertet er eit prosjekt i regi av Kirkens Bymisjon som tek utgangspunkt i metoden rørslerettleiing. Denne metoden har opphav

i danseterapi, blir nytta for å skape kontakt, tiltakslyst og eit betre liv for menneske med demens. Prosjektet spreier metoden mellom anna med kursverksemd gjennom undervisningssjukeheimane. *Å henge som en dråpe – Kreativ skriveing for eldre* er eit prosjekt der eldre menneske på dagsenter eller eldresenter møtest for å skrive kreative tekster. Målet er at deltakarane skal lære noko nytt og oppleve utfordring og meistring. Gjennom prosjektet er det gjort intervju med deltakarar som viser at det å delta i skrivegruppa påverkar kvardagen og gir innhald og meining i livet.

levingar, og gir språk og uttrykksformer til å formidle inntrykk, tankar og opplevingar ein elles vanskeleg finn ord for. Kulturelle uttrykk har difor ein eigenverdi knytt til sjølve livet. Men kultur kan også gi god helse og ha både førebyggjande og lindrande verknad. Musikk, dans og drama brukt i terapeutisk samanheng har vist god dokumentert effekt. Mellom anna har undersøkingar av tenestemottakarane sitt velvære vist at musikk i sjukeheimane dempar uro og angst og motverkar depresjon. Musikk har ingen negative verknader og gjer pasientane tilfredse. Kulturtiltak bør difor ha ein plass i den kommunale omsorgstenesta. Kultur og helse kan spele saman i tett tverrfagleg samarbeid, som stimulerer kropp og sjel og aktiviserer både kjensler og intellekt.

Helse- og omsorgsdepartementet ønskjer å fokusere på tilrettelagde aktivitetar for personar med behov for omsorgstenester. Val og tilrettelegging av arena for aktivitetar er viktig. Lokale, tids-

punkt og organisering av transport for dei som treng det, kan vere avgjerande for kor mange som kan nytte eit tilbod. Det er like viktig å tilby aktivitetar i nærmiljøet som å gjere aktivitetar tilgjengeleg på etablerte kulturinstitusjonar. Ved å integrere kulturtilbod i helse- og velferdstenester aukar ein tilgangen til gode opplevingar for dei med behov for ekstra tilrettelegging.

Som del av *Omsorgsplan 2015* er det etablert utviklingssenter for sjukeheimar og for heimetenester i alle fylke med eit særleg ansvar for fag- og kompetanseutvikling. Fleire av utviklingssentra arbeider med kompetanseutvikling for aktivt og kulturelt omsorgsarbeid. Det er vidare eit mål i *Omsorgsplan 2015* å sikre større fagleg breidd i omsorgstenesta. Dette vil gi tenestene ein meir aktiv profil med større vekt på kultur, aktivitetar og trivsel som sentrale element i eit heilskapleg omsorgstilbod. For å bidra til auka kunnskap og kompetanse innanfor aktivt omsorgsarbeid blir

Boks 9.3 Omsorgsbustader som kulturelle møtestader

Norsk Form har som del av Bylab-prosjektet etablert eit tverrsektorielt nettverk med små og store kommunar frå heile landet som ønskjer å bryte med tradisjonell praksis og utvikle omsorgsbustader som kulturelle møtestader. Sentral plassering av omsorgssenteret og fysisk utforming med tanke på kunst- og kulturformidling inneber at også dei som bur i nærmiljøet, kan få et nytt kulturtilbod. Erfaring med sambruk mellom eksempelvis kulturhus, barnehage eller skule, viser at kulturtilbod blir gjort tilgjengelege for dei eldre, og dessutan at arenaer for kulturelle og sosiale tilbod på omsorgssenteret kan brukast av barn og unge. Døma under viser noko av mangfaldet og kreativiteten i dette arbeidet:

- På Ammerud kultur- og omsorgssenter i Gro Ruddalen i Oslo blir det under slagordet «Rom for alle» arrangert konsert, teater, dans, kino og foredrag om ulike tema. Aktivitetane blir utvikla i samarbeid med frivillige organisasjonar og det profesjonelle kulturlivet. Målgruppa er både dei som bur på senteret, og folk i bydelen. Tiltaket er med og gjer Ammerudhjemmet til ein kulturell møtestad for personar i ulike aldersgrupper og ulike livssituasjonar.
- Nedre Eiker kommune i Buskerud har bygd Bråta bo- og helsesenter godt integrert i eit

vanleg buområde. I tillegg til å vere eit omsorgstilbod for bebuarar, fungerer senteret som møtestad og lokalt kulturhus. Bråta har badebasseng, frisør, hudpleie, bibliotek og kafé som blir brukt av dei som bur i nærmiljøet. Dei fysiske omgivnadene legg til rette for formidling av kunst og kultur, og det blir arrangert ulike aktivitetar med profesjonelle kunstnarar. Elevar frå ungdomsskulen i nærmiljøet hjelper til med organiseringa slik at alle bebuarane, uansett funksjonsnivå, har høve til å delta og oppleve kultur.

- Tysvær kultur- og omsorgssenter ligg midt i sentrum og fungerer som samlingsstad for alle i kommunen. Kulturdelen har kino, lokale til formidling av ulike kulturaktivitetar og idrettshall. Plassering, sambruk og fysisk utforming legg grunnlag for kontakt og samvære mellom ulike generasjonar.
- I Haram kommune er kulturhuset og omsorgssenteret integrerte i eit kjøpesenter midt i sentrum. Også her er huset utforma slik at sambruk mellom aktivitetar og aldersgrupper fungerer godt. Kultursenteret har store og små lokale for kunst- og kulturformidling og blir brukt både av lokale kunstnarar og til større arrangement med profesjonelle kunstnarar.

det utvikla læremateriell for tilsette i omsorgstenestene.

I rundskriv I-5/2007 om aktiv omsorg strekar regjeringa under at kommunane har plikt til å bidra til at menneske som er heilt avhengige av praktisk eller personleg hjelp, får høve til å leve og bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meningsfylt tilvære i fellesskap med andre. I denne samanhengen legg regjeringa vekt på kultur som eit sentralt og grunnleggjande element i eit heilskapleg omsorgstilbod. Ei rekkje undersøkingar tyder likevel på at det er på det sosiale og kulturelle området at dagens omsorgstenester kjem til kort.

Helse- og omsorgsdepartementet har i samarbeid med Kulturdepartementet ansvaret for tilskotsordninga Den kulturelle spaserstokken, jf. nærare omtale i pkt. 7.7. Ordninga skal mellom anna stimulere til tverrfagleg samarbeid mellom kultursektoren og helse- og omsorgstenesta i kommunane og syte for profesjonell kunst- og kunstformidling av høg kvalitet til brukarane av omsorgstenesta. Samla løyvingar til Den kulturelle spaserstokken i 2011 er på til saman 28,9 mill. kroner.

9.2.3 Arkitektur og utforming av det fysiske miljøet

Dei siste åra har det i Noreg vorte større merksemd kring effektane av arkitektur og utforming av det fysiske miljøet ved bygging av nye sjukehus og helseinstitusjonar. Etter kvart har det utvikla seg ei felles forståing for at omgjevnadene spelar ei viktig rolle for trivsel og velvære, i første rekkje for pasientane, men også for pårørande og tilsette. Eit godt døme er det nye Rikshospitalet i Oslo, som stod ferdig i 1999, der det er lagt vekt på kunstnarleg utsmykking for å stimulere sinnet. Kunstsamlinga har ein heilskapleg plan og rommar eit breitt spekter av kunstnarlege uttrykk. Ved Akershus universitetssjukehus på Lørenskog og St. Olavs Hospital i Trondheim er det lagt vekt på miljøskapande utsmykking i bygningane. Ein viktig del av samfunnsplanlegginga framover vil handle om å gjere bustader og omgjevnader gode å bli gamle i. Framtidas bustadtilhøve og nærmiljø er eit sentralt tema i NOU 2011: 11 *Innovasjon i omsorg*.

9.3 Kultur i utdanning og opplæring

Gjennom statleg kultur- og skulepolitikk dei siste tiåra er det på ulike måtar vektlagt at barn og unge skal få tilgang til profesjonell kunst og kul-

tur. Eit viktig grunnlag vart lagt gjennom St.meld. nr. 61 (1991–1992) *Kultur i tiden*, der det vart understreka at barn og unge må få oppleve profesjonell kunst og kultur og få ta i bruk egne kulturelle ressursar. I handlingsplanen *Broen og den blå hesten* vart det lagt vekt på auka samarbeid mellom skuleverket og kunst- og kultursektoren.⁵

I *Læreplanverket for den 10-årige grunnskulen* (L97), vart det understreka at skulen skal vere ein stad der barn og unge møter profesjonell kunst og kultur av høg kvalitet, og der dei blir inspirerte til eigenaktivitet. *Kunnskapsløftet*, som erstatta L97 i 2006, peikar òg på skulen som arena for kunst og kultur. Her blir det lagt vekt på at elevane skal møte kunst og kulturformer som uttrykkjer både individualitet og fellesskap, og som stimulerer til kreativitet og nyskaping.

Den kulturelle skulesekken vart etablert i 2001. I løpet av dei siste tjue åra har fleire kommunar og fylkeskommunar arbeidd med å etablere ei heilskapleg kunst- og kulturformidling til elevar i grunnskulen. Samstundes har dei aller fleste kulturinstitusjonane med statleg støtte, satsa systematisk på kunst- og kulturformidling til denne målgruppa. Den kulturelle skulesekken er dei siste åra utvida til den vidaregåande skulen. Fleire fylke, kommunar og kulturaktørar arbeider også målretta med formidling til barnehagar. Eitt døme er *Den kulturelle beremeisen* i Bergen.

9.3.1 Kultur i barnehagen

Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgaver frå 2006 omtalar barnehagen si rolle som kulturarena. Rammeplanen byggjer på et breitt kulturomgrep som omfattar kunst og estetikk, felles åtferdsmønster, kunnskapar, verdiar, haldningar, erfaringar og uttrykksmåtar.

I rammeplanen er kunst, kultur og kreativitet eitt av sju fagområde som barnehagane skal arbeide med. Fagområdet omfattar uttrykksformer som biletkunst og kunsthåndverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design. I august 2010 trådde ei ny målsetjing for barnehagane i kraft, som seier at barn i barnehagen skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng. Vekslinga mellom formidling og eigenaktivitet skal prege opplæringa.

Barnehageprisen vart oppretta i 2008 og er eit tiltak i Kunnskapsdepartementets strategi for kunst og kultur i opplæringa, *Skapande læring 2007–2010*. Prisen skal inspirere barnehagar som ønskjer å arbeide medvite med bruk av kunst

⁵ Kulturdepartementet (1996)



Figur 9.2 Prosjektet til Norsk Bibliotekforening om familielæring i bibliotek. Hilde Ditmansen fortel eventyr til barna.

Foto: Ingrid Stephensen

og kultur. Då prisen vart delt ut for første gong i 2009, fekk fem barnehagar utmerkinga. Også i 2010 vart prisen delt ut til fem barnehagar. Men etter tildelingane i 2009 og 2010 etterlyser Kunnskapsdepartementet inkluderingsperspektivet i prosjekta.

Støtte til kultur kan bidra til å styrkje barnehagane både som kulturarena og som dannels- og læringsarena. Barnehagen er ein møtestad for barn og småbarnsforeldre med ulik kulturell, språkleg, etnisk, religiøs og sosial bakgrunn. Barnehagen er difor ein sentral arena for å formidle, skape og fornye kultur og for å utvikle kulturell identitet.

Undersøkingar viser at færre barnehagar arbeider systematisk med fagområdet kunst, kultur og kreativitet no enn før.⁶ Likevel er dette eit fagområde som barnehagane arbeider jamt med, og som pregar tradisjonen og særpreget deira som pedagogisk verksemd. I førskulelærarutdanninga er både drama, forming og musikk obligatoriske fag med til saman mellom 30 og 45 studiepo-

eng. Kunstfaga kan også veljast som fordjuping ved ei rekkje høgskular. Mange universitet og høgskular tilbyr førskulelærarutdanningar med vekt på estetiske fag.

Mange bibliotek og museum har tilbod som blir nytta av barnehagane. Forteljarstund og teaterframsyningar er vanlege tilbod. Det finst ingen samla statistikk over kor mange barnehagar som nyttar desse tilboda.

Nokre fylke har eit meir eller mindre fast kulturtilbod til barnehagane. Musikktilbodet frå Rikskonsertane er det mest stabile tilbodet, men eit par fylke har i tillegg andre tilbod. I Oppland er tilbod til barnehagane samkøyrde med tilbodet i Den kulturelle skulesekken og inngår også i avtalen mellom fylkeskommunen og kommunane. I Møre og Romsdal er ni kommunar plukka ut som pilotkommunar for oppstart av *Kulturesekk for barnehage*. I fylkesplanen er kulturesekk i barnehage ei fanesak. Målet er at alle barnehagar skal med.

Mange kommunar, særleg mindre kommunar på Vestlandet og i Nord-Noreg, har tradisjon for å inkludere barnehagane i enkelte tilbod frå Den

⁶ Winsvold og Gulbrandsen (2009), Østrem m.fl. (2009)

Boks 9.4 Nasjonale ressurscenter i skulen

Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa vart etablert av Kunnskapsdepartementet i 2007 under Utdanningsdirektoratet. Senteret er lagt til Universitetet i Nordland. Senteret skal vere eit nasjonalt ressurscenter for barnehagar, grunnskulen, vidaregåande opplæring og høgare utdanning. Hovudoppgåva er å gi barnehage- og skuleleiarar, lærarar og førskulelærarar støtte og kompetanse til å styrkje arbeidet med estetiske fag, kunsthøgskule og estetikk i kvardagen. Vidare skal senteret samarbeide med relevante fagmiljø, nasjonalt og internasjonalt. For å stimulere barnehagane til systematisk arbeid med fagområdet kunst, kultur og kreativitet, har senteret etablert *Den nasjonale barnehageprisen*.

Boks 9.5 Kultur i Klosteret barnehage

Ein av vinnarane av Den nasjonale barnehageprisen i 2010 var Klosteret barnehage i Bergen. Klosteret barnehage har vore tilknytt Den kulturelle beremeisen sidan 2006. Ordninga er i regi av Bergen kommune og har som mål å gi barn varierte kunst- og kulturopplevingar i møte med profesjonelle kunstnarar. Prosjektet *Jeg* er inspirert av eit sjølvportrett av kunstnaren Ludvig Eikaas. Barna, personalet og ein lokal kunstnar har fordjupa seg i eksistensielle spørsmål gjennom bruk av drama, forming, samtalar og digitale medium. Barnehagen fekk prisen for dei metodane dei nyttar for å arbeide kreativt og reflekterande med tema som vedkjem barns identitet og sjølvkjensle.

kulturelle skulesekken. Alle kommunane som har tilbod, melder om svært gode tilbakemeldingar frå barnehagane. Andre kommunar som tilbyr variantar av ordningar med kommunale kunst- og kulturtilbod i barnehagen, er Asker, Bergen, Kongsberg, Porsgrunn og Vinje kommune. Skien kommune arbeider med ein plan for å setje i gang eit varig tiltak i barnehagane. Andebu kommune har tidlegare hatt Den kulturelle beremeisen, men arrangerer no ein årleg barnefestival i samarbeid med Vestfoldfestspillene.

9.3.2 Kultur i skulen

Kulturen sin plass i skulen er forankra i skulens grunnlagsdokument *Læreplanverket for Kunnskapsløftet*, som omfattar læreplan for fag, generell del og prinsipp for opplæringa. Skulen skal medverke til at kvar enkelt elev får ein grunnleggjande og heilskapleg kompetanse. Kulturell kompetanse er ein naturleg, integrert og viktig del av dette. For at opplæringa skal kunne ruste barn og unge for framtida, må ein leggje til grunn eit breitt kunnskapsomgrep og ein må gi tilpassa opplæring gjennom varierte undervisningsformer. God tilgang til og deltaking i kunst- og kulturaktivitetar kan medverke til meistring. Det er viktig at elevane får erfaring med ulike kulturelle uttrykksformer. Dette vil medverke til utvikling av eigen identitet og fremje forståing for andre menneske.⁷

Den generelle delen av læreplanen understrekar kor viktig det skapande elementet er for læring og utvikling. Undervisninga skal difor vise korleis fantasi og skaparevne stadig har endra levekår og livsinnhald for menneska, og at kulturarven ikkje einsidig er retta mot fortida, men er ein skapande prosess der skulen er ein viktig deltakar. Læreplanane for kvart fag har mål på kva kompetanse det er venta at eleven skal sitje igjen med på ulike trinn. I kompetansemåla er kultur og kreativitet særleg synleggjort i fag som musikk og kunst og handverk i grunnskulen, og innan programområde som musikk, dans og drama, formgivingsfag og design og handverk i vidaregåande opplæring.

Praktiske og estetiske fag er ikkje obligatoriske fag i allmennlærerutdanninga eller dei nye grunnskulelærerutdanningane. Det er eit mål for grunnopplæringa at lærarane skal vere kvalifiserte til å undervise i dei praktiske og estetiske faga. Kunnskapsdepartementet vurderer no korleis ein kan styrkje og ivareta desse faga best mogleg innanfor lærarutdanningsstrukturen i framtida.⁸ I føresegn om rammeplan for grunnskulelærerutdanningane, § 2 Læringsutbytte, er det estetiske aspektet framheva mellom anna med eit krav om at alle kandidatane må meistre estetiske læringsformer. Kravet er at kandidatane skal kunne leggje til rette for og leie gode og kreative læringsmiljø, og leggje til rette for estetisk utfalding, oppleving og erkjenning.

⁷ Opplæringslova § 1-2 og læreplanverkets generelle del.

⁸ Espeland m.fl. (2011)

Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet samarbeider om Den kulturelle skulesekken, jf. nærare omtale i pkt. 7.6.2. Mål og retningslinjer for skulesekken vart skisserte i St.meld. nr. 38 (2002–2003) *Den kulturelle skulesekken*, og St.meld. nr. 8 (2007–2008) *Kulturell skulesekk for framtida*. Denne ordninga syter for at alle elevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen får tilgjenge til eit mangfald av kulturtilbod i skuletida.

9.3.3 Kulturskulane

Ved sida av dei frivillige kulturorganisasjonane som korps, kor og liknande, er kulturskulane mellom dei viktigaste arenaene for barn og unges deltaking i og sosialisering til kulturbruk og kulturaktivitetar. Gjennom kulturskulane får barn og unge opplæring i instrumentbruk, dans, teikning, måling og andre kunstformer. Opplæringslova § 13-6 slår fast at alle kommunar, åleine eller i samarbeid med andre, skal ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge. Det er kommunane sjølve som avgjer både omfanget av og innhaldet i sine kulturskular.

Det statlege øyremerkte tilskotet til dei kommunale kulturskulane vart innlemma i rammetilskotet til kommunane frå 2004. Kommunane sine midlar til drift av kulturskular har auka. I 2010 brukte dei om lag 280 mill. kroner meir enn i 2003. Det har vore ein jamn auke i talet på elevar og elevplassar i kulturskulane sidan 2006, jf. pkt. 7.6.3.

Over budsjettet til Kunnskapsdepartementet blir det gitt tilskot til utviklingsverksemd i kulturskulane gjennom to ordningar. Tilskot til utvikling av musikk- og kulturskulane (kap. 225, post 71) skal medverke til å utvikle musikk- og kulturskuletilbodet i kommunane ved å stimulere til aktivitet og utvikling av gode modellar for innhald, organisering og samarbeid lokalt. Mottakar for tilskotet er Norsk kulturskoleråd. Målgruppa er kulturskular som gjennomfører utviklingsprosjekt i kommunane. For 2011 er løyvinga på posten om lag 9,7 mill. kroner. Tilskotet i 2005 var på om lag 7,8 mill. kroner.

Tilskot til organisasjonar (kap. 225, post 74) skal stimulere offentlege og frivillige organisasjonar til å setje i verk tiltak som medverkar til kvalitetsutvikling og betre læringsmiljø i opplæringa, i tråd med strategiar og tiltak. Norsk kulturskoleråd er ein av organisasjonane som får tilskot over denne posten, om lag 6,8 mill. kroner i 2011.

Tilskot til utvikling av musikk- og kulturskular vart evaluert av Utdanningsdirektoratet i 2006. Resultatet av evalueringa tyder på at tilskotsord-

Boks 9.6 Ås internasjonale senter

Ås internasjonale senter gir på vekebasis eit tilbod med lærarar frå kulturskulen til nokre av skulane og barnehagane i kommunen som har mange minoritetsspråklege barn. Elevane deler seg i tre grupper etter eige val og jobbar med musikk, teater eller dans. Prosjektet blir avslutta med framsyning for familien. I tillegg til at barna får ei fin kulturoppleving med profesjonelle lærarar, får dei òg innblikk i nokre av dei tilboda som finst i kulturskulen.

ninga fører til auka aktivitet rundt om i kommunane, og at målet med tilskotet er oppfylt.⁹

I 2010 vart det løyvd 40 mill. kroner frå Kulturløftet II til utviklingsprosjekt knytte til kulturskuleaktivitetar i skulen. I 2011 vart midlane utlyste til kommunar, organisasjonar og institusjonar for at fleire barn og unge skulle få eit mangfaldig kulturtilbod eller kulturskuletilbod. Midlane vart fordelte til 210 ulike prosjekt, og omfatta både modellforsøk, utviklingsprosjekt og talentutviklingsprosjekt.

I 2011 vart 2 mill. kroner øyremerkte til prosjekt baserte på Teaching Artists-modellen tilpassa norske forhold. Teaching Artists er ein amerikansk modell for samarbeid mellom kunstlivet og skulen. Kunstnarar og lærarar samarbeider, ofte ved at kunstnarar er tilsette i deltidsstillingar i skulen. Både kunstopplevingar og estetiske læringsprosessar er ein del av opplegga. Kunnskapsdepartementet vil vurdere korleis eit utviklingsprosjekt i skulen etter modell av Teaching Artists, der utøvande kunstnarar deltek, kan forankrast i kompetansemåla i Kunnskapsløftet og bidra til å gi elevane motiverande og variert opplæring. Tiltaket må sjåast i samanheng med aktiviteten i Den kulturelle skulesekken.

Fleire av valfaga som skal innførast på ungdomstrinnet frå hausten 2012, vil innehalde element frå dei praktisk-estetiske faga i opplæringa. Valfaga skal vere praktisk innretta og bidra til auka motivasjon og læring. Læreplanane i faga vil bli oppbygde med høve til å leggje til rette for eit samarbeid mellom skule og kulturskule i gjennomføringa av faga. Eit døme på eit slik fag er valfaget produksjon for sal og scene. Målet med dette faget er mellom anna å byggje bruer mellom

⁹ Evalueringa vart publisert av Utdanningsdirektoratet i august 2006.

historiske epokar, ulike kunstartar, kulturar og menneske.

9.4 Kultur og oppvekstvilkår for barn og unge

Eit hovudmål for Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet er å medverke til gode oppvekst- og levekår for barn og ungdom. Levekår blir forstått som barns høve til å utvikle og realisere seg sjølv. Levekåra er viktige for barns trivsel, tryggleik og utvikling, jf. artikkel 31 i barnekonvensjonen. Kultur heng saman med fritid, og ein brei definisjon av kultur ligg til grunn for departementet si målsetjing om å sikre deltaking for alle barn og unge. Kulturelle aktivitetar er også nært knytt til frivillig engasjement og deltaking i ulike barne- og ungdomsorganisasjonar. Den breie forståinga av kultur er sentral i arbeidet for å styrkje barn og unge si sosialisering, utvikling og inkludering i nærmiljøet. Oppveksten er ein avgjerande fase for utvikling, læring og endring og difor er det eit mål at alle skal ha likeverdige tilbod og høve til deltaking. Kultur er ei kjelde til viktig kunnskap og kompetanse for barn og unge.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet legg vekt på at frivillige organisasjonar skal tilby eit breitt utval kultur- og fritidsaktivitetar som er med på å skape levande og attraktive lokalsamfunn. Deltaking medverkar til formell og uformell læring og kompetanse gjennom aktiv påverknad og medansvar. I dette arbeidet er det viktig at både den kortsiktige sosiale dimensjonen og den langsiktige samfunnsbyggjande dimensjonen blir anerkjent. Kultur blir med det ein ressurs som medverkar til å skape inkluderande nærmiljø, betre oppvekstvilkår og høve til utvikling.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet forvaltar fleire støtteordningar der også kulturdeltaking og kulturaktivitetar er relevante:

Nasjonal grunnstøtte til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet gir nasjonal og internasjonal grunnstøtte til landsomfattande frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar. Tilskotet blir regulert av ei føresegn og forvalta av eit underliggjande organ som er oppnemnt av departementet, Fordelingsutvalet. Føremålet med tilskotsordninga er å leggje til rette for barn og ungdom si deltaking i barne- og ungdomsorganisasjonane. Tilskotsordninga skal

stimulere organisasjonane til engasjement og medansvar nasjonalt og/eller internasjonalt, og sikre organisasjonane som arena for medbestemming og demokrati. Denne ordninga var i 2011 på 91,8 mill. kroner.

Prosjektstøtteordninga Mangfald og inkludering

Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU) forvaltar prosjektstøtteordninga *Mangfald og inkludering* på vegne av Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Ordninga kom i stand i 2008 som ei vidareføring av støtteordninga Idébanken og den europeiske ungdomskampanjen All Different All Equal, som vart avslutta hausten 2007. Hovudmålet med denne ordninga er å stimulere barn og unge til å vise at mangfald er eit positivt element i samfunnet. Målgruppa er barne- og ungdomsorganisasjonar, fritidsklubbar, ungdomshus og lokale ungdomsmiljø. Denne ordninga var i 2011 på 1,4 mill. kroner.

Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet forvaltar tilskotsordninga *Barne- og ungdomstiltak i større bysamfunn*. Ordninga er eit verkemiddel for å betre oppvekst og levekår i større bysamfunn, og omfattar 23 bykommunar og 7 prioriterte bydelar i Oslo. Løyvinga blir nytta til tiltak og prosjekt for barn og unge i alderen 12 til 25 år med spesielle behov, og for utsette ungdomsgrupper og ungdomsmiljø. Bykommunane blir invitert til mellom anna å søkje om tilskot til tiltak som fremjar deltaking og medverknad for barn, ungdom og ungdomsgrupper som i liten grad nyttar dei eksisterande kultur- og fritidstilboda. Barn og unge med innvandrarbakgrunn står overfor spesielle utfordringar, så innsats som fremjar inkludering av dei har høg prioritet. Ordninga er todelt: Ein del er retta mot ungdomstiltak, og ein del er retta mot tiltak som skal nå barn, unge og familiar som er utsette for fattigdom. Satsinga retta mot ungdom blir nytta til tiltak og prosjekt for ungdom med spesielle behov, utsette ungdomsgrupper og ungdomsmiljø. Satsinga overfor ungdom utgjorde 17,4 mill. kroner i 2011. Fattigdomssatsinga blir fordelt på tre område: Tilskot til ferie- og fritidstiltak for barn, ungdom og familiar, tiltak som bidreg til kvalifisering og inkludering, og meir langsiktige og samordnande tiltak som skal motverke marginalisering av barn og ungdom råka av fattigdomsproblem. Fattigdomssatsinga utgjorde 36,5 mill. kroner i 2011. Denne satsinga er ein del av

regjeringa si samla satsing mot barnefattigdom og må sjåast i samanheng med Arbeids- og velferdsdirektoratet si tilskotsordning *Kompetanse og utviklingstiltak for å førebyggje og redusere fattigdom blant barn, unge og barnefamiliar som er i kontakt med sosialtenesta.*

Tiltak for barn med nedsett funksjonsevne

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har også ei tilskotsordning til ferie- og velferdstilbod for personar med nedsett funksjonsevne. Ordninga var i 2011 på 14,3 mill. kroner. To tredelar av den årlege løyvinga går til sommarleir for barn med særskilt store hjelpebehov i regi av dei funksjonshemma sine organisasjonar. Ein tredel går til leir-, idretts- og kulturarrangement i regi av frivillige organisasjonar. Ordninga vart oppretta i 2007.

9.5 Kultur og integrering av innvandrarar

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har ansvar for antidiskriminering og integrering av innvandrarar. Hovudmålet for integrerings- og inkluderingspolitikken er *like moglegheiter, rettar og plikter for innvandrarar og barna deira til å delta og bidra i arbeids- og samfunnsliv.* Innvandrarbefolkninga i Noreg er mangfaldig. Innvandrarar kjem frå mange ulike land og har ulik utdanning, økonomi og butid. Denne variasjonen blir også spegla i ulike innvandrargruppers bruk av offentlege kulturtilbod, deltaking i eigne organisasjonar og i dei tradisjonelle frivillige organisasjonane.

Tilskot til innvandrarorganisasjonar og anna frivillig verksemd over budsjettet til Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet skal bidra til å styrkje frivillige organisasjonar si rolle i integreringsarbeidet. Det blir gitt støtte til lokale innvandrarorganisasjonar, til aktivitet i lokalsamfunn, til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet, til arbeid mot tvangsekteskap og til organisasjonar og grupper som gir målretta informasjon om det norske samfunnet til nye innvandrarar. Samla legg desse tilskota grunnlag for at personar med innvandrabakgrunn kan delta aktivt i samfunnet.

I 2010/2011 har Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet sett i gang ein analyse av tilskotsordningane under kap. 821, post 71 *Tilskot til innvandrarorganisasjonar og anna frivillig verksemd.* Departementet har fått innspel frå fleire

miljø. Innspela viser mellom anna at det er viktig å styrkje frivillig arbeid lokalt.

Tilskot blir gitt til drift av lokale innvandrarorganisasjonar og frivillig verksemd i lokalsamfunn som medverkar til deltaking, dialog og samhandling. Delar av løyvinga er øyremerkt til organisasjonar og aktivitetar i Groruddalen og bydelen Søndre Nordstrand i Oslo. Hovuddelen av midlane blir fordelt av fylkeskommunane på bakgrunn av rundskriv frå IMDi. Tilskotet skal bidra til å fremje auka tillit til og tilhøyrse i det norske samfunnet. Det skal medverke til at innvandrarane deltek meir i organisasjonslivet lokalt, og til å gjere sosiale nettverk meir tilgjengelege. Tilskot til frivillig verksemd bidreg til å skape møteplasar og aktivitetar i lokalsamfunn på tvers av ulike grupper i befolkninga.

9.6 Kultur i arbeid og velferd

Arbeidsdepartementet har ansvar for politikken knytt til arbeidsmarknad, arbeidsmiljø, pensjonar og velferd. Arbeids- og velferdspolitikken skal medverke til at flest mogleg kan klare seg sjølve gjennom arbeid, sikre økonomisk tryggleik, fremje inkludering, jamne ut økonomiske og sosiale ulikskapar og førebyggje fattigdom og sosial eksklusjon. Deltaking i kulturelle aktivitetar kan fremje sosial inkludering og meistring, ikkje minst blant personar som står utanfor eller i utkanten av arbeidslivet.

Kvalifiseringsprogrammet for utsette grupper er eit landsdekkjande tilbod frå 1. januar 2010. Føremålet er å medverke til at fleire i målgruppa kjem i arbeid. Dersom kommunen og programdeltakaren finn det føremålstenleg, kan deltaking i kulturelle aktivitetar inngå i eit kvalifiseringsprogram. Aktuelle lokale kulturtenester er til dømes teater, bibliotek og lese- og skrivetrening. Kunnskap om lokalsamfunnet er viktig for å vite kva tilbod som er tilgjengelege.

Tilskotsordninga til aktivisering og arbeidstrening i regi av frivillige organisasjonar vart etablert i 2005 som ein del av den særlege innsatsen mot fattigdom. Målgruppa for ordninga er personar som står svært langt frå arbeidsmarknaden, og som i mange tilfelle er sosialt ekskluderte. Tiltaka medverkar til at personar som ønskjer seg aktivitet- og arbeidstrening, men ikkje meistarar terskelen i vanlege arbeidsmarknadstiltak, får eit tilbod. Tiltaka omfattar eit breitt spekter, frå sosial trening og kvardagsmeistring til meir arbeidsretta tiltak. Innanfor ordninga er det mellom anna gitt tilskot til Vardeteateret, prosjektet Musikk i fengsel

Boks 9.7 Kulturaktivitetar som fremjar sosial inkludering og meistring

Det finst fleire døme på kulturaktivitetar i regi av frivillige organisasjonar med sikte på sosial inkludering og meistring.

- *Fattigkoret*: Fattighuset har starta eit eige kor som er eit gratis tilbod til brukarane av huset. Fattighuset er ein brukarstyrt sjølvhjelpssor-ganisasjon med lågterskeltilbod for men-neske som har det vanskeleg.
- *Batteriet* er eit landsdekkjande ressurs-senter i regi av Kirkens Bymisjon Oslo for organisa-sjonar og grupper som arbeider mot fattig-dom og sosial eksklusjon. Batteriet har eta-blert eit samarbeid med forfattarar. I sam-band med seminarserien *Makt og muligheter* arbeider forfattarar og deltakarar saman om å framstille deltakarane sine egne historier. På eitt av seminara fekk deltakarane lære for-

midling av vendepunktshistorier gjennom skrivning, forteljing, musikk, teater og måling.

Som eit ledd i det europeiske fattigdomsåret 2010 hadde frivillige organisasjonar og institu-sjonar i Noreg høve til å søkje om tilskot til nasjonale aktivitetar og arrangement. Det vart mellom anna gitt tilskot til følgjande tiltak: Kul-turaktivitetar som verkemiddel for inkludering i lokalsamfunnet (Kultursenteret Sisa), Manus-kurs og konkurranse for ungdom frå 12 til 22 år på Stovner og Romsås (Groruddalen frie filmare), Støtte til deltaking i kulturaktivitetar (Mental Helse Sør-Trøndelag), Medieverkstad (Frie filmare), Opplevingskortet for barn og unge i Ålesund (Ålesund kommune), Utstillings-veke og konsert (Kirkens Bymisjon Bergen), Groruddalen Blokk Party (Break Records).

og frihet, og opplæring i lydstudio i regi av Oslo musikkråd.

Som eit ledd i handlingsplanen mot fattigdom kan kommunane søkje om tilskot til tiltak for å førebyggje og redusere fattigdom hos barn og barnefamiljar. Det blir mellom anna gitt tilskot til fritidsaktivitetar for barn og ungdom, som til dømes tilskot til dekking av kontingenter, fritids-utstyr, turar, turneringar i ulike lag/foreiningar, kulturskule og aktivitetshelgar for ungdom. Det blir også gitt tilskot til aktivitetar knytt til skule-gang, som til dømes tilskot til dekning av turar/arrangement i skulens regi, leksehjelp, aktivitets-tilbod etter skuletid og open skule i sommarfe-rien. I tillegg blir det gitt tilskot til tiltak som alter-native aktivitetar til ungdom som droppar ut av vidaregåande skule som til dømes praksisplassar og tett oppfølging. Arbeids- og velferdsdirektora-tet forvaltar tilskota på vegne av Arbeidsdeparte-mentet. Fafo og NOVA har evaluert satsinga. Til-skotsordninga har bidrege til inkludering ved å skape høve for barn og unge til å delta i aktivitetar og på sosiale arenaer, og til auka merksemd i kommunane om fattigdom og sosial eksklusjon blant barn og unge.

I samsvar med § 18 i lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga blir det gitt stø-nad til livsopphald for personar som ikkje kan sør-gje for seg sjølve. I rundskriv til kommunane er det presisert at deltaking i alminnelege fritidsakti-vitetar er sentralt i livsopphaldsoppgrepet. Særleg

barn og unge må ha høve til å delta i den type akti-vitetar som er vanlege i området der dei bur. Også for vaksne kan det vere rimeleg å yte stønad til fri-tidsaktivitetar og til dømes deltaking på kurs, i organisasjonsverksemd og liknande. Omsynet til at barn skal ha ein normal oppvekst trass i at fami-lien har dårleg økonomi, tilseier at dei skal kunne delta i dei aktivitetane som er vanlege for jam-gamle barn på staden, også innanfor kulturaktivi-tetar som teater, dans, korps, orkester og kor. I den grad dette krev særleg utstyr, slik som instru-mentleige, uniform, drakt med meir, skal slikt utstyr reknast som ein del av livsopphaldet.

Regjeringa ønskjer at alle barn og unge skal få høve til å utvikle seg og delta i samfunnet, uavhen-gig av den økonomiske og sosiale situasjonen til foreldra. Regjeringa vil greie ut korleis aktivitets-støtte til barn og unge i familiar som opplever fat-tigdomsproblem kan ivaretakast.

9.7 Kultur i kriminalomsorg

I St.meld. nr. 37 (2007–2008) *Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn* omtalar Justisdepartementet kulturtilbod som verktøy i til-bakeføringsarbeid. I meldinga blir det slått fast at kulturaktivitetar skal vere ein del av kvardagen i fengsel som i samfunnet elles.

Justisdepartementet legg til grunn at kultur kan medverke til sjølvforståing og sjølvrefleksjon

og gi innsette høve til å oppleve nye og positive sider av livet og seg sjølv. Kulturaktivitetar kan utløyse allmennmenneskelege og allmenndannande sider som medverkar til auka livsmeistring. Eit godt kulturtilbod er viktig i arbeidet med rehabilitering av domfelte, både med tanke på den enkelte si personlege utvikling og fordi det kan vere ein veg inn i positive sosiale miljø. Kultur i

kriminalomsorga handlar difor om å førebu dei innsette på livet etter fengselsopphaldet.

Kriminalomsorga samarbeider med ei rekkje etatar og frivillige organisasjonar om å gjere kultur- og fritidstilbodet best mogleg. Deltaking i teateroppsetjingar, musikkopplæring, bibliotek og skrivekurs er nokre av dei tilboda dei innsette får, og dei innsette nyttar tilboda aktivt. Som på andre

Boks 9.8 Døme på kulturaktivitetar i kriminalomsorgsarbeid



Figur 9.3 Vardeteatret, Eli-Synøve og Steinar som Solveig og Peer, deltakarar i «Hjelp, jeg er fri»-prosjektet 2008/2009 og framsyninga «Peer Gynt».

Foto: Leif Sørensen

Teater som rehabilitering

Vardeteatret er eit arbeidstreningsprosjekt for innsette og frigitte som skal tilbake til samfunnet etter fleire år bak murane. Vardeteatret nyttar teater som verkemiddel i arbeidet med rehabilitering, og målet med prosjektet er at ein skal meistre kvardagen utan å falle tilbake til krimi-

nalitet eller rus. Deltakarane utviklar sjølv manus til dei ulike stykka med utgangspunkt i sine egne livserfaringar. Etter førestillinga samtalar dei med publikum med utgangspunkt i framsyninga.

Musikk for innsette i fengsel

Musikkens studieforbund (MSF) og Musikk i fengsel og frihet (MIFF) ønskjer å gjere innsette betre rusta til å meistre kvardag og fritid gjennom tilrettelagt musikkopplæring. Prosjektet har både pedagogiske og sosiale mål, som til dømes å fungere i ulike samspelsformer, bruke musikk som eiga uttrykksform, styrkje sosial samhandling, ansvarskjensle, samarbeidsevne og tolmod.

Kurs i ulike kulturuttrykk

Folkekulturforbundet (FOLK) har arrangert kurs innan kriminalomsorga sidan 2001. Målgruppa for kursa er alle innsette som ønskjer å lære om folkelege kulturuttrykk. FOLKs visjon er at det skal vere mogleg å lære kulturuttrykk i skapande og trygge omgjevnader. Det blir mellom anna halde kurs i tradisjonelle handverksfag som karveskurd og strikking.

Skrivekurs for innsette

Norsk Forfattersentrum har utarbeidd tre skrivekurskonsept for innsette: Eit heilårs pilotprosjekt, eit kurs over seks veker og eit kurs over tre veker. Alle kursopplegga blir leidd av røynde forfattarar og inneber samarbeid med både det lokale fengselsbiblioteket og fengselsundervisninga. Det å uttrykkje seg gjennom tekst kan vere ein god måte å få kontakt med tankar og kjensler i ein så pressa situasjon som eit lengre fengselsopphald er. Skrivning kan fungere som eit verktøy for å takle negative kjensler og tanke-mønster.

fagområde, blir tilboda gitt til innsette av dei same aktørane som tilbyr tenestene ute i samfunnet. Frivillige organisasjonar har ei sentral rolle i å tilby kulturaktivitetar til domfelte, ofte med dei domfelte sjølv som aktørar.

Etter folkebiblioteklova § 1 og straffegjennomføringslova § 4 har innsette rett til bibliotektenester. Fengselsbiblioteka er viktige både med omsyn til livskvalitet under soning og i arbeidet med å rehabilitere innsette. Biblioteka fungerer både som ressurs i opplæring og som kjelde til underhaldning og informasjon. Innsette låner langt fleire bøker og andre medium enn folk flest. Statistikken for 2009 viser at det vart lånt ut 19 gonger så mykje ved fengselsbiblioteka som i norske folkebibliotek per innbyggjar. Staten har hatt ansvar for fengselsbiblioteka heilt sidan tenesta starta opp som ei prøveordning i 1979. Justisdepartementet har ansvar for lokale, utstyr og inventar, medan Kulturdepartementet dekkjer utgifter til løn og medium. Nasjonalbiblioteket forvaltar ordninga. Tilskotet til fengselsbiblioteka er i 2011 på 19,7 mill. kroner.

Eit styrkt kulturtilbod vil kunne vere med på å utvikle alternative metodar for førebyggjande arbeid og rehabiliteringsarbeid som kan supplere det arbeidet som allereie blir gjort i kriminalomsorga. Kulturaktivitetar byggjer nettverk og fungerer som gode overgangstiltak etter soning. For at kulturtiltak skal førebyggje kriminalitet og fremje meistring, må til dømes helsetenester og rusomsorg utøve sine pålagde tenester slik at kulturaktivitetane blir vurderte som ein del av ein heilskapleg tilbakeføringsplan.

Justisdepartementet har i perioden frå 2005 til 2011 løyvd om lag 8,5 mill. kroner til ulike kulturprosjekt og kulturaktivitetar i kriminalomsorga. Aktørar som har fått støtte er Vardeteatret, Pilegrimsforeininga i Vestfold, Norsk musikkråd, Musikkens studieforbund/Musikk i fengsel og frihet, Folkekulturforbundet, Møre og Romsdal musikkråd, Oslo Røde Kors og Norsk Forfatter-sentrum.

9.8 Kultur og regional utvikling

St.meld. nr. 25 (2008–2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken* presenterer hovudinnhaldet i regjeringas distrikts- og regionalpolitikk. Regjeringas målsetjing med distrikts- og regionalpolitikken er å gi folk fridom til å velje kvar dei vil bu, sikre levekår og ta ressursane i heile landet i bruk. Regjeringa legg til grunn at kultur er eit sentralt verkemiddel i arbeidet med

stadutvikling og lokal samfunnsutvikling, busetnad og verdiskaping. Kultur medverkar til å nå måla i distrikts- og regionalpolitikken. Sektoren medverkar også til etablering av kompetansearbeidsplassar regionalt. Kulturnæringane og kulturbasert næringsutvikling er døme på område i økonomien som kan fremje kreativitet og innovasjon i samfunnet.

I 2009 etablerte regjeringa eit kompetansesenter for distriktsutvikling. Distriktsenteret er eit forvaltningsorgan underlagt Kommunal- og regionaldepartementet. Distriktsenteret arbeider med å hente inn, systematisere og formidle kunnskap og erfaringar om lokale utviklingstiltak. Senteret er også kompetanseorgan, rådgjever og bidragsytar overfor nasjonale, regionale og lokale styresmakter. Distriktsenteret har på nettsidene sine ei rekkje døme på prosjekt som syner korleis kultur blir nytta for å fremje bulyst og skape lokal samfunnsutvikling.

Stadutvikling og inkluderande lokalmiljø – ByLab

Prosjektet ByLab er eit tiltak i regjeringas plandokument *arkitektur.nå*. Dokumentet legg vekt på at ByLab skal vere eit kompetansesenter for by- og stadutvikling for kommunar i Noreg, med vekt på forholdet mellom fysisk form og sosialt miljø. Det blir arbeidd med å styrke kommunanes kunnskap og medvit med tanke på å sikre oppvekstmiljø for barn og unge, og å leggje til rette for dei eldre sine behov, jf. omtale under pkt. 9.2. I 2010 vart det løyvd 4,5 mill. kroner til oppfølging av *arkitektur.nå*, og 2,5 mill. av desse gjekk til Norsk Form sitt arbeid med ByLab. Løyvinga vart følgt opp med 1 mill. kroner i 2011. Samarbeidet med utvalde bykommunar i 2010 har gitt erfaringar om kva utfordringar små- og mellomstore byar står overfor i dag. I 2011 er det mellom anna definert temaområde som byrom og uteareal, konsekvensar av kjøpesenteretableringar, barn i sentrum og morgondagens eldre.

Satsing på kulturbasert stadutvikling – Bulyst

I 2007 løyvde Kommunal- og regionaldepartementet 7,5 mill. kroner til ei eiga satsing for kulturbasert stadutvikling, som ei oppfølging av handlingsplanen for kultur og næring. Målet med satsinga er å styrkje attraktivitet og bulyst gjennom bruk av kultur på mindre stader. Eit viktig mål i distrikts- og regionalpolitikken er at alle skal ha reell fridom til å busetje seg der dei vil. Eit verkemiddel er å skape attraktive lokalsamfunn. Gjennom Bulyst-satsinga finansierer Kommunal- og regio-

Boks 9.9 Døme på prosjekt med støtte frå Bulyst

«Auka bulyst gjennom inkludering og trivsel» –
tilflyttingsprosjekt i Grong kommune

Hovudmålet i prosjektet er auka tilflytting og bulyst for alle, gjennom satsing på inkludering og trivsel. Gjennom prosjektet ønskjer Grong kommune å synleggjere at kommunen er ein internasjonal kommune med menneske frå mange land, og at alle innbyggjarane skal vere stolte av det. Stoltheit, trivsel og inkludering skal skapast gjennom utvikling av nye møteplassar og ved å utvikle tiltak for å ta i bruk møteplassane. I tillegg skal det gjennomførast prosessar som skal resultere i kunstnarleg utsmykking av Grong sentrum.

Hjelmeland 24–7

Prosjektet legg vekt på deltaking i frivillige organisasjonar som ein viktig måte å fremje bulyst på. I prosjektet skal samhandlinga mellom frivillige lag og innbyggjarane styrkjast. Hjelmeland samfunnshus og teaterlag har ei sentral rolle, og det skal mellom anna etablerast ungdomsteater. Det skal også byggjast eit kvinnenettverk for inkludering av innflyttar- og innvandrar kvinner. Kommunen skal i tillegg skape inkluderande møteplassar.

Alle Bulyst-pilotane vart kartlagde og dokumenterte av Distriktssenteret i 2010.

naldepartementet pilotprosjekt som skal bidra til å utvikle ny kunnskap om korleis distriktskommunar kan bli meir attraktive for busetjing. I 2011 vart det utlyst nye midlar i Bulyst-programmet med ein totalpott på 47 mill. kroner. Kulturbasert stad- og næringsutvikling er eit av fem prioriterte område som det kan søkjast om støtte til. Midlane skal gå til lokale, regionale og nasjonale utviklingsprosjekt.

Delegerte verkemiddel til regional utvikling

Delar av midlane som Kommunal- og regionaldepartementet har delegert til fylkeskommunane, kan også nyttast til enkelte kulturrelaterte tiltak. Fylkeskommunane rapporterer ikkje på korleis kultur blir nytta for å nå regional- og distriktspolitiske mål. Departementet kan difor ikkje talfeste nøyaktig kor mykje av midlane under post 60 som blir nytta til slike føremål. Eit estimat for 2009 er at i underkant av 27 mill. kroner vart løyvde til prosjekt der kultur blir nytta som verkemiddel i fylkeskommunane sitt arbeid med stadutvikling og lokal samfunnsutvikling, omdømebygging og arbeid med bulyst.

9.9 Kultur i Den norske kyrkja

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet skal leggje til rette for dei organisatoriske og økonomiske rammevilkåra for Den norske kyrkja. Løyvingane skal støtte Kyrkjemøtet sine egne mål for Den norske kyrkja. Kyrkjerådet og bispe-

dømeråda sine oppgåver og ansvarsområde er regulerte i kyrkjelova og følger òg av vedtak som blir gjort av Kyrkjemøtet.

I ei undersøking av kommunal kultursektor går det fram at kyrkjene er ein attraktiv arena for kulturaktørar. Kyrkja var den nest mest brukte kulturarenaen i kommunane, og dessutan den arenaen som hadde hatt den største auken i bruk dei siste fem åra.¹⁰ I 2010 vart det registrert over 1,4 mill. deltakarar fordelte på nærmare 12 000 konsertar og andre kulturarrangement i kyrkjene.¹¹ Kulturtilbodet i kyrkjene utgjer såleis ein vesentleg del av det totale kulturtilbodet i lokalsamfunn over heile landet.

I tillegg til å vere ein attraktiv arena for kulturformidling, står kyrkja sjølv for organisering av ei rekkje kulturaktivitetar. I 2007 til 2008 var meir enn 900 kyrkjemusikarar/organistar/kantorar tilsette i Den norske kyrkja. I 2010 dreiv kyrkja om lag 2000 kor for barn, vaksne og familiar, med nærmare 45 000 medlemmer. Ofte samarbeider desse kora med profesjonelle utøvarar på konsertar. Dessutan inngår kor i fleire nettverk i lokalsamfunna, mellom anna gjennom samarbeid med kultur- og musikkskular.

Kyrkjene er ein ressurs i ordningar som Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken. I 2010 vart det til dømes arrangert ei idémyldring i Bodø for ulike modellar for kulturarrangement i Den kulturelle spaserstokken, bygd på salmeskatten til Den norske kyrkja. Eksempel

¹⁰ Egeland og Agedal (2010)

¹¹ Botvar og Urstad (2011)

på tiltak er lagde ut på heimesidene som grunnlag for å utvikle eigne program i samarbeid med profesjonelle utøvarar. I 2009 vart boka *Kirken og Den kulturelle skolesekken* lansert og distribuert til alle kyrkjelydane i landet. Etter lanseringa arrangerte Kyrkjerådet eit seminar på Trusopplæringskonferansen på Lillestrøm for å informere om kyrkja si rolle i DKS, med søkjelys på grensegangane mellom forkynning og kyrkjeleg kunst- og kulturoppleving.

Som oppfølging av Den norske kyrkja si eiga kulturmelding *Kunsten å være kirke* frå 2005, har kyrkja satsa på at kulturperspektivet skulle vevast inn i dei strategiske satsingsområda til kyrkja, som diakoni, tilbod til barn og unge, gudstenestliv og samisk kyrkjeliv. I tillegg er kyrkjemusikk og kultur gjort til eit eige satsingsområde, mellom anna ved at det er oppretta stillingar som kulturrådgivar i bispedømma og sentralt i Kyrkjerådet. Kulturrådgivarane skal setje kyrkja i stand til å opptre som profesjonell kulturaktør og knyte kontaktar og innleie samarbeid med det lokale kulturlivet elles.

For å ivareta fagleg breidd og spisskompetanse er kvart bispedøme bede om å ta ansvar for eit kompetanseområde. Dette betyr at bispedøma har eit særskilt ansvar i sin region for å styrkje og

utvikle sitt kompetanseområde. Den kompetansen som bispedøma tileignar seg, skal kome det nasjonale nettverket for kulturrådgjevarar til gode. I denne samanhengen er det relevant å vise til arbeidet i Agder og Telemark bispedøme, som har ungdomskultur og integrering som spisskompetanseområde. Bispedømet har arbeidd med tilrettelegging av tiltak for menneske med utviklingshemming og kulturtiltak, og har mellom anna gitt ut ein cd, produsert fjernsynsprogram, konsertar og ein brosjyre om tilskotsordningar for, av og med utviklingshemma.

Auka bruk av kunst og kultur er viktige element i arbeidet med å reformere gudstenesta og trusopplæringa. Døme på trusopplæringsprosjekt i Kyrkjerådet er *Lys vaken – advent i kyrkja* for 11-åringar og *Tårnagentane* for 8-åringar. Begge er nasjonale tiltak og døme på kyrkjelege kulturtiltak med eit breitt nedslagsfelt blant barn og unge. I samband med gudstenestereforma er det opna for meir kunstnarleg utfolding og deltaking, mellom anna skal det skrivast ny liturgisk musikk. Ei rekkje norske komponistar bidreg til dette arbeidet, der barn og unge er ei særskild målgruppe som det skal skrivast liturgisk musikk for. Det skal òg givast ut ny salmebok.

10 Økonomiske og administrative konsekvensar

Sentralt i meldinga står budskapet om at offentleg finansierte kulturinstitusjonar og aktørar skal arbeide systematisk og langsiktig med å styrkje inkluderings- og mangfaldsdimensjonen i den ordinære verksemda si. Kulturdepartementet legg til grunn at dette skal skje innanfor gjeldande budsjетtrammer. Departementet vil leggje vekt på oppfølging av dette arbeidet i styringsdialogen med underliggjande verksemdar og tilskotsinstitusjonar.

Etablering av nye formidlingsordningar og justering av eksisterande ordningar vil skje innanfor dei gjeldande budsjетtrammene til departementa. Det er eit mål å innrette ordningane slik at ein inn-

anfor rammene når flest mogleg med eit best mogleg tilbod.

Dei mål, strategiar og tiltak som det blir gjort framlegg om i denne meldinga, skal kunne dekkjast innanfor dei gjeldande budsjетtrammene til aktuelle departement.

Kulturdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Kulturdepartementet 9. desember 2011 om kultur, inkludering og deltaking blir send Stortinget.

Kjelder

- Aaby, G. (2004): *Gratis Museer. Oversikt over og analyse av tiltak og erfaringer i utlandet og Norge*. Oslo: ABM-utvikling.
- Aagedal, O., Egeland, H. og Villa, M. (2009): *Lokalt kulturliv i endring*. Oslo: Norsk kulturråd.
- Amin, F. og Ingdal, N. (2009): *Kartlegging av innvandreres kulturarenaer i Follo*. Oslo: Nordic Consulting Group.
- ABM-utvikling (2009a): *På nett? Tilgjengelighet og web i ABM-sektoren*. ABM-skrift # 50. Oslo: ABM-utvikling.
- ABM-utvikling (2009b): *Håndbok på nett. Universell utforming innen ABM-sektoren*. Oslo: ABM-utvikling.
- Agenda Utredning & Utvikling (2009): *Evalueringsrapport av frifond*. Rapport. Høvik: Agenda Utredning & Utvikling.
- Arbeids- og inkluderingsdepartementet (2007): *Et inkluderende språk*. Oslo: Arbeids- og inkluderingsdepartementet.
- Arts Council England (2010): *Achieving Great Art for Everyone. A Strategic Framework for the Arts*. London: Arts Council England.
- Baklien, B. og Krogh, U. (2002): *Evalueringsrapport Mosaikk – et program under Norsk kulturråd*. Oslo: Norsk kulturråd.
- Bamford, A. (2006) *The Wow Factor: Global Research compendium on the impact of arts in education*. Munich: Waxmann.
- Barker, C. (2004): *Cultural Studies. Theory and Practice*. New York: Sage Publications.
- Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (2010a): *Universell utforming i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven*. Rundskriv. Oslo: Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.
- Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (2010b): *Mennesker med utviklingshemming skal heller ikke diskrimineres! Informasjons- og utviklingsprogram 2010 – 2013*. Oslo: Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.
- Belfiore, E. og Bennett, O. (2008): *The Social Impact of the Arts. An Intellectual History*. London: Palgrave Macmillan.
- Berkaak O. A. (2002): *Fri for fremmede: en evaluering av signalprosjektet Open Scene*. Oslo: Norsk kulturråd.
- Bleken, K. og Hosar, M. (2011): *Hit! Her! Nå! Hele verden i Oppland. Arkivdokumentasjon av nyere innvandring til Oppland*. ABM-skrift # 70. Oslo: Norsk kulturråd.
- Botvar, P. K. og Urstad, S. S. (2011): *Tilstandsrapport for Den norske kirke 2011*. Oslo: KIFO-notat nr. 3/2011. Stiftelsen Kirkeforskning.
- Bourdieu, P (1979): *La distinction. Critique sociale du jugement*. Paris: Les Editions du Minuit.
- Brekke, Å. A. (2010): *Jo fleire kokkar, jo betre søl. Medverknad i arkiv, bibliotek og museum*. ABM-skrift # 62. Oslo: ABM-utvikling.
- Charlton, A., Potter, M., McGinial, S., Romanou, E., Slade, Z. og Hewitson, B. (2010): *Barriers to participation. Analysis to inform the development of the 2010/11 Taking Part Survey*. London: Department for Culture, Media and Sport.
- Christensen, D. A., Strømsnes, K., og Wollebæk, D. (2011): *Organisasjonene i Hordaland 1999–2009*. Rapport 2011: 3. Bergen og Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Danielsen, A. (2006). *Behaget i kulturen. En studie av kunst- og kulturpublikum*. Oslo: Norsk kulturråd.
- Den norske kirke (2005): *Kunsten å være kirke – om kirke, kunst og kultur*. Kulturmelding for Den norske kirke utarbeidet av Norske kirkeakademier på oppdrag fra Kirkerådet.
- Department for Culture, Media and Sport (2007): *Culture on Demand. Ways to engage a broader audience*. London.
- Donnat, O. (1998): *Les pratiques culturelles des Français. Enquête 1997*. Paris: La documentation Française. Ministère de la Culture et de la Communication.
- Donnat, O. (1999): *La stratification sociale des pratiques culturelles et son évolution 1973–1997*. *Revue française de sociologie*, X-L 1, 1999, s. 111–119.

- Dubois, V. (1999): *La politique culturelle. Genèse d'une catégorie d'intervention publique*. Editions Belin.
- Egeland, H. og Agedal, O. (2010): *Kultur i kirken. En kartlegging av kulturaktiviteter i to bispedømmer i Den norske kirke*. KIFO notat nr 1/2010. Oslo: Stiftelsen Kirkeforskning.
- Egeland, H. (2009): *Arbeidsvilkår blant kunstnere med innvandrerbakgrunn. En forstudie*. Oslo: Norsk kulturråd.
- Eimhjellen, I. og Segard, S., B. (2010) *Etniske minoriteter og frivillige organisasjoner*, Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor, Bergen/Oslo. Rapport 2010:8.
- Eimhjellen, I. (2011): *Inkludering av funksjonshemma i frivillige organisasjoner*. Rapport 2011: 2. Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Ekroth, P. (u.å.): *Something is rotten in the state of Denmark – om politiske (endrings)prosesser – og samtidskunsten*.
- Enjolras, B. & Wollebæk, D. (2010). *Frivillige organisasjoner, sosial utjevning og inkludering*. Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Enli G. S. m.fl. (2010): *TV – en innføring*, 2010. Oslo: Universitetsforlaget
- Eriksen, T. H. og Sajjad, T. A. (2011): *Kulturforskjeller i praksis. Perspektiver på det flerkulturelle Norge*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Espeland, M., Allern, T.H., Carlsen, K. og Kalsnes, S. (2011): *Praktiske og estetiske fag og lærerutdanning*. En utredning fra en arbeidsgruppe nedsatt av Kunnskapsdepartementet høsten 2010 i samarbeid med høgskolen i Nesna, Telemark og Stord/Haugesund. HSH-rapport 2011/1.
- European Commission (2005): *The role of culture in preventing and reducing poverty and social exclusion*. Community Action Programme on Social Exclusion. Policy Studies Findings.
- Fløtten, T. og Hanne C. K. (2009): «Barnefattigdom og sosial deltagelse» I: Tone Fløtten (red.) *Barnefattigdom*. Oslo: Gyldendal Akademiske.
- Fløtten, T. og Pedersen, A. W. (2009): «Når kan barn kalles fattige. En opinionsbasert tilnærming» I: Tone Fløtten (red.): *Barnefattigdom*. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Giddens, A. (1991): *Modernity and Self-Identity. Self and Society in the Late Modern Age*. Cambridge/Oxford: Polity Press.
- Girard, A. (1973): *Kulturpolitikk – teori og praksis*. Den danske Unesco-Nationalkommission, København.
- Gran, A.-B. (2002): *Mosaikk – når forskjellen forener. Evaluering av programmet for kunst og det flerkulturelle samfunnet*. Oslo: Norsk kulturråd
- Gran, A.-B. (2008): «For mye mangfold i mangfoldsåret?» I: *Bok og bibliotek*, 1.
- Gran, A.-B. og Vaagen, H. (2010): *Kunnskap om – medvirkning av – formidling for mangfoldige museumsbrukere*. Oslo: Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo, Norges museumsforbund og Perduco Kultur.
- Grue, L. (2006). *Full deltagelse for alle?* Delrapport kultur og fritid. Oslo: Sosial- og helsedirektoratet og Nasjonalt dokumentasjonssenter for personer med nedsatt funksjonsevne.
- Gunleiksrud, K. (2009): *Kirken og Den kulturelle skolesekken. Samarbeid kirke – skole*. Oslo: IKO – kirkelig pedagogisk senter.
- Hagelund, A. og Loga, J. (2009). *Frivillighet, innvandring og integrasjon*. Oslo/Bergen: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Haukelien, H. (2006): *DUS – Den Unge Scenen*. En evaluering. Bergen: Fagbokforlaget
- Helse- og omsorgsdepartementet (u.å): *Omsorgsplan 2015*. Særtrykk av St.prp. nr. 1 (2007–2008) Programkategori 10.60. Oslo: Helse- og omsorgsdepartementet.
- Henningsen, E., Berkaak, O. A. og Skålnes S. (2010): *Mangfoldsåret: Muligheter og motsigelser i politikken for et flerkulturelt kulturliv*. NIBR-rapport 2010:18. Oslo: Norsk institutt for by- og regionforskning.
- Jaastad, L. (2011): *Kulturdeltagelse og helse. Den kulturelle spaserstokken, arena for kulturell deltagelse for seniorer i Trondheim kommune*. Rapport 2011/1. Trondheim: Senter for helsefremmende forskning, HiST/NTNU.
- Keaney, E. (2006): *From Access to Participation. Cultural policy and civil renewal*. London: The Institute for Public Policy Research
- Knudtzon, L. og Medby, P. (2011): *Universell utforming relatert til sosial og økonomisk bærekraft*. NIBR-notat 2011:110. Oslo: Norsk institutt for by- og regionforskning.
- Kokkvold, A. (1981): *Av og for det arbeidende folk. Streiftog i arbeiderbevegelsens historie*. Tiden. Oslo
- KS (2010): *Frivillighetsundersøkelse gjennomført av KS, november 2010*. Oslo: KS.
- Kulturdepartementet (1996): *Broen og den blå hesten*. Oslo: Kulturdepartementet og Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet.
- Kunnskapsdepartementet (2006): *Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.

- Kunnskapsdepartementet (2007): *Skapende læring. Strategi for kunst og kultur i opplæringen*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Larsen, D. (2009): «De kommer fra steder i Norge. Og de kommer med noe mer» i Kultur- og kirkedepartementet: *Med forbehold om endringer. Anbefalinger og rapport fra Mangfoldsåret 2008*. Oslo: Kultur- og kirkedepartementet.
- Lash, S. (1994): «Reflexivity and its Doubles: Structure, Aesthetics, Community.» I Beck, U., Giddens, A. og Lash, S. (red.): *Reflexive modernization. Politics, Tradition and Aesthetics in the Modern Social Order*. Oxford/Washington D. C.: Berg.
- Loga, J. (2010): *Livskvalitet. Betydning av kultur og frivillighet for helse, trivsel og lykke. En kunnskapsoversikt*. Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Loga, J. (2011) *Inkludering i nærmiljø. En studie av frivillige organisasjoner som flerkulturelle møteplasser*. Bergen/Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Looseley, D. (1995): *The Politics of Fun. Cultural Policy and Debate in Contemporary France*. Oxford/Washington D.C: Berg.
- Mangset P. (1992): *Kulturliv og forvaltning. Innføring i kulturpolitikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Mangset P. (2011): *Demokratisering av kulturen? Om sosial ulikhet i kulturbruk og -deltakelse*. Notat til Kulturdepartementet.
- McMaster, B. (2008): *Supporting Excellence in the Arts. From Measurement to Judgement*. London: Department for Culture, Media and Sport
- Meld. St. 8 (2010–2011). *Digitalisering av radio-mediet*.
- Meld. St. 16 (2010–2011) *Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011–2015)*.
- Molden, T. H., Wendelborg, C. og Tøssebro, J. (2009): *Levekår blant personer med nedsatt funksjonsevne. Analyse av levekårsundersøkelsen blant personer med nedsatt funksjonsevne 2007 (LKF)* Trondheim: NTNU Samfunnsforskning.
- Multiconsult og PricewaterhouseCoopers (2008): *Vedlikehold i kommunesektoren. Fra forfall til forbilde*. Oslo.
- Mælen, K. M. (2010): «Publikumsutviklingens kjerne.» I: Tolden, H.-C. og Valle, Å. (red.): *Om publikumsutvikling*. Konferanserapport. Norsk publikumsutvikling.
- Noreng, Ø. (1974a): *Leser og lesing. Rapport om Den norske Bokklubbens leversosiologiske undersøkelse*. Oslo: Den norske Bokklubben.
- Noreng, Ø. (1974b): *Lesing og kommunikasjon. Kort rapport om Den norske Bokklubbens leversosiologiske undersøkelse*. Oslo: Den norske Bokklubben.
- Norsk bibliotekforening (u.å.): *Innspill til regjeringens inkluderingsutvalg*.
- Norsk kulturforum og KS (u. å.): *Kulturpolitikk for framtiden. Inspirasjonsdokument for lokal kulturutvikling*.
- Norsk kulturråd (1985): Vedlegget «Vår kulturs fremtid». Et brev til den norske regjering 1945. Omriss av førkrigstidens kultursituasjon. I *Kultur og kulturpolitikk. Norsk kulturråd – fortid og framtid*. Oslo: Cappelen.
- NOU 1996: 7 *Museum. Mangfald, minne, møtestad*. Oslo: Kulturdepartementet.
- NOU 2001: 22 *Fra bruker til borger. En strategi for nedbygging av funksjonshemmende barrierer*. Oslo: Sosial- og helsedepartementet.
- NOU 2010: 5 *Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering. Et helhetlig hjelpemiddeltilbud*. Oslo: Arbeidsdepartementet.
- NOU 2010: 14 *Lett å komme til orde, vanskelig å bli hørt – en moderne mediestøtte*. Oslo: Kulturdepartementet.
- NOU 2011: 11 *Innovasjon i omsorg*. Oslo: Helse- og omsorgsdepartementet.
- NOU 2011: 14 *Bedre integrering. Mål, strategier, tiltak*. Oslo: Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
- NRK (2011): *NRK årsrapport 2010*. Oslo: NRK.
- Ofcom (2007): «UK's Ethnic Minority Group Watches Less TV but Compare Well on Mobile and Broadband Take-up.» Pressemelding. London: Ofcom.
- Peterson, R. A. (1992): «Understanding audience segmentation: From elite and mass to omnivore and univore. I: *Poetics*, 21, s. 243–258.
- Politisk plattform for flertallsregjeringen utgått fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet 2009–2013.
- Prop. 1 S (2010–2011) Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak) for budsjettåret 2011. Oslo: Kulturdepartementet.
- Prop. 120 S (2010–2011) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2011
- Prop. 1 S (2011–2012) Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak) for budsjettåret 2012. Oslo: Kulturdepartementet.
- Rambøll (2008): *Kartlegging av fritidstilbudet til barn og unge med nedsatt funksjonsevne*. Rapport til Kunnskapsdepartementet. September 2008.

- Ressursgruppa for større mangfold (2011): *Mangfold i kunst og kultur. Syvpunktsstrategi mot 2020*.
- Rosenlund, L. og Wilhelmsen, L. J. (1976): *Unity and diversity of Nordic cultural life. An introductory report on The Five Towns Project*. København: Nordisk Ministerråd.
- Sametinget (2010): *Sametingets budsjett 2011*. Karasjok: Sametinget.
- Sandbæk, M. (red) (2008): *Barns levekår. Familiens inntekt og barns levekår over tid*. NOVA rapport 7/08.
- Sandbæk, M. & Pedersen, A.W. (red.) (2010): *Barn og unges levekår i lavinntektsfamilier. En panelstudie 2000–2009*. Oslo: NOVA.
- Sivesind, K. H. (2010): *Lokallag i Norge: Økonomi, omfang og samarbeid*. Presentasjon på seminaret: Frivillig organisasjonsliv i Norge. Ny kunnskap – nye spørsmål, Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor, 28. oktober 2010.
- Skogseth, E. G. (2009): «Analyse: Institusjonenes mangfoldsarbeid i 2008», i Kultur- og kirkedepartementet: *Med forbehold om endringer. Anbefalinger og rapport fra Mangfoldsåret 2008*. Oslo: Kultur- og kirkedepartementet.
- Sletten M. A. (2011): *Å ha, å delta, å være en av gjengen. Velferd og fattigdom i et ungdomsperspektiv*. Oslo: NOVA Rapport 11/11.
- Stefansen, K. (2004): «Fritid og sosial deltakelse». I Sandbæk, M. (red.) *Barns levekår. Hva betyr familiens inntekt?* Oslo: Nova Rapport 11/04.
- St.meld. nr. 8 (1973–1974) *Om organisering og finansiering av kulturarbeid*.
- St.meld. nr. 52 (1973–1974) *Ny kulturpolitikk*. Tilleggs melding til St.meld. nr. 8 (1973–1974).
- St.meld. nr. 23 (1981–1982) *Kulturpolitikk for 1980-åra*.
- St.meld. nr. 27 (1983–1984) *Nye oppgaver i kulturpolitikk*.
- St.meld. nr. 61 (1991–1992) *Kultur i tiden*.
- St.meld. nr. 57 (2000–2001) *I ytringsfrihetens tjeneste. Mål og virkemidler i språkpolitikk*.
- St.meld. nr. 38 (2002–2003) *Den kulturelle skolesekken*.
- St.meld. nr. 48 (2002–2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014*.
- St.meld. nr. 17 (2005–2006) *2008 som markeringsår for kulturelt mangfold*.
- St.meld. nr. 20 (2006–2007) *Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller*.
- St.meld. nr. 22 (2006–2007) *Veiviseren. For det norske filmloftet*.
- St.meld. nr. 30 (2006–2007) *Kringkasting i en digital fremtid*.
- St.meld. nr. 6 (2007–2008) *NRK-plakaten. «Noe for alle. Alltid.»*
- St.meld. nr. 8 (2007–2008) *Kulturell skulesekk for framtida*.
- St.meld. nr. 14 (2007–2008) *Dataspill*.
- St.meld. nr. 28 (2007–2008) *Samepolitikken*.
- St.meld. nr. 32 (2007–2008) *Bak kulissene*.
- St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening*.
- St.meld. nr. 37 (2007–2008) *Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn* (kriminalomsorgsmelding).
- St.meld. nr. 6 (2008–2009) *NRK-plakaten – NRKs samfunnsoppdrag*.
- St.meld. nr. 18 (2008–2009) *NRK-plakaten – dekning av valg*.
- St.meld. nr. 23 (2008–2009). *Bibliotek. Kunnskapsallmenning, møtested og kulturarena i ei digital tid*.
- St.meld. nr. 47 (2008–2009) *Samhandlingsreformen. Rett behandling – på rett sted – til rett tid*.
- St.meld. nr. 49 (2008–2009). *Framtidas museum. Forvaltning, forskning, formidling, fornying*
- St.prp. nr. 1 (2008–2009) *For budsjettåret 2009*.
- Storstad, O. (2010): *Kommunal kultursektor i endring*. Oslo: Norsk kulturråd.
- Vassenden, A. (2009): *Kartlegging og evaluering av prøveordningen med kulturkort for ungdom. Rapport IRIS 2009/127*. Stavanger: International Research Institute of Stavanger.
- Vox. (2007): *Like og forskjellige. Om grunnleggende ferdigheter blant voksne ikke-vestlige innvandrere i Oslo*.
- Vox. (2008): *Borger og bruker. En analyse av den norske befolkningens digitale kompetanse*.
- Vox. (2010): *Innvandrere på nett. En analyse av innvandreres digitale kompetanse*.
- Vaage, O. F. (2007): *Kultur og mediebruk i forandring. Bruk av kulturtilbud og massemedier fra 1991 til 2006*. Oslo-Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
- Vaage, O. F. (2009a): *Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn*. Rapport 2009/29. Oslo-Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
- Vaage, O. F. (2009b): *Norsk kulturbarometer 2008*. Oslo-Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
- Vaage, O.F. (2010): «Hvem bruker kulturtilbud sjelden eller aldri?» Statistisk sentralbyrå. Notat til Kulturdepartementet
- Vaage, O. F. (2011): *Hvem benytter kulturtilbud sjelden eller aldri*. Notat til Kulturdepartementet, 2011
- Urfalino, P. (1996): *L'invention de la politique culturelle. Comié d'histoire du ministère de la Culture*. Paris: La Documentation Francaise

- Winsvold, A. og Gulbrandsen, L. (2009): *Kvalitet og kvantitet. Kvalitet i en barnehagesektor i sterk vekst*. NOVA Rapport nr 2/2009. Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Wollebæk, D. og Sivesind, K. H. (2010): *Fra folkebevegelse til filantropi? Frivillig innsats i Norge 1997–2009*. Rapport 2010: 3. Oslo: Senter for forskning på sivil samfunn og frivillig sektor.
- Wollebæk, D. og Sivesind, K. H. (2011): *Økonomi, frivillig arbeid og deltagelse i den frivillige kultursektoren*. Notat til Kulturdepartementet. Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Woods, R., Dobbs, L., Gordon, C., Moore, C. og Simpson, G. (2004): *Report of a thematic study using transnational comparisons to analyse and identify cultural policies and programmes that contribute to preventing and reducing poverty and social exclusion*. Newcastle upon Tyne: European Commission/The Centre for Public Policy.
- Ødegård, G. (2010): *Foreningsliv i et flerkulturelt lokalsamfunn. En studie om integrasjon og sosial kapital*. Rapport 2010: 6. Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Østrem, S., Bjar, H., Føsker, L. R., Hogsnes, H. D., Jansen, T. T., Nordtømme, S. og Tholin, K. R. (2009): *Alle teller mer. En evaluering av hvordan Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver blir innført, brukt og erfart*. Rapport 1/2009. Tønsberg: Høgskolen i Vestfold.
-

Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Faks: 22 24 20 00

Opplysningar om abonnement, laussal og
pris får ein hjå:
Fagbokforlaget
Postboks 6050, Postterminalen
5892 Bergen
E-post: offpub@fagbokforlaget.no
Telefon: 55 38 66 00
Faks: 55 38 66 01
www.fagbokforlaget.no/offpub

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringen.no

Forsidebilder:
"Kardemomme by", Sara Johannessen/Riksteatret.
Adil Khan, Margrethe Myhrer.
Karpe Diem, Rolf Øhman/Aftenposten/SCANPIX.
"Pinocchio", Caroline Roka/Teater Manu.
Melafestivalen 2011, Horisont/Lars Gartå.
RolfFA Riddu Riddu 2011, Ørjan Bertelsen.

Trykk: 07 Aurskog AS 12/2011

